



RYFYLKEMUSEET

FOLK i Ryfylke

2005



tema

HUSTVEIT

FOLK i Ryfylke 2005

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo
Redaksjon: Trygve Brandal, Ernst Berge Drange,
Grete Holmboe, Ruth Anne Moen,
Eva Songe Paulsen
Utgivar: Ryfylkemuseet
Nordenden 14
4230 SAND
Telefon: 52 79 29 50
Telefaks: 52 79 29 51
E-post: post@ryfylkemuseet.no
Heimeside: www.ryfylkemuseet.no

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.
Abonnementsprisen for 2005 er kr. 250,-.
Abonnement inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet og
gir fritt tilgjenge til alle avdelingar i Ryfylkemuseet.
Bankgiro: 3202.07.01527

Design: Nenad Ignjatic
Ombrekking, trykk og innbinding: Stavanger Offset

ISSN 0800-4692

Foto på framsida:
Hovudbygningen på Jonegarden, br. nr. 1, Hustveit ein sommar dag i 2001. Foto: Roy Høibo, Ryfylkemuseet.

Hovuddelen av dei eldre bilda som er brukte i dette skriftet er funne i album og mellom lause foto frå Jonegarden. Det er truleg Ludvig Hustveit (1904–1967) som har tatt mange av bilda.



Jone (1892–1986) var den førstefødde og den lengstlevende av dei ni borna til Torger Jonsson Hustveit og Siri Johannesdotter.

Innhald

- 005 Forord
- 007 Bjarte Skipevåg
Jone T. Hustveit – eit løynd liv
- 019 Arnvid Lillehammer
Huslydane på Jonegarden
- 026 Trygve Brandal
Hustveit – ein liagard ved Saudafjorden
- 044 Oddwar Rønning
Kvardagen
- 056 Audun Steinnes
Eit snitt gjennom Ryfylkenaturen
- 070 Eva Songe Paulsen
Små og store skapningar
- 084 Grete Holmboe
Bygningane
- 096 Grete Holmboe
Tysselandsløa
- 116 Ruth Anne Moen
Dei handskrivne songbøkene
- 126 Arnvid Lillehammer
Dei to Blankenborg-sagene
- 135 Roy Høibo
Museumsgard med landskap til
- 144 Årsmelding 2004
- 156 Rekneskap 2004



Det var mange som møtte opp da Jonegarden blei opna som museumsgard 19. august 1990. Foto: Rune Roalkvam.

Forord

I fjor skreiv vi om Kolbeinstveit i årsskriftet vårt. Det var starten på ein serie med hefte om samlingane våre. Det var meiningsa at skrifta skulle følgje arbeidet med istandsetting av anlegga slik at det vi hadde av kunnskap skulle vera tilgjengeleg samtidig med at anlegga blei betre tilrettelagte for publikum.

I år har vi vald Jonegarden på Hustveit som tema. Det er der vi har lagt mye av innsatsen vår dei siste par åra. Mye er u gjort ennå, men til sommaren skal løa bli ferdig, og med den har vi ein svært mye større utveg til å formidle dei unike kvalitetane som Hustveit har å by på.

Jonegarden er eit namn som er tillagt bruk nr. 1 etter den siste brukaren. I tidlegare generasjonar er det andre namn som har vore brukt. Stadnamnet er Hustveit, men for å skilje museums-garden frå det andre bruket, bruket til Ola Hustveit, kan det vera tenleg å bruke namnet Jonegarden i ein del samanhenger, slik som det blir gjort i dette skriftet.

Jonegarden blei museum så seint som i 1987. Da kjøpte Staten, ved Fylkesmannen i Rogaland, heile garden, og inviterte med seg Sauda kommune, Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd og Ryfylkemuseet i ein felles dugnad for å utvikle garden til eit naturvern-, friluftsliv- og museumsområde. Dermed opna det seg ein unik utveg til å utvikle eit område der samspelet mellom natur og kultur kunne formidlast på ein svært god måte. Satsing på eit slikt tiltak er i samsvar med dei føringane for museumsarbeid som Kulturdepartementet gir til musea.

Det har likevel vore vanskeleg å reise dei nødvendige midlane til å få gjort arbeidet i det omfanget og med det tempoet som vi har ønskt. Verken landskapspleia, tilrettelegginga for friluftsliv eller bygningsvernet har blitt heilt slik som vi hadde håpt. Men gjenreisinga av løa er ein milepel som vi håper skal skape

grunnlag for eit betre tilbod og fornva interesse for Hustveit. Arbeidet med løa har dessutan vore ein god lærearena både for utviklinga av vår eigen kunnskap om bygningstradisjonar og for kompetanseutviklinga hos dei som har vore med oss på kurs og dugnad.

I dette heftet har vi samla materiale frå fagfolk både i og utanfor museet. Audun Steinnes skriv om naturen. Han har lenge arbeidd med vern av landskapet, og var sentral da Statens kjøpte garden. Arnvid Lillehammer har skrive bygdebøkene for Sauda, og er den solide og sentrale lokalhistorikaren i Sauda. Han var eit naturleg førstevål til å skrive om folka på garden. Og dessutan om sagbrukstida. Oddwar Rønning har, gjennom arbeidet med samlingane på Jonegarden, og gjennom ei årrekke som museumsvert, opparbeidd inngående kunnskapar om folka og driftsmåtane. Han har bearbeidd ein stor del av det privatarkivmaterialet som finst på Hustveit, og artikkelien hans gir døme på kva som finst i dette. Bjarte Skipevåg har ein forvitneleg artikkel om Jone, siste brukaren.

Frå vår eigen stab bidrar Grete Holmboe med oversyn over bygningshistoria, Trygve Brandal skriv om jordbruket, Eva Songe Paulsen om dyrelivet og Ruth Anne Moen om den immaterielle kulturen, om songane, og om lengten og draumen og sorga som kjem til uttrykk gjennom det som er samla i visebøkene.

Vi vil særleg takke dei utanom museet som har stilt opp for oss, og brukt tid og krefter på å skrive for årsskriftet vårt. Og vi vil takke to som i særleg grad har stilt seg til rådvelde for spørsmåla av ymse slag: Ola Hustveit, nabo til museumsbruket på Hustveit, Og Haldis Rørvik, søskenbarn til Jone.

Sand i november 2005
Roy Høibo



På dette flybildet kan me sjå Jone med hest og slede i ferd med å kjøra eit høylass opp bakkane. Ved Gjøastova i det indra tunet står Jorunn Hustveit f. 1968. Ut frå kor stor ho er her anslår foreldra hennar, Ola og Dorthea at bildet er tatt i 1972. Me legg m.a. merke til at alle husa til Jone, unntatt våningshuset, har torvtak. Slik tunet framtrer kunne bildet like godt vore tatt 100 år før! Alle husa til Jone er her intakt, men me ser at det er hol taket på folgeløa. Då Jone døydde 14 år seinare var det berre våningshuset som var heilt.

Dette er eit prøverbilde, som seljaren ikkje fekk selja til Jone. –Men då kan vel eg få det då? sa Dorthea då han kom bort i døra til dei. Og slik blei det.

Jone T. Hustveit – eit løynd liv

Av Bjarte Skipevåg

Kontrasten mellom Jonegarden i dag og mannen den har namn etter kunne ikkje vore større: Museumsgarden er via kjend og kjær mellom alle med interesse for lokalhistorie langt utanfor Ryfylke, og vert marknadsført som ein av distriktet sine store attraksjonar. Hundrevis vitjar garden kvart år. Jone¹ Hustveit, siste bonden på garden, var derimot som ein godt bevart løyndom gjennom heile sitt lange liv. Ikkje mange utanom slekta og den nærmeste grenda visste i det heile tatt om at det var ein bonde på Hustveit som heitte Jone, og berre ei handfull personar kunne seia at dei kjende han. På Hustveitgarden, som ligg skjerma bak åsane innanom Ilistad, levde han heile sitt lange liv, korav han dei siste 40 åra knapt var av garden.

Her vil me prøva å komma denne personen litt nærmare innpå livet: Kven var han og korleis levde han?

Det er vanskeleg å skildra Jone og livet hans utan at det tragiske kjem fram i bildet. Familien var sterkt prega av sjukdom og død då søskena var i ungdommen, og mora og ei søster hadde store psykiske lidinger. Jone var eldst av 9 søsker, han blei 94 år og overlevde alle dei 8 andre. I dette bildet kjem i tillegg det spesielle at ingen i denne store søskensflokkon stifta familie eller fekk etterkommarar.

Men ikkje minst er det eineståande at han i eit og alt levde som om han levde på 1800-talet. Å komma inn i tunet og inn i huset på garden då den sto tom etter at Jone var død var ei merkeleg og heilt spesiell oppleveling. Det var som å gå inn i ein tidsmaskin og reisa 100 år tilbake i tida. Innreiing, inventar og utstyr i våningshuset var det same og hadde vore det heilt sidan Jone var fødd. Alt var plassert og ordna etter 1800-tals skikk. Tilsvarande var det ute: Me såg eit komplett tun frå



Dette bildet er tatt i samband med at Jone fyller 90 år, jonsok 1982. Søskenbarna hans frå Rørvik, Nora og Haldis, og Laila Husevåg, som tok bildet, er hjå han med mat og kaka. Me må tru at det er ei stund sidan han hadde smakt kaka! Det er berre vel 1 månad sidan Olaf døydde, då han vart åleine. Me ser kor ringt kledd han er. Like etter vart det sørgt for at han fekk seg nye kler. – Å, det va' godt å få på seg reine kler, sa han då. Foto: Laila Husevåg.

1860–70 åra utan andre endringar enn det forfallet som hadde sett inn siste 10-året Jone levde.

Jone, som var fødd i 1892, overtok garden etter faren Torger i 1937. Då fekk faren alderstrygd og kunne forsørgja seg av den. Jone flytta då ned i Livastova, folgehøuset, og budde der, og på lemmen der hadde han verkstad. Torger, skildra som ein helst stillfaren mann, døydde i 1950. Då mor til Jone, Siri, døydde i 1955, flytta Jone opp i våningshuset att same dagen.



Grevet Norland  Stavanger

Foreldra til Jone, Siri og Torger.

Der budde han då saman med søskena Olaf og Maria. Søstera døydde alt i 1956, og då var det berre dei 2 ugifte brørne att heime.

Hustveit er ein gard med 2 bruk, der tuna ligg like inntil kvarandre, mest vegg i vegg. «Jonegarden» vart sjeldan kalla så før den vart museum, far til Ola i nabotunet nemnde den «Torgersbruket» som naturleg var i hans generasjon. I nabotunet har Ola følgd etter Ola i mangfaldige generasjonar. Medan tida stod stille på Jonegarden den siste mannsalderen var kontrasten sterk, for i Olagarden var dei i fremste linje med å ta i bruk nye driftsmåtar innan jord og skog og husdyravl; dei mekaniserte, dyrka myrar, planta skog og moderniserte. For Jone var alt dette framandt og utenkjøleg. Då han var blitt gammal og Ola nabo spurde om han kunne få slå hjå han, svara han -ja, berre slå! Men vilkåret var at han måtte ikkje kjøra med traktor, for det kunne øydeleggja bøen.

Det var likevel det tekniske som var Jone sitt felt; smearbeid, snikring og bygging var den store interessa. Korntörka inne ved Kvedrafossen sette han opp alt som ungdom. Han sette og opp kombinert verkstad og buhus her. Til å driva reiskapen i verkstaden konstruerte han eit sinnrikt drivverk frå kvednå på andre sida av elva, 40 meter unna. Han tok vekk oversteinen og sette i staden nedpå eit like stort trehjul han hadde arbeidd. Over dette hjulet gjekk det så ein vaier inn til ein mellomaksling i taket av verkstaden, og frå denne fekk han då drivkraft til sjølvkonstruert dreiebenk, bandsag og smergelskive. Truleg hadde han fått ideen til dette på Ytre Molla, der dei var føle med alt slikt førsta på 1900-talet. På dreiebenken kunne han f.eks. laga sagbenkrullar. Han arbeidde her like til han var i 70-årsalderen, det var gjerne river (riveskift med ormahovud), longorv og liknande det gjekk i. Mange river gjekk på auksjonen, og eit par står att på Hustveit. Han arbeidde på bestilling og for sal. Med broren Olaf sende han river og orv på mjølkebilen når han reiste til Sauda, der dei vart levert til handelslaget i Saudasjøen.

Jone var sjølvlært i alt, og han gjorde nøyaktig og godt arbeid. Han var ein ekspert til å arbeida glasramer av alle slag. Seinare skal me høyra at han fekk oppdraget med å arbeida nye glas til skulehuset. Alt som 22-åring sette han opp vasshjulet i bekkjen heime, ca. 50 m frå løa. Under 1.verdskrig vart



Hustveit-tunet fotografert av Ludvig ein sommardag.

det innført tvungen korndyrking, og for å vinna med all treskinga var det mange som fekk seg troskemaskin. Så og her på garden. Dette er ein imponerande konstruksjon, hjulet er 3 m i diameter, bygd i tre og reist inne i eit høveleg høgt smalt hus. Vatnet kom inn i renne og trefte hjulet øverst. Frå hjulet gjekk det drivværer inn i løa. Då han hadde vedahogst for seg på Vårstølen under 1.verdskrig, stelte han seg til med ein vasskaddl der og, og kopla til sagblad og kappa veden slik. Det var slikt han likte. Veden løypte dei i elva like til sjøs.

Jone sette opp smia bortanfor tunet sjølv. Det kunne vera han arbeidde dørhengsler o.l. Han hadde fått tak i *loddeklypa*, eit spesialverktøy til å loddha (skøyta) løypestrenger med. Soskenbarnet Marta i Rørvikjå kan hugsa at Jone var hjå dei ein gong, og då var han bodsend for å loddha ein løypestreng som hadde slitna, rett etter at far deira Andreas var død (1930). Andreas var morbror til Jone.

På Jonegarden var det ei mengd med løypestrenger, korav 2 kom ned i tunet. Desse førde ned frå utslätter oppe i liane; det var høy dei løypte, like fram til låvebrua. Ned sjøliane hadde dei sett opp ein enkel taubane, den brukta Jone til å fira ned borda han skar ned til sjøen. Han skar og selde bord; det gjekk på tommabord, ca. 8 tommar breie like til han var rundt 70 år. Kvart år hadde han 2 stoplar i tunet, ca. 3 m høge. Førsta selde



Hustveit snøvinteren 1962. Foto Ludvig Hustveit.

han dei til sagbrukaren Nils Eide på Sand, som henta dei ved sjøen. Etter krigen leverte han fast til ein frå Stord som kom med ein liten lastebil som han rygga like opptil folgeløa. Det var nok først og fremst dette han skaffa seg klingande mynt utav.

På skogen var alltid Olaf med, for til fellingsa måtte dei vera 2 på den gamle tømmersaga dei nyttja. Dei dreiv plukkhogst på gamlemåten, og tømmeret vart kjørt med hest og drasle fram til saga ved Kvednafossen. Der stod Jone då og skar 2–3 veker på våran. Det var faren Torger som sette opp saga ved fossen, men Torger kunne ikkje skjera, det kunne vera 1 tome i eine enden og til nulls i andre på det som kom ut. – Det e' vel tiss te' somkvart, kunne han seia då han vurderte produktet. Men Jone vart skrekkeleg god til å skjera. I dag er sagbruket restaurert komplett med kadl og vassrenna.

Vatn i fjoset la dei inn på garden alt i 1857, før nokon annan. I 1937 la Jone inn vatn i huset, det var og tidleg. Då naboen på same tid monterte drikkekar i fjoset var Jone nede og såg på det. Jog, det ville han og ha, dei var mellom dei første som fekk det på Hustveit. Då straumen kom til grenda i 1952 derimot og dei gjekk rundt og skulle teikna abonnentar, ville Jone ikkje skriva seg på. – Eg har alt for gode hus til at eg vil setja fyr på dei, svara han.



Familien på Jonegarden 2.juli 1906. Frå venstre Ludvig, faren Torger, Olaf på mora Siri sitt fang, Lars, Jone, Torgrim, Marta og Johannes. Inge og Maria var ikkje fødde endå.

Nokon bonde var derimot Jone aldri. Jordbruket vart drive alldeles etter gammelmanns måten. Dei nytta same åkrane heile tida, i alle år. Dette gjekk på eit vis så lengje dei nytta stallahedv (frå smalen) og *torrseta* (smalahedv blanda med underbor av hakka lyng og kvist) som gjødsel i åkeren. Men då kunstgjødsla kom ville han sakta bruken den, det var berre det at han sluttar med naturgjødsla. Til slutt var det ikkje humus att i molda, og jorda vart tett som ei potta. Då fekk dei ikkje meir poteter enn det dei sette. «Det e` komme *uhema* i åkeren» var

Jone si forklaring då, med det meinte han at det var meir som ein trollskap. Same forklaringa nytta han forresten når dyra var sjuke; det var komme *uhema* på dei. Slåmaskin var dei tidleg ute med. Etter å ha fått demonstrert at naboen kunne slå finnegras med maskinen sin gjekk Torger til innkjøp i 1910, og Jone nytta den i alle år. Elles nytta dei berre langovg, og då ein kort type, som er lettare å slå med. Og dei hesja graset, og det etter eit nøyaktig system: Kvar hesja hadde sin *strengjarull*, påført sirleg kva hesje det var. Når så hesja var den same år

etter år så slapp dei å kappa og skøyta streng, og å laga nye hol for stauren.

Det gamle systemet med *spretteveite* heldt dei på så lenge dei dreiv, og me kan sjå spor etter dei endå. Dette er opne små overflateveiter som leier avrenning (lann) frå skitskuten under fjoset ned- og utover bør og åkrar. Dei var friska opp med ein kvass spa år om anna. Utedoen står på flate marka rett bak løa, med ein djup kumme i bakken under. Hevda frå den var ekstra gjev. Jone hadde utvikla ei spesiell pumpe til føremålet, og kvart år rigga han den til og stod og pumpa opp av kummen ein heile dag. Ved hjelp av eit system av trerunner fekk han leia dette gjødselvatnet rundt løa og ut i spretteveitene, som tok seg av resten. Men denne jobben passa han på å gjera ein regnversdag.

Olaf førte i åravis etter krigen dagbok, eller eigentleg ei «dagverksbok», først for å halda rekneskap med arbeidet han utførte som dreng på garden, men seinare og som dagbok. Boka er i tillegg ei stor kjelde for stadnamn på garden. Han deler opp året etter årstidene og skriv for eksempel i 1963: «Johne Hustveit skuldar for vår- og sommararbeid kr 732,-. Betalt.» I året 1952 les me at han dreiv med vedaskjering på Flatene fram til midten av mars. Så går det med tømmerhogst til 20.mars. I april skriv han: «Johne hev vore med sagt i 7 dagsverk. Eg skuldar Jone 1 dagsverk i bytearbeit. Opgjort.» I mai set dei poteter i 4 ulike åkrar. «Og vøling av grindi p. Fla.». 20. og 21. mai: «Innjaging og ruing, avjaging åt Liarne». Me får opprekna tal sauher og lam dei har jaga av, og at «Mor hadde ein syngjebjøllesau med 1 lam, verlam og gjømer». Også Maria hadde 1 sau med lam. Den 8.juni 1962 skriv han ei heil side om «den verste snovinter eg kan minnast.» Han fortel at det på det meste låg 2,25 m snø. «Og vinteren var svert seig i år det slutta ikkje snøa før i mai sauene fekk ein ikkje ut på bøen før 24. mai og i dag løyste me ut kyrne det er det seinaste eg kan minnast. Men her var for nok. Me får håpa at me slepp soveren vinter på mange år.»

Dei klyppte sauene om våren og om hausten, men dei skilde på det: Om våren *rua* dei og fekk *ru*, om hausten klyppte dei og fekk ull. På Jonegarden nyttar dei *skjere* til dette så lenge dei hadde sauher, det er ei vanleg saks, i motsetning til sauasaksar som kom etter 1. verdskrig. Denne var fjøra i grepset og mykje lettare i bruk, men Jone heldt på det gamla.

Etter krigen hadde han 5–6 malkekyr, 20 sauher og hest. Men han leverte aldri mjølk, berre litt smør for sal. Det meste gjekk nok med i hushaldet. Då drifta dabba av hadde han 1 ku. Jone hadde liten forstand på husdyravl. For eksempel virka det som han ikkje skjønte dette med innavl. Den siste kalven han leverte, ein 2-3 år gammal stutkalv, hadde eit svært hovud, mens resten av dyret var ingenting. Og lamma fekk av same grunn kryl på ryggen. Ein gong var det eit lite verlam frå Olagarden som kom i lag med smalen hans, då kom han og ville plent kjøpa det. –Du kan nå helle få kjøpa eit fint lam sa Ola, men nei, det var dette han ville ha. Då fekk han fine lam etterpå; det var komme til nyt blod.

Hesten var det dyret Jone hadde lengst, han passa vel på den. Då den var blitt gammal bar Jone inn høyet, for å spara hesten. Den dava til slutt heile 34 – 35 år gammal, av at den ikkje vann å tyggja maten lenger, slik det skjer med hestane når dei vert svært gamle og tennene nedslitte.

Mor til Jone, Siri, var frå Neristova på Lolland. Både i slekta og i grenda var det opplese og vedtatt at ho var sinnsjuk. Ho kunne ha gode periodar då ho fungerte normalt. Halldis Rørvik, f.1922, minnest at ho var med mora til Hustveit då ho var 10 år, og alt då var ho sjuk. Marta Nybru f.1913 minnest at ho og mannen Bjørn vitja dei ein gong, då kjende ikkje faster Siri henne, og det var lite greia med det ho sa. Dette kan ha vore ein grunn til at dei ikkje hadde mykje med slektingane sine på Hustveit å gjera, meiner ho. Olav Honganvik minnest at då han var gutunge var han med far sin der ut med ei laupesjuk ku. Då kom Siri ut og sa at hadde dei berre prov så skulle dei få stat. - Me hadde ku, og det va prov, men me vart jo litt øvegidde. Siri heldt seg til gamlemåten i alt, ho sat f.eks. ved gruva med all matlagring, trass i at dei hadde vedakomfyr like ved. Ho sat på ein stol framanfor, og frå veggen kunne ho slå ned eit bakstebord. Det ser me endå, heilt intakt. Ho døydde i 1955.

Jone var eldst av 9 søskener. Dei andre søskena var:

Marta, f.1894. Ho var skuleflink, og gjekk på husmorskulen på Finnøy og på Voss folkehøgskule i 1916/17. Men ho døydde av tuberkulose 24 år gammal. Frå Voss låg det ei stilebok etter henne. Ein av stilane «*Ein haustkveld heime*» har handlinga si frå Hustveit:

Det er laurdagskveld. Lampa er kveikt. Ute er det klart og kaldt, men inne durar det og brenn i omnane so der er varmt og godt. Far og mor og alle syskini set inne i stova, kvar med sitt arbeid. Stova er stor og bunaden er einfeld. Til høgre for døri er omnene og til venstre ei stor hylla, attmed vindauge paa langsida står ein langbenk og eit stort slagbord. Ved tversida står ein trekkbenk og eit lite skrivebord, paa andre langsida er ei seng og ein trekkbenk, elles er der nokre stolar spreidt rundt i kring i stova.

Far sit attmed hylla og smidar paa eit økseskraft, mor sit ved nedste bordenden og spørtaar paa vottar. Lars set burt med omn og bind saman ein lime, Johannes set attmed vindauge og lagar rjupesnåror.

Dei yngre gutane gaar paa skulen, saa no har dei og sitt kveldsarbeid. Torgrim og Ludvik sit ved eine sida av bordet og reknar paa nokre reknestykke. Paa andre sida sit Olaf og Inge, dei les paa kvar sitt stykke i katekisma. Maria sit attmed mor nedmed bordenden og strævar med aa læra lesa, ho er ikkje byrja i skulen endaa. Eg set paa benken innst i stova og nystar paa spøtegarni. Me roder att og fram um ymse ting, men mest um det nye skulehuset som me no skal faa i krinsen, og alle er med i ordskifte.

Ja, eg sa at alle var inne i stova, nei ikkje han Jone eldste bror min. Han er uppe på snikkarverkstaden sin og arbeider paa glasraamor til det nye skulehuset, som han no er med aa byggjer paa.

Eg fær ikkje sitja med arbeidet og vera med i samrøda so lenge; eg lyt til fjøset og stella kyrne. Naar eg kjem innatt, har mor laga til kveldsmaten. Me skal ha potetor, smør og flatbrød og skyr til kvelds. Eg dekkar bordet, ber inn maten og alle set seg til bords og et. Me har ete, eg tek kjørlene av bordet, gaar ut paa kjøkken og vaska dei upp. Med det same pikkar det paa utedøri, «kom inn» ropar eg, og inn kjem ho Ragnhild ei av døtrene til grannen vaar. «Godkveld» segjer ho, «eg kjem med ein masse post til dykk», ho stend med ein heil pakke under armen. Me skifter nokre ord um ymse ting, saa segjer ho god natt og gaar att. Eg lyt inn i stova og skifta ut posten, der var både brev og blad. Kvar faar avisar aa lesa i, mor les i «Bibelbudet», far og Jone les i «Stavanger Aftenblad», Lars og Johannes les i Rygja Tidend, Torgrim og Ludvik les i «For Bygd og By», og Olav og Inge les i «Norsk Barneblad». Men Maria er vorten for trøytt, ho har lagt seg burt i benken sin til aa sova.

Eg er ikkje ferdug med oppvasket mitt so eg lyt ut paa kjøkken att, og ordna litt upp til morgons. Um ei stund kjem alle brørne mine ut på kjøkken, dei fortel eit og anna som dei har lese i avisene, gaar so ut i tunet og skal sjaa på veret. «Det er fint ver i kveld, tenk blankt maaneskin», høyrer eg Lars segjer. «Ja, men det er so kaldt at det vert vist snart sno», segjer han Jone. Dei kjem straks inn att, segjer «godnatt», gaar upp paa salen og legg seg.

Torgrim f.1902 d.1939 av tuberkolose. Han arbeidde på uteanlegget på fabrikken. Inge f.1907 d.1923 av hjernehinnebetennelse og Johannes f.1899 d. ca. 1920 av tuberkolose, begge i 20-årsalderen.

Lars, f. 1895, StoreLasse som han vart kalla, døydde tidlegare. Han var bas på omnshuset. Han var ein annan type, var skrytten og snakka i store bokstavar. For eksempel då han sat på kafeen i Sauda og fortalte om dei svære fotefara som stod etter han i bøen heime då snoen for. Han hadde nemleg vore på vedaskog om vinteren, og dratt ei svære bjørk heim med berre nevane! – E' de Rinnanbanden så kjeme, sa han til nokre ingeniørar på omnshuset, då fekk han reprimande. Det var ein del fyldla og spetakkel med han. Han blei oppsagt, etter å ha gått inn til direktøren, slått i bordet og skjelt han ut. Han døydde av hjertesvikt heime i tunet i 1961. Ludvik og Lars budde på kvar sin hybel i Sauda, vegg i vegg, midt i sentrum.

Ludvik f.1904, var nok den av søskena som klarte seg best i høve til omverda, og vert skildra som ein grei og avhalden kar. Han arbeidde dagtid på tomta på fabrikken, og blei formann på slutten. Han var heime kvar helg, sykla då gjerne heim. Elles kunne han ta seg ut, og reiste både inn- og utanlands i feriane. Ludvig kunne vera ganske ordhage; der var kommen ein nordlending på fabrikken, og han klaga seg for alt det regna i Sauda. –De e ingjen så har sendt beskjed på deg! sa Ludvig. Han fotograferte mykje, og mange bilde ramma han inn og hengde på veggene heime. Han etterlet seg ei stor samling gode bilde, der vanlegaste motiv er frå turar i heia saman med ungdom frå Istad og Rørvikjå, men og frå tunet heime. Han døydde brått i 1967.

Olaf, f.1905 var heime på garden heile livet; han var dreng i namnet, men i gagnet vart han etter kvart den som styrte og



Ludvig var ein utadvend kar, her er han på skitur med Johanna og Ragna Iistad.

bestemte i eitt og alt. Han var låghalt av ein medfødd skavank eine ankelen. Meir om han seinare.

Maria, f.1909 (døypt Arna Maria) var og heime heile livet, bortsett frå ei tid ho gjekk på husmorskulen, men ho kom heim att derifrå utan å fullföra. I 20-årsalderen fekk ho ein periode med svake nerver, men fekk behandling og kom seg. Men under krigen fekk ho tilbakefall, ho hoppa då ut eit glas og brakk begge beina. Ho fekk då ein periode på Dale, og kom heim ganske bra. Når ho var god var ho utadvend og sosial, og kunne vitja både naboen og slekta i Rørvikjå. Men ho hadde sine turar, det var nok ikkje lett for henne, men då skulle det helst haldast hemeleg. I slutten av august 1956 blei ho brått borte, og det vart etter kvart sett inn stort mannskap som leita i fleire dagar. Etter nær 3 veker vart ho funne drukna i Stølsvatnet. Dette var ei uhyggeleg hending for alle. Folkasnakket ville ha det til at brørne hadde vore stygge med henne, og at det var skuld i at ho for. Men dette avviser både søskensbarnet Marta og naboen Ola, det som er sikkert er at ho var svært sjuk, seier Ola.

Jone var lett og grei å prata med, seier dei som kjende han, men då måtte du helst få han for deg sjølv. Marta hugsar i gravferda til Lars, då sat Jone i troppefoten nett som han ikkje



Maria klappar katten på trappa i 1950, fotografert av broren Ludvig.

var med, medan Ludvik styrte og stelte med det som måtte gjerast. Jone sökte ikkje å treffa folk, kom du til gards ville han helst stikka seg inn, slik at det var Olaf som tok i mot. Men han var svære til å følgja med på kva som hende i verda, og abonnerete på avis (Rogaland), i den les han alt. Og han høyrdie ivrig på radioen. Men det var det at han aldri var av garden som gjorde at det var få som kjende han. Bortsett frå eit månadslangt sjukehusopphald midt på 70-talet kan ikke Ola huska at Jone var av garden sidan rett etter krigen. Han farta meir i ungdommen, Tormod i nabotunet og han var alltid i lag då.

Gunnar Aas (f.1936) på nabogarden Ås fortel at første gongen han snakka med Jone var i 1980 då dei hadde stifta grunneigarlag og skulle leiga ut jakta. «Det var eg så gjekk rundt og samla inn underskriftene. Olaf og Ludvik kjende eg jo godt, men Jone hadde eg knapt sett. Det var Olaf som kom ut då eg banka på dørå, og då eg hadde fortalt ka eg var ute på sa han at han måtte inn og snakka me Jone om det. Så for han inn og gjentok heila lekså, eg kunne høyra det ut i døra for Jone var så tunghøyrd. – Kin e de så e her? spurde Jone, – det e sonen te Lars Ås, svarde Olaf. – Då må eg sannele ut og sjå han! sa Jone. Så kom han ut, og då eg hadde fortalt at adle ville vera med, og namngitt dei, ja då var det heilt i orden.»



Ungdomsbilde av Jone.

Olaf var heller aldri lenger borte enn til Sand, eller ein mopedtur til Imsland. Det var Olaf som styrte med innkjøp og hushold. 1 gong i veka var han til Sauda og handla. Han sykla det første; det var lite dei handla då. På 60-talet kjøpte han moped, og brukte den lenge. Men så datt han og skada seg på den, og då blei det heilt slutt med mopedkjøring. Då gjekk han ned til vegen, følgde mjelkebilen eller prøvde å få haik. Fleire hugsar han som «haikar».

Me spør Ola, korleis var tilhøvet mellom dykk i desse to tette tuna? - Det var lite og inkje me hadde med kvarandre, men me pratast når me treffest. Det kom seg dels av at når me var ungar fekk me beskjed om å ikkje gå inn der oppe, fordi Siri var sinnsjuk. Eg var ikkje i stovene der før eg var blitt vaksen, og Olaf trur eg aldri var inni huset her utanom ein gong. Jone kunne komma ned når det sto noko på, aldri elles. Men dotter vår Jorunn, ho sprang att og fram mellom tuna då ho var liten og fekk god kontakt med dei. Olaf ga henne gjerne ein liten sjokolade.

Alle hus på garden, med unntak av våningshuset, hadde torvtak. Då Jone var kommen opp i ára vann han ikkje på, eller brydde seg ikkje om å halda bygningane i stand lenger. Me veit koss det går med husa når tåkene byrjar å leka. På den store løa hadde det vore lekkasje lenge, og på slutten av 70-talet datt den ned ein vinteruversdag. Jone skulda det helst på veret: – Å, de e voldsomt så än maska på i dag! Olaf sa: Nei, på tåkedn vil eg ikkje! Eg har ingjenting me` det! Folgeløa hadde dotti ned 7 år tidlegare, Ludvik hadde tilbudd seg å kjøpa panna til den vis Jone ville halda lekter, men den blei ståande til den datt. Likeeins gjekk det med taket på folgehuset. Men dei fekk mykje god ved etter dette!

Jone kom på sjukehuset i Haugesund eit stykke utpå 1970-talet. Det var magasår, doktor var på plass og sende han i veg sporenstreks. Naboane minnest at Olaf kom ned til dei og ville ringja og høyra koss det gjekk med broren. Men dette fekk ikke til, han hadde jo aldri snakka i telefon før. Han klarte ikkje oppfatta kva som vart sagt i andre enden, så husfolket måtte overta og bli sett over til Jone. Men denne var ikkje bitten betre med den uvante telefonen, så det var sjukesøstera som til slutt måtte forklara koss det stod til med han. Han var vekke ca. 1 månad. Ola nabo var i veg og besøkte han då, og fekk sendt med klokka hans, den måtte han plent ha.

Olaf var den av dei to som skulle fara først. Han var sjuk ca. eit år, han var livredd at han hadde fått tæring, som det hadde vore så mykje av i familien. Han låg på sjukehuset dei siste 3 vekene før han døydde i mai 1982. Det var minnesamvær på fjordhotellset (som Rørvikjentene arrangerte), men Jone var verken der eller i kyrkja.



Over:

Oppstilling for fotograf Ludvig: F.v. Jone, far Torger, Lars («Store-Lasse») og Olaf. Bildet er tatt under krigen.

Til venstre:

Jone klypper sauene i mai 1971. Foto Dorthea Hustveit.



Hustveit-gardane i 1986. Foto Bjarte Skipervåg.

Då Olaf døydde hadde det vore felt därleg stell hjå dei nokre år. Kommunen kom nå inn i bildet, og Dorthea i nabolaget vart heimehjelp for Jone, ho leverte middag til han kvar dag. Sjølv hadde han aldri kunna koka seg mat, det var Olaf som hadde vore kokk etter at dei 2 vart åleine. Middag hadde dei to hatt i lag, men brødmaten hadde dei kvar for seg.

Nå var Jone blitt heilt åleine. Han var blitt 90 år, men helsa var endå god. Han kunne lesa utan briller, og han var glatt og fin i ansiktet som ein ungdom. Dei som kjende han, såg at Jone nå vart eit anna menneske. Faktum var at han hadde vore svært kua av Olaf, som eigentleg hadde tatt full myndighet over broren. Olaf var ein heilt annan type enn dei andre søskena, seier dei få som kjende han. Han vart lett fornærma, og då kunne han vera grapsen i kjeften. Det var avlåste rom i huset som Jone ikkje hadde tilgong til. Og han kunne vera utkropen, som då mora fylte 90 og Olaf hadde skreve til Alle Kvinner, som spanderte ei blottkaka på jubilanten. Olaf var til Sauda og fekk kaka, men han åt den opp der og då. Men då husmorlaget i Saudasjøen les i vekebladet så kom nokre av dei ut til Hustveit i drosje og skulle gjera stas på Siri. Men der var det ingen som viste at ho hadde vunne kaka!

Ved at Olaf var den som hadde tatt seg av innkjøp, post og dermed økonomien, vart Jone alldelers hjelpearlaus når han blei åleine. Han forstod seg f.eks. ikkje på pengar lenger, for Olaf hadde styrt med dei i 30-40 år. Sjølv hadde han nok ikkje kjøpt noko sidan krigen. Då han blei åleine fekk Jone tilbod av kommunen om å få levert ut middag, det kosta 15 kr. – Gud hjel pemeg, sa han, - det betala eg aldre, då ete eg helle smør og eple. Han, som i ungdommen hadde fått kjøpa middag for 1,50! – Å gud bevaremeg, sa han då trygda vart talde opp for han, han tykte det var mykje pengar. Pengane sopa han rett i bordskuffa, der han hadde bestikket sitt. Til slutt var skuffa så full av setlar at han måtte finna ei ny.

Ein gong kom Dorthea springande heim: – Han Jone har dotti ned tråppå og skamsleie seg! Nei, då viste det seg at han låg ogsov på trappefoten; med ryggen mot veggen og føtene opp i trinna ovanfor seg. Var det varmt i veret kunne han ta kvilen på berget utanfor huset, i ei lita grop i fjellet der, med hua under hovudet. Han hadde så glatt og fin hud, det kom kanskje av at han ofte drakk vatn frå ei skål han hadde



Etter at Jone var død vart det halde takst på garden. F.v. arvingane Nora Husevåg, Marta Nybru, Jenny Solbakken, takstmann Torger Hauge, nabo og kjentmann Ola Hustveit, og taksmann Aksel Birkeland. Foto Bjarte Skipevåg.

ståande under senga. Og mjuk i kroppen var han lika til det sista.

Me trur at Jone fekk nokre gode år heime nå, ikkje minst takka vere naboane Ola og Dorthea som tok seg så godt av han. Dei har mange gode historier frå denne tida som vitnar om gjensidig respekt og stor omsorg for ein god nabo gjennom eit langt liv. Dei siste 2 åra Jone levde var han på pleieheimen i Sauda, og på sjukehuset dei siste månadene. Han døydde i juli 1986.

Då Jone var død, var det 9 arvingar, alle søkenbarn. Dei 5 «Rørvik-søstrene» var dei som var nærest til å ta seg av det praktiske med arveoppgjer m.m. At garden med hus, inn- og utmark i dag er museum og naturområde er det eine og åleine ein person å takka: Halldis Rørvik. Me spør henne: Koss fekk du ideen om å gjera garden om til natur- og kulturområde? «Ja, det var med ein gong eg kom der etter at Jone var død. Og eg fekk det så eg ville til slutt, men det var på hengjande håret at eigedommen ikkje gjekk til andre». Med teigblanding og nærlieiken til nabobruket såg nemleg landbruksstyresmak-

tene dette som ei opplagd tilleggsjordsak, og det vart nok kjørt eit løp som Halldis med god grunn kunne kjenna seg nær overkjørd av.

«Under auksjonen, då hadde eg ein harde dag!» fortel Halldis, «det sto på frå kl.10 like til 6, og eg verken å eller drakk. Eg hadde bestemt meg for at eg skulle kjøpa så mykje eg kunne, først og fremst møbler, for at det skulle bli verande på garden. Eg meinte at nokre senger som var spikra til veggjen ikkje skulle gå, men jo, dei kom under hammaren, og eg knivast felt med ein saudabu om dei. Eg kjøpte opp halve auksjonen, i alle fall målt i pengar. Eg måtte ta opp lån etterpå, alle sa eg var galen. Alt var på ville vidder då om kva slag ordning det skulle bli av det, først seinare kom Ryfylkemuseet og Sauda kommune inn og tok over.»

Bjarte Skipevåg (53) er skogbruksjef i Suldal kommune og ein ivrig lokalhistorikar og kulturvernar. Han har m.a. vore ei drivkraft i arbeidet med vern av Lingvong.

Kjelder for denne artikkelen: Først og fremst Ola og Dorthea Hustveit, men og Halldis Rørvik, Marta Rørvik Nybru, Laila Husevåg, Gunnar Aas, Aksel Birkeland og Olav Honganvik. Takk til alle!

Elles litt frå Arnvid Lillehammer: Soga om Sauda 1, Ernst Berge Drange: Sand. Gardar og folk 1, Jan Ove Teig: Hustveit. Hverdagslivet.

NOTAR

¹ Han var døpt Johne med h; me tillet oss likevel her å nytta det meir «kvardagslege» Jone, som kler han betre, og som alltid har vore den vanlege skrivemåten for namnet i Ryfylke.

Huslydane på Jonegarden (bnr. 1) på Hustveit gjennom hundreåra

Av Arnvid Lillehammer

Garden Hustveit vart kanskje rydda ved ei deling av grannegarden Ilostad ein gong i vikingtida eller tidleg mellomalder. Ein tradisjon på garden vil ha det til at rydningsmannen heitte Mikkel. Han er elles ukjent. Me kjenner ikkje dokument frå dei første hundreåra i garden si soge som fortel om dei som budde her då, anna enn at fleire av dei må ha vore leiglendingar under Utstein kloster. Når garden kom i klosteret si eiga, veit me heller ikkje. Det me derimot veit, er at Hustveit vart liggande øyde etter at Svartedauden og andre pestar hadde herja landet vårt frå midten av 1300-talet og utover i seinmellomalderen. Etter alt å døma vart garden rydda på nytt mot slutten av 1500-talet for frå og med 1603 nemner skattelistene brukarar på Hustveit att.

Fram til siste helvta av 1640-åra vart heile garden driven av berre ein brukar. Frå då av var garden delt mellom to brukarar. Her fylgjer ein oversikt over dei huslydane som budde på den halvedelen av Hustveit som i dag er museum og som me gjerne kallar Jonegarden etter den siste brukaren.

DEN FØRSTE BRUKAREN ME KJENNER, HEITTE

1. Per, og er nemnt på garden berre i 1603 då han truleg døydde, for same året og året etter skatta ei enka, som me ikkje kjenner namnet på, av Hustveit. Kanskje var dette ekteparet dei som rydda garden att og såleis dei første som budde på Hustveit etter øydegardstida. Dei brukte heile garden. Om dei var i slekt med dei neste brukarane, veit me ikkje. Neste brukarhuslyd innleier derimot ei brukarrekke som sidan sat ubroten på den eine halvedelen av garden i nærmere 400 år, like til den siste brukaren døydde i 1986.

2. Lambert, d. ca. 1643, var etter alt å døma gift to gonger, men me kjenner ikkje namna på nokon av konene. Sjølv hadde han med eit så framandsleg namn kanskje bakgrunn i eit bymiljø, eller til og med frå utlandet, og var komen til indre Ryfylke gjennom trelasthandelen. Me kjenner fem born etter han, kanskje sju. Med den første kona hadde han desse kjende sønene:
 - a. Tolleiv Lambertson, f. ca. 1608, d. 1687, tok over halve Hustveit etter foreldra sine (sjå nedanfor nr. 4).
 - b. Knut Lambertson, f. ca. 1615, d. ca. 1672, g.m. Liva, vart brukar på den parten av Svandal som heitte Randvolljord.
 - c. Ivar Lambertson, f. ca. 1615, budde etter alt å døma først som husmann under Espeland (1633–34) og så under Vetrhus (1635–1643) før han seinast i 1649 tok over som brukar på Litlarød, som seinare vart kalla Ivarsrød truleg etter han.
3. a. Tolleiv Lambertson, f. ca. 1608, d. 1687, tok over halve Hustveit etter foreldra sine (sjå nedanfor nr. 4). b. Knut Lambertson, f. ca. 1615, d. ca. 1672, g.m. Liva, vart brukar på den parten av Svandal som heitte Randvolljord. c. Ivar Lambertson, f. ca. 1615, budde etter alt å døma først som husmann under Espeland (1633–34) og så under Vetrhus (1635–1643) før han seinast i 1649 tok over som brukar på Litlarød, som seinare vart kalla Ivarsrød truleg etter han.

I tillegg til desse tre sønene hadde Lambert kanskje to døtrer i det første ekteskapet.

Det sjeldne namnet hans vart nemleg seinare bore av to andre menn i Sauda. Dei kan ha vore barnebarna hans.

- d.N.N. Lambertsdotter? Kan ha vore gift med Mikkel Erikson på Brekke, f. ca. 1604. Han fekk nemleg ca. 1654 sonen Lambert Mikkelsen.
- e.N.N. Lambertsdotter? Ei anna dotter var kanskje gift med Torger Ormson på Kvamen i Svandalen (kanskje son til Orm Mikkelsen Søndenå). Torger og kona fekk nemleg ca. 1662 òg ein son som dei gav namnet Lambert. Denne Lambert Torgerson er truleg den same mannen som seinare først budde på Klungland i Ølen og så på Grindheim i Etne.

Med den andre kona hadde han desse kjende borna:

- f. *Anna Lambertsdotter*, d. ca. 1714, var først gift med Samuel Knutson og sidan med Bård Bårdson og budde med begge mennene sine på Fosstveit.
g. *Ola Lambertson*, f. ca. 1642, d. før 1695 og som etterlet seg borna Simon Olson og Kari Olsdotter.

Lambert budde først nokre år på grannegarden Istad som også høyde Utstein kloster til på den tida. Men ikring 1605-06 flytta han inn til Hustveit og tok over heile garden etter enka der. Der vart han så buande med konene sine resten av si tid. Som på Istad var dei også på Hustveit leiglendingar under Utstein kloster. Men i 1619 kjøpte han den delen av Svandalsgarden som heitte Randvolljord av Orm Sondenå. Der vart sonen Knut seinare buande.

Andre kona til Lambert vart som enke gift opp att med neste brukar.

4. **N.N.**, enka etter Lambert Hustveit, vart seinast i 1645 gift opp att med ein mann som heitte **Pål Kristenson**, f. ca. 1618, truleg son til Kristen Oveson Åbø. Med han fekk ho tre born:

- a. *Kristen Pålson*, f.ca. 1657, g. 1674 m. *Gjertrud*, først busett på Vigja, seinare på Flesja i Finnøy.
b. *Mari Pålsdotter*, g.m. *Pål Sjurson*, f. ca. 1695, son til Sjur Tollakson Mosbakka. Dei budde ei tid på den halvedelen av Hustveit som Pål Kristenson og kona sat att med etter ei deling i slutten av 1640-åra.
c. *Rannveig Pålsdotter*, vart gift med enkemann *Lars Andersson* på Risvoll.

Enka etter Lambert og andre mannen hennar brukte heile Hustveit som leiglendingar under Utstein kloster berre nokre få år. Seinast i 1649 var garden delt i to jamstore partar og eldste steson til enka, Tolleiv Lambertson, tok over den eine halvedelen. Den halvedelen som Pål og kona då sat att med, er det seinare bruksnr. 2.

4. **Tolleiv Lambertson**, f. ca. 1608, d. 1687, kan som far sin (nr. 2 over her) ha vore gift to gonger. Første kona er

ukjent, men truleg var ho frå Etne. Med henne hadde han etter alt å døma dottera:

- b. *Ågot Tolleivsdotter*, g. m. ein Sjur og ei tid buande på Hustveit (sjå under her nr. 5).

Andre kona var **Lisbet Torsteinsdotter**, dotter til Torstein Sjurson Fløgstad. Med henne hadde han tre born.

- d. *Gunnvor Tolleivsdotter*, d. ca. 1733, g.m. enkemann og strandsitjar Anders Johannesson ved Hedlotsjøen, men seinare buande på Lolland i Sand.
e. *Lambert Tolleivson*, f. ca. 1666, g.m. *Marta Torjusdotter* fra Rørvik i Sand, tok over på Hustveit etter foreldra hans (sjå under her nr. 6).
f. *Sjur Tolleivson*, f. etter 1666 og død utan etterkomrar.

Ein eller annan gong mellom 1645 og 1649 vart Hustveit delt i to jamstore partar og Tolleiv kom heim og tok over den eine halvedelen som leiglending under Utstein kloster. Då kom han frå garden Støle i Etne der han hadde site som leiglending sidan 1634. Landskylda av parten i Hustveit var 3 vetter tak. I 1669 fekk han kjøpa dette og vart sjølveigar. Seljaren var ein Peder Andersen i Bergen som representerte fleire danske eigarar som hadde kjøpt utsteingodset av kongen i 1665. Seinare sat etterkomrane til Tolleiv som sjølveigarar på denne parten i Hustveit like til Jone Hustveit døydde i 1986.

5. **Ågot Tolleivsdotter**, etter alt å døma frå Tolleiv sitt første ekteskap. I 1661 måtte ho bøta for legemål med tremeningen sin **Mikkel Torgerson**, son til Mette og Torger Larsson på Lusnes i Etne. Seinare vart ho gift med ein soldat som heitte **Sjur**, d. før 1676, og som ho budde nokre år på Hustveit saman med, truleg heime hjå far hennar. Ho og Sjur fekk tre born:

- a. *Johannes Sjurson*, d. 1712, g.m. *Anna Samuelsdotter*, busett på Åsbø i Etne.
b. *Anders Sjurson*, f. ca. 1669, busett på Risvoll.
c. *Signi Sjursdotter*, ho var gift og let etter seg born (kan skje g.m. *Omund Aslakson* på Hølland).

- 6. Lambert Tolleivson**, f. ca. 1666, vart gift med **Marta Torjusdotter**, dotter til Torjus Gjertson og (Lisbet?) Johannesdotter i Røyrvikjå i Sand. Dei fekk i alle fall fem born som voks opp. Lambert kan teoretisk sett tidlegare ha vore gift med ei **N.N. Andersdotter**, for om dottera Brita Lambertsdotter er det sagt at ho i 1712–13 tente hjå moster si, Brita Andersdotter, «en øl og krokone» i Stavanger. I så fall er Brita frå det første ekteskapet, der som det ikkje var slik at (Lisbet?) Johannesdotter i Røyrvikjå hadde ei dotter med ein Anders før ho gifta seg med Torjus Gjertson.
- a. *Brita Lambertsdotter*, g.m. skipper Jan Lorents Dom frå Holland som i 1717 tok borgarskap i Stavanger.
- b. *Lisbet Lambertsdotter*, f. ca. 1698, ho var enke i 1749 og budde som innerst på Brekke i 1758.
- c. *Marta Lambertsdotter*, d. 1741, g.m. *Torstein Levardson* på Kjerringtveit.
- d. *Torjus Lambertson*, f. ca. 1707, d. 1761, g.m. *Anna Larsdotter*, f. ca. 1713, d. 1789. Dei tok over på Hustveit (sjå under her nr. 7).
- e. *Torger Lambertson*, f. ca. 1709, g. 1743 m. *Kari Osmundsdotter*, f. ca. 1717, d. 1781, frå Musland i Nedstrand. Dei budde dels på Gurigjerd og dels på Musland i Nedstrand.
- f. *Lisbet Lambertsdotter*, ho var gift i 1749. Det er noko uvisst kven som var kven av dei to søstrene med det same namnet (sjå b. over her). Men ei av dei vart i alle høve gift med *Knut Tjerandson* frå Søndenå, f. ca. 1690, og budde på Fatnes i Sand med han, seinare på Sandslandet. Ei av dei døydde i 1763.
- Lambert tok over styringa av dei 18 spann tak då faren døyde, og sat som brukar i heile 47 år. Etter foreldra ervaðe han 11 spann tak. Dei resterande 7 spann tak kjøpte han av medervingane sine Anders Sjurson Risvoll, Omund Aslakson Holland og Gunnvor Tolleivsdotter Fløgstad.
- Lambert vart ofte nytta som lagrettemann, lagtingsmann og vurderingsmann. Han åtte ein part i en eine Blankenborgsaga og gjorde gode pengar på skogen. (Sjå meir om sagene under Hustveit i eigen artikkel).
- 7. Torjus Lambertson**, f. ca. 1707, d. 1761, fekk ei dotter utanom ekteskapet med **Randi Omundsdotter** frå Saua:
- a. *Marta Torjusdotter*, f. ca. 1733, d. 1807, g.m. *Jakob Helgeson* frå Årtun, f. ca. 1729. Dei vart buande som husmannsfolk i Skyljavikjå under Hustveit.
- Seinare vart Torjus g.m. **Anna Larsdotter**, f. ca. 1713, d. 1789, som truleg var frå Vikedal. Med henne fekk han fem born som voks opp:
- b. *Lars Torjusson*, f. ca. 1742, d. 1805, g.m. *Lisbet Danielsdotter* frå Eikesås, f. ca. 1747, d. 1820. Dei tok over etter foreldra hans (sjå under her nr. 8).
- c. *Mari Torjusdotter*, f. ca. 1743, ukjent lagnad.
- d. *Lambert Torjusson*, f. ca. 1746, d. 1812, g. 1780 m. *Gunnhild Hansdotter* frå Årtun, f. ca. 1753, d. 1832. Dei vart buande som husmannsfolk på Sagjå under Hustveit.
- e. *Barbro Torjusdotter*, f. ca. 1749, d. 1826, g. 1779 m. *Lars Askjellson*, f. ca. 1753, d. 1833 og busett med han på Øye i Svandalen.
- f. *Torjus Torjusson*, f. ca. 1753, g. 1781 i Vikedal m. *Dordi Larsdotter* og buande som husmann under Eikeland i Vikedal med henne.
- Torjus hadde tent i sju år som soldat då han 27. oktober 1734 fekk skøyte på bruket i Hustveit frå far sin. Han vart sitjande som brukar i 27 år, og som far sin var han medeigar i den eine Blankenborgsaga. Men han døydde alt i 1761, og Anna sat att som enke med fem born mellom 19 og 8 år gamle. To år seinare tok eldste sonen Lars over styringa av bruket og Anna sette seg i folga.
8. **Lars Torjusson**, f. ca. 1742, d. 1805, g.m. **Lisbet Danielsdotter**, f. ca. 1747, d. 1820, dotter til Daniel Levardson og Kirsti Olsdotter på Eikesås. Det er kjent sju born etter dei:
- a. *Anna Larsdotter*, f. ca. 1768, d. 1792, g. 1791 m. *Jon Olson* på Fatnes i Sand, f. 1757, d. 1831.
- b. *Kirsti Larsdotter*, f. ca. 1771, d. 1817, g.m. søskaben barnet sitt *Daniel Levardson*, f. ca. 1765, d. 1847, og busett på Eikesås.

- c. *Torjus Larsson*, f. ca. 1771, d. 1808, g. 1 1801 m. *Siri Jonsdotter* frå Drarvik i Sand, f. 1782, d. 1802, og g. 2 1804 m. *Maren Kristensdotter* frå Haug i Jelsa, f. 1775, d. 1845. Torjus tok over bruket etter foreldra (sjå under her nr. 9).
- d. *Daniel Larsson*, f. ca. 1775, d. 1803, g.m. *Johanna Andersdotter*, f. ca. 1777. Dei bygsla Istadvikjå som husmannsfolk i 1801. Johanna vart gift opp att med Bård Bårdson frå Fosstveit og buande med han på Teigen under Nes.
- e. *Lars Larsson*, f. ca. 1779, d. 1863, g. 1802 m. søskensbarnet sitt *Malena Larsdotter* frå Øye, f. ca. 1781, d. 1873 og busett på Øye.
- f. *Lambert Larsson*, f. ca. 1782, g. 1805 m. *Marta Toresdotter* frå Drarvik i Sand, og busett først i Istadvikjå, seinare på Øvre Kvaløy i Imsland.
- g. *Lisbet Larsdotter*, f. ca. 1787, vart gift med *Nils Askjellson* frå Vetrhus, f. ca. 1779.

Lars var berre vel 21 år då han 9. november 1763 fekk skoyte på bruket i Hustveit frå mora og søskena sine. Som far sin og farfar sin stod han seg godt økonomisk. Og som dei var han medeigar i den eine Blankenborgsaga. I året 1800, ikring 58 år gammal, let han sonen Torjus ta over bruket og sette seg og Lisbet i ei god folga. Dei skulle årleg ha 4 tønner havrekorn, foster til 2 kyr og 6 sauер forutan bruken av Krokåkeren og slåtta Stien. Og sjølvsagt skulle dei ha husvære og lys, opphoggen brenneved og tilsyn i alderdommen. Fire år seinare, då verdoterra Siri var avlidne, vart denne folga utvida til å gjelda tre åkrar og ei slåtte til, forutan ein liten part av bøen og bruken av eit smalehus. Dessutan skulle dei ha halve inntekta av den parten sonen sat med i den eine Blankenborgsaga.

I skiftet etter Lars frå 1805 ser me at det fanst fleire bøker på Hustveit. Dei hadde ikkje berre kyrkjesalmeboka og Brokmans huspostill, men også andre åndelege bøker, slike som «Guds Børns daglige Adgang til Naadestolen», «Den Bedendes Kjede», «Den vandrende Sjæl», «Den sjungende Katekismus» og «Christendommens Øvelse». Skal me tru at Lars var ein lesekunnig og djupt religiøs mann?

9. **Torjus Larsson**, f. ca. 1771, d. 1808, var gift to gonger, første gong i 1801 med *Siri Jonsdotter*, f. 1782, d. 1802, dotter til Jon Jonson og Ingeborg Danielsdotter på Drarvik i Sand. Med henne fekk han berre ein son:

- a. *Lars Torjusson*, f. 1802, d. 1837, g. 1823 m. *Ingrid Hansdotter* frå Istad, f. 1803, d. 1893. Dei tok over bruket på Hustveit (sjå under her nr. 12).

Siri døyde på barnseng, og i 1804 gifta Torjus seg opp att med *Maren Kristensdotter*, f. 1775, d. 1845, dotter til Kristen Jonson og Mari Jonasdotter på Haug i Jelsa. Dermed vart han svoger til Ola Olson, den nye grannen sin på Hustveit (på bnr. 2). Med Maren fekk han to born som begge døyde som spedbarn:

- a. *Kristen Torjusson*, f. 1805, d. 1805.
b. *Mari Torjusdotter*, f. 1808, d. 1808.

Torjus kjøpte bruket av foreldra i 1800 og gav 140 rd for det. Samtidig kjøpte han faren sin tredjepart av den eine Blankenborgsaga for 20 rd. Men han fekk berre oppleva åtte år som brukar. Han døyde alt i 1808, berre 37 år gammal. Då vart jorda bygsla bort for eit år til ein framand, før Maren gifta seg opp att med Torger Torgerson frå Istad (sjå under her nr. 11) og tok over drifta.

10. **Bård Jonson**, f. ca. 1774, d. 1839, og kona **Anna Pålssdotter** frå Storskjer, f. ca. 1772, d. 1851, stod for drifta av dette hustveitbruket eitt års tid som paktarar etter at Torjus Larsson var død. Men då enka Maren Kristensdotter vart gift opp att, tok ho og andre mannen over styringa. Bård og Anna vart då buande som husmannsfolk på Nygård i Honganvik.

11. **Maren Kristensdotter**, f. 1775, d. 1845, enka etter Torjus Larsson Hustveit (over her nr. 9), gifta seg opp att i 1809 med **Torger Torgerson**, f. 1788, d. 1852, son til Torger Johannessen og Marta Hansdotter på Istad i Sand. Med han fekk ho to born:

- a. *Marta Torgersdotter*, f. 1813, d. 1882, g.m. *Ola Olson* frå Foss i Suldal, f. 1823, d. 1873. Dei vart buande på Gryte i Jelsa.

b. *Mari Torgersdotter*, f. 1817, d. 1888, vart gift med *Sjur Olson* frå Søndenå, f. 1812 og buande med han på Nes.

Maren og Torger bygsla dette bruket i tolv år mellom anna på vilkår av at dei skulle «huuse, føde og klæde samt forsvalig opdrage» den umyndige steson hennar Lars Torjusson. Då han vart vaksen og tok over, flytta dei ned i Istadvikjå, men kjøpte i 1838 Haugen i Honganvik og vart bunade der. Etter at Mari var avliden, gifta Torger seg opp att med *Kari Johannesdotter* frå Hovland og fekk fleire born med henne.

12. Lars Torjusson, f. 1802, d. 1837, g. 1823 m. **Ingrid Hansdotter**, f. 1803, d. 1893, dotter til Hans Torgerson og Anna Tormodsdotter på grannegarden Istad i Sand. Dei fekk sju born saman, men fleire døydde som små eller i ung alder:

a. *Torjus Larsson*, f. 1823, d. 1845, g. 1843 m. *Ingrid Knutsdotter* frå Honganvik, f. 1823. Dei tok over etter foreldra hans (sjå under her nr. 14).

b. *Siri Larsdotter*, f. 1825, d. 1825.

c. *Anna Larsdotter*, f. 1826, d. 1845.

d. *Jone Larsson*, f. 1828, d. 1877, g. 1856 m. *Liva Torgersdotter* frå Istad i Sand, f. 1836. Dei tok over bruket då eldste bror hans døydde utan å etterlata seg born.

e. *Hans Larsson*, f. 1831, d. 1839.

f. *Siri Larsdotter*, f. 1833, g. 1856 m. *Johannes Sjurson* frå Eikesås, f. 1828, og buande på Øye i Svandalen med han.

g. *Ingrid Larsdotter*, f. 1835, d. 1847.

Lars tok som 18-åring over drifta av denne jorda etter stemora og andre mannen hennar ikring 1820. Som einaste son hadde han ervt nære på halve bruket, og i 1810 fekk han skøyte på den andre halvedelen av stemora i samband med at ho og andre mannen tok på seg tilsynet med han. Men som far sin vart heller ikkje Lars gamal på garden. Han var berre 35 år då han døydde. Skiftet etter han viser den same velstanden som i generasjonane før. Enka Ingrid gifta seg opp att med Ingemund Ingemundson frå Litalrød og styrde jorda saman med andre mannen til eldste sonen vart vaksen.

13. Ingrid Hansdotter, f. 1803, d. 1893, enka etter Lars Torjusson (over her nr.12), g. 1839 m. **Ingemund Ingemundson**, f. 1802, son til Ingemund Øysteinsson og Metta Hallvardsdotter på Litalrød. Med han fekk Ingrid tre born:

a. *Metta Ingemundsdotter*, f. 1840, i 1875 tente ho på Hovda i Fister.

b. *Ingemund Ingemundson*, f. 1842, g. 1874 m. *Inger Johanne Torgersdotter*, f. 1852, dotter til Torger Torgerson på Haugen (over her nr. 11) og andre kona Kari Johannesdotter. Busett på Myklabust i Avaldsnes. Seinare flytte han med somme av borna til Stavanger.

c. *Hans Ingemundson*, f. 1844, g. 1868 m. *Marta Eriksdotter* frå Ytre Birkeland, f. 1829. Dei vart buande i Saudasjøen i eit hus på Hovland grunn.

Ingrid og Ingemund styrde denne jorda til eldste son hennar Torjus gifta seg i 1843. Då fekk dei ei god folge og vart buande på garden.

14. Torjus Larsson, f. 1823, d. 1845, g. 1843 m. **Ingrid Knutsdotter**, f. 1823, d. 1896, dotter til Knut Nilsson og Ingrid Torjusdotter i Honganvik.

Torjus fekk utlagt garden ved skiftet etter far sin i 1837 og tok over bruket etter mora og stefaren då han gifta seg i 1843. Men seinhaustes 1845 døydde han, berre 22 år gamal og barnlaus. Enka Ingrid gifta seg då opp att med Osmund Tormodson frå Istad i Sand og styrde garden saman med han nokre år til ein bror til Torjus tok over.

15. Ingrid Knutsdotter, f. 1823, d. 1896, enka etter Torjus Larsson på Hustveit, g. 2 1847 m. **Osmund Tormodsson**, f. 1825, d. 1869, son til Tormod Istad i Sand. Etter eit par år på Hustveit flytta dei først til Årtun i Hellandsbygd, så var dei nokre år på Kviå før dei endeleg kjøpte og slo seg til som gardbrukarar på Ramsnes. Med andre mannen fekk Ingrid seks born.

16. Jone Larsson, f. 1828, d. 1877, g. 1856 m. **Liva Torgersdotter**, f. 1836, dotter til Torger Hansson og Siri Jonsdotter på Istad i Sand. Dei fekk seks born saman:

- a. *Inger Serina Jonsdotter*, f. 1857, d. 1874.
- b. *Lars Jonson*, f. 1860, d. 1878, tok over etter foreldra.
- c. *Torger Jonson*, f. 1865, g.m. *Siri Johannesdotter* frå Løland i Sand, f. 1864, dei tok over etter Torger sin bror Lars på dette bruket.
- d. *Torjus Jonson*, f. 1868.
- e. *Anna Serina Jonsdotter*, f. 1872.
- f. *Inger Serina Jonsdotter*, f. 1875.

Jone var berre 17 år då broren Torjus døydde. Ved skiftet etter broren i 1846 fekk han utlagt garden mot å løysa inn panteutleget, noko han òg etter kvart gjorde. Men Jone vart ingen gammal mann på Hustveit. Han døydde berre 49 år gammal. Det må ha vore tunge år for Liva. Mannen fall altså frå i 1877, året etter miste ho odelsguten. Tidlegare hadde ho mist to døtrer, ei i 1874 og ei i 1875. Då Jone døydde, var eldste sonen berre 17 ? år gammal, men fekk skøyte og var tenkt å ta over då. Slik skulle det likevel ikkje gå. Det vart Liva og andre mannen hennar, *Pål Olson* frå Eikesås som kom til å驱va garden nokre år.

17. Lars Jonson, f. 1860, d. 1878.

Lars fekk utlagt garden då faren døydde i 1877 og var nok etla til å føra ætta vidare her. Men alt året etter døydde han, berre 18 år gammal, og mora måtte igjen stå for drifta.

18. Liva Torgersdotter, f. 1836, enka etter Jone Larsson Hustveit (over her nr. 16). Ho gifta seg opp att i 1883 med **Pål Olson** frå Eikesås, f. 1850, son til Sterk-Ola Sjurson og Guri Pålsdotter på Eikesås. Dei var barnlause.

Liva og Pål stod for gardsdrifta nokre år til andre son hennar, Torger Jonson, tok over.

19. Torger Jonson, f. 1865, d. 1950, g.m. **Siri Johannesdotter**, f. 1864, d. 1955, dotter til Johannes Olson og Marta Larsdotter på Løland i Sand. Dei fekk ni born:

- a. *Johne Torgerson*, f. 1892, d. 1986. Han tok over garden etter foreldra.
- b. *Marta Torgersdotter*, f. 1894, d. 1920 av tuberkulose. Ho døydde på Ramsvik Sanatorium i Stavanger.



Torger Jonsson Hustveit (1865–1950), son til Jone Larsson (1828–1877) og Liva Torgersdotter (f. 1836), tok over bruket etter mora og stefaren Pål Olson i 1890.



Siri Johannesdotter (1864–1955), dotter til Johannes Olson og Marta Larsdotter på Løland, gifte seg med Torger og fekk ni barn på Hustveit. Foto: Körner, Stavanger.



Jone, født 1892, var eldste sonen til Torger og Siri. Han overtok garden i 1938. Foto: Körner, Stavanger.



Marta (1894–1920), var eldste dottera til Torger og Siri, men ho døydde altså av tuberkulose berre 26 år gammal. Her er ho 16 år gammal og har vore til byen for å fotografere seg hos fotograf O. Herseth.



Lars (1895–1961), blei kalla Store-Lasse. Han arbeidde e på fabrikken i Sauda og budde e på hybel der. Bildet er tatt hos fotograf R. Mortensen på Sand.



Torgrim, født 1902, fotografert i militær mundur. Torgrim blei heller ikkje gammal. Han arbeidde på fabrikken i Sauda og døydde av tuberkulose i 1938.



Det er mange bilde av Ludvig. Her eit frå militærtenesta. Han var sjarmor og fotograf, men fann likevel ingen å dele livet med. Ludvig blei fødd i 1904, som den 6. i søskensflokken. Han døydde i 1967.


- c. Lars Torgerson, f. 1895, d. 1961. Kalla Store-Lasse. Han arbeidde på fabrikken i Sauda og budde på hybel der.
- d. Johannes Torgerson, f. 1899, d. ca 1920 av tuberkulose.
- e. Torgrim Torgerson, f. 1902, d. 1938 av tuberkulose. Han arbeidde også på fabrikken i Sauda og budde på hybel der.
- f. Ludvig Torgerson, f. 1904, d. 1967. Han arbeidde også på fabrikken i Sauda og budde på hybel der.
- g. Olaf Torgerson, f. 1905, d. 1982. Han budde heime på Hustveit.
- h. Inge Torgerson, f. 1907, d. 1923 av lungebetennelse.
- i. Arna Maria Torgersdotter, f. 1909, d. 1956. Ho drukna i Stolsvatnet. Til dagleg vart ho nemnt berre Maria. Ho budde heime på Hustveit.

Torger tok over styringa med bruket etter mora og stefaren i 1890. Han og Siri sat som brukarar her til dei let eldste sonen Jone ta over ved skøyte i 1938, og tok seg då følge.

20. Johnne Torgerson, f. 1892, d. 1986. Ugift.

Jone tok over etter foreldra i 1938 og sat med dette bruket til han døydde i 1986. Han vart den siste gardbrukaren på Jonegarden som han gav namn til.

Arvid Lillehammer (62) er lokalhistorikar og førsteamanuensis ved Universitetet i Stavanger. Han har m.a. skrive *Soga om Sauda*.



Oversynsbilde over gardstuna på Hustveit, teke frå lida ovanfor. Olagarden ligg til venstre og Jonegarden til høgre. Den største bygningen i tunet på Jonegarden er løa med torvtak og låvebru. Folgeløa ligg til høgre for den. Bak ligg gardshuset med folgehuset til høgre. Dei tre små husa framfor løene er utedo til venstre, eldhus mellom løene og smie til høgre.

Hustveit – ein liagard ved Saudafjorden

Av Trygve Brandal

Denne artikkelen handlar om korleis gardsdrifta på Hustveit har utvikla seg. Vi skal samanlikna gardsbruken på Hustveit med andre gardar i Sauda og sjå at dei vart rekna som betre bruk etter kvart. Frå å ha lege mellom dei minste bruken på 1600-talet, plasserte dei seg mellom dei beste i bygda i andre halvdel av 1800-talet. Brukarane utnytta naturressursane på gardane fullt ut. Gode utsläpper og beiteområde var viktige plussider for Hustveit, og garden var mellom dei beste skogagardane i Sauda.

Hustveit ligg på vestsida av Saudafjorden, som går i nesten bein nordleg retning frå Sand. Det er den første garden i Sauda kommune du kjem til, etter å ha passert Rørvikjå, Ås og Istad, som ligg lenger ute i fjorden og hører til Suldal kommune. Tunet på dei to bruken på Hustveit ligg 200 meter over havet. Mesteparten av den oppdyrka innmarka ligg noko lenger nede. Heile gardsområdet til Hustveit går frå fjorden og opp til Øvrastølsvatnet på kring 700 meter over havet. Til saman omfattar dei to bruken på Hustveit eit område på vel 10 000 mål.

Sett frå fjorden er Hustveit mest som fjellgard å rekna. Rettare er det å kalla Hustveit og dei andre gardane på vestsida av Saudafjorden for liagardar. Det er tre kvarters gange mellom tuna på Hustveit og sjøen. Det var dit dei måtte før når dei skulle ta seg ut. Då måtte dei i båt på fjorden. Frå gammalt av stod nausta til begge bruken i Skyljavikjå. Men på bruksnummer 2 gjekk dei nausttomt i Istadadvika, som ligg like ved, i 1840. Etter den tid vart det slik at sjøvegen frå bruksnummer 1, Jonegarden, gjekk til Skyljavikjå, medan sjøvegen frå bruksnummer gjekk om Istad til Istadadvika. Seinare kjøpte Istad tilbake nausttomta, og naustet vart rive.

Veg fram til gards fekk dei ikkje før i 1940. Før den tid hadde dei Storskjervegen, som var ferdig i 1913. For å komma seg inn på den, måtte dei gå til Honganvik. Der hadde folket på Hustveit hestekjerrer og syklar ståande. Arbeidet med den såkalla Dollarvegen frå Sauda til Ropeid tok til i 1923 og vart avslutta åtte år seinare. Arbeidet med gardsveg frå denne og

opp til Hustveit starta i 1927. Oppsitjarane på Hustveit tok på seg store forpliktingar for å få realisert gardsvegen. Dei ytte fri grunn og skulle betala 30 prosent av kostnaden. Dei tok også på seg vedlikehaldet av vegen. Halvparten av vegen var ferdig etter eit par år, men det drygde heilt til 1940 før han var ferdig heilt fram til gardstuna.

I vest grensar Hustveit til Etne prestegard i fjellbeitet Nordre Bjørndalen, og det same gjer Kvamen, Djuv og Istad. Ein sommardag i 1841 vart grensene oppgådde i dette området mellom desse gardane sin eigedom, og det vart inngått ei skriftleg semje som stadfesting.

Grensene mot Istad vart oppgådde og avmerka ved ei grensegangsførretning i 1865. Fire år seinare var det grensene mot Kjerringtveit og Djuv i beiteområda Hagesengnuten, Kvannagrøbakkane og Storavassbotnen som vart avklara ved ei skjønsforretning. Det kom fram i vitneforklaringer då at både Hustveit, Djuv og Kjerringtveit hadde brukt området til beite og slått, og retten fann det difor rettast å dela området mellom desse tre gardane. Hustveit vart tillagt søre delen av Storavassbotnen, Kvannagrøbakkane og søre delen av Hagesengnuten. Djuv fekk norda delen av Storavassbotnen og Kjerringtveit fekk nordre del av Hagesengnuten og Varanuten.

I 1870 vart det halde lensmannskjønn for å fordela gjerdeplikta på grenselinene i utmarka mellom Hustveit, Storskjer, Haugen, Nygård og Honganvik.

HUSTVEIT OG DEI ANDRE

Den gamle landskylda på Hustveit var $1 \frac{1}{2}$ pund tak, som var det same som 6 vetter. Tak tyder her bjørkenever, som vart brukt til taktekking. På kvart av dei to bruken vart skylda då 3 vetter eller 18 spann tak. Ein vett var på 37 kilo. Det vil seia at dei to brukarane årleg skulle levera om lag 120 kilo bjørkenever til jordeigaren som leigeavgift for gardsbruket.¹ Jordeigar fram til 1669 var Utstein kloster. Etter kvart gjekk dei nok over til å setja ein takst på neveren og heller betala leiga i form av kontante pengar.

Landskylda som kvar gard skulle yta var eit uttrykk for kor god garden vart rekna for å vera. Store gardar hadde høg landskyld, små gardar hadde låg. På 1600-talet høyrd Hustveit til mellom dei mindre gardane i Sauda. I skattematrikelen frå 1647 er det lista opp 60 matrikkelgardar i Sauda skipreide. Då var det berre tre matrikkelgardar som hadde lågare landskyld enn Hustveit. Det var Djuv og Kvamen, samt Ørland i Hylsfjorden, som høyrd Hustveit til Sauda skipreide på den tid. Fleire matrikkelgardar hadde skyldsetting på same nivå som Hustveit. Det galdt Kjerringtveit, Indre Birkeland, Seland, Randvolljord, Vinterhus og Hylen. Indre Birkeland var også på den tid delt i to bruk, og kvart bruk hadde ei landskyld på 3 vetter tak, som tilsvara 18 merker i smørskyld, det same som brukta på Husveit hadde.

Samanliknar vi med andre *gardsbruk* i Sauda midt på 1600-talet, var det to bruk som var jamgode med dei to på Hustveit. Det var dei to brukta på Indre Birkeland. Fem bruk var mindre. Det var det minste av to bruk på gardane Litlarød, Østhus, som seinare vart eit bruk i Svandal, og Øverland samtidig dei to brukta på Djuv. Dei to gardsbruka på Hustveit høyrd altså til mellom dei ti minste brukta i Sauda midt på 1600-talet. I alt var det 109 bruk i Sauda skipreide då, og det største av dei var garden Løland i Hylsfjorden, som enno var eitt bruk. Der var skyldverdien fire laupar smør, og det var 16 gongar meir enn skyldverdien på kvart av brukta på Hustveit. Innanfor noverande Sauda kommune sine grenser var den udelte garden Austrheim det største bruket. Her var skyldverdien to laupar smør og ein bolle tjøre, som utgjorde vel 8 gongar meir enn brukta på Hustveit.

Hustveit si landskyldvare var tak eller never. Det var tre andre gardar i Sauda skipreide som også hadde rein takskyld. Det var Indre Birkeland, Hovland og Ørland. I tillegg hadde 13 andre gardar ei kombinert smør- og takskyld. Slik var det t.d. på Istad, nabogarden til Hustveit. Den garden ligg i dag i Suldal kommune, men låg lenge i Sauda skipreide. Der skulle dei to brukarane til saman svara $\frac{1}{2}$ laup smør og $1 \frac{1}{2}$ pund tak til jordeigar, som også her var klosteret på Utstein. I alt skulle det frå dei 17 matrikkelgardane i Sauda skipreide med heil eller delvis takskyld leverast (verdien av) tett opp under 80 vetter never årleg til jordeigarane. Ein vett var på kring 37 kilo, så i alt var det tale om rundt rekna tre tonn med never som vart levert årleg. Når never var ei såpass betydeleg landskyldvare i Sauda, må det ha samanheng med at mange gardar her

hadde godt med bjørkeskog som var eigna til neverriving. Ein jordegard som Utstein kloster hadde nok også bruk for never til sine bygningar. Klosteret var eigars, heilt eller delvis, av sju gardar i Sauda skipreide. Det var Ås, Istad, Hustveit, Gunnarsrød, Hovland, Fosstveit og Litlarød. Alle desse gardane svarte landskyld i never, heilt eller delvis. Dei andre gardane i bygda med neverskyld, var i bondeeige eller i kyrkjelag eige. Fleirtalet av gardane i Sauda hadde likevel smør som landskyldvare.

Men klosteret kravde ikkje neverlevering av leiglendingane sine i andre skipreider. Ingen av klostergardane i Suldal eller Hjelmeland svarte landskyld i never. I Suldal var det fem gardar som gjorde det, og i Hjelmeland berre ein, men ingen av dei hadde Utstein kloster som eigars.

BETRE GARD PÅ 1800-TALET

I 1838 vart det utarbeidd ein ny matrikkel for landet. Då vart dei gamle verdsetjingane av gardane i form av laupar smør, pund korn og vetter tak erstatta av einsarta vurderingssystem uttrykt i dåtidas pengar – dalar, ort og skilling. Dei to brukta på Hustveit vart no sett til 1 dalar 4 ort og 19 skilling i skyldverdi. Dermed hamna dei langt over gjennomsnittsbruket i Sauda, som låg litt i overkant av ein dalar. Frå å ha lege mellom dei minste brukta på 1600-talet, hadde dei to brukta på Hustveit utvikla seg til å kunne bli plasserte i det øvre sjiktet av brukta i Sauda i første halvdel av 1800-talet. Det var 188 bruk i Sauda då, og Hustveit plasserte seg som nummer 24 av desse. Dei største brukta var Mollatveit, Indre Molla, Ytre Molla og Fosstveit. Dette var udelte gardar som hadde ein skyldverdi på om lag det doble av det brukta på Hustveit hadde. Vidare nedover på rangeringslista følgde Amdalsrød, det største bruket på Fløgstad og dei to brukta på Gunnarsrød. Men svært mange bruk i Sauda var altså då i første halvdel av 1800-talet mindre enn brukta på Hustveit.

Hustveit-bruka hadde klatra på brukslista i Sauda i løpet av dei to hundre åra som hadde gått mellom matriklane frå 1647 og 1838. Framgangen skulle halda fram utover på 1800-talet. Landet fekk igjen ny matrikkel i 1886, og då vart skyldrekninga i dalar, ort og skilling erstatta av skyldverdiar i mark og øre. Dei to brukta på Hustveit, som heile tida vart vurderte som jamgode, fekk no ei matrikkelskyld på 4 mark og 3 øre. Dermed hamna dei mellom dei ti beste brukta i Sauda. Det største bruket i Sauda i 1886 var Indre Birkeland, med ein skyldverdi på 5,29

mark. I 1838 var det største bruket i Sauda kring 100 prosent større enn bruken på Hustveit, no 50 år seinare var skilnaden til det største berre 30 prosent. Dei andre store brukene, som følgde like bak Indre Birkeland i skyldverdi, var bruksnummer 1 på Sønnå, bruksnummer 3 på Maldal og Indre Molla, som framleis var udelte. Mange av dei gardsbruken som hadde vore store tidlegare, hadde no blitt delte opp i fleire einingar. I det heile hadde Sauda hatt sterkt bruksdeling utover på 1800-talet.

Samanliknar vi Hustveit-bruka med dei andre gardane på nordsida av Saudafjorden – Ilstad, Ås, Tysseland og Rørvikjå – trer det same mønsteret fram, at Hustveit vart rekna som ein betre gard med tida. På 1600-talet hadde bruken på Hustveit lågast skyldsetting av desse. I 1838 hamna dei meir midt på treet. Dei to brukene på Tysseland hadde lågare skyldverdi, det eine bruket på Ilstad hadde lik verdi som Hustveit, medan det andre hadde høgare. Også dei to jamstore brukene på Ås og bruket i Rørvikjå hadde høgare skyldverdi. Stoda var om lag den same i 1886. Dei to brukene på Tysseland hadde skyldverdi på 3,01 mark, Hustveit-bruka hadde 4,03, hovudbruket i Rørvikjå 4,27, dei to jamstore brukene på Ås 4,42 og dei to brukene på Ilstad 5,40 mark.

Kvifor steig Hustveit? Kvifor vart gardsbruken her vurdert stadig høgare mellom bruken i Sauda? Hovudforklaringa til det ligg nok i skogen. Hustveit var ein god skogagard, og skogen gav inntekter til brukarane. Ei anna viktig plusside for Hustveit var utslåttene. Men her nådde dei ikkje heilt opp, samanlikna med andre gardsbruk i Sauda. Matrikkelkommisjonen frå 1866 gjorde eit overslag for kvart bruk over kor mykje høy som kunne bringast heim frå utslåttene. Då var det 20 bruk i bygda som kom høgare enn bruken på Hustveit. Desse kunne slå 29 skippund høy i heia, meinte kommisjonen. Høgast låg bruket til Østen Kristenson på Årtun i Hellandsbygda, som kunne slå 71 skippund høy i heia. (1 skippund = 159,4 kilo.)

Kommisjonene meinte elles at det både var for tørt og for vått på garden. Åker og dyrka eng tok enkelte stader skade av «undergravende Vand», medan andre stader var utsette for avsviing i tørkeperiodar. Ein del av innmarka var utsett for «Elvebrud og Oversvømmelse». Men garden hadde «god og bekjem Havnegang», dvs. fine beiteområde.

EIGEDOMSFORHOLD

Det var Utstein Kloster som åtte Hustveit på 1600-talet. Vi veit ikkje kor lenge klosteret då hadde vore eigars av garden. Som

vi har sett ovanfor, var klosteret eigar eller medeigar av seks andre gardar i Sauda i tillegg til Hustveit. Klosteret vart nedlagt etter reformasjonen, og jordegodset som høyrde til vart lagt under krona, men styrt som eit særskilt len. Kong Fredrik 3. selde dette jordegodset samla i 1665 til ei gruppe av danske adelsmenn, for å skaffa pengar til statskassa. Dei nye eigarane selde gardane vidare etter kort tid. Peder Andersen i Bergen ferda den 24. august 1669 ut to kjøpebrev på Hustveit, på vegner av dei danske eigarane. Det var dei to brukarane som kjøpte, Pål Kristenson og Tolleiv Lambertson. Dermed vart leiglendingane sjølveigarar. Bruket som Tolleiv kjøpte vart sidan til bruksnummer 1. Det gjekk sidan frå far til son like fram til Jone Hustveit, den siste brukaren. Det var dette bruket som var kjøpt av Staten ved Fylkesmannen i Rogaland i 1987.

Leiglendingane på Hustveit må ha site brukbart i det økonominokt når dei kunne kjøpa gardane sine i 1669. Det fremste grunnlaget for velstand på garden låg nok i skogen. Det var bra tider for sal av sagskurd på denne tida, og dei som hadde mykje å selja kunne få gode inntekter. Vi skal difor starta gjennomgangen av ressursgrunnlaget på Hustveit med å sjå på skogen.

GOD SKOGAGARD

Hustveit har vorte rekna som ein god skogagard. Brukarane kunne selja rundtømmer, bjelkar og bord samt ved og få kontante inntekter av det. Nede ved fjorden, ved utløpet av Hustveitelva, låg det to oppgangssager, kalla indre og ytre Blankenborg bordsager. Eigarane til desse sagene var helst Stavanger-borgarar og gjestgevarar på Sand, men brukarane på Hustveit åtte også til sine tider partar i den eine saga. Og dei åtte i allfall grunnen som sagene stod på, og fekk litt grunnelege for det.

Kjeldene frå 1600- og 1700-talet undervurderer verdien av skogen på garden. Ved jordeboka i 1661 heiter det berre «her-till Husztømmerschow». Matrikkelen fire år seinare nemner berre «brenndeved til fornødenhed», og matrikkelen frå 1723 «skou til husbehov». På 1800-talet er verdien av skogen klarare uttrykt i kjeldene. Matrikkelkommisjonen frå 1866, som vurderte alle gardsbruk i Sauda, meinte at dei på Hustveit hadde skog til eige bruk, og at dei dessutan kunne selja skogsprodukt for 20 dalar årleg frå kvart av dei to brukene. Det var berre seks bruk i Sauda som kunne selja meir frå skogen. Det var fire bruk på Birkeland, eitt bruk på Sønnå og garden Vetrhus, som kunne selja for 21-30 spesidalar årleg. Det eine



Hustveit har vorte rekna for ein god skogagard. Lars Hustveit mellom to kraftige tømmerstokkar i tunet på Olagarden på Hustveit. Bildet er teke i 1946.

bruket på Løyning kunne selja for 20 dalar, det same som Hustveit-bruka.

Det er om lag like mykje bjørkeskog som furuskog på Hustveit. Eikeskog er her også noko av, og dessutan hatl. Tynne hatlestrongar vart hogge til bandstakar. Dei vart kløyvd og brukte til band rundt tretønner. Bandstakane måtte vera så lange at dei gjekk rundt tønna pluss noko til omskøyrt. Og dei måtte vera 5/4 tommar tjukke i toppen. Det vart hogge mykje bandstakar på Hustveit og på andre gardar langs fjorden med

god hatleskog. Bandstakane vart leverte til bokkerar, helst på Sand. Dei vart leverte i buntar med tjue bandstakar i, kalla eit tjug eller ei sneis. Det var lenge god etterspurnad etter bandstakar hos bokkerar som laga tretønner i fleng til dei rike sildfiskeria. Men etter kvart vart hatlebanda erstatta av jarnband på tretønnene. Då forsvann etterspurnaden frå bokkerane etter hatlestrongar.

Utover på 1900-talet vart det årleg hogge ein del tømmer på begge bruka på Hustveit. På 1930-talet var det trond økonomi

på bruksnummer 1, og det vart inngått akkord med sparebanken på Sand, der dei hadde lån. Det vart då avtalt at det skulle hoggast tømmer i ganske stor stil for å skaffa pengar til banken. Tømmeret vart levert til sagmeister Nils Eide på Sand og oppgjer sendt til banken. Dei heldt på med dette i to år. Så fekk gardkona Siri arv etter broren Lars Løland i Australia, noko som gjorde at dei kom seg over den økonomiske kneiken. Sidan har det ikkje blitt hogge tømmer i så stor stil på garden. Men så lenge garden var i aktiv drift, vart det kvar vinter hogge ein del tømmer, som vart skore opp på saga. Noko vart selt, noko gjekk til eige bruk. Brørne Jone og Olaf gjekk då på skogen i lag. Dei måtte vera to når dei skulle fella tømmer med tømmersvans, som var ei tomanns handsag.

Gardsfolket har det onnugt no um dagane, kvinnfolki driv paa med veving og sying, og mannfolki er i skogen. Det gjeld um aa nyttja tidi so dei vert ferdige med dette arbeidet fyre vaaronni kjem. Og mang ein kveld kjem gardsgutane i fylgle heim fraa skogen, med kvar si øks paa armen. Dei stansar oftast upp ved vegskilet, røder um ymse ting, seger so godnatt og gaar kvar til seg.

(Kjelde: RFP008 Privatarkiv Hustveit, boks 2, Marta Hustveit, Stilbok frå Voss folkehøgskule 1916–1917. Frå stilen Vårveld heime.)

Begge brukta på Hustveit fekk seg sagbruk. Torger Hustveit på bruksnummer 1 Jonegarden kjøpte sagbruket på Istad på auksjon i 1901. Saga stod ved sjøen i Istadbekken. Torger reiv saga og flytte henne til Hustveit, der ho vart sett opp innved fossen. Dette var ei sirkelsag med vassdrift. Ola Hustveit på bruksnummer 2 bygde sag i 1924 inne ved elva, litt lengre nede enn grannebruken si. Den saga vart flytt heim i tunet då dei fekk straum til gards.

I 1950-åra vart det rekna med at det var 600 mål produktiv skog på bruksnummer 1 på Hustveit og 500 mål på nabobrukets.

Veding og sal av ved var eit viktig inntektsgrunnlag på Hustveit. Jekteskipper Anders Hatløen på Sand kjøpte ved av Torger i 1925. 17 mål bjørkeved vart betalt med 37 kroner pr. mål, eit mål blandingsved vart betalt med 22 kroner. Ein annan fartykar, Erik Kallekodt, skreiv brev til Torger to år før med spørsmål om han hadde ved å selja.

Under krigen, særleg i 1942-1943, var det skoging i stor stil på Hustveit, i regi av fabrikkanlegget Nordag i Saudasjøen, der det var mange tyskerar og ein heil leir med russiske krigsfanger. Hos Jone på bruksnummer 1 vart det hogge rundt 1000 famnar, og på nabobruket rundt 1500 famnar. Då kom det vedhoggarar frå heile distriktet, frå Stavanger og Haugesund og mange andre stader. Alt vart hogge på berr mark. Dei hadde opphald eit par veker rundt jonsok når nevrå sleppte. All transport føregjekk om vinteren. Mykje vart flota på elva, og samla saman når det kom ned til sjøen.

HUSDYRA

Kor store buskapar kunne dei ha på gardsbruka på Hustveit? Den første kjelda som gir opplysningar om det, er den såkalla feskatten frå 1657. Då heitte det at dei kunne fø 5 kyr, 1 okse og 1 kvige samt 14 sauher på garden. Kvart av dei to brukta skulle då ha halvparten av dette. Tala verkar låge, men dei var likevel relativt høge samanlikna med andre gardar i Sauda på same tid. Matrikkelen frå 1665 opplyser at dei kunne ha ni naut på Hustveit på dei to brukta til saman. Ved neste matrikkkel i 1723 hadde dyrelata stige ein heil del. Då heitte det at kvart bruk kunne ha «1 hest 6 nøed 6 smaler». Alle slike tal frå matriklar og liknande kjelder må sjåast på som minimumstal. Det var bøndene sjølv som gav opp, og dei visste at matriklar var grunnlag for skattlegginga, og då tok dei nok ikkje for hardt i. Eit par skifte registreringar frå same året syner at buskapane i realiteten var ein heil del større.

Gardbrukarkona på bruksnummer 2, Gunnvor Jonsdotter, kona til Johannes Torbjørnson, døydde i 1723, og det vart halde skifte etter henne den 1. juni. Då vart det lista opp 4 kyr, 1 vetrungs (årsgammal) stat, 1 kalv, 7 sauher med lam, 6 gjeldsauher og 1 ver, 2 geiter med kje og 1 geit utan kje. Dessutan hadde gardeigaren på Øye i Hjelmeland 1 følja (ung merr) og 7 ungdyr på Hustveit. Det syner skiftet etter Anna Ormsdotter Øye, enkja etter Omund Nilsson Øye. Dette skiftet vart halde berre ei veke etter Gunnvor Jonsdotter sitt skifte. Såleis veit vi at Johannes Torbjørnson Hustveit ikkje hadde 1 hest, 6 naut og 6 sauher i 1723, som matrikkelen opplyser, men ein buskap som var meir enn dobbelt så stor, nemleg 1 merr, 4 kyr, 9 ung-naut, 17 sauher og geiter og minst 9 lam og kje.

Eit skifte på same bruket vel 50 år seinare syner endå litt høgare husdyrtal. Det var talet på sauher og geiter som hadde auka. Brukarkona Marta Andersdotter døydde i 1776. Skiftet etter henne syner at ho og mannen Johannes Jakobson



«Den siste dagen me hadde Blakken, 27/6 1929.» Her står tre av brørne frå Jonegarden framfor folgeløa på garden saman med hesten. Jone Hustveit til venstre, vidare truleg Olaf og Torgrim.

hadde hest, 6 kyr og 6 ungdyr, 27 sauер og geiter og 7 lam og kje. Vi må gå ut frå at dyretalet på det andre bruket på Hustveit låg på same nivået. Skiftet etter brukaren Torjus Larsson der i 1808 stadfestar det, og ber også bod om ein ytterlegare vekst i småfetalet. I fjøset hadde enkja Maren Kristensdotter 5 kyr på båsen, og dessutan 1 tre års og 1 vetrungs stut, 1 vetrungs kvige og 2 kvigekalvar. I stallen stod ei blakk hoppe. I sauhuset var det 11 sauer, 4 saulam og 2 varar, i geithuset 18 geiter, 3 hanekje (eittårs) og 6 bukkedje.

Også frå 1860-åra gjev kjeldematerialet oss utveg til å samanlikna normative tal for husdyrhaldet med meir reelle tal. Kommisjonen som vurderte gardane i Sauda i 1866 oppgav tal

for husdyrhaldet ut frå det dei meinte gardane kunne fø. Dei meinte at Jone på bruksnummer 1 hadde førgrunnlag for 1 hest, 13 naut og 15 sauere og geiter. For Ola på bruksnummer 2 oppgav dei eitt naut mindre, altså 1 hest, 12 naut og 15 sauere og geiter. Desse tala kan samanliknast med tala frå dyreteljinga i samband med folketeljingane i 1865 og 1875. Då er samsvaret brukbart når det gjeld storfeet. Etter folketeljinga i 1865 hadde Jone 13 og Ola 11 vaksne storfe. Og i 1875 hadde Jone og folgemannen Ingemund Ingemandson 13 vaksne og 5 ungdyr og Ola 11 vaksne og 3 ungdyr. Men når det galdt småfeet, hadde kommisjonen vore for forsiktige. Gode fjellbeite og utslætter gav grunnlag for eit større tal sauere

og geiter enn det dei meinte i 1866. I 1865 vart det talt 28 sauер og 29 geiter hos Jone og 16 sauер og 23 geiter hos Ola. Ti år seinare hadde Jone og folgemannen 41 sauер og lam og Ola 20. Geitehaldet ser det ut som det var slutt på. Men på Ola sitt bruk hadde dei ein gris. Ved skiftet etter Jone vart det sommaren 1883 registrert berre 14 sauер på bruket. For storfeet stemmer tala betre med oppgåvene frå dei føregåande åra. 10 kyr, 2 kviger, 1 stat og 2 kalvar var det lensmann Sven Tengesdal ført til protokolls då han registrerte buet etter Jone. Og dessutan hest og gris. Kyrne hadde namn alle. Dei heitte Brandsida, Spongrei, Rødsia, Svartsia, Brunsia, Skautrei, Plomrei, Drivrei, Fengrei og Skautrei. Vi legg merke til ein skilnad mellom dei to brukna no i andre halvdel av 1800-talet. Dyretalet var noko høgare på bruksnummer 1 enn på nabobruk. Frå gammalt av hadde dei to brukna heile tida vorte vurderte som jamgode.

Dyretalet vart noko redusert utover på 1900-talet. Dette var ein allmenn tendens. Det vart etter kvart lagt meir vekt på å stella og fôra betre dei dyra dei hadde, i motsetning til tidlegare tider, då det galdt å ha så mange husdyr som muleg, og då sveltefôring var vanleg. Då Jone Hustveit fekk skøyte på garden sommaren 1938, var det 1 hest, 4 kyr, 1 stat, 1 kalv, 8 sauер og 2 gjimrar på bruket. I 1950-åra var det, etter opplysningar i bokverket «Norges Bebyggelse», hest, 6 kyr, 4 kalvar, 12 sauер og gris på bruket. Jonegarden hadde buhus eller sommarfjøs for kyrne inne ved elva. Der er det eit stort bygg, som romma verkstad i eine enden og buhus for kyrne i den andre.

Seinare hadde dei gris også på Jonegarden, slik det var vanleg på gardane rundt i kring. «Svinahuset» var i eit frittståande tømra grisehus i den enden av folgeløa som vende mot smia. Dei brukte å kjøpa ein grisunge om våren frå ein grise-



Gris hadde dei på Jonegarden, som på dei fleste andre gardar. Svinehuset stod ved folgeløa, og grisen gjekk ute i ein inngjerda garde attmed. Grisen på bildet heitte Leonar.

bonde i Etne. Denne fødde dei så fram til slakting på seinhaus-ten. Dei fleste gardar kringom skulle ha ein grisunge frå Etne. Før Dollarvegen kom, var det ikkje vegsamband med Etne. Då kom etnebuane over heia med dei. Dei bar dei på ryggen i ein sekk med halm. Dette brukte dei gjerne å gjera i april, medan skaresnøen i heia enno kunne bera tyngda av mann og bør. Grisungane var gjerne rundt fire veker gamle då dei kom.

Den første tida brukte dei å la grisungen gå inne i stova, og mata han med mjølk frå flaske. Då måtte dei også finna seg i at grisungen la frå seg sitt fornødne der han ville. Men så snart han var stor nok, vart han flytta ut i fjøset der han fekk varme frå dei andre dyra. Seinare vart han flytta til svinehuset ved folgeløa, og han gjekk ute i ein innigerd garde. Der åt han gras, og han

fekk ugras frå åkrane inn til seg. Alt oppvaskvatn vart sleie ut til grisen, og han fekk også noko mjøl. Grisungen hadde vanlegvis ikkje vakse seg stor nok det første året. Han laut difor føast over eitt år til og vart slakta til neste jul. Han levde på høy og vatn om vinteren samt noko mjøl. Grisane kunne få ein mangelsjukdom som vart kalla «krompå». Den førte til at dei vart svake i bakfotene og ikkje kunne stå på dei. Det var fosfor og kalsium dei mangla. Fekk dei beinmjøl, klarte dei å unngå sjukdommen. Det var når grisane vart føra inne at sjukdommen kunne meldde seg. Gjekk dei lause ute, naudde dei ikkje så snart.

Vinterføret til husdyra var for det meste tørrhøy. På Jonegarden fekk dei seg aldri silo, slik dei etter kvart gjorde på nabobruk. Men attåt tørrhøyet vart det brukt tilleggsfôr av



Oversynsbilde frå Hustveitstølen, fotografert ein strålend solskinsdag i fjellet, den 14. juni 1940.

ymse slag, så som lauv, beit og skav. Marking var ei særleg vinne for å skaffa tilleggsfør. Almetre vart hogde om våren i sevetida. Borken blei dregen av i lange remser, hakka opp i småbitar og brukt som fôr til kyrne. Dette heldt dei på med på Jonegarden til etter krigen.

STØLING OG HEIASLÅTT

På Hustveit har det vore fire stolar i alt. Det var Mjølkestolen borte ved Kvednafossen, Vårstolen ved Vårstølvatnet 470 meter over havet (m.o.h.), Hustveitstolen eller Huldrehaugen 575 m.o.h. og Øvrastolen 700 m.o.h. Då stølinga var på sitt mest intense, vart nok alle desse stolane brukte gjennom sommarhalvåret. Til Vårstolen jaga dei dyra så snart der var noko beite å finna om våren. Litt seinare flytte dei til Hustveitstolen og så inn til Øvrastolen seinare på sommaren. Truleg stoppa dei på vårstolen igjen på heimveg om hausten. På Vårstolen og Øvrastolen har det ikkje vore drift sidan 1800-talet. Etter ei tid var det berre Hustveitstolen som vart brukt som sommarstol. Der hadde begge Hustveit-bruka stolhus. Før utskiftinga i 1880 stod husa like ved kvarandre, men etter den tid vart stolshuset til bruksnummer 2 flytt kring 100 meter lenger ned. Frå gammalt var det ikkje fyringsmuligheter på stolen. Etter utskiftinga vart det bygt nye hus, og då bygde dei grue. Jonegarden bygde huset saman, halvdelen laft og halvdelen reisverk. Dei hadde mjølkebua i den lafta delen.

Budeiene på stolen var ofte innleigde jenter. Dei gjekk opp til stolen om kvelden og mjølka kyrne. Så låg dei over på stolen, mjølka morgonmålet og gjekk så heim til gards. Der deltok dei i gardsarbeidet om dagen. Turen opp til stolen tok mellom ein og halvannan time. Slik gjekk dei lange marsjar opp og ned frå stolen kvar dag så lenge buskapen var i heia. Mjølka vart slegen opp i mjølkekoller på stolen og stod der til neste dag. Så tok budeia fløyten av med floaskei og bar fløyten heim. Heime vart det kinna smør av fløyten. Når smoret var ferdig, la dei det i saltlake. Frå gammalt av rodde dei til byen med smoret og selde det der. Seinare vart det helst selt til Sand.

Skjøret slo dei opp i eit kjer på stolen. Det vart frakta heim med visse mellomrom. Då hadde ostestoffet skilt seg frå. Dei laga fastost av dette. Av mosa laga dei møssmør. Det likna litt på prim, var billeg og stod seg godt.

Stølinga varte ved til forbi første verdenskrig. Ei av jentene på bruksnummer 2 stølte på deira stol fram til kring 1920. Etter den tid har det ikkje vore mjølkekyr på stolen.

Bare gjetleguten lå der oppe hele sommeren, sammen med buskapen, bl.a. for å skremme bort bjørn som det fantes noen av i den tida. Som gjetlegut var det vanligvis et av barna fra en husmannsplass som hadde denne oppgaven, – i hvert fall fram til 1860. Etter den tid var det en voksen kar som gjette buskapen i Hustveit-Tysselands-området. Og det hadde sin spesielle grunn:

I 1860 var det nemlig ei 12 år gammel plassjente som gjette på Tysselands-stolen. Hun ble overfalt og svimeslått av en bjørn, og da hun kom til seg selv, fant hun seg liggende skamfaren under et furutre. Hun fikk da øye på bjørnen mens den var i ferd med å grave et hull i ei myr like nedenfor der hun lå. Samtidig, mens den grov, voktet den også på henne, og trolig var det dens hensikt å grave henne ned der, for å ha henne til måltid på våren, etter at den hadde krøpet ut av hiet.

Men i et ubevoktet øyeblikk klarte jenta å smette av seg vadmeljsjakken sin, og fikk lagt den godt synlig for bjørnen mens hun selv fikk lurt seg unna, ved å rulle seg ned bakken på den andre siden, og løp så hjem og fikk varslet folket sitt om hendelsen. Bevepnet med staurer og annen redskap fikk noen voksne karer jaket bjørnen på flukt. Men etter den tid var det ikke trygt å la barn gjete buskapen lenger. Siden var det derfor en voksen kar som ble satt til gjetlegut.

(Nedskrive av Oddvar Rønning, etter intervju med Ola O. Hustveit, 21. juli 1992.)

Det meste av vinterfôret til husdyra vart henta frå utslåtter i skog og fjellmark. Til kring 1850 slo dei mykje i skogen, nærmere gardstunet. Sidan flytte dei slåttene oppover mot heia. Alt graset på utslåtter vart slege med stuttorv. Det var også utslåtter nedover mot sjøen. Mange av utslåttene i heia var såkalla dobbelslåtter. Dei vart slegne berre annakvart år fordi dei ikkje tolte å bli slegne kvart år.

På Jonegarden var det i følgje Ola Hustveit ni utslåtter i nyare tid. Det var:

1. Saslåtta – på den gamle husmannsplassen ved sjøen.
2. Todlå – i skogen. Derifrå tok dei høyet direkte heim. Bar det først, sidan kom det løypestreng.

3. Stien – i skogagrensa. Før drog dei høyet heim, sidan kom det løypestreng. Begge løypestrengane kom ned bak løa, like ved tunet.
4. Stemslåttå
5. Vårstølslåttå
6. Lusaheiå
7. Kvannegrøkleivå
8. Takliå
9. Botnasiåttå. Denne låg øvst oppe i terrenget, ca. 650 m.o.h.

På dei fleste utslåttene var det sett opp utløer, som dei la høyet inn i når det var tørt. På Stemslåttå var det ikkje utløe, heller ikkje på Botnasiåttå. Der var høyet sett i stakk. Frå denne stakken og frå utløene vart høyet koyrd heim med hest og slede på snøføre om vinteren. Dei utslåttene som var lengst i drift, var Todlå og Stien. Her slo dei til 1950-åra. På dei andre slåttene slutta dei å slå i 1920-åra. Under krigen vart det også slege på Vårstølen.

På Olagarden på Hustveit var det 8 utslåtter:

1. Skyljavikjå
2. Eikelauvet
3. Vasslåttå
4. Godfarskjeggdalen
5. Takliå
6. Vondeklevbotnen
7. Skarslåttå. Her var det ikkje utløe.
8. Taklibrotene

I eldre tid var det nok også andre utslåtter som var i bruk. I kjel-demateriale som folgebrev og liknande er følgjande utslåtter nemnde: Skjonhammarskårå, Kalhagebakken, Snebakken, Jakobsslåttå, Hausane, Barbroskåren, Kvednadalen, Fjellsłåttå og Ingeborgkleivå. Festesetelen som Ola Abrahamson fekk på husmannsplassen Sagjå i 1844, gav han rett til å slå på utslåttene Øvre Løgene, Drifteskårane og Smalaskårane. Neste husmann på Sagjå, Lambert Lambertson, fekk i 1867 rett til å driva slått på dei to sistnemnde slåttene samt på to andre stader - Tømmerholmen og Vikanes.

I åra etter første verdenskrig minka det av med utslåtten. Siste året Ola Hustveit slo i heia, var i 1923. I 1924 vart det nydryka fem mål eng heime på det bruket, og då var det ikkje lengre trond for høyet frå utslåttene.



Stolshuset til Jonegarden på Hustveitstølen eller Huldrehaugen. Før utskiftinga i 1880 stod stolshusa til dei to brukha på Hustveit like ved kvarandre, men etter den tid vart stolshuset til bruksnummer 2 flytt kring 100 meter lenger ned. Frå gammalt var det ikkje fyrmuligheter på stølen. Etter utskiftinga vart det bygt nye hus, og då bygde dei grue.



Løa på utslåtta Stien, fotografert kring 1950. Frå gammalt av drog dei høyet heim på vinterføre herifrå, sidan kom det løypestreng. Også frå utslåtta Todlå gjekk det løypestreng. Begge løypestrengane kom ned bak løa, like ved tunet.

EIN STRID ARBEIDSDAG

Det lid noko ut paa sumaren. Me var upp i heidi og slo paa skrapeslaatt. Det hadde vore regnver i nokre dagar, so me hadde mykje flathøy liggjande. Ja, dei fyrste breidslone tok alt til aa verta brune, og me ynskte so gjerne at det ville skina upp, so me kunde faa ein god høyversdag.

Det vart laurdag, og fraa morgonen av var veret det same, tungt og skodde. Men so tok det til aa blaasa, og skoddi fauk burt etter kvart. Kl. 9 skein soli fraa klaar himmel. Jau, no vart det liv.

– Hurra for høyveret –, ropa han Lars.

Me var 6 raske arbeidsfolk paa slaatta, og alle var huga paa aa ta i ferde med høyet. Me sat paa vollen utfyre løda, samrødde om høytingi og ordskiftest um kor mykje flathøy me hadde liggjande. Me vart einige um at det var nok høy til aa fylle løda, og den tok 8 hestelass; men no var det ikkje so vel at me kunde brukta hest og køyra.

Nei, karane laut nok vera hestar sjølve, og ta høyet paa ryggen. Rekna ein dei 8 lass um i byrdar vilde det verta 80 byrdar; for det var gammal rekning, -10 byrdar i lasset.

– Ja, sidan det er laurdag, vilde det vera bra um me kunde faa høya etter i dag. For eg har tenkt at med daa skulde slutta heideslaatten av for i aar -, segjer han far.

– Ja–, svara han Jone. - Det vert nok stridt aa høya etter paa ein dag; men eg skal ta min del, eg ber 25 byrdar.

– Ja, kjenner du deg kar for aa greida 25 byrdar, so skal eg nok halda i tampen med deg, eg - segjer Lars.

– So fær vel eg og prøva røyna meg upp i same talet; men der vert endaa 5 byrdar att, og dei skal gjentone bera, segjer han far, og lær ein liten laatt.

– Nei, det vilde me ikkje; men me skulde nok raka slik at dei hadde sjau med aa bera, – meinte me.

– Ja –, segjer han far, – det vert nok ei raad med aa faa høyet saman høyrest det ut til; men no spryst det etter um me kann vinna paa aa faa det uppsnutt til middag. For høyet treng ei tid aa turka paa, og kl. 2 maa me byrja raka i hop.

– Jau, alle vilde røyna seg, og arbeida so hardt dei kunde. Me treiv kvar si riva og la i veg med snuingi alle saman; sume tok til med breidslone nede paa Myrane, andre uppe i Bakkane. Og det gjekk med ein viss fart, skal eg segja, – kl. 12 var alt høyet uppsnutt. So heldt me middag og kvilte eit bil.



Utløa på Vårstølen. Begge brukta på Hustveit hadde 8-9 utslætter. På dei fleste slåttene hadde dei utløer, andre stader vart høyet sett i stakk. På nabobruket slutta dei av med heiaslåtten i 1924, men på Jonegarden slo dei på slåttene Todlå og Stien til kring 1950.

Kl. 2 var det fram med rivor og byrdetog, - no skulde høyet takast. Det vart eit kapprenn burrettert slaatta, og rivone vart godt brukta, det var berre so høyroket stod kring føtene. Høybreidslone minka, og byrdetalet auka, - burtmed løda.

Karane bar heller store byrdar, og kl. 8 var slaatta reinska, og alt høyet tilbore og sto i byrdar utføre løda. So var det til aa ha høyet inn, og alle hjelpte til med det so godt me kunde. Kl. 9 var det arbeidet gjort, og løda fyllt like i gluggen.

Det lid paa kvelden, og me ferda oss til aa rusla paa heimveg; – kl. 10 var me heime. Me hadde ikkje havt tid aa ete middag, so no var me heller noko svoltne, og kveldsmaten smaka difor framifraa.

Etterpaa sat me ei stund og rødde um høytingi vaar; men me var so trøytte at me vilde rødt sovna der me sat.

Ja, det maa eg segja var retteleg ein strid arbeidsdag.

(Kjelde: RFP008 Privatarkiv Hustveit, boks 2, Marta Hustveit, Stilbok frå Voss folkehøgskule 1916–1917.)

Løypestrengen var ei teknisk nyvinning som letta heimtransporten av høy frå utslätter. Vi veit at Torger Hustveit kjøpte ein løypestreng hos Rasmussen & Racine A/S i Stavanger i 1916 for kr 25,52. Men dette trong ikkje vera den første løypestrengen dei hadde. Dei første løypestrengane i distriktet kom i bruk i åra like før 1900. Jone Hustveit, som interesserte seg for alt teknisk, fekk seg sidan ei loddeklype, som var eit spesialverktøy til å loddar saman løypestreng med. Det var bruk for å loddar når lange løypestrengar skulle skøyta saman av fleire buntar eller når ein løypestreng slitna.

KORN OG POTETER

Det vart dyrka korn på alle gardar før. I 1665 heitte det at det på Hustveit vart sådd to tønner korn, altså ei tønne på kvart bruk. Kunne dei rekna med t.d. tre foll, låg avlinga på kring tre tønner pr. bruk, seks tønner til saman. Åkeren var ikkje samla på ein stad, men spreidd i fleire smålappar. Namn som Storåkeren, Seljeåkeren, Longåkeren, Tuftåkeren, Liaråkeren og Røysråkeren vitnar om det. Andre åkernamn på Hustveit som er nemnde i kjeldematerialet er Kyrkjebakken, Kringlå, Dukane, Rullen, Skarvåkeren og Nordskaråkeren.

Kornavlinga syner også ein stigande tendens utover, slik vi såg var tilfellet i husdyrhaldet. Matrikkelen av 1723 opplyser at dei to brukene kvar sådde $1\frac{1}{2}$ tonne korn og avla $4\frac{1}{2}$ tonne. Gjer vi eit sprang på 150 år, fram til folketeljingane i 1865 og 1875, ser vi at åkeravlingane hadde auka mykje. I 1865 heitte det at dei sådde 4 tonner korn og $1\frac{1}{2}$ tonne poteter på begge brukene. Ti år seinare hadde potetåkrane blitt større hos Jone på bruksnummer 1, men kornåkrane reduserte hos Ola på bruksnummer 2. Kommisjonen frå 1866 meinte at avlinga i eit normalår kunne vera på 16 tonner havre og 18 tonner poteter hos Jone og 16 tonner havre og 16 tonner poteter hos Ola. Begge brukene hadde nesten ti mål åker.

Det hadde vore framgang i åkerbruket. Nytt åkerland hadde blitt dyrka opp, og dyrkingsmetodane hadde nok også blitt forbetra, slik at dei fekk meir avling ut av åkrane enn før. Og ikkje minst hadde poteter, eller jordeple som dei vart kalla, kome til som ein ny åkervekst frå byrjinga av 1800-talet.

På kornåkrane var det lenge berre havre som vart dyrka. Men i andre halvdel av 1800-talet kom også bygg og rug inn i bildet på matsetelen. Truleg vart det ikkje dyrka bygg og rug på garden. I staden vart desse kornslaga innkjøpte. Det er ikkje nemnt noko om dei i rubrikkane over utsæd ved folke-



Kvernhuset ved Kvednafossen. Fossen går kvit når det er mykje vassføring i elva. Her har folket på Hustveit male sitt korn i hundrevis av år.

teljinga i 1875. Der er det berre havre som er nemnt. Men i følgebrevet frå Lars J. Hustveit til foreldra Jone og Liva i 1877 heiter det at dei skal ha $\frac{1}{2}$ tonne rug og $\frac{1}{2}$ tonne bygg «hjembragt, tørket og malet».

Under første verdskrigen vart det sett i verk ymse tiltak for å auke matproduksjonen i landet. Kommunane fekk pålegg frå statleg hald om auke i åkerarealet. Sauda kommune fekk i

1918 pålegg om at det skulle plogjast opp ikkje mindre enn bortimot 6000 mål ny åker. Torger Hustveit fekk brev frå Sauda næringsnemnd i mars 1918 om å plogja opp fem mål ny åker i tillegg til dei fire måla som han hadde året før. I 1918 hadde dei såleis ni mål åker på Jonegarden, dersom dei retta seg etter påbodet.

Kvern til maling av kornet hadde kvart bruk inne ved årå. I 1914 vart det også sett opp korntørke der. Dette var eit eige hus, der vatnet dreiv rundt ein røreprinne i tørkekaret. Før det hadde dei stått i eldhuset og rørt i kornet med ein spa.

Frå gammalt av var dei to brukta på Hustveit rekna for å vera

Marta Hustveit har i ein stil frå Voss folkehøgskule skildra si oppleving av skiftingane av årstider når hausten kjem og tek over etter sommaren.

NAAR HAUSTEN KJEM.

Ja, det lid ikkje saa langt utpaa sumaren. Enghøyet er ikkje fyrr kome i hus, fyrr ein faar høyra folk segja:

– Det er snart hausten –.

Soli skin so varmt og godt, skogen er like grøn og fuglane syng, men det er nok likevel so, hausten kjem næmre for kvar dag som gaar. Ein kann fyrt merka det paa soli, ho sig og gaar fyrr ne um dagen; kveldane vert daa stuttare og lufti kaldare.

Hagebæri og søtepli raudnar, potetlauvet blømer, kornakrane gulnar; – det mognast til haust. Lauvskogen byrjar so smaatt aa gulna, og fuglesongen er meir tagna, dei tek alt paa utferd til plassar der vinteren er mildare. Berre erla hoppar att og fram i tunet aa kvitrap so glad; ja, – skogskjori, ho kjem og heim i tunet og skratar av og til, men det er no sjeldnare ho vitjar oss.

Det lid no so langt at graset tek til aa gulna og blomane visnar. Buddegjone har lege til støls med kyrne upp i fjellbeite. Dei var so fegne naar dei flytte til støls at dei beintfram kapp-sprang upp etter lidene; men no er baade buddegjone og kyrne leide av stølen, dei lengtar heimetter.

Hestesprengen ute i stølstunet har byrja guina, og det er eit gammalt merke paa at stølsturen er slutt. Dei flytter no heim til bygdi att, og det er radt ei liti høgtid med buferdsdagen. Alle borni er daa ute i tunet og ventar paa stølsgjentone

like store og like gode. Dei hadde delt gardens ressursar likeleg mellom seg og stod på like fot når det galdt kva dei dyrka, hausta og fødde. Ovanfor høyrde vi likevel at bruksnummer 1 vart rekna for ein noko betre gard, som kunne fø ein større buskap og dyrka noko meir på åkrane.

I første del av 1900-talet var det rundt 20 mål innmark på begge brukta. Men i løpet av dei følgjande tiåra utvikla brukta seg ulikt. På bruksnummer 2 tok dei til med nydyrkning i 1920-åra og heldt fram med det seinare. Såleis vart slåttelandet der dyrka opp til 35 mål, sidan til 45 og 60 mål. Og dei var ivrige etter å ta i bruk nye driftsmåtar og reiskapar i gardsdrifta. På

med kyrne. Og det er raad aa høyra naar dei kjem; det er som heile lidene ljomar av kulokk og klingande bjøllor.

No skal kyrne vera i buhagen for det fyrtse, medan innhaustingi staar paa heime. Det plar helst høva so til at paa den tidi dei flytter heim fraa stølen so er kornet og skjert; og so er det til med kornskurd, baade vaksne og borni maa vera med paa aakeren.

Naar so kornet er skore og hengt paa staur; so skal den tjukkaste haaii slaaast. Og naar korn og haa er faatt i hus, so er det alle mann paa aakeren att, no er det poteteslav og potetone aa taka i ferd med, dinest rotfrukter og grønsaker.

Naar so det er frraa seg gjort og velberga i hus, vert alle grindar sette i, og kyrne faar koma heim paa bøen og gnaga resten; eller gaa i haabeite.

Sauene har gaatt til beites upp i høgfjellet; men no vert dei heim-drivne og klypte, etterpaa vert dei drivne til haustbeite i heimelidene. Ja, det er ei travel tid um hausten, so ein faar lite tid aa tenkja paa andre ting daa; men naar innhaustingi er slutt, kann ein og unna seg smaa fristunder av og til.

Noko av dei gildaste stunder eg daa veit er aa gaa ein tur upp i Høgaasliði og henta tytebær, ein fin godversdag, naar soli glitrar yver det gulnande bjørkelauvet, lufti er og so usegjeleg lett og rein der upp i lidi. Soli gaar ned, nordvesten byrjar so smaatt aa ruska i skogen; blad etter blad fell til marki, og vinden leikar seg med det gule bjørkelauvet.

Ser at høgnutane i kring har faatt nysno i kruna. Eg byrar kulsa. Det er haust.

(Kjelde: RFP008 Privatarkiv Hustveit, boks 2. Marta Hustveit, Stilbok frå Voss folkehøgskule 1916–1917.)

bruksnummer 1 Jonegarden starta dei ikkje med nydyrking, og dei heldt i det heile på dei gamle driftsmåtane. Dei gjekk ikkje over til silo, men heldt heile tida på tørrhøyet, og dei skifte aldri ut hesten med traktor. Husa vart det heller ikkje gjort noko endringar på, i motsetning til på nabobruket. Etter Jone sin død i 1986 framstod difor bruket i mangt og mykje som eit tidsbilde frå slutten av 1800-talet, både inne og ute.

HUSMANNSPASSAR

Det har vore tre husmannsplassar på Hustveit. Dei låg alle nede ved fjorden og heitte Skyljavikjå, Sagjå (også kalla Blankenborg) og Holmen. I Skyljavikjå, like ved skiftet mot Ilstad, budde det folk frå kring 1700 til noko først 1800. Etter at enkja Marta Torjusdotter døydde der i 1807, 74 år gammal, har det ikkje budd folk i Skyljavikjå. På plassen Sagjå på nordsida av Hustveitvelva budde det òg folk i ei hundreårsperiode, frå kring 1780 til kring 1880. Husmannsplassen Holmen låg også nede ved sjøen, i skiftet mot Soland under Storskjer i nord. Her budde det to familiar i løpet av ein 50-årsperiode frå kring 1820 til kring 1870.

Det er bevart to husmannskontrakter frå husmannsplassen Sagjå frå 1800-talet. Vi skal sjå nærmare på dei for å få innsikt i vilkåra for husmennene.

Ola Abrahamson frå husmannsplassen Haugen under Indre Nes fekk festesetel på husmannsplassen Sagjå i 1844. Ola var søskenbarnet til gardkona Ragnhild Knutsdotter på bruksnummer 2 på Hustveit, og han vokste opp hjå henne og mannen hennar Ola Olsson. Han var 24 år då han tok over som husmann på Sagjå etter forgjengaren Lambert Lambertson. Det vart skrive ein detaljert festesetel då han tok over plassen, som då vart kalla Blankenborg. Der vart det fastsett at han kunne ha tre kyr, eit gjeldnaut og 30 sauvar og geiter på beite i utmarka, nærmare bestemt i Djupesvikmarka, Åsane «og til de nord østre Lier». Han hadde sjølv ansvar for gjeting av desse dyra. Buskapen hans kunne sendast til stølsbeite i lag med gardbrukarane sine dyr, og han skulle ha rett til å setja opp eit stølshus om han ville. Han skulle få nytta fire slåtter i utmarka – Øvre Eikelauvet, Øvre Løgene, Drifteskårane og Småleskårane. Ved kunne han hogga i skogen på tilviste stader. Hos Torjus på bruksnummer 1 kunne han hogga på Høgebakken ovanfor saga samt lauva bjørkelauv der. Hos Ola på bruksnummer 2 kunne han veda på Bordalskleiva og i Øvre Bordalen, der han også kunne lauva. Men han måtte ikkje hogga slik bjørkeskog



Framfor varden på Hustveitsåta ein sommardag. Olaf Hustveit (til venstre) saman med grannen Ola Hustveit og borna hans Bodil, Guri og Ola Husveit.

som det kunne rivast never av. Vidare hadde han rett til å setja opp eit kvernhus i elva ved husmannsplassen.

Leiga for husmannsplassen skulle betalast både med pengar og med arbeid. Kvar av gardbrukarane på Hustveit skulle ha to spesidalar årleg i grunnleige. Desse skulle vera betalte innan St. Hans kvart år. Han skulle arbeida seks dagar i vårvinna og fire dagar i kornskurden hos kvar, og i tillegg delta i slåtten. Hos Torjus skulle han slå graset på Sateigen, og hos Ola på Reineteigen og Ortateigen. Desse teigane skulle slåast «saa forsvarlig, at ingen kan klage paa samme». «Naar Huusmanden saaledes opfylder sine pligter og tillige opfører sig ærlig og skikkelig mod os som hans Huusbønder, nyder han Pladsen som sagt er.»

Etter fire år som husmann åleine på Sagjå, gifte Ola Abrahamson seg i 1848 med Ingeborg Sjursdotter frå Eikesås. Dei heldt fram med å bu her til 1864. Då fekk dei kjøpa halve Honganvik, og familien flyttet då inn dit.

Etter dei overtok Lambert Lambertson som husmann på Sagjå. Han fekk festekontrakt på plassen i 1867. Lambert var

då ein ungdom i 20-åra og hadde nettopp gifta seg med Mari Samuelsdotter frå Hølland. Hans vilkår var mykje dei same som forgjengaren. Men den buskapen han kunne sleppa på beite i utmarka var redusert til 3 kyr og 20 sauher og geiter. Om sommaren kunne han sleppa desse på stølen saman med gardbrukarane sine buskapar. Han kunne lauva og hogga i kydlestuane som stod på husmannsplassen, og elles lauva 20 lauvkjervar i utmarka hos Jone og 50 hos Ola. Kvart andre år kunne han hogga ved, brake og lyng i Bordalen. Han kunne slå graset i Sagbakkane mot å betale tre ort årleg til Jone. Elles hadde han all slått på slåttene Drifteskårane, Smaleskårane, Tømmerholmen og Vikanes. I pengar skulle han betala fem spesidalar årleg, og til kvar av gardbrukarane på Hustveit skulle han yta to dagars arbeid i vårvinna, ein dag i hoggbalen og to dagar i slåtten. Om hausten skulle han skjera eit mål åker hos kvar.

UTSKIFTING

I 1879 og 1880 føregjekk det utskifting på Hustveit. Situasjonen på garden var då slik at innmarka stort sett var greitt delt mellom dei to brukna. Dei hadde berre mindre åkrar og engstykke liggande på eigedommane til kvarandre. På Mjøkestølen hadde dei felles slått, og dei hadde nokre mindre skogteigar på den andre sin eigedom. Dei tre husmannsplassane Skyljavikjå, Blankenborg og Holmen ved sjøen var felles eigedom. Ein del slått og skog i utmarka hadde vore skift i teigar, og ein del skog hadde vore delt på den måten at den eine åtte næleskogen og den andre lauvskogen. Men mesteparten av slåttene og alt beitet i utmarka var felles.

Etter utskiftinga fekk dei to brukna både innmark og utmark kvar for seg. Husmannsplassane ved sjøen vart delte slik at Ola på bruksnummer 2 fekk seg tillagt Skyljavikjå, Torger på bruksnummer 1 fekk Holmen samt ei slått på øvre side av Blankenborg. Blankenborg vart delt, slik at Ola fekk det som låg på ytre sida nærmast elva og Torger fekk den indre delen. Vidare vart heimeutmarka samt den heimre delen av heia delt mellom dei to brukna. Torger sitt bruksnummer 1 fekk sin eigedom utlagt i tre teigar, Ola sitt bruksnummer 2 i to teigar. Men heiabiet oppunder Hustveitsåta «fant man ikke hensigtsmessig lod sig udskifte». Dette vart verande felles utmark for dei to brukna. Utskiftinga førte også til flytting av nokre mindre hus. Ola måtte flytta smalehuset sitt heime i tunet over på sin eigedom. Likeeins skulle han flytta «den vestre del av Blankenborgsladen

til og med det femte Spærrepar samtidig med det vestre Lovebrikke» og husa sine på stølen. Torger skulle flytta to høyloer, ei på Vårstølhaugen og ei på Slåtteskåren.

Ved ei overutskifting i 1881 vart det halde ny bonitering både av innmark og utmark, og det førte til nokre mindre endringar av grenselinene mellom brukna.

SKIFTE FORTEL OM VELSTAND

Skifte som vart halde etter avdøde personar er eit kjeldemateriale som gir innsikt i den økonomiske situasjonen til folk og kjenmskap til kva dei omgav seg med av materielle ting. Vi skal sjå på fire slike skifte frå Jonegarden på Hustveit på 1800-talet, og særleg konsentrera oss om skiftet etter den unge brukaren Torjus Larsson i 1808.

Folgemannen Lars Torjusson døydde i 1805, 63 år gammal. Bruttoformuen i skiftet var 167 dalar, netto 136 dalar. I buet var det kontante pengar, uteståande fordringar, sølv-, tinn- og messingsaker og fleire kyr. Men Lars var ikkje lenger gardeigar, så gardsverdien er ikkje med i skiftet.

Sonen Torjus Larsson hadde alt overteke bruket etter faren då Lars døydde i 1805. Men døden var ein tittgjengd gjest på Hustveit i desse åra. Første kona til Torjus, Siri Jonsdotter, døydde i 1802 etter berre eitt års ekteskap. Torjus gifte seg opp att, men så døydde han sjølv i 1808, 37 år gammal. Han døydde i sine beste år og frå eit gardsbruk i full drift. Skiftet etter han vitnar om god velstand på bruket. Buskapen med hest, kyr, ungdyr, kalvar, sauher og geiter har vi hørt om ovenfor. Av utstyr til husdyra er nemnt ei sauebjølle, ei kubbjølle, seks kuband og geiteband av jarn, to selar og ein sal. Trekar hadde dei i fleng: to mjølkekøtter, 15 mjølkekoller, ei kinne, to par vassbøtter, tre kar, fem holkar, tre tiner, to brødkorger, fem mjøltønner og eitt drøftetrau. Ved sjøen hadde dei naust av standverk med torvtak. I naustet stod det ein seksæringsbåt og to par agnestampar, som vitnar om at dei dreiv fiske på fjorden. Den største enkeltgjenstanden var ein stor koparkjel, som vart vurdert til 12 dalar, like mykje som ei ku. Vidare var det ei bakstehelle og fire gryter i hus og eldhus, og øltønner, ølkagger og ølkanner. Reiskap for tre- og smedarbeid var det mykje av – fem øksar, tre hammarar, tre navrarar, ein bandakniv, to tenger, ei sag, to høvlar, eitt smieste og ein smiebelg. Til bruk i gardsarbeidet hadde dei på bruket fire åkerspader, tre horveriver, eit plogjarn og ein ristel av jarn, ein lauvkniv, fire kornsigrar, to longorvsljåar og heile 14 stuttorvsljåar.

Inne ved fossen stod kvernhuset, og dei mange øksane kunne slipast på slipesteinen med jarnås. I løpet av vinteren hadde dei felt fem tylvter sagtømmer (ei tylvt=12 stk.) og fem tylvter hustømmer i skogen, og ei tylvt rafter var skorne på saga. Dessutan stod det opplødd fem famnar ved. Dette vitnar om den rolla skogbruket spela på Hustveit. Men dei dyrka også korn. Nesten 18 tonner hadde dei ståande på lager. Av edelt metall vart det registrert ein trebands gullring, ei sølvskål og sølvgås med øyrer. Fem fat, ein tallerken, ei drikkekanne og ei smørkanne var av tinn, og tre lysestakar var av messing. Av steintøy var det to krus og sju tallerkar i huset.

Torjus hadde to bøker – Brockmands huspostill og «1 Bog kaldet Præstepina». (Dette var eit populært namn på Halvar Gunnarsons åndelige spørsmålsbok, som vart ugitt første

gong i 1602.) Av sengklede hadde dei ei pute (høyende) med stripet var og fjørfyll, likeeins fire brautåkle, fem kvitlar og fem rugger. Kona Maren hadde ein vev stående. Av møbler er rekna opp ei seng og eit skap i stova, og eit bord med stol (benk) til i bua. Vidare hadde dei to bord, ein benk, to krakkar og eit bakstebord. To kister er nemnde. Den eine var ei blåmåla kledekiste med jarnhengsler, lås og nøkkel. Der låg nok kleda som Torjus etterlet seg. Det var åtte trøyer, fire tørkle, to brystdukar, ei skjorte, seks bukser, tre par hoser, eit par sko, eit par støvlar, eit par vetter og to hattar. Ein del av dette var stasplagg, som Torjus kunne kle seg opp i ved særlige høve.

Bruttoverdien av skiftet var 738 dalar. Når minuspostane vart trekte frå, vart det 544 dalar att til å dela mellom arving-



Gruppebilde framfor stolshuset på Rørvikstolen. Frå venstre Tor Eide, Olaf Hustveit, Bjørn Nybru, Svein Hoftun, søstrene Nora, Halldis (framme med grisken), Jenny og Halldis Rørvik og Maria Svensen fra Sola, heilt til høgre.

ane. Det var to av dei – enkja Maren Kristensdotter og den seks år gamle sonen Lars frå første ekteskap.

Denne Lars Torjusson overtok bruket då han vart gammal nok til det. Men også han døydde i ung alder. Han var 35 år gammal då han vart gravlagd i 1837, og etterlet seg kone og seks born, som var frå eitt til 13 år gamle. Skiftet etter han fortel at også han sat godt i det. Bruttoformuen i skiftet var på 538 dalar. Utgiftspostane summerte seg til 159 dalar, og dermed vart det 379 dalar att til arvingane.

Jone Larsson, son til Lars Torjusson, overtok etter kvart som brukar på garden. Heller ikkje han vart gammal. Han gjekk ut av denne verda i 1877, 49 år gammal. Men då var han allereie folgemann. Gardsbruket hadde han overlate til sonen Lars. Skiftet etter Jone vart avslutta i 1884. Då hadde det ei samla inntektsside på 2300 kroner. Utgiftene kom opp i 306 kroner, så det vart 1994 kroner å dela mellom enkja Liva Torgersdotter og dei fire borna. Men heller ikkje i dette skiftet var gardsverdien med i formuen.

ØKONOMISKE VANSKAR I MELLOMKRIGSTIDA

Torger Hustveit brukte sparebanken på Sand når han hadde trong for å låna pengar. I 1922 hadde han ei samla gjeld til banken på 17 500 kroner, i følgje eit oversyn han fekk tilsendt frå banken. Denne lånesummen var fordelt på fire ulike lån, etter at mange små lån hadde blitt erstatta av nokre større. Som så mange med lån i mellomkrigstida, hadde Torger Hustveit vanskar med å betala rentene til banken. På den tida sette ikkje bankane krav om faste avdrag, men rentene måtte betalast til rett tid. 1920-åra var ei tid med deflasjon i landet. Prisane gjekk ikkje lenger opp, men ned, og bønder fekk år for år mindre betalt for varene sine. Men banklåna var dei same, og med synkande inntekter vart rentene tyngre å bera enn dei hadde vore før.

I 1930 kravde sakførar Rasmus Rasmussen, på vegne av Sandsbanken, at det skulle haldast tvangsausksjon over bruket. Grunnlaget var at det ikkje hadde blitt betalt renter på over eitt år. Tvangsausksjonen vart halden den 27. oktober. Men etter å ha tenkt seg om nokre veker, valde banken ikkje å godta boda på auksjonen, og kravet om tvangssal av bruket vart fråfalle. Dette skreiv sakførar Rasmussen brev om til Torger den 19. november 1930. Han gav i brevet instruks om at det måtte skaffast pengar på alle måtar. Sønene som arbeidde på fabrikken i Sauda - Lars, Torgrim og Ludvik – måtte senda trekk på 20-30 kroner pr. veke kvar til banken. Skog, material

og ein del innbu måtte seljast snarast. Innbuett omfatta nok mesteparten av det som fanst av verdisaker i heimen. Det som vart lista opp var eit tinnfat, fire lysestakar, ein kommode, eit spisebord, eit kroskap, ei seng, ein stor koparkjel, åtte brautåklede, tre kister, to bommeskrin, eit koffertskrin og to rullar kvitlavev. Desse burde helst fraktast til Sauda, der det kunne oppnåast best pris. Sakførar Rasmussen oppmoda til samarbeid. «Som De forstår vil vi gjøre hvad vi kan for at dere kan beholde gården og da håper jeg dere også legger godviljen til og går til hånde og hjelper til hvad dere kan.» Men han kunne ikkje lova korleis det ville gå. «Endnu kan imidlertid intet sies for sikkert, alt avhenger av hvor meget vi kan få selge for nu, og hvordan det kan bli ordnet med trekk på deres sønner i Sauda.»

Men gjekk gjorde det. Dei dreiv på med omfattande tømmerhogst eit par år. Tømmeret vart levert til sagmeister Nils Eide på Sand, og oppgjoret skaffa ein del pengar til banken. Men så kom ein arv frå utlandet og berga dei ut av dei økonomiske vanskane for alvor. Gardkona Siri, som var frå Lolland i Hylsfjorden, hadde ein bror som heitte Lars som var farmar i Australia. Han døyde i 1930-åra, og søskena arva ein bra slump med pengar etter han.

Trygve Brandal (52) er utdanna historikar. Han er tilsett ved Ryfylkemuseet som konservator med ansvar for samlingane.

Artikkelen byggjer på eit allment gardshistorisk kjeldemateriale, så som matriklar, skattelister, folketeljingar, panteregister med tilhøyrande tinglyste dokument, skiftemateriale m.m. I tillegg har intervju med Ola Hustveit vore nyttig, likeeins det gardshistoriske kapitlet om Hustveit i Soga om Sauda bind 1 s. 17-52 av Arvid Lillehammer.

NOTAR

¹ Pundet det var tale om her til veging av never, var skippund. Ved lov av 1824 vart skippundet sett til 159,4 kilo. Pundet var delt i 4 vetter a 6 spann. Ein vett blir då 39,85 kilo og eitt spann 6,64 kilo. Det fanst også eit anna spann, som var på 9 kilo. Dette vart brukt i kornvektsystemet. Eit nytt skippund, kalla pundarspund, vart innført i Rogaland ved forordning frå stiftamtmannen 29.6. 1748. Dette pundarspundet, som avløyste det eldre kornvekt-skippundet, var delt i 12 våger og 24 (pundar)spann. Rundt rekna var eitt pundarspund på 216 kilo, ein våg på 18 kilo og eitt pundarspenn på 9 kilo. (Kjelde: Norsk Historisk Leksikon, oppslagsord Skippundvekt.) Vi reknar med at det var det førstnemnde skippundet, på knappe 160 kilo, som vart brukt til veging av never.

Kvardagen på Hustveit

Av Oddwar Rønning

Det ligg føre eit rikt arkivmateriale etter dei som har budd på Hustveit. Det er dokument knytt til garden og gardsdrifta, foto, skulebøker, julekort, arbeidsbøker, rekneskapsbøker og songbøker. Særleg interessante er stilebøkene etter Marta (1894-1920) og Arna-Marie (1909-1956), og dagsverkbøkene etter Olaf (1905-1982). Oddwar Rønning, som i mange arbeidde som museumsvert på Hustveit, har gått gjennom desse bøkene, og i denne artikkelen bruker han bøkene til å teikne eit bilde av kvardagen på Hustveit.

Olaf var den yngste i den gjenværende søskensflokk. Hans handicap var at han var hoftehalt. Jeg vet ikke om dette var medfødt, eller om det skyldes en senere påført skade. Men kanskje var dette årsaken til at han hadde sin arbeidsplass hjemme på garden?

Han førte nøye regnskap med de enkelte dagsverk han utførte, og kvitterte her for de beløp han fikk utbetalt for sine tjenester i en egen «Dagsverkbok». Denne boken, som består av to A4-skribebøker, gir således en detaljert oversikt over hans gjøremål, og hvor på garden han hadde arbeidet de enkelte dagene, gjennom årstidene. De enkelte stedsnavn gir dessuten en opplysning om dets beliggenhet, beskaffenhet, bruksområde, eller lignende.

Jeg har bestrebet meg på å gjengi riktig hans egen stavemåte, særlig fordi jeg mener at han skriver slik han snakker, og dermed kaster lys over talemålet på Hustveit. Bare unntaksvis har jeg foretatt rettelser, - og i de tilfeller at jeg ikke har kunnet tyde med sikkerhet hans skrift, har jeg anført min tolkning i parentes med spørsmålstegn. Under det videre arbeidet i senere tid har jeg funnet forståelse for noen av disse uklarhetene, og dermed kunnet redusere mine egne tolkninger.

Olaf delte broren Ludviks interesse for de etiske og nasjonale verdier og naturens egenskaper. Eksempler på dette finner vi i deres boksamling. Hvorvidt de også hadde egne dikteriske

tilbøyeligheter, skal være usagt, men det synes som om at det er flere av familiens som er skrifeføre, og har utmerket evne til å uttrykke seg. Begge jentene har etterlatt seg stile-bøker som vitner om det, og i likhet med Ludvik og Olaf har de også skrevet av dikt og visdoms-ord på løse lapper, samt at de i mange tilfeller har klippet ut av blader og avisar slikt som har fanget deres interesse.

OM SAMFERDSEL

Innen Storskjærveien var åpnet for landeveisferdsel i 1913, var det fjorden og båten som utgjorde sambandet med omverdenen og handelssteder. Fra gammelt av var Sand det viktigste handelsstedet. Skipsbyggeriet førte med seg en rekke attåtnæringer og handverkere, slik at det fantes en mangeartet industri og næringsliv der. I en stiloppgave fra 1914 har Marta fortalt om en handletur til Sand:

Naar naudi er storst er hjelpi næmast

Eg hugser ein gong for nokre aar sidan. Han far ville reisa til strandstaden Sand i grannebygdi, og eg skulde vera med. Sand ligg paa andre sida av fjorden, og der er ikking ei mil aa ro.

Han far sveiv ut i tunet om morgonen og granska litt paa draatten, so kjem han innatt og segjer:

– Ja, han ser noko vindleg ut i dag; men eg trur at me ferdar oss til og reiser likevel.

So ferda me oss til i ein fart, og skunda oss ned til naustet, vegen dit er ein halv fjordung. Daa me kom ned paa lidebrotet standa me upp og saag utsyver. Og det saa ut til å vera so nokolunde stilt paa fjorden.

– Det er tollegt her endaa, men det er nok austanvind i Hylsfjorden, sa han far.

– Kann du sjaa det her ifraa, daa?, spør eg.

– Nei, men høyrer du ikkje susingi yver Lølandsskardet?, svara han.

Jau, eg høyrde nok susen, og visste at austanvinden var ikkje til å spøkja med der i fjorden. Me stansa ei lit stund ned med naustet, skipa til baaten og rodde so utsyver.



Mellom dei mange stadnamna på Hustveit er Askjebakkjen. Det er her som Maria er avbilda. På baksida har Maria skrive slik: «Heime på Askjebakkjen ein vårdag. I det øvste huset bur eg». Maria har etterleite seg mange stilar som skildrar kvardagslivet på garden.

Daa me kom eit stykke ut, tok det til aa blaasa, og vinden friska paa utetter fjorden. Me heldt oss nær landsida, der det livde noko for vinden, men daa me var komen halvveges, laut me ro yver fjorden, og daa fekk me austanvinden fraa Hylsfjorden paa sida.

Det vart ein strid tørn. Me sat til ryggjar og rodde so godt me kunde; men me kom ikkje ut til Sand fyrr det leid yver middag. Me gjorde ærendi vaare so snart me kunde, og tok paa heim-veg att.

Det hadde tola litt med vinden; men han var endaa strid i flagane. Daa me var komne eit stykke inn i fjorden, vilde han far at me skulde setja upp seglet og sigla. Eg raadde i fraa. No hadde far kjøpt fleire sekkjer med mjøl, so me hadde full last heimatt; og eg var difor redd aa sigla i slik rosewind. Men det hjelpte ikkje, far meinte at det skulde gaa. Han sette upp seglet, og eg tok roren og styrde. Det bar innyver for god bør, men det var heller stridt aa styra.

– Ja, pass no paa aa svinga båten upp, so me fær vinden godt i seglet, segjer far.

Jau, eg tok tak i roren og svinga til, men det gjekk altfor braatt. Baaten vreid seg yver og sjøen skyerde inn paa eine sida. Eg vart skjelvande rædd, og far stokk og med det same.

– Nei, korleis er det du styrer no, segjer han.

Vinden friska paa, og eg kunde ikkje faa baaten til å lyda roren. Far sprang til, løyste skjotet, kabba vanti av med kniven, og reiv ned seglet. Eg heldt i roren med baae hendene so det kvitna um knuane, og sat radt stiv av redsle.

– Nei, han er nok ikkje å spørja med austanvinden, sa han far; eg høyrdie han skalv i maalet. Me fekk nok prøva aa ro likevel, det var ingi annor raad. Men no hadde me berre eitt aarepar, det andre hadde glide paa sjøen medan baaten vreid seg yver.

So sette far seg til rettes og rodde det hardaste han vann; men um ei liti stund rauk den eine aari av. Eg sette i eit skrik med det same. Jau, no sat me fint i det, me hadde ikkje fleire aarar, og halv-anna aar dugde lite i stormen. Far sa at eg maatte ikkje vera rædd; men eg saag at han sjølv var ganske bleik i andletet.

Ja, kva skulde me so gjera; ropa um hjelpe vilde lite nyttta, for der budde ikkje folk paa nokor sida av fjorden so nære at dei kunde høyra oss. Me heldt paa aa skulde drive mot land, og det saag heller vonlaust ut, med noko berging. I det same høyrdie me ei døyvd kakking langt burte.

Ha! Det er ein motor, – ropa eg glad, – det vart daa ei von likevel.

Ljoden kom næmre, og det var varkeleg ein motorbaat. Me reiste oss i baaten, hauka og vifta alt det me vann. Sistpaa vart dei var oss, kom burtaat og tok oss paa slep like heim til naustbyggja, og daa var me berga.

Far vilde betala motorkarane for hjelpi; men dei vilde ingi betaling ha. So takka han dei hjarteleg og sa:

– Den som hjelper i naudi, har hjelpt two ganger.

Arna Maria Hustveit var født i 1909, og var den yngste i en søskensflokk på 9. Hun begynte i folkeskolen 1916, og ble konfirmert i 1924. En stiloppgave hun skrev omkring 1920 forteller litt om hvordan ferdselsveien til Svandal kunne være i tida før buss-trafikken var kommet i gang. Og litt om hva de samlet seg om når de var på besøk, og hvordan de oppførte seg:

Daa me skuleborni var paa tur

Det var i sumar. Læraren hadde lova oss skuleborni, ein tur til Svandalen. Men me skulle ikkje gaa utan det var nokolunde fint ver. For i ruske ver var det ingi moro aa taka seg sopass lang tur. Me venta lenge paa godver; men daa det ikkje vart

annarleis med veret. So vart me alle samde um at me skulle i veg komande dag likevel.

Um morgonen var det yverskya, og regnende litt gjorde det og. Eg var tidleg uppe og gjorde meg ferdug, um ei stund kom Ildstadborni. So me fylgdest inn yver til Honganvik. Der stod ho Bergit ferdug til aa taka i veg inn yver. Men me laut venta ei stund paa læraren, for han var ikkje radt ferdug.

Daa han kom so helsa me paa han. Og so tok me paa vegen inn yver til Svandalen. Daa me hadde gjenge ei halv times tid var me komne til «Jeskeliði». Der tok me av postvegen og gjekk ein snarveg uppyver. So det var ikkje so lenge fyrr me var uppe paa hogdi.

Og snart var me framme ved skulehuset i Svandalen, der skuleborni i krinsen var fram møtte og venta paa oss. Me helsa paa deim, og so gjekk me inn. Deretter song me og daa me hadde songe, las læraren upp eit morosamt stykke, medan kaffikjelen kokte.

Daa kjelen var kokt skulde me hava oss mat. Fyrst song me for maten, og so byrja me aa eta. Daa me hadde ete gjekk me ut aa leika og moroa oss. Um ei stund so skulde me inn att, so song me mange væne songar.

Daa det leid av ei stund fekk me oss mat att. Daa me hadde ete, gjorde me oss ferduge til aa taka paa heimvegen. Svandalsborna fylgte oss fram paa «Øyestigen». Der stod me ei heil stund og tala med kvarandre. Til slutt baud me farvel til dei og takka for laget. So gjekk me vidare paa heimvegen.

Læraren fylgte oss like til me saag Honganvik. Der tok me avskil med læraren og takka for oss. Der ifraa gjekk me borna åleine utigjenom vegen. Daa me kom til Honganvik takka me henne Bergit for laget, og gjekk so vidare utever «Skogen». Um ein times tid var me paa Hustveit. Der takka eg Ildstadborni for laget.

Eg var glad av at eg var heimkommen, for det leid langt. Men eg tykte at det hadde vore ein gild og morosam tur, som eg kjem til aa minnast lenge.

OM SAGBRUK OG SKOGSDRIFT I NYERE TID

Det var i 1901 at Saga ved Kvednafossen ble satt opp. Den hadde roterende sagblad, i motsetning til Blankenborg-sagene som var oppgangs-sager. Men før vi går nærmere inn på skogsdriften, synes jeg vi skal bli bedre kjent med tidens gjørremål og tenkesett. Jeg henter derfor følgende skildring fra Stileboka til Marta. Hun var elev ved Voss Folkehøgskule vin-



Olaf hadde mange arbeidsdagar på saga. Det var skjering og stopling, innkjøring av bord, lasting og innimellom vøling av saga og arbeid på sagkarmane.

teren 1915–1916, og skrev i denne tiden flere stiler hvor hun beskriver livet på og omkring Hustveit, til de forskjellige tider av året. Hun var den nesteldste av de 9 siste søsken som bodde på Jonegarden. Utskriften er gjengitt i hennes egen språkdrakt, og med datidens rettskrivning:

Det lid mot kveld. Soli stig ned attum «Stien» og legg ein gylande glans yver fjellkollane, og dei kvite snoheidene på hi sida av fjorden. Ljose, lette skyer sviv att og fram paa den blaa himmelen, lufti er frisk og rein, og ein mild sunnanvind susar i skoglidene.

Snoen er so å segja faren, berre ein og anna flekken ligg att her og der i døyldene. Elvane har auka dagstøtt av snobraanningi, so fosseduren høyrest lang leid. Bekkjene dansar so kaate utfyre fjell-knattane, og kjem fossande ned etter lid og døylder, so det berre huskar i haugane.

Marki byrjar so smaatt aa grønkast, og den fine, vesle «kvit-

veisen» skyt upp borteeter vollane, der det er vaatlendt, og staar no smiler mot dei siste solstraalaane. Bjørkelauvet sprett kringum i lidene, so det lyser grønt fraa fjord til fjelle.

Ferdauglanel er komne heimatt fraa utlandi; no sankar dei seg saman og tirlar og syng so vent uppi lidi, at det er reint ein hugnad aa høyra paa.

Det er liksom meir rørsla i skogen no, det yrer av hare, røy-skatt, ikorn o.f., som sprett og smett attum steinar og ufsor. Ja, endaa til husdyri har liksom slik uro i seg, smalen blæktar og vil ut paa tunet, og kyrne rautar so det ljomar i garden, fyrst ein glytter paa fjosdøri. Dei kjenner nok grorlukti utanfraa, og sky-nar at den herlege vaaren er komen; difor ynskjer dei seg helst ut paa frifot, saa dei kan finna føda si sjølve.

Gardsfolket har det onnugt om dagane, kvinnfolki driv paa med veking og syng, og mannfolki er i skogen. Det gjeld om aa nyttja tidi so dei vart ferdige med dette arbeidet fyre va-ronni kjem. Og mang ein kveld kjem gardsgutane i fylgle heim fraa skogen, med kvar si øks paa armen. Dei stansar oftast upp ved vegskilet, røder um ymse ting, segjer so godnatt og gaar kvar til seg.

Sume av kvinnfolki er ute og steller i fjoset, dei andre er inne og lagar til kveldsmaten. Borni er ute i tunet og leikar seg, dei leikar «tri mann i vinden», slær «tribont», o.s.b.; men naar mannfolki kjem heim fraa skogen, so lyt dei slutta med leikingi, for daa skal dei inn og eta til kvelds, og etterpaa gaatil sengs og leggja seg.

Det er ingi kveldseta no, for alle er trøytte etter det stride dagsstrævet.

Siv ein so ut i tunet att kl. 11 um kvelden, er alt so stilt og rolig; berre fossane durar fritt, og høgg i med harde dyn, liksom dei vil skipla stilla. Fuglesongen er radt tagna, og ein sval vindgufs stryk gjennom skogen.

Dei store nutane staar trygge og tagalle, som kjempor paa vakt kringom garden, og ein roleg blaane legg seg kring fjell-kollane.

Yver det heile kvelver himmelen seg, so rein og blaa, og ei og onnor stjerna lyser tindrande ut i natti.

Ja, soleis er vaarkvelden heime. Og eg vil syngja med dik-taren, Vassbotn :

Ein barneheim under grøne lidi,
der glad eg livde den fyrste tidi;
du vart den flekken eg mest fekk kjær,
um ut eg vanka, du var meg nær.

I 1960 er Jonegarden oppmålt till 600 dekar produktiv skog. Jeg finner 51 stedsnavn som har tilknytning til aktiviteter i skogen. De aktivitetene som er nevnt i Dagsverkboken til Olaf Hustveit i tiden mellom 1944 og 1978 er:

Almesvaing

Aktiviteten er nevnt i april /mai 1951 og foregikk ned på Liarne. Alm ble alltid hogd om våren i sevjetida. Barken ble da svæt av i lange remser, hakket opp i små biter, og brukt som for til kyrne

Arbeid med husved

Dette er en felles betegnelse på diverse aktiviteter som ikke er spesifisert. Jeg ser at han i oktober 1946 kjørte favneved til Storskjær, og noen dager senere lastet denne, sannsynligvis på et fartøy.

I oktober 1949 er han igjen til Storskjer med ved. Oktober og november 1949 har stort sett gått med til hogging av husved, med etterfølgende skjæring og løyping, og den foregikk først i Stegaskåra og deretter på Flaterne. Saging, kløyving og felling er aktiviteter som går igjen.

Også 1950 var et år med stor aktivitet på vedhogst. Da nevner han at favneveden ble kjørt ned til Vegen. Det kan tyde på at heretter ble veden transportert videre på lastebil, for jeg kan ikke se at veden ble kjørt til Storskjer etter denne tid.

Men vedhogst har nok vært et viktig inntektsgrunnlag for Jonegarden. Selv om aktiviteten avtar fra år til år, så varer den i hvert fall til midten av 1960-årene. Og salg av ved hadde nok gått for seg lenge før Olaf begynte som dreng hos Jone.

Avtaking og inndraging av husved

I februar/mars 1950 var Olaf i mange dager på tømmerhogst i Krikken. Etter at inndragingen av tømmeret derifra var unngjort, var det sannsynlig at også det som kunne nytties som husved ble tatt av og dratt til garden.

Felling av husved

Denne aktiviteten foregikk nærmest årvisst. Olaf nevner den første gang i april 1947, da han hentet husved i Klongdalen. I november 1949 hentet han den på Flaterne. I juni 1950 var det i Vad, og ti år senere, i 1960, var han der igjen.

Framdraging av tømmer

Første gang Olaf nevner denne aktiviteten er i februar 1946. Han skriver ikke hvorfra dette foregikk, men arbeidet gikk unna med håndmakt. En bolt med ring ble slått inn i stokken for å gi feste for drag-tauet. Dragingen gikk lettest på kram eller frosen snø.

Neste gang han drar fram tømmer er i februar 1950, og da er det fra Krikken det foregår. I 1951 foregår det flittig tømmerhogst i Revurene i februar og mars, og da bruker han 4 dager til å dra fram tømmeret.

I mars 1953 er det fra Lanurene at det dras fram tømmer.

Framløyping av tømmer

Dette er en annen måte å dra fram tømmeret på. Da dette også er nevnt i mars 1953, er det nærliggende å tro at også dette tømmeret er hogd i Lanurene.

«Løyping» foregikk når snøen var vassblaut og tømmeret skulle dras unna bakken. Til dette arbeidet brukte en «handspik», – en staur –, til å styre stokken forbi evt. hindringer, – eller til å endre retningen. Stokkene ble avrundet eller spisset i enden for å gli lettere.

Kanskje dette tømmeret var lagt på et sted hvor det var enklere å rutsje det utfør på snøføret, – en «vintertømmerløype», med andre ord?

Hogging av bjørk, brake, favneved, og husved, skjeker

Hogging av brake har jeg funnet en gang, nemlig i november 1944. Olaf skriver ikke hvor det foregikk, om det var et ryddearbeid, eller om det var for noe spesielt formål. «Brakalåg» ble for eksempel brukt til rengjøring av trekar som skulle benyttes til å oppbevare mat, eller til brygging av øl. Brake ble og benyttet til røking av mat, som kjøtt og fisk.

Hogging av bjørk i Liarne er første gang nevnt i mars 1945. Da det ikke har foregått etterfølgende bearbeidning av bjørk i denne tiden, er det trolig hogst av brenneved som har foregått. Men i juli har han brukt en dag til hogging av husved, - kanskje er bjørkeveden tørket i mellomtiden. Et gammelt råd gikk ut på å hogge brenneveden om våren etter at løvet var sprunget ut,

fordi den da tørket så godt at den kunne brukes til å fyre med allerede den første vinteren.

I 1949 var det stor arbeidsinnsats fra slutten av september med husvedhogging på Stien, vedkjøring til Storskjer, husvedhogging i Stegaskåra, vedaløyping og –skjering fra Stegabakkane i oktober og november, og i enden av november med hogging, saging, kløyving og felling av favneved på Flaterne.

I januar 1950 var det på Tådlå det ble hogd husved, i mars/april var det uti Bakkarne, og i mai/juni var det oppe i Vad, mens det i slutten av desember var oppe i Rævurene husveden ble hogd. Her fortsatte det i januar, og et par dager i mars. I juni var det husvedhogst i Klongdalen en dag, likadan i juli. I oktober gikk det med et par dager under Løypeberget, og i desember 2-3 dager i Bakkarne.

På Flaterne var det ny aktivitet i februar/mars og april i 1952. I mai/juni var det på Løypeberget det foregikk. Men så gikk det et par år uten husvedhogging, da det var tømmerhogsten som sto i fokus. I mars 1955 er det et par dager med husvedhogst, en dag i Vadalen og en annen dag i Teigen ved Bakkarne. I februar 1956 ble det hogd husved ved Hovedveien, og i mars ved Torfinnhauen.

Det var ingen aktivitet i 1957, men i 1958 ble det brukt 3 dager til favnevedskjæring og –kløyving. Han forteller ikke hvor dette foregikk, men i 1959 skriver han at han brukte et par dager i april til favnevedskjæring heime. I 1960 har det vært noe større aktivitet igjen, oppe i Vadbakkarne i januar, i mars foregikk det heime, mens han brukte ei uke i Bakkarne i april.

Ikke før i september var det påan igjen med hogging av husved, en dag i Skjeraeikjahagen, og en annen dag ved Kalvahuflåt. I 1961 gikk det med ei lita uke i februar og en dag i april til husvedhogging, og så en dag i slutten av mai til skjæring av favneved ved Bekkjen.

8.juni 1962 skriver han i Dagsverkboken sin at den føregående vinteren hadde vært den verste i manns minne. Kan hende var dette årsaken til at det ingen aktivitet var i skogen verken i 1962 eller 1963? Og i 1964 var det bare en dag i slutten av april at det foregikk husvedhogst.



Vinteren 1961/1962 blei den verste snøvintaren i manns minne. Det låg to og ein quart meter sno i tunet på det meste og det sluttar ikkje snoa før i mai. Her har (truleg) Ludvik tatt ei bilde mellom folgeloa og loa.

Men i 1965 var det igjen livlig aktivitet, husvedhogst fra midten av januar til ut i begynnelsen av mai. I mars var det uti Bakkarne det foregikk, og i mai ved Sagteigen. Ingen aktivitet i 1966, men i januar 1967 var det husvedhogst 2–3 dager ut i Urå. Siste gang han nevner husvedhogst finner jeg i 1972, da han i en felles setning nevner «husvedhogging, jering av skjiftegarar, potetsetjing, 3 veker.»

Hogging av skjeker

11. juni 1945 skriver han «hogging av skjeker». Men han forteller ikke hvor dette foregikk, heller ikke hva slag treslag som ble brukt. Kanskje var det bjørk, – eller ask, kan hende? –, i hvert fall har det nok vært et treslag som står for en støyt, for jeg har ikke funnet at det har vært behov for å fornye disse så lenge han ført bok over arbeidet han gjorde, dvs. fram til 1978!

Hogging av bjørketømmer

I februar 1947 har han brukt en dag til dette arbeidet. Hogging av bjørk er ellers knyttet til husvedhogst, men her har han tydeligvis funnet bjørk som er egnet til bygningsmateriale, – eller kanskje til møbelproduksjon? Dette er i hvert fall den eneste gangen han bruker uttrykket «tømmer» i forbindelse med felling av bjørk.

Hogging av materialer

Denne hogsten foregikk på Rabbarne og inne i Marka i slutten av april 1950. Juni 1951 er han igjen på Rabbarne og hogger materialer. Han forteller ikke hvilket treslag som blir hogd, men etter som han skjelner mellom materialer og tømmer, så har det sikkert en årsak. Ellers er det nok furu som blir benyttet til tømmer. Furu og ask er de dominante treslag på Hustveit, selv om det finnes flere typer varmekrevende løvtrær i liene og utmarka. Kan hende er det ask som går under begrepet materialer?

Hogging av Storfåra på Børkahidlern

Dette har nok vært en spesiell anledning. I februar 1955 dreiv Olaf tømmerhogst ved Rasmusdramyra, Skårane og Myrone. Den 1. mars var det Storfåra som sto for fall. Den har nok vært et ruvende tre siden den fikk sitt eget navn. Trolig har den gitt tømmer til mye materiale, men det later ikke til at Olaf har vært med på dens videre behandling.

Hogging av Den Store Almen i Teigen

Dette har nok også vært en spesiell anledning. Det skjedde den 22. mars 1955, dagen etter var det husved som ble hogd her. Var også Den Store Almen tenkt å brukes til husved, eller hadde den et annet formål? Kanskje finnes det et svar, – kanskje ikke?

Hogging av to store Asker og to Stokkasker

I januar 1967 har Olaf igjen tatt i ferd med et par store trær, – noen asketrær som sto ute i Urå, denne gang. I dagsverkboka si skriver han den 7. januar: «husvedhogging ut i Ura, 2 store asker.» Men dagen før, den 6. januar skriver han: «husvedhogging ut i Ura, stokkask 2 st.» Da han vanligvis gjentar fullt ut hver dag når han har gjort det samme arbeidet som foregående dag, så er det grunn til å anta at det må være en viss forskjell på stor ask og stokkask? Kanskje er det en som kjenner svaret på dette?

Hogging av to store Eiketre

Også disse ble hogd i 1967, den 14. desember, for å være nøyaktig. Trolig skulle de benyttes som materiale, om ikke til eget bruk, så kanskje for videresalg. Olaf forteller ingenting om dette. Men dette ser ut til å være siste gang han hogger tømmer. Neste gang han har vært på skogsarbeid var om sommeren i 1971, da han var på takriving i Vabakkarne.

Hogging av mork

Mork består av grener, eller staver, 3–4 tommer tykke, fortrinnsvis av rogn, men også ask og selje kunne brukes. Mork er et mellomprodukt som ikke ble benyttet i sin egentlige tilstand. Men barken ble skavet av grenene og hakket opp i tomme-lange biter, og brukt som tilleggsfor.

Rognskav ble foretrukket til kyrne, da denne ga gult smør. Askeskav ga hvitt smør, og derfor helst gitt til sauene. Ask og selje var lett å «sva» barken av, dvs. rives for hånd, mens rogn og alm måtte skaves av med skavkniv. De avskavete stavene ble benyttet til opptenningsved.

Hogging av mork gikk for seg en dag i februar 1950, og jeg kan ikke se at han hadde gjort dette verken før eller senere.

Marking

Dette var felling av alm som skulle brukes til for. Denne ble alltid hogd om våren i sevjetida. Barken ble da svaet av i lange remser, hakket opp i små biter og brukt som for til kyrne. Olaf drev med marking i 1951, først en dag i slutten av april og deretter flere dager i slutten av mai, og dette foregikk først ned på, og deretter inn i Liarne.

Takriving

Arbeidet med å flekke never løs fra bjørkeleggen kaltes «å riva tak». Dette arbeidet foregikk i «sevjetida», – «når nevra gjekk», som de sa. Neveren ble lagt i press i en firkantet stabel, to alen i hver retning og opptil to alen høg. En slik stabel ble kalt «et farg».

Arbeidet med å legge never på taket hette «å leggja tak». Dette arbeidet gikk best unna når det var mange som deltok i arbeidet, – et slikt dugnadsarbeid hette «tokedugne».

På Hustveit finner vi navnet Taklia, og som nok forteller oss at her vokser det bjørk med stammer som egner seg til «rive tak» av. Men så sent som i månedskiftet juni/juli 1971 forteller dagsverkboken til Olaf at han foretok «takriving i Vabakkane, cirka 1 vett, bra ver.»

Ellers er det interessant å merke seg at amtmann de Fine i sin beskrivelse av amtet refererer til Christian den Fierde's

Script av 17de Augustij 1639 med befaling om å avkreve toll for eksport av brenneved, fordi «ligesom Birke Skouvene, end meere nu meget sterke, som meldt er, aftager, bliver der og største mangel paa Tag eller Næver til Bøndernes huusse at tække, som om det herefter ligesaa skulle skee, ville Byens Indbyggere, i eftertiiden, virkelig komme til at fattes brænde, og Landets Bønder Tag, da Hollænderne igjen for Tagsteene at selge, meget ville profitere - - .

ARBEID MED OG PÅ SAGA, SAMT SNEKKERARBEID OG VEDLIKEHOLD

I tillegg til arbeid med vedlikehold og stopling av bord ved Saga, så har han utført reparasjoner og vedlikehold av gjerder, bruer, løer i heia, bygninger heime i tunet og naustet nede ved fjorden. Våren 1947 har trolig vært tørr, med lite vann i Kvednafossen, så da har Olaf vært oppe til Vårstølen for å åpne stemmen der, - et par dager senere har han igjen vært der oppe, og da for å stenge av vatnet. Vårstølvatnet ble benyttet som vannreservoar, og ved hjelp av 2-3 stokker ved utløpsosen kunne vannstanden heves med ca. 0,5 meter.

Dato: Aktivitet:

1944	05.08	jering på Floterne
	06.06	stopling og jering (Polsmyr ?)
	06.09	stopling av bord (til den 14.)
	06.15	arbeid på Sagi, Tskj.
	10.10	innkjøring av bord
	11.14	uppbering av turved frå Saga
1945	03.12	transport av bjørketommer
	05.01	arbeid sagkarmane (også dagen etter)
	05.28	arbeid på Saga (til den 30.)
	06.25	arbeid med sjeker
	09.05	vøling av heialørne
1946	05.04	gjering av Skijtesgarn
	06.01	arbeid på Saga (til den 3.)
1947	05.07	jering av garen på Floterne (også dagen etter)
	05.22	gjering av gara i Hiet
	05.27	uppslåing av Vårstølstemmen
	05.28	jering av garen i Bordalen

- 1947 05.29 attslåing av stemmen og forsjellig arbeid
 05.30 jering av garen på Nonskarteien
 05.31 jering av garen på Bokkamyra
 06.06 med på Sagi og ståpling av bor
 06.07 ståpling av bor og jering i Ura
- 1949 08.22 høvling av bord
 08.31 høvling av båks
 11.7 drøfting og vøling av Nausttåka (også dagen etter)
- 1950 05.04 hev vore med på Saga og skore
 05.06 arbeid med Kvednabrunå
 05.15 jering av garen i Hiet og Skare
 05.19 vøling av garen i Bordalen og Flaterne
 05.22 vøling av Skjefesgaren
 05.23 vøling av garen på Bokkamyrå
 05.24 vøling av garen på Nonskarteien
 05.25 arbeid med ved på Flaterne
 06.03 ståpling av bord
 10.13 for udretta erend til bilen. Matrial (også dagen etter)
 10.24 nedleggjing av torvalstre på Løa (også dagen etter)
 11.08 pålasting av bord på bil

LITT OM JORDBRUKET PÅ JONEGARDEN

Området i flatlendet mellom tunet og Ilstadelva omfatter bl. a. Storåkern. Fra denne går et lite dalføre opp til veidelet i atkomstveiene til bruk 1 og 2, - der hvor det nå står et skilt som peker til Jonegarden og Kvednafossen. Dette vesle dalføret kalles Lødalens. Opphavet til navnet skyldes at det opprinnelige tunet til bruk 1 lå på haugen like bortenfor veidelet, på nedsiden av gardsvegens fortsettelse mot bruk 2. Løa i dette eldste tunet sto den gang øverst i det som etter hvert ble kalt Lødalens.

I bakken mellom Storåkern opp mot tunet er det flere steder murt opp med stein for derved å skape større flater. Denne bakken kalles Murane.

Jordbruksaktivitetene kan deles inn i 3 hovedaktiviteter, nemlig korndyrking, potetdyrkning,



Utsikt over ekrene nedom tunet. Her finn ein mellom anna Storåkeren. Bildet er tatt i 1940.

samt forproduksjon til husdyrene. Dyrking av frukt, bær og grønnsaker er bare i liten grad nevnt i Dagsverkboken.

I en stiloppgave fra 1915 kommer Marta inn på situasjonen, – og gårdsdriften –, når sommeren er over. Denne stilens er tatt inn som rammetekst i artikkelen til Trygve Brandal om drifta av garden.

Aktivitetene iflg. Utskrift fra Dagsverkboken etter Olaf T. Hustveit i perioden 1944-1978.

1944	Aug.	31.	kønnskor
	sep.	2	kønnskor
	sep.	4	kornslått og hesking av korn
	sep.	7	kornslått på Porsmyra
	sep.	8	hesking av korn på Porsmyra
	sep.	12	håslått og arbeid med korn
	okt.	19	tørsking av korn
	okt.	20	drøfting av korn
	nov.	29.	tresking og drøfting av korn
	nov.	30	tresking og drøfting av korn

1945	mai	7-8	vinnearbeid
	aug	20-21	kornslått og hesking
	aug	23	arbeid med korn på Nonskor
1946	apr	27	hevding på Porsmyra
	aug.	30	kornskur på Seljåkrane
	aug	31	kornskur og støyring
	sep	2	kånnskur ved Bekkjen
	sep	4	kornslått og hesking
	sep	9	innkjøring av korn, slått av potetlauv
	sep	30	potetupptak, innkjøring av korn
	nov	12	trøsing av korn
	nov	13	drøfting av korn
1947	apr	29	hevding i Seka, og husvedfelling i K. (Klongdalen ?)
	mai	9	hevding av Porsmyr
1949.	aug	30	kornslått og hesking
	sep	2	innkjøring av hå og korn
	nov	7-8	drøfting, og vøling av Nausttåka
1950.	apr	25	hevding av Porsmyr
	aug	29	kornslått på Seljåker og hesking
	aug	30	kornslått og hesking på Bekkåker
	okt	24	tresking av korn, og resten av potetene
	okt	17	trøsing og drøfting av korn

OM POTETDYRKING

Hvor og når foregikk det?

Forberedelsene startet normalt i slutten av april, eller tidlig i mai, med hevding, spaing av åkrane, og sette fram såpotetene til groing. I perioden 1944–1978 var 6. mai i 1952 og 1957, de tidligste datoene det ble satt poteter, mens 30. mai var de seneste datoene, henholdsvis i 1967 og 1970. Som nevnt i kapitlet om Vær og Klima, så var 1962 et ekstremt år. Den 24. mai det året har Olaf skrevet i Dagsverkboken sin at «hev ikke sett poteter ennå, snøen ligg på Flaterne».

Vedlikehold av åkrene, som horving, grøfting og rensking ble gjort i juni/juli før slåtten tok til.

Forberedelsene til potetopptaket begynte tidlig i september, med skjæring av lauvet. Opptaket begynte 15/16. september i de tidlige år som 1952 og 1957, mens i de sene år som 1967 begynte opptaket 22. september, og i 1970 allerede 17. september.

Avlingen har nok vært svært varierende. I 1964 ble det satt 14 bøtter poteter i Bekkåker, mens det ble høstet 22 bøtter, og som Olaf har karakterisert som «lite». 14. september 1971 skriver han at «ferdig med poteterne i dag, 35 bøtter i alt», men har dessverre ikke nevnt noe om hvilke åkre som er høstet, eller hvor mange bøtter som ble satt. Men året etter, 14. og 15. september 1972, har han høstet Grusbakken og Mettabakken, og skriver «Ferdig 13 bøtter».

OM HUSDÝRHOLD

Ved skifte 21. juni 1883 går det fram at det var 15 storfe på Hustveit, nemlig 10 kyr, 2 kviger, 2 kalver og 1 stat.

Ved samme skifte er det også nevnt 14 får, 1 gris og 1 hest.

På Hustveit holdt de en gris i året. «Svinahuset» var i den enden av folgeløa som vender mot smia. De hadde forbindelse med en bonde i Etne som drev med svineavl, og av ham kjøpte de en grisunge hver vår. Denne fødde de opp, og slaktet den på høsten. Smalen ble sendt opp i liene i mai, etter at både lemming og klipping var unnagjort. Klipping om våren ble kalt «ruing». Rue-ulla var av simplere kvalitet, kortere fibre, enn høst-ulla. Årsaken var nok at sauene sto inne i fjøs gjennom vinteren, og fikk fjorgammelt høy til for.

I sommerhalvåret gikk sauene på beite oppe i liene, hvor de fikk i seg friskt gress og ungskudd av lauv. Dermed fikk de i seg en mera saftig og næringsrik kost.

Høst-klippingen foregikk etter at smalen var hentet ned fra liene i september, og før de tok til med slaktinga i begynnelsen av oktober. Høst-ull er mera langfibret, og ellers av bedre kvalitet.

Før slakting var det vanlig at smalen ble satt inn i fjøset, og fikk mera tørkfor i de to siste ukene. Dette var for å få bedre kvalitet på kjøttet. De hadde nemlig merket at det var større svinn

av kjøttet, – opptil 10 prosent –, når slaktingen foregikk like etter at de hadde beitet ute. Men når de først hadde gått et par uker med tørrfor, så var svinnet ikke mere enn 4–5 prosent.

Det er vel likevel tvilsomt at det lå noen egentlig gevinst i dette, fordi sauen gikk ned i vekt mens den gikk på tørrfor, trolig på grunn av mindre væsketilførsel. Ettersom livvekta på sauen dermed gikk ned før slakting, så var det allerede her skjedd et svinn. Forholdet mellom livvekt og kjøttevikt er 40–50 prosent, slik at en levende sau på 50 kg ga 20–25 kg kjøtt.

Den årlige aktiviteten iflg. Arbeidsboken etter Olaf T. Hustveit:

1944	mai	23	ruing av sauer
	juli	3.	i Heii såg um sauerne
	aug.	15.	i Heiå og såg um sauerne
		30.	i Heia etter smalen
	sept.	15.	i Heia og såg etter sauerne
		18.	smalasamling
		19.	kløpping av sau
	okt.	23.	smalasamling or Liarne
1945	mai	9.	arbeid med gjeldsmalen
		11.	arbeid med smalahevde
		22.	arbeid med sauerne
	juni	20.	i Heia såg um sauerne
	juli	9.	var i Heia og såg um sauerne
	sept.	1.	jaga ned sauerne or Heia
		17.	smalasamling
		18.	smalasamling og kløping
		19.	kløping og avjaging
		20.	slakting og salting
	okt.	24.	smalasamling og vedaløyping

OM ARBEIDET PÅ GARDEN – VÆR OG KLIMA

I Dagsboken 1955 finner jeg hans første kommentar om dagens vær, og i de senere årene finner jeg slike opplysninger stadig hyppigere. De enkelte stedsnavn gir dessuten en opplysning om dets beliggenhet, beskaffenhet, bruksområde, eller lignende.

1955 Sep. 1.: Solsommaren 1955

No hev vore vassnau fra 8. august og til den 31. august, då kom det so pass regen at vart vatn i krane igjen. Heila tidå

heve me bore vatn frå Vasshamarbekkjen. Det har skjene i eit kjør i 9 veker, sol og varme uten likje. So solsumaren 1955 vart ikkje god og slå.

Godversperioden var slutt i går 31.august. I dag er det fyrste september, regnbyrer, mykje kaldare idag. Det går mot haust. 1. september 1955. Olaf.

1956 Mai 28.

Ein herlege solskinsdag, 22 gr.Cl. vart sauerne sleppte på fri fot inn åt Liarne..

1958 Aug.18.

Slått Holmen og høyning ferdig i med Holmen, Myrane. Brestanes vent høyver, tindrane sol.

1958 Sept. 12.

Ein strålande soldag. Potetopptak Bekkåker, Grusbakken.

1959 Mai 19.

Løyst ut kjyrne idag. Full bumat, svert tidlegt i år.

Sommarsarbeid 1959.

Hunndadarane gjekk inn med strålande sol, varmt frå 18.juli til 27. juli. Fint væjr. No regnbyger.

1959 Aug 10.

Slått og høyning på Holmen, Myrane, tindrane sol, fint ver.

1960 Vårarbeid

Herlegt vinne ver i år. Sydost og vermt, ikring 20 gr. og tindrane sol.

Mai 27.

Løyste ut kjyrne i dag. Regn og fullbumat.

1960 Sept.5.

Slått på Holmen, herlegt høyver. Tok heim kjyrne i dag.

1961 Apr. 28.

Slepte ut sauerne på Bøen i dag, full mat, fint ver.

1961 Sept. 21.

Jagde heim sauerne frå Liarne. Ein av dei verste rengversu-

mar i manns minne, ein må so langt til bars som i 1909 for og finna maken. Regn, skod.

1962 Mai 24.

Sein vår i år, sleppte ut sauerne på bøen i dag, hev ikkje sett poteter ennå, snøen ligg på flatarne, Kjørkjebakken er berre sjærtå.

1962 Juni 8.

Ja, No hev med lagt bak os den verste snøvinter eg kann minnast. Den byrja den 25. November 1961. Det lagde ned masse sno i desember. Den 3. desember var reint fel, orkanstorm og snødreva so det gjekk oppå låre nedover Askebakken. Det vart eit fela vintraver. I januar, februar lagde det ned uhorvele

mengder sno. På det mesta var det 2,25 meter. Det var eit snøkave utan likje. Og vinteren var svert seig i år, det slutta ikkje snøa før i mai. Sauerne fekk ein ikkje utsprang bøen før 24. mai, og idag løyste me ut kyrne den 8. juni, fy for ein vinter. Me får håpa at me slepp soveren vinter på mange år. Men no fyrsta i Juni slo det um til fint sumarsver. 4-5-6-7. juni fint sumarsver med 22 vermegru. Måtte sumaren bli her no. Det ei herleg tid når våren kjem, fuglasong og gaukagal i lund og lid. 8. Juni Anno 1962, Olaf T. Hustveit.

- - - Idag løyste me ut kyrne 8. juni 1962. I år er svert seint, men her var for nokk. Sauerne jagde me åt liarne 6. juni, det var 13 i alt.



Alt i november tok snoen til å legga seg, og i desember la det seg ned mye sno. Dei blei etterkvart ein djup veg mellom heimehuset og løa.

1962 Sept.19.

Var i heia etter sauerne, fant dei i Svartavassbakkane, fint ver men kaldt.

1963 Mai 31.

Våren er ikkje så sein i år etter måten, me sleppte ut sauerne og jagde dei åt Liarne ein varm og solfager vårdag med 22+gr. Det var 11 sauer, 6 verlam, 1 saulam, i alt 7 lam. Sauer og lam i alt 18 stk, som var avjagde åt Liarne.

1963 Juni 2.–3.

Pinstihelga var i år sol og varme begge dagane, den aller finaste eg kan minnast. 25–26 varmegr. Du verden for ei fin Pinstihelg, alle tiders. Olaf.

Oddvar Rønning (73) har opp gjennom åra hatt fleire engasjement ved Ryfylkemuseet, og han var inntil 2004 vår faste museumsvert på Hustveit. Han er fødd og oppvachsen i Åbo-byen i Sauda.

Artikkelen bygger på materiale i privatarkivet frå Hustveit. I tillegg bygger artikkelen på intervju med Ola Hustveit. For å finne plass innanfor ramma til artikkkelstoff i dette skriftelet er artikkelen sterkt forkorta.

Eit snitt gjennom Ryfylkenaturen

Planteliv og andre naturverninteresser i natur og kulturlandskap

Av Audun Steinnes

Hustveit ligg på ei slags hylle, 200–300 m.o.h. Her ligg innmarka og tunet i sør, medan lendet stig mot nordaust der dei skrinne og for det meste furuskogkledde Åsane utgjer ein tydeleg kontrast. Nedanfor desse er det bratte lier som går rett i fjorden, dels med frodig edellauvskog, dels med meir grunnlendt blanda lauvskog. Ovanfor garden stig liene bratt til 4–600 m med variert men nokså produktiv skog. Ovanfor denne lia flatar lendet noko ut rundt Stølsvatnet og Hustveitstølen men stig så vidare heilt til Hustveitsåta på 1188 m.o.h.

HOVUDTREKK I LANDSKAPET – BERGGRUNN

Forklaringa på desse formene ligg for det meste i berggrunnen som har ein tredelt lagstruktur som er vanleg i Ryfylke. Øvst ligg det harde såkalla skyvedekket. Dette er grunnfjell, stort sett gneis, som har ytt stor motstand då isbreen grov ut Saudafjorden, noko Skarvenut syner tydeleg. Under dette ligg eit lag med mjukare og meir næringsrik fyllitt eller «rotafjell». Denne har isen hatt lettare for å få vekk slik at lendet hellar bratt ned mot neste lag, grunnfjellet. Åsane er ein del av dette laget med grunnfjell og har blitt ståande att bare og avskrapte. Grunnfjellslaget fell noko mot sørvest slik at det er att fyllitt på den delen av hylla der tunet og innmarka ligg.

Gjennom dette tverrsnittet av det vestnorske fjordlandskapet renn Hustveitvelva som er verna av Stortinget. Elvefaret speglar og strukturen i berggrunnen. Ovanfor Vårstølen markerer den staselege fossen Godfarskjegget overgangen frå det øvre grunnfjellslaget sidan den mjukare fyllitten fører til eit stup på om lag 40 m. Ho stuper seg seinare bratt ned fyllitt-lia, men blir tvinga vinkelrett mot sørvest då ho møter grunnfjellet nedanfor Kvednafossen. Her er det kvern, korntørke, vassdriven sirkelsag og eit slags sommarfjos/buhus med fleire slag vassdriven reiskap. Etter møtet med Ilstadelva svingar ho etter vinkelrett mot fjorden, truleg fordi det her er ei veikare sprekksonne i

grunnfjellet. Skogen var viktig for garden og gav gode kontantinntekter heilt sidan «skottehandelen» med tømmer på 1500- og 1600-talet. Garden åtte då i ei av dei to oppgangssagene som låg ved utlaupet av Hustveitelva og som det endå er spor etter. Det meste av tømmeret kom ikkje frå garden, men blei fløyta på fjorden.

Veret er prega av eit kystklima med høg nedbør. Årsmiddel i Sauda er om lag 2100 mm, i Vikedal 2600 mm, den høgaste verdien som er målt på ein stasjon i fylket. Nedbøren kan godt vera like høg på Hustveit sidan fuktige, sørlege luftstraumar må gje slepp på væte når lufta blir lyfta opp mot Hustveitsåta og avkjølt. Vintrane er nok noko kaldare enn lenger ut og sør i Ryfylke sidan Saudafjorden ofte frys og i alle høve har mindre oppvarmende verknad på landet rundt enn den vide Boknafjorden. Dette og høgda over havet gjer at det normalt har vore nokså snøfaste vintrar.


Hustveitorrådet syner stor variasjon i terregng, landskap, berggrunn, høgd over havet og lokalklima og Jonegarden går som eit snitt gjennom dette frå fjord til fjell. Dei to brukta i området har blitt drivne med få naturingrep og respekt for natur- og kulturverdiar. Jonegarden vart dessutan for det meste driven etter århundregamle driftsmåtar fram mot vår tid. Du kan derfor oppleve eit breitt utval av dei karakteristiske naturtypane og kulturlandskapa for Ryfylke i området, for ein stor del innanfor Jonegarden.

OFFENTLEG VERN OG SIKRING

Alt tidleg på 70-talet dokumenterte programmet «Landsplan for verneverdige områder og forekomster» i Miljøverndepatamentet store og allsidige naturverdiar i området. Litt seinare fekk edellauvskogen i Vikaneset fastsett internasjonal verneverdi (Korsmo 1975). Denne vart verna som naturreservat innan verneplan for edellauvskog i 1984.

Berggrunn, Hustveitområdet. Kjelde: Norges Geologiske Undersøkelse


11.10.2005



Eg fekk kjennskap til området gjennom feltarbeid under «Samla plan for vassdrag» og prosjektet «Botaniske verneverdiar i Rogaland», der eit større område og fleire delområde er omtalt. Stavanger turistforening gav i 1986 ut årboka «Natur vi må verne» der miljøvernnavdelinga hos fylkesmannen hadde skrive mykje av stoffet. Hustveit hadde der fått ein lengre omtale for å illustrera at ein måtte tenkja meir heilskap og sjå ut over dei små «frimerka» som var blitt verna. Litt etter dette fekk eg ein telefon frå ei dame som hadde lese om Hustveit i

årboka. Ho var ein av arvingane til bnr. 1 etter at Jone Hustveit at død, og ville koma på kontoret dagen etter. Eg venta då kritikk for at omtalen av verneverdiane skapte kluss og fare for verdireduksjon i arveoppgjeret. I staden kom arvingane med framlegg om at staten skulle få overta bruket til jordbruksstakst (under 160 000 kr) slik at natur- og kulturverdiane kunne takast vare på. På denne tida kjøpte ikkje staten verneverdige naturområde, ein verna dei først for å erstatta økonomiske tap etterpå. Det var dessutan ingen verneplan for slike allsidige

Vegetasjonskart - Hustveit til Hongandvik



naturtypeområde i låglandet som Hustveit. Det måtte derfor mange rundar til med Direktoratet for naturforvaltning og Miljøverndepartementet for å skaffa pengar til å ta imot dette rause tilbodet. Det lukkast heldigvis til slutt, og denne saka ført til at staten vart meir open for å nytta kjøp for å redusera konfliktar i vernesaker.

Det var avgjerande for det som sidan har hendt at vi straks fekk eit godt og aktivt samarbeid med eigaren av grannebruket, Ola Hustveit. Han har omfattande kunnskapar om drifta på Jonegarden langt tilbake, naturtilhøve på Hustveit og det meste elles som har med garden å gjera. Når det gjeld tidegare bruk, bygger artikkelen på opplysningar frå han når ikkje anna er opplyst. Han har og utført skjøtsel og oppsyn for fylkesmannen så lenge helsa tillet det.

Etter ønske frå Ola Hustveit i 1987 vart det gjennomført minneleg jordskifte. Bortsett frå innmarka og tunet er nå all statleg grunn samla i ein stor, samanhengande teig som omfattar heile Vikaneset Naturreservat og det meste av skogen nordaust for Hustveitelva. Dette har ført til at alt det verna arealet og det mest verneverdigde arealet elles i hovudsak nå er statleg eigedom.

DRIFT, FORSANKING OG BEITEBRUK PÅ 1800-TALET

Sjølv om dei hadde pengar frå oppgangssaga var dei likevel sjølvberga på garden med det viktigaste fram til utpå 1800-talet. Bøen var korn- eller potetåker. Vinterfør fekk ein med å slå åkerreinar, skrapsättene nær tunet, slåtteteigar i skogen og frå skav og lauv. Dyra måtte gjetast heile tida og takast inn kvar natt på grunn av rovdyra. Det var mest barna som gjette, men etter at ei jente på Tysseland så vidt slapp unna bjørnen, tok dei vaksne over. Bjørnen var og ei plage i kornåkeren, dei laga derfor ein vasshammar, ein vassdriven bråkemaskin, for å jaga bjørnen.

Då kornprisane fall på verdsmarknaden midt på 1800-talet, hadde ein mindre att for å dyrka korn. På denne tida utvikla det seg ein marknad for husdyrprodukt i byane der folketalet nå steig raskt. Husdyrhaldet vart derfor trappa opp. Ein trong då meir vinterfør og sådde til mykje av kornåkeren til eng. Ein utvida dessutan heieslåtten og stølsbruket i fjellet kraftig, m.a. ved å ha 3 stolar i ulike høgdelag som kunne utnytta beitet

med nytt gras heile sommaren. Ein annan føresetnad for dette var at dei store rovdyra vart utrydda med gift på denne tida. Rundt 1890 hadde dei 20 storfe, 20-30 sauher og litt geiter. Dei hadde då 7 slåtter på heia med utløe og to med høystakk. Høyet kørde dei heim på snøen om vinteren. Tekniske framsteg var langorv med moderne, slipt ljå frå om lag 1860 og ein enkel plog frå 1880. Slåtten varte i 10 veker frå 10. juli. Fyrst tok ein heimebøen, sidan skrapslåtten og så slåttene på heia. Høyet vart tørka på bakken fram til om lag 1910, då dei tok til å hesja heime.

Det er nesten ikkje stuvar rundt tunet og innmarka slik det var vanleg i tradisjonelle kulturlandskap i Ryfylke. Desse er dess meir talrike i edellauvskogen ned mot sjøen og opp mot Skarvenut.

På Hustveit var borken det viktigaste ein hausta frå stuvane, ikkje lauvet. Greinene på stuvane fekk stå til dei var drygt 5 cm «rota». Dei hogg ask og eik om vinteren og skava av borken som vart bruk til eit fôr, kalla skav. Ein skava og rogn, men ikkje frå stuvar. Alm vart derimot alltid hoggen om våren i sejetida. Borken vart flekt av eller «svadd» av i lange remser, hakka opp og gjeve til kyrne. Dette føret kalla ein sva. Borken hadde større førverdi enn lauvet, og sidan ein ikkje kunne få begge, valde ein å nytta borken. Frå lindestuvane fekk dei bast til tauverk. Lauv fekk ein her berre frå vedhogst og rydding av slåtteteigar, mest bjørkelauv. Før 1890, då ein hadde meir geiter, var det meir lauvning. Då laga dei og bjørke- og rognestuvavar for at geitene ikkje skulle ta unggreinene sommarstid. Lauving og styving minka helst i omfang utover på slutten av 1800-talet og etter det fordi det var gode vilkår for heieslått og lettare å sanka foret slik. På Illstad var tilgangen til heieslått vanskelegare og lauvninga heldt seg langt utover 1900-talet.

Det vanlege i det gamle jordbruket i Norden er at all husdyrgjødsla var brukt i åkeren slik at enga var ugjødsla. Etter endringane på 1800-talet med mindre åker og fleire husdyr på lang inneföring med fôr frå utmaka, var det mykje naturgjødsel i høve til innmarksarealet. Sidan potetåkeren trong lite, var det mør nok til ein del av enga. Frå tunet gjekk det fleire små gjødselgrøfter eller «spretteveiter» som leidde næringssirklet «tunvatn» ned over dei skrinne engene rett nedanfor. Grøftene måtte reinskast opp år om anna. Ein kunne tru at desse grøf-

tene ville bli øydelagde av husdyrtrakk. Men innmarka på Hustveit blei ikkje beita om våren slik det har vore vanleg i Rogaland. Grunnen til dette er at snoen låg lenge slik at ein kunne sleppa dyra på tidlegare beite ned mot fjorden og såleis spara enga.

Ein del av den rydda enga er påverka av eit sig med næring frå lia ovanfor. Her er den mest artsrike enga med kvitkurle og kvitbladtistel. Denne blei ikkje gjødsla. Næringsiget gjer at denne kunne haustast kvart år utan å bli utmagra.

BØANE

Vi startar rundturen på garden på innmarka, bøane, som for det meste ligg i bakkane sør for tunet. Enga rundt gardsvegen, Askebakken, er svakt sør vend og har nokså grunn jord. Nokre stader stikk det opp fjell, her lyser planten natt og dag opp i enga saman med småsyre, hårsvæve, markfrytle og småsmelle. Natt og dag krev mykje lys og finst helst i tørr eng. Ved meir tilgang på næring og vatn blir han skygd ut og utkonkurrert. Kjem du her ein varm høgsommardag, kjennen du ein sterk ange. Mange vil tenkja på slått og villhøy frå barndomen, andre på den polske vodkaen Zubrowka. Forklareringa er stoffet kumarin som finst både i strået i vodkaflaska og i gulaks, eit dominerande gras i fattige naturenger på Jonegarden og i mykje av landet elles. «Graset» elles er mykje engkvein, men og utmarksartar som harestorr smyle og finnskjegg. Av urter finst det kystmaure, tepperot, rylik og matsyre, neppe nok til at folk flest vil kalla det blomstereng. Men her er likevel meir eksklusive innslag, den grønvite orkideen grov nattfiol som fyller sommarnatta med ange er påvist her. Ein av kronblada har ein lang spore med nektar i botnen som berre nattsvermarar får tak i. Medan dei forsyner seg set det seg to klubbeforma «pakkar» med pollén (blomsterstov) på augene. Klubbene set seg på arret når sommarfuglen landar på neste blom for å drikka meir nektar med nok pollén til å befrukta dei talrike frøemna som skal bli til støvfine orkidefro. I år fann eg dessutan den gule halvsnyltaren engkall der, denne er ikkje påvist her tidlegare år. Denne vart kalla «pengegras» lokalt på grunn av dei flate og runde frøkapslane.

Denne enga er lågvaksen og glissen fordi det er därleg med næring og vatn. Det er derfor logisk at det nettopp her går to «spretteveiter», grunne, opne grøfter som før leidde nærings-

rikt vatn frå tun og kjøkken og ut til enga. Alt skulle koma til nytte. Desse blei reinska opp på 80-talet, no hastar det med ein ny rensk før spora blir borte.

Sør over er det brattare, mot sør ned til Storåkeren, sørvest over til Seljeåkeren. Imellom ligg ein terrasse der muren delvis har sige saman, denne teigen kalla dei Murane. Her er det og ei fattig gulaks-engkveineng som liknar den lenger oppe, men ho er noko fuktigare slik at det i tillegg kjem inn solvbunke. Storåkeren var kornåker til om lag 1850, etter det minka det sterkt med korndyrking med unntak av ein auke under begge krigane. Murane var fast potetåker fram mot vår tid. Det vart og dyrka poteter på Seljeåkeren. Alle åkrane vart sådde til med boset frå høyromgolvet på garden då dei gjekk over til eng, altså ei lokal naturengfrøblanding.

Vest –nordvest for Storåkeren er eit fuktig drag, delvis med eit ope bekkedrag. Her er det ein frisk jordråde som gjer enga frodigare. Denne har aldri vore åker, men vart gjødsla om lag som Storåkeren. I tillegg til artane der er det, trådsev, slåttestorr, raudsvingel, dessutan rikeleg med engsoleie og krypsoleie. Med bekkeblom på det våtaste blir ho vakkert gul på føresommaren.

Sørvest for Storåkeren er ein noko brattare jamn engbakke nedst i lia. Dette utger den nedre halvdelen av det dei kalla Urabakkjen, den øvre delen er for det meste tilgrodd nå. Denne har ikkje vore pløygd eller gjødsla. Den nordre delen er ei fattigeng der gulaks, smyle, kystmaure og tepperot dominerer. Denne er avgrensa mot sør av ei tydeleg grense der det kjem inn ei rekke urter som harerug, storblåfjør, blåkoll, krypsoleie, engsoleie, nyresoleie, skogfiol, skogstorkenebb, raudkløver, firkantperikum, fuglevikke, enghumleblom, mjödurt, hanekam og marikåpe. Mot sør blir ho dominert av kvitbladtistel. Det er dessutan funne grov nattfiol og den kalkkrevjande orkideen kvitkurle her. Denne har to underarter. Den



Kvitkurle, trua art frå rikenga i Urabakkjen



Boen sett frå sør. Storåkeren i framgrunnen, Askebakkjen lenger bak

vanlegaste veks i fjellet, medan låglandsunderarten som er typisk for slike enger har gått sterkt tilbake og står på raudlista som omsynskrevjande. Praksisen med å ikkje brukha mok her passar med vegetasjonstypen, eit rikt sig frå lia held oppe brukbar avling her utan gjødsling.

Slåttemyra på sletta nedanfor boane vart kalla Sekjå, ei sekja er ein låg, våt stad. Dette er for det meste fattigmyr med dus-kull, flaskestorr, torvmosar og bukkeblad. Denne vart berre slegen annakvart år. Men den nordaustre delen har noko betre næringstilgang, truleg på grunn av næringssig frå lia. Her finst myrhatt og myrfiol som kjenneteiknar mellomrik myr. Heilt i nord er eit sig med litt innslag av harerug, fjellplanta svartopp

og den kalkkrevjande arten breiull. Dette er eit ekte rikmyrsig, eit uvanleg plantesamfunn i Rogaland. Ola Hustveit opplyser at dei slo den nordaustre kanten av myra kvart år, dette passer med plantesamfunna.

I lia ovanfor innmarka (som nå hører til bnr. 2) er det ein vekslande og lite homogen skog. Der fyllitten stikk fram i dagen er det furuskog, medan det mellom desse knattane er meir laus-massar. Her dominerer oftast bjørk, osp eller eik, ofte med tjukke matter med blåtopp eller i botnen i botnen eller «storr-gras » som det vart kalla lokalt. På mange slike stader var det tidlegare opne slåtteteigar, såkalla skrapslått som blei slått annankvart år. Mange av desse slåttene er nemnde i eldre

jordskifte- og salsdokument, men kan knapt nok sporast i dag. Kanskje er dei tette blåtoppmattene eit minne om desse slåttene? Det går og rikeleg med sigevatn på mange av desse stade, noko som kan vera med å forklara at blåtoppen held seg, kanskje var han rikeleg også då dei slo her? Ein av desse vart rydda og slått på 1990-talet. Året etter slåtten kom det opp solblom, ein art som finst på uggjødsela kulturmark og som har gått sterkt tilbake. Han var ikkje å sjå i år.

KULTURLANDSKAPET, VERNEVERDI OG SKJØTSEL

Vestnorske fattigeenger er vanlegvis ikkje så fargerike og artsrike som dei lenger aust i Norden, men mykje meir artsrike enn vår tids kunstengar. Kunstgjødsela vil oftaast meir enn halvera talet på urter i enga. Nester all slik eng i Rogaland er gjødsela opp eller fulldyrka for lenge sidan, men ein del er og planta til med gran eller har grodd til slik ein har døme på i Vikaneset. Vi kjenner derfor berre nokre få døme frå fylket på innmark frå før kunstgjødsla av liknande kvalitet som på Jonegarden. Ingen andre område har så godt dokumentert brukshistorie som Jonegarden. Denne brukshistoria har fleire døme på avvik frå det vanlege og differensiert bruk som samsvarar med dei økologiske forholda på garden. Døme på dette er kva areal som vart gjødsla og ikkje, kva areal som ble slegne kvart og annakvart år, at ein nytta bork framfor lauv frå stuvane og at ein ikkje vårbeita boane.

Då staten kjøpte Jonegarden, hadde innmarka lege brakk i 5 – om lag 15 år og forfallstrekka i engsamfunna var tydelege. Jone hadde redusert slåttearealet utover på 70-talet, medan Ola Hustveit hadde slege det mest lettdrivne frå 1982. Det hasta derfor med å koma i gang med slått og andre skjøtsels tiltak. Hovudtanken er å ta utgangspunkt i drifta tidleg på 1900-talet. Dei første åra vart ikkje engene gjødsla. Håa vart heller ikkje beita. Ola Hustveit som sto for slåtten meinte at engene var mykje skrinnare og meir utmagra enn tidlegare og meinte ein burde kalka og gjødsla med naturgjødsel. Ein vesentleg del av engene som etter opplysningane over hadde fått naturgjødsel, vart kalka og gjødsla med mòk. Ein fekk og opp gjerde for å beita håa. Moderat tråkk er viktig for at engplanter skal få høve til å spira, m.a. frå gamle frø, «frøbanken» i enga.

Det er lagt ut fastruter i enga som er undersøkte tre gonger i 1990 og 1995 (Johnsen, fylkesmannen) og 1999 (Nilsen 2000). Då metodikken i 1999 gjer samanlikning av mengder

vanskeleg, er det ikkje så lett å vurdera endringane. Dei kalka og gjødsla engene har blitt frodigare, med mindre matsyre, utan at det har skjedd store endringar i artsinnhaldet. Det er likevel påfallande og positivt at slåtteengarten engkall som tidlegare berre fanst i rikenga, i sommar var talrik i alle engene.

VIKANESET NATURRESERVAT

På nedsida av riksvegen og den gamle riksvegslynga, sørvest for Hustveitelva er skogen verna som naturreservat. Her er det ikkje lov å plukka planter eller skada naturen på anna vis. Opp for Skjyljavika der det nå er 3 hytter og granplantefelt var det før ein husmannsplass, og området var opnare på grunn av forhausting. Alm-askeskog dominerer, særleg i sør aust med dei store breiblada skogsgrasa skogsvingel*, lundgrönaks* og kjempesvingel* og andre artar som ramslauk*, skogstorr*, tannrot*, myske*, junkerbregne*, sanikel*, breiflangre* og vårmarihand*. I dei fuktigaste siga er det ore-askeskog med både svartor*, gråor og hegg. Typiske artar er skogstjerneblom, vanleg maigull, den flotte «traktforma» bregnna strutseveng og brennenesle. Sistnemnte trivst best i sig frå mòkhaugar og utedass, så når denne finst i moden skog, tyder det på god tilgang på nitrogen og fosfor. Det er i denne delen mykje ustyva



Lindestuv i Vikaneset naturreservat



Til venstre:
Strutseveng i gråoraskeskog i Vikaneset
naturreservat rett sør
for utlaupet av Hustveitvelva

Under:
Stor eik med sisselrot, Eikehaugen, Vikaneset
naturreservat



ask, det kjem dels av at all ask vart sett att då dei hogg bjørke- og oreved her under krigen.

På ein tørrare, meir grunnlendt rygg, Eikehaugen, er skogen fattigare. Eik dominerer med mykje smyle i botnen, klatrande og slyngande vivendel og noko meir krevjande innslag som hassel. Men nedst er skogen rikare med liljekonval og næringskrevjande artar som hengjeaks, fingerstorr og den sjeldsynte orkideen fuglereir i såkalla lågurteikeskog. Fuglereir har ikkje klorofyll, men lever av å bryta ned organisk materiale i skogbotnen i kompaniskap med ein sopp.

Dei vestnorske edellauvskogsliene er ein nordleg utpost for dei tidlegare store edellauvskogane på det europeiske kontinentet. Både alm, lind, ask, svartor og eik finst i eit breitt belte langs kysten, går eit stykkje inn på Austlandet, og har ei markert nordgrense langs vestkysten vår. Dette tyder på at dei både stiller visse krav til sommarvarme og lengda på vekstsesongen samstundes som dei ikkje tåler svært kalde vintrar. Det er likevel skilnader mellom desse treslagene, alm går heilt til Beiarn nær Bodø, medan eika stoppar i Trøndelag. Når ein ser på høgd over havet og andre lokalklimafaktorar der ein finn desse treslagene peikar det i same lei. Det er ei lang rekke artar som har ei liknande utbreiing og som ofte finst i desse edellauvskogs-lundane. Dei blir derfor ofte kalla lundelementet når ei sorterer planteartane etter geografisk/klimatisk utbreiing. Alle artane over merka* høyrer til dette elementet, andre artar som finst på Hustveit er barlind og grov nattfiol. Hustveit, og då særleg Vikaneset naturreservat har eit særlig breitt utval av desse artane. Dette er ein av grunnane til at Vikaneset naturreservat blir rekna å ha internasjonal verne-



Kjempesvingel finst i Vikaneset
naturreservat, her frå alm-akkeskog i Honganvik



Etter måten høgvaksen blåbærfuruskog på ein rygg innanfor Kvednafossen



Gammalskog i Vikaneset naturreservat

verdi. Det er tydeleg skilnad på dei rike lauvskogane ytst på kysten og inst i fjordbotnane på Vestlandet, noko vi og ser i Rogaland. Medan kusymre er vanleg, dels dominerande i slike skogar ytst i Boknafjorden minkar ho innover og austover i fjordane og er ikkje notert på Hustveit. To markerte kyststartar, jordnøtt og kystmaigull har innergrense kort veg vest for reservatet, på Istad. Eit motsett mønster ser ein hos ein del artar som



Over: Kvitlyng, vanleg på fattigmyrane på Åsane



Til høgre: Myske, godlukt i alm-lindeskogen

er vanlege i det meste av landet men som tynnest kraftig ut eller manglar ut mot sørvestkysten. Døme som finst på Hustveit er gråor, strutseveng, storklokke og skogstjerneblom. Det at det er både drag med svartor-askeskog og gråor-askeskog innan reservatet syner denne overgangskarakteren til edellauvskogen i reservatet. Svartordominert skog på fastmark finst stort sett berre langs sørvestkysten. Eik og svartor som er vanlegare vestover og utover mot kysten møtest i Vikaneset med gråor og storklokke som blir vanlegare innover, austover og oppover.

I rike edellauvskogar i Rogaland er eit stort fleirtal av trea styva, i Vikaneset er det mest ustyva tre. I den nordre delen som høyrte til Jonegarden før jordskiftet er forklaringa i at det var enklare å hausta og køyra heim för frå stuvar under Skarvenut. I den søre delen som høyrde til bnr. 2 er det noko meir stuvar, dette bruket hadde ikkje stuvar under Skarvenut eller andre stader. Då det likevel er meir ustyva edellauvskog enn vanleg her, kjem det truleg av god tilgang på anna för i høve til dyretalet, m.a. frå heieslåtten. Det er likevel nokre store flotte stuvar og det hastar med å ta opp att haustinga om ein vil ta vare på desse. Kanskje er det best å tilbakeföra og laga nye kydlestuvar under Skarvenut eller på stader som er lettare for folk å oppleva.

Rett sørvest for utlaupet av Hustveitelva er det tydelege murar som er restar etter dei to sagene som låg her. Namnet Tømmerholmen litt lenger ut er som nemnt over også eit minne om skurd på saga.



Grov nattfiol og engkall i rikenga i Urabakkjen



Rosenrot på fyllittberg med sildrevatn under Skarvenut.



Seljeåkeren, Murane litt bak, Storåkeren til venstre, Askebakkjen opp mot huset



Skrinn, open furuskog på Åsane

FURUSKOGEN PÅ ÅSANE

Når du går stien vidare innover frå Kvednafossen, ligg eit grunnlendt høgdedrag med furuskog til høgre. På dei høgare delane er det spreidd, lågvaksen furu med litt bjørk ispedd. Sidan jorda er grunn og skrinn vert treskiktet gliscent og ope. Derfor kjem det mykje lys ned på skogbotnen som derfor vil likna plantesamfunnet på skrinn, open mark. På rabbar og i sørhellingar dominerer røsslyng, tytebær, mjølbær og lavartar. Der berggrunnen hindrar vatnet i å renna vekk finst ein fuktheifuruskog med klokelyng, blokkebær, bjørnnskjegg, blåtopp og rome som vekslar med små fattigmyrar. I skråningane rundt dette høgdedraget er det noko meir jord, og derfor tettare, meir høgvaksen og produktiv furuskog med blåbær, einstape og bjønnkam i botnen. Berggrunnen er næringsfattig grunnfjell, og den høge nedbøren

har vaska ut mykje av plantenæringa i jorda. Næringsstoff og andre stoff som jern og aluminium blir vaska ut frå torva i skogbotnen og øvre del av mineraljorda der dei lyse kvartskorna gjer laget kvitt eller grått. Lenger nede blir vatnet nøytralisiert slik at jern fell ut og fargar jorda raud. Denne jordtypen, podsoljord, er dominerande under våre økologiske tilhøve. Konkuransen om næringsstoffa er hard, tresлага greier denne konkuransen gjennom eit samarbeid med soppartar i såkalla sopprot. Åsane er derfor ikkje rikt på planteartar, men skogjamne og brunmyrak er ikke vanlege. Det er lite furu som er eldre enn 130 år.

Det er og eit visst furuinnslag i lia opp frå garden og Åsane. Rein furuskog finst helst på grunnlendte bergframspring med podsoljord, men denne skogen er mer produktiv og høgvaksen



Merkje etter nevertak i bjørkeskog ovanfor Slåttemyra

enn på Åsane fordi berggrunnen og jorda er meir næringsrik. Elles er det furu i blanding med bjørk, osp og eik i delar av lia der jorda og lokalklima ikkje er godt nok for edellauvskog.

Det er eit ope spørsmål i kva grad furuskogen har endra seg mykje dei siste hundreåra. Det er ei kjend sak at furuskogene i Ryfylke mange stader var sterkt uthogne utover 1600- og 1700-talet. Dette kom dels av den omfat-

tande trelasteksperten til kontinentet. Ryfylke låg nær marknaden og hadde vasskraft til å skjera tømmeret. Ettersom folketallet og husdyrtalet auka vart og presset frå beitedyr på skogen større. I lågliggande snøfattige delar av Ryfylke nær gardane med beiting utanom vekstsesongen kunne avskoginga vera total. Eit døme på dette er Kjølvikskorpa i Sandsfjorden. Denne var nesten skogsnaus på 1800-talet, men er nå heilt dekka med furuskog og er verna som barskogreservat. Bjørn Moe som gjorde registreringane til barskogplanen var inne på at kanskje Åsane òg var langt på veg skogsnaue på denne tida. Moment som kan tala for er at det er lite skog som er over 130 år gammal og at skogen delvis er nokså open, med mykje blåtopp. Dette ser ein ofte der open kulturmark gror til. Moment som kan tala mot er at det er mykje snø i Åsane, og at garden hadde tilgang til mindre snørike beite med lengre beitesesong ned mot sjøen og betre beite elles i liane. Husdyrhaldet var heller ikkje særlig omfattande på desse to bruks i høve til skogvidda. Dei store rovdyra la dessutan ein klar dempar på intensiv skogsbeiting fram til dei vart utrydda i siste halvdelen av 1800-talet. Sjølv om skogen i eldre dokument stort sett er omtalt å dekka husbehov, er det likevel opplysningar om eit ikkje uvesentleg uttak for sal i heile denne perioden. Dette kan forklara at det ikkje er mykje skog over 130 år. Ola Hustveit kjenner ikkje til at det har vore nemnande hogst på den skrinnaste, høgare delen av Åsane. Han meiner og at blåtopp, eller «storgras» som det har blitt kalla lokalt, også tidlegare har vore vanleg og dels dominante i fattige ,

fuktige skogtypar på Hustveit. Alt i alt talar dette for at furuskogen har vore eit fast innslag ikkje ulikt det vi ser i dag. Bygging av den vassdrivne sirkelsaga rundt århundreskiftet tyder vel og på at det var eit driftsgrunnlag på denne tida.

BARLIND OG EDELLAUVKOG UNDER SKARVENUT

På venstre sida av stien innover Åsane er det ei bratt li mot nordvest. Den rikaste jorda finst i rasmarkene, m.a. under den stupbratte Skarvenuten. Fyllitten i brathenget her gir betre jord enn grunnfjellet i aust, på Åsane. Her er det rik askeskog med alm og lind til over 400 m.o.h., for det meste store stuvar som vitnar om tidlegare hausting. Velluktande myske og store breiblada skogsgras som lundgrønaks og kjempesvingel finst i skogbotnen. Lerkespore er ein liten vårbloem som ikkje er funnen annanstad i fylket. Eit hovudvilkår for desse plantesamfunna er at næringtilførsel, vasshushald og lokalklima gjev grunnlag for ei næringsrik, luftig brunjord med nær nøytral jordreaksjon der meitemark og større jordinsekt trivst. Då må det vera prosessar som motverkar at næringssstoff blir utvaska. Næringsi sivevatn ovanfrå kan spela ei rolle. I sørrend lauvskog kan fordampinga vera høgare enn nedbøren i ein periode om våren før lauvsprett. Dette fører ein del av dei utvaska næringssstoffa oppover att og gjer jorda mindre sur. I denne lia



Barlind under Skarvenuten

varierer alle desse faktorane slik at ein finn alle overgangar mellom brunjord og podsol.

Ned mot stien står omlag 20 barlinder i ein mellomrik blandingsskog med furu, bjørk og eik. I skogbotnen dominerer blåbær og hengjeveng, men junkerbregne, markjordbær og hengejeks vitnar om god jord, og myrmaure og sumphaukeskjegg om rikeleg med vassig. Barlinda er giftig. Hestar kan døy av å smaka, medan hjortevilt beitar på baret slik at fleire av barlindene er avgnagne opp til eit par meters høgd.

SLÅTTEMYRA – VÅRSTØL

Nord for Hustveitelta mello Slåttemyra og Vårstøl rundt stien til Hustveitstølen er det rein bjørkeskog. Blåbær dominerer i botnen som i furuskogen. Dette tyder på at jorda er mindre næringsrik enn i den andre lauvskogen i lia. Men innslag av bregner som fugletelg, hengeveng og smørtelg tyder på rikeleg med sigevatn. Slik blåbær-småbregne-bjørkeskog er truleg den vanlegaste skogtypen i fylket og dominerer i nordhellingar og hogareliggende skog med låg fordamping. Når det er mindre av han på Hustveit kjem det av den soraustlege eksponeringa og det etter måten varme og tørre lokalklimaet som fylgjer av dette. Mange av desse bjørkeskogane har kome opp ved tilgroing av open kulturmark eller frå stubbane etter vedhogst. Bjørka spirer svært dårleg i etablert bjørkeskog og dør rundt 60–70 års alder. Kanskje vil furua gjera seg sterkare gjeldande her om skogen her får utvikla seg fritt i lang tid.

På større bjørkestammar kan du sjå mørke belte der det er flekt never til taktekking. Lenger oppover blir bjørkestammene meir og meir krokete på grunn av dei store snømengdene.

STØLSOMRÅDE OG FJELL

Bjørkeskogen blir opnare rundt 500 m.o.h., han er ofte fuktig med mykje blåtopp i botnen. I området mellom Vårstølen og Hustveitstølen er det stort sett opne heiari ned mot 540 m.o.h. medan skogen går opp mot 650 m.o.h. i Taklia nord for fossen Godfarskjegget og i bratta nord og aust for Stølsvatnet. Namnet Taklia tyder på at det har vore nokolunde skikkeleg skog her lenge, eigna til å ta never til tak. Skogen her er for ein stor del bratt med mykje storfrytle og smørtelg. Over skoggrensa dominerer fuktheiar med blåtopp, bjønnskjegg, rome og stivstorr. Blåtopprike utformingar av fukthei, myr og open

bjørkeskog har nok vore ein viktig del av grunnlaget for den omfattande heieslatten i dette høgdelaget. Blåbærheiari finst berre i bratte sørhellingar. Det er påfallande lite røsslyng-blokkbærhei ein ser lite røsslyng og klokkeling over 600 m.o.h.

Bjønnskjeggheia går med aukande høgde mange stader over grassnøleie med mykje finniskjegg. Over om lag 900 m.o.h. finst dei viktigaste typane fattige snøleiesamfunn der snøen ligg lengst. Mange stader dominerer den krypande busken musøyre i mosematta, på meir steinete stader finst bregnensnøleie med hestesprenge og fjellburkne. Her finst og snøleie med jøkulstorr, snøull, brearve og safranlav, noko som er uvanleg i Rogaland. Nær toppen på Hustveitsåta er det noko rabbesevhei med stivstorr, grepelyng, aksfrytle og musøyre. Dei store areala med bjønnskjegg-stivstorrhei og ulike snøleiesamfunn og små areal med rabbesamfunn og røsslynghei er truleg eit utslag av store snømengder i dette nedbørrike fjellområdet. Her var det nyutsmelta groe seint på sommaren rundt Øvrastølsvatnet.

KVA FRAMOVER

Jonegarden gir eit eineståande høve til å oppleva og læra å kjenna det store mangfaldet i Ryfylkenaturen og korleis menneskeleg bruk og kultur har påverka og forma dette. Dette kjem både av dei store natur- og kulturverdiane på garden og det gode samarbeidet for å forvalta desse og å gjera dei tilgjengelege for eit breitt publikum. Det er eit mål for fylkesmannen å vera med å utvikla Jonegarden vidare som eit utstillingsvindauge for natur og kulturlandskap med tanke både på folk i nærmiljøet og tilreisande. Å samla slik informasjon og tilrettelegging framfor å strø det tynt utover vil alt i alt avgrensa konfliktane mellom reiseliv/friluftsliv og sårbarer naturverdiar og gje ei god ressursutnytting. Ein slik konsentrasjon kan innebera ein fare for naturverdiane på Jonegarden. For å redusera ein slik fare bør ein vurdera å gje eit vesentleg større område enn i dag vern etter naturvernlova. Fylkesdelplanen for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK) tilrar at eit slikt vern blir vurdert for eit areal som tilsvrar vegetasjonskartet. Ein grunn til dette er at statleg eigarskap ikkje utan vidare vernar mot alle typar naturinngrep. Det er vidare både verneverdig edellauvskog og barskog som grensar til statseigedommen, m.a. mot nord der Sauda kommune eig to parsellar. Utvida skogvern er ei prioritert miljøvernoppgåve i dagens miljøvernpolitikk.

KJELDER

Opplysningar om bruk bygger på Ola Hustveit, dels frå brev/notat til fylkesmannen med merknader til «Bruks- og informasjonsplan – Hustveit» frå 1989, dels frå intervju på film frå Tropos dokumentar i 1997, dels i andre samanhengar.

Vegetasjonskartet bygger på eige feltarbeid notert på Økonomisk kartverk i fleire samanhengar. Der notatane ikkje er heildekande er Digitalt markslag nytta som støtte for avgrensinga av vegetasjonstypar. Området var høgt prioritert i prosjektet «Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland», (Steinnes 1988) der området er undersøkt etter ei regionalt tilpassa vegetasjonsinndeling nytta på vegetasjonskartet. Eit større område og fleire delområde er omtalt i eit register. Eg har og omtalt området i upublisert rapport som underlag for Samla plan for vassdrag. Området er og omtalt av Sverre Bakkevig i rapportar til Miljøverndepartementet (Bakkevig 1981). Materiale for utarbeidning av tematiske verneplanar er og nytta (Korsmo 1975, Moe et. al. 1992).

Omtalen av innmarka bygger på eigne undersøkingar, upubliserte undersøkingar med fastruter gjort av John Inge Johnsen hos Fylkesmannen, eit notat (Bjørndalen 1987) og ei hovudoppgåve (Nilsen 2000).

Audun Steinnes er tilsett som naturforvaltar hos Fylkesmannen i Rogaland. Han har deltatt i arbeidet med vern av Hustveit heilt sidan dette arbeidet starta.

Alle foto i denne artikkelen er tatt av artikkelforfattaren.

LITTERATUR:

Bakkevig, S. 1981. Verneverdige skogsområder i Saudafjorden, Rogaland. – Bot. inst. UIB Rapp. 15

Bjørndal, J. 1987. Slatteeng på Hustveit i Sauda. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga. – Notat (upubl.).

Korsmo, H. 1975. Naturvernrådets landsplan for edellaувskogsreservater i Norge. III Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland. – Bot. Inst., Noregs landbrukshøgsk., Ås, upubl.

Lillehammer, A. 1991. Soga om Sauda. – Sauda kommune.

Moe, B., Korsmo, H. & Svalastog, D. 1992. Verneplan for bar-skog. Regionrapport for Vest-Norge. – NINA Utredning 31: 1–114.

Nilsen, G. 2000. Botaniske undersøkelser på Jonegarden på Hustveit 1999. – Hovedoppg. Høgsk. Telemark.

Steinnes, A. 1988. Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Med områdearkiv. – Økoforsk rapport 1988, 12.

SMÅ OG STORE SKAPNINGAR

på åker og eng, i skogen, lufta og vatnet

Av Eva Songe Paulsen

På Hustveit finst gamle hus og eit kulturlandskap drive etter gamle måtar like fram til våre dagar. Eit variert landskap frå fjord til fjell lokkar til søndagsturar med sælebot for både kropp og sjel. Det er stor variasjon, og få menneskelege inngrep. I dette landskapet lever også andre små og store skapningar, både i skogen, på enga, i lufta og i vatnet. Det er dei denne artikkelen skal handle om.

Hustveit er nokså likt andre område i indre delen av Ryfylke. Det er difor grunn til å tru at mange av dei dyra som finst til dømes i Suldal, Hjelmeland, eller andre stader i Sauda, også kan opptre på Hustveit. I denne artikkelen skriv eg difor litt om kva som er observert på Hustveit og litt om kva som kanskje kan finnast der fordi det finst andre stader i nærlieken.

Eg har tatt utgangspunkt i det ein har av rapportar frå kartlegging av dyr i området, og eg har snakka med personar som har ferdast mykje i området om kva dei har sett. Eg har ikkje teke mål av meg til å lage eit fullstendig oppdatert oversyn over dyrelivet i denne artikkelen. Eg håpar likevel at opplysningane kan inspirere andre til å ta seg ein tur ut og notere ned observasjonar, eller til å arbeide med meir grundig kartlegging av faunaen med ulike metodar.

DEI SMÅ MED SEKS BEIN

Insekta er avgjort den mest talrike dyregruppa me har, ei mangfaldig gruppe med om lag 23 000 registrerte artar i Noreg (Ottesen 1993), noko som er 15 gonger høgare enn alle artane av fisk, amfibium, krypdyr, fugl og pattedyr til saman. Ein må også rekne med at det reelle talet på insektartar ligg høgare, då det er svært mykje ugjort når det gjeld registrering i denne gruppa. Av sommarfuglar og biller, som er dei mest kjende insektgruppene, er det registrert over 3 300 og 2 000 artar i Noreg.

Insekta og dei andre småkrypa kan ha mange ulike roller i det biologiske mangfaldet, og dei har ofte nøkkelposisjonar i økosystemet. Dei lever mellom anna av blad, gras, røter, frø, frukter, pollen og nektar. Andre er nedbrytarar som lever på dødt organisk materiale, eller dei kan vere rovdyr eller parasitar. Insekta lever liva sine som egg, larver, pupper og vaksne, og kan i dei ulike stadia vere avhengig av ulike livsmiljø.

Av dei insekta som lever på tre, er det mange som er avhengige av bestemte treslag, og ofte må dei også ha eit bestemt stadium i treet sin livssyklus. Gamle lauvtre kan vere tilhaldsstad for mange sjeldne og trua artar, særleg tre som er hole eller i ferd med å rotne. Kjuker på tre og stubbar kan også vere eit viktig leveområde for insekt og andre småkryp.

Det er gjort nokre undersøkingar av insekt og andre smådyr i området, som kan gi ein peikepinn på kva som finst. I 1975 undersøkte Zoologisk museum i Bergen evertebrater¹ i edellauvskog på Vestlandet (Hauge, Meidell og Solhøy 1975). Dei var også innom Vikaneset, og skildrar området som «utrolig bratt og utilgjengelig, med rasmark, til dels med store blocker». Dei konstaterer mellom anna med at dette området er eitt av dei rikaste dei har undersøkt når det gjeld sniglar. Heile 25 ulike artar fann dei der. Dei nemner mellom anna ein art, *Helicigona lapicida*, som tidlegare bare er funne nokre få stader på Vestlandet. Arten er karakteristisk for tørre, eksponerte stader som er noko påverka av kalk. Dei fann også ulike artar tusenbein, skolopender og skrukketroll, forutan 27 ulike billeartar. Talet på billeartar er lågt, og det heng nok saman med at området ikkje er undersøkt med innsamlingsmetodar som fangar flygande arter (sjå til dømes omtale av undersøkinga til Stokland 1992).

I 1992 blei det utført ei undersøking av billefaunaen i fire ulike område med furuskog, bjørkeskog og edellauvskog i Sauda og

Suldal (Stokland 1992). I Sauda var det edellauvskogen i Vikaneset og eit furuskogsområde på Hustveit som blei undersøkt. Det var stor skilnad på samansetninga av artar i lauvskog og furuskog. Biller blei samla inn ved hjelp av feller, såkalla vindusfeller, laga for å fange flygande biller. Dei fleste billene kan fly, men løpebillene som lever på bakken, blir ikkje fanga av denne metoden. 90 slike feller stod i området på Hustveit. Fellene består av to gjennomsiktige hardplast-plater i kryss, med ei trakt og ein oppsamlingskopp under med drepe- og konserveringsvæske oppi. Når billene flyg og treff plastplatene, ramlar dei ned i trakta og vidare ned i oppsamlingskuppen.

Undersøkinga strekte seg frå mai til oktober, og fellene blei tömt om lag ein gong i månaden. I Suldal blei det samla inn biller i ein furuskog og ein bjørkeskog i lia i den nordaustre enden av Suldalsvatnet (37 feller). Furuskogen på Hustveit og ved Suldalsvatnet var påfallande like med omsyn til artsrikdom og talet på individ, sjølv om det er 35 km mellom lokalitetane. Det var størst artsrikdom i edellauvskogen og minst i furuskogen. 60 % av artane som blei funne i undersøkinga er knytt til dødt trevirke, særleg som larver. Mange av artane som er knytt til trevirke, må ha tre i ulike stadium av nedbryting. Nokre er til dømes knytt til svekka eller nylig døde tre. Mange lever også i døde tre som har kome langt i nedbrytinga, og dei lever då gjerne av sopp i veden. Slike artar som lever i rotnande trevirke er sårbar for meir rasjonell skogsdrift. Om lag ein femdel av artane som blei funne i Vikaneset og ein fjerdedel av artane frå furuskogen, er i denne gruppa. I furuskogen på Hustveit blei det funne 180 ulike billeartar, og i edellauvskogen 231 artar.

Den mest artsrike billefamilien er kortvengene. Dei fleste av desse er rovdyr, men mange er likevel knytt til dødt trevirke. 134 artar kortvenger blei funne, og 48 av dei er delvis knytt til dødt trevirke, mens 15 utelukkande er knytt til eit slikt leveområde. I denne undersøkinga blei det funne ein art som ikkje var funne i Noreg før, barkbilla *Taphororychus bicolor*, 35 artar blei påvist for første gang på Vestlandet (Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), og 145 artar blei funne for første gang i den delen av Rogaland som blir namngitt som «Rogaland Indre»² (Strand 1943).



Humlebilla liknar mykje på ein veps eller ei humle, med dei gule og svarte teikningane på ryggen. Dette er ein kamuflasje for å unngå å bli spist av fuglar. Fenomenet er også kjent blant andre insekt, og kallas mimikry. Foto: Rune Roalkvam

I åra 2002 til 2004 blei det utført innsamling av nattflygande sommarfuglar på fleire lokalitetar i Suldal. To sesongar på Sand (Eide), ein sesong i Roalkvam, ein i Vanvik og ein ved Sandvatn (Voit og Berggren 2002, 2003 og 2003-2004). Mange sommarfuglar og andre flygande insekt blir tiltrekt av lys om natta, noko ein også kan observere ved utelamper og gatelys i sommarhalvåret. I denne undersøkinga utnytta ein dette ved å bruke ei såkalla lysfelle. Fella består av ei plast-tonne med ei trakt oppi, og eit arrangement av ståande, gjennomsiktige plastplatere i kryss med tak oppå, og ei sterkt lyspære (gatelyspære) plassert oppi trakta. Når insekta flyg mot lyset i fella, så kolliderer dei med plastplatene, og dett ned i trakta og vidare ned i tonna. I tonna står det ei flaske med eit giftstoff som fordampar, og som tek livet av sommarfuglane slik at dei ikkje blir øydelagte. Fellene var sikra med hengelås slik at ikkje ungar eller dyr skulle kunne komme i kontakt med giftstoffet.

Ei slik felle samla over 20 000 individ i løpet av ein sommarsesong (i Roalkvam 2002), så dei er ganske effektive. Mange vil kanskje reagere på det etiske ved å samle inn og drepe så mange dyr, men det er viktig for forvaltninga av naturen at ein har kunnskap om kva som finst av planter og dyr, og for dei fleste insekt må ein samle inn og ta livet av dei for å kunne stu-



Admiralen finst på Hustveit. Denne sommarfuglen overlever ikkje vin-
teren i Noreg. Kvar vår kjem han trekkjande til oss frå Syd-Europa,
men det hender han har ein generasjon hos oss i løpet av sommaren.
Larvene lever av nesler, og den vaksne likar særleg godt bjørkesaft
eller gjæra nedfallsfrukt, særleg plommer. Foto: Rune Roalkvam



Aurorasommarfuglen er ganske vanleg mange stader i indre Ryfylke.
Larvene til aurorasommarfuglen lever på engkarse og overvintrar som
puppe. Dei klekker i mai, og den vaksne hannen er lett kjenneleg på
oransje flekker på vengjene. Foto: Rune Roalkvam


dere dei nærmare. Nattflygande sommarfuglar flyg normalt i store mengder der dei finst, og det er ikkje slik at ei felle vil «tømme» eit område for sommarfuglar. Ei enkel flaggermus vil til dømes aleine kunne ete rundt 10 000 sommarfuglar i løpet av ein sommar.

Innsamlinga har ført til mange overraskande funn, og dette viser at mange område på Vestlandet er svært dårlig undersøkt med omsyn på slike dyr. I Suldal er det no registrert 1062 ulike artar sommarfuglar (Voit 2005). Sauda har registrert 54 (Norlep database 2005)! Ikkje ein einaste av dei vanlege dagflygande sommarfuglane som er lette å observere, er med i den offisielle lista over registrerte artar i Sauda. Her er ein stor jobb å gjere med registrering for dei som har tid og lyst!

Av andre meir spektakulære insektartar som ein kan treffe på i området, kan til dømes nemnast kjempetreves. Dette er ein treves som mange tykkjer er ganske fryktinngytande på grunn av storleiken og den lange eggleggingsbrodden. Vepsen kan ikkje stikke folk, men eg kan godt forstå dei som nesten køyrrer av vegen når dei får ein slik inn i bilen! Store augnestikkarar, såkalla libeller, kan ein også ofte observere på Hustveit. Dei er rovdyr som ofte patruljerer att og fram i faste



Dei store augnestikkarane blir kalla for libeller. Både larvene og dei vaksne er rovdyr. Larvene lever gjerne 2-4 år i ferskvatn før dei klekker til vaksne individ. Dei er ikkje farlege for menneske. Foto: Rune Roalkvam



Tømmermann er ein trebukk som er vanleg i det skogrike indre Ryfylke. Den er ofte å sjå på tommervelt når vårsola lagar det varmt og godt. Det er hannen som har dei lange følehorna. Foto: Rune Roalkvam.

ruter og forsvarer områda sine mot inntrengarar. Dei ser kanskje også litt skumle ut, men er i motsetning til det namnet skulle tyde på, heilt ufarlege for menneske. Libellene lever som larver fleire år i dammar og innsjøar, og dei er ei insektgruppe som er i tilbakegang på grunn av drenering og igjenfylling av desse leveområda. Ola Hustveit fortel at dei var redde for desse. Han fortel også at det før var mykje tordivlar, men at desse no nesten er borte. Tømmermannen, ein trebukk der hannane har veldig lange følehorn, kan ein også sjå, særleg om våren på plassar der det er fersk tømmer. Ola har også sett oldenborrar, snutebiller og barkebiller, samt sommarfuglar som admirals og sitronsommarfugl.

DEI LITT STØRRE

Dei større dyra, virveldyra, det vil seia fuglar, landlevande pattedyr, krypdyr og amfibium kjem inn under den gruppa dyr som me kallar for viltet. Viltloven regulerer forvaltinga av desse dyra. Viltloven seier at alt vilt inklusive egg, reir og bo i utgangspunktet er freda. Det er likevel nokre dyr som det er lov å jakte på, og kva artar dette er og kva tidsrom det gjeld for, blir gitt i eigen forskrift. Kommunane utarbeider eigne viltkart som viser spesielle leveområde for viltet som ein må ta omsyn til i forvaltninga. Viltkart og opplysningar om viltet finst også for Sauda (Dagestad 1996), og eg har henta opplysningar om ein del fuglar, amfibium, krypdyr og pattedyr derfrå.

GJØK OG SISIK, TROST OG STÆR

I 1972 starta Norsk Ornitologisk Forening opp med kartlegging av fuglefaunaen i Noreg, i eit prosjekt dei kalla ATLAS-prosjektet, og i 1988 kom «Fugleatlas for Rogaland» (Carlsson 1988) med kartlegging av hekkande fugleartar i Rogaland. Fylket blei delt opp i 5 x 5 km ruter, og ein forsøkte å kartlegge fuglelivet i så mange ruter som mogeleg. Ikkje alle ruter er like godt undersøkt, og Hustveit er dessverre blant desse. Talet på registrerte fugleartar som hekker i området, ligg på ca 50, men litt lengre nord i Sauda ligg det på 85. Ein må rekne med at dette talet er for lågt i høve til dei faktiske forhold.

I følgje rapporten om viltet i Sauda (Dagestad 1996), var Åsane tidlegare eit svært bra område for storfugl (tiur og orrfugl). Bestanden har gått tilbake, men framleis er dette eitt av dei viktigaste områda for desse artane i kommunen. Området mellom Hustveit og Honganvik er eit svært godt område for ei rekke arter sporvefugl. Fleire songarar hekker og her, bl.a. fleire par med gulsongar. Fleire artar meiser hekker, mellom anna spettmeis og lauvmeis. Elles hekker fleire av dei vanlegaste artane av trostar, finkar og sisikar. Det som likevel gjer dette området særleg interessant og verdifullt, er alle spettane i området. Her finst fleire artar hakkespettar som står på lista over trua artar i Noreg (Direktoratet for Naturforvaltning 1999). Både flaggspett, gråspett, grønspett, dvergspett og kvitryggspett hekker truleg i området.

Området ved Hustveitelva blei undersøkt i samband med Samla Plan for vassdrag (Pallesen og Hauge 1985). Då blei det også gjort ein del observasjonar av fuglelivet. I tillegg har

eg fått opplysningar frå Øyvind Nyvold Larsen som har gjort observasjonar i området fleire gonger sidan 1999 og frå Ola Hustveit som bur på garden. Lista under visar eit grovt oversyn over ulike fugleartar ein kan treffen på, spesielt ved Hustveit men og i kommunen elles, basert på desse opplysningane samt Fugleatlas for Rogaland..



Kvitryggspetten liknar flaggspett og dvergspett, men kan kjennast att på det kvite partiet på ryggen og overgumpen. Kvityggspetten er så godt som utrydda i Europa. Han kan bare overleve i rotnande blandingsskog, og trivst godt i område på Vestlandet som er utan intensivt jordbruk. Tekning: Rune Roalkvam

Storskav	Nokre få individ finst i fjorden, helst i vinterhalvåret.	Storfugl	Fåtallig i furuskogsområda.
Gråhegre	Blin jamleg observert i Sauda-området. Kan sannsynlegvis sjåast langs fjorden og ved ferskvatn.	Tjeld	Hekker sannsynlegvis i området.
Krikkand	Er observert i hekketida i nærleiken av Hustveit.	Heilo	Ikkje observert i hekketida, men flokk på trekk observert.
Stokkand	Småflokkar er vanlege på fjorden vinterstid. Arten er sett i august ved Stølsvatn, og kan sannsynlegvis hekke i Stølsvatn/Vårstølsvatn.	Vipe	Muleg hekking i området.
Kvinand	Oervintran vanlegvis i Saudafjorden, då ein gjerne kan sjå flokkar på fleire titals dyr.	Fjæreplytt	Ikkje observert, men finst nok fåtallig i høgfjellet.
Havørn	Er observert i området. Har blitt vanlegare dei siste åra.	Enkeltbekkasin	Observert (spel) på Hustveit i 2000, men ikkje seinare.
Hønsehauk	Er observert i området.	Rugde	Vanleg å sjå fluktspel seine vårveldar.
Sporvehauk	Er observert i området, men er generelt mindre vanleg enn hønsehauken.	Strandsnipe	Vanleg ved ferskvatn.
Fjellvåk	Er ikkje observert, men finst sannsynleg i området.	Fiskemåke	Vanleg ved fjorden om sommaren, meir sjeldan om vinteren.
Kongeørn	Er observert i området. Vanlegast over tregrensa.	Gråmåke	Vanleg i mindre antall ved fjorden heile året.
Fiskeørn	Streiffugl sett flygande over området.	Svartbak	Vanleg i mindre antall ved fjorden heile året.
Tårfalk	Er ikkje observert, men finst sannsynlegvis i området.	Ringdue	Fåtallig, men hekker truleg i området.
Dvergfalk	Er observert i området.	Gjøk	Relativt vanleg. Hekker truleg i området.
Jaktfalk	Er ikkje observert, men finst sannsynlegvis i området.	Hubro	Er ikkje observert på Hustveit, men finst i Sauda.
Lirype	Fåtallig, mindre vanleg enn fjellrypa.	Kattugle	Observert (song) i Vikaneset. Vanleg i Sauda.
Fjellrype	Relativt vanleg i høgfjellet.	Tårnseglar	Hekker sannsynlegvis i området.
Orrfugl	Fåtallig. Blir helst sett rundt Vårstølvatnet.	Vendehals	Muleg hekking i området.
		Gråspett	Observert i området. Ein av dei vanlegaste spettene i Saudaområdet.
		Grønnspett	Observert i området. Meir fåtallig enn gråspetten.
		Flaggspett	Observert i området, vanleg.
		Kvitryggspett	Observert i området, vanleg.
		Dvergspett	Sjeldnast av spettene i området, men finst truleg på Hustveit.

Svartspett	Fanst i området for 30 år sidan, i følgje Ola Hustveit.	Kjøttmeis	Vanleg.
Låvesvale	Vanleg.	Spettmeis	Relativt vanleg.
Taksvale	Vanleg.	Trekryper	Fåtallig, men regelmessig.
Trepiplerke	Vanleg.	Nøtteskrike	Fåtallig, men regelmessig
Heipiplerke	Svært vanleg over skoggrensa.	Skjære	Er ikke observert, men finst ganske sikkert i området.
Linerle	Vanleg.	Kråke	Vanleg å sjå i lite antall.
Fossekall	Observeert i området. Hekker sannsynlegvis.	Ramn	Vanleg å sjå i lite antall.
Gjerdesmett	Vanleg.	Gråsporv	Hekker. Var vanlegare før.
Jernspurv	Vanleg.	Pilfink	Svært vanleg. Overvintrar ikkje.
Rødstrupe	Vanleg.	Stær	Vanleg, men var vanlegare før.
Rødstjert	Ikkje sett på Hustveit, men finst truleg spreidd og fåtallig i området.	Bokfink	Vanleg
Buskskvett	Fast lokalitet i kulturlandskapet rundt garden. Generelt fåtallig i Sauda.	Bjørkefink	Vanleg i høgareliggjande skog enkelte år. Kan vere svært vanleg på hausttrekk, då også i lågareliggjande skog.
Steinskvett	Vanleg over skoggrensa.	Grønnfink	Finnst på Hustveit.
Ringtrost	Relativt vanleg frå Vårstolvatnet og oppover.	Grønnsisik	Relativt vanleg, men varierer frå år til år.
Svartrost	Vanleg.	Bergirisk	Observer i området. Truleg fåtallig hekkefugl i høgare område.
Gråtrost	Vanleg på trekk, meir fåtallig i hekketida.	Gråsisik	Relativt vanleg i høgareliggjande skog.
Måltrost	Vanleg.	Brunsisik	Varierande bestand.
Rødvingetrost	Vanleg.		Denne var tidlegare rekna som ein underart av gråsisik. Han kan vere vanskeleg å skilje frå gråsisik. Syngjande gråsisik som er observert ved Hustveitgarden kan vere brunsisik.
Duetrost	Er sjeldan som hekkefugl på Vestlandet. Ikkje observert på Hustveit, men på lokalitar i nærlieken.		Flokkar med korsnebb er ganske vanleg å sjå i Hustveit-området. Hekker sannsynlegvis i området.
Gulsongar	Observeert (song) på Hustveit. Generelt fåtallig i Sauda.	Grankorsnebb	Hekker sannsynlegvis i området. Furukorsnebb er mest vanleg av dei to korsnebbartane.
Tornsongar	Kan hekke i området.	Furukorsnebb	Fåtallig men regelmessig.
Hagesongar	Høyr i området år om anna. Muleg hekking.	Dompap	Observeert på Hustveitsåta. Truleg fast hekkefugl.
Munk	Fåtallig men regelmessig.	Snøspurv	Vanleg i høgliggjande skogsterreg, finst også på Hustveit.
Gransongar	Fåtallig i Sauda, observert på Hustveit.	Sivsporv	Muleg hekking.
Lauvsongar	Svært vanleg.	Gulsporv	Eitt individ årleg sett i mars. (Opp. Frå Ola Hustveit)
Fuglekonge	Vanleg.	Varslar	2 individ sett ved garden i juni 1989 i følgje Ola Hustveit.
Gråflugesnappar	Observeert på Hustveit.	Nattramn	
Svartkvit flugesnappar	Fåtallig men regelmessig.		
Stjertmeis	Fåtallig men regelmessig. God bestand i Saudaområdet		
Lauvmeis	Vanleg i låglandet og opp til Hustveitgarden.		
Granmeis	Vanleg.		
Toppmeis	Fåtallig, men regelmessig. Meir vanleg i Suldal.		
Svartmeis	Fåtallig. Varierer i antall frå år til år.		
Blåmeis	Fåtallig men regelmessig.		

I Soga om Sauda skriv Lillehammer om truer om dyr:

Når lomen skrik første gang om våren: viss han skrik over sjø og vatn før dei hadde ete åbiten om morgonen, spådde det

gale, men høyrdde dei han over land tydde det godt. Vidare: Når kattugle, ramn, kråke eller skjor søkte inn til husveggen, var det feigt i huset (nokon skulle døy).



Frosken er svært vanleg i Hustveitområdet. Foto: Rune Roalkvam

DEI MIDT I MELLOM

Så til ei dyregruppe som er litt større enn insekta, nemlig amfibiane og krypdyra. Til amfibiane hører frosk, padde og salamander, mens firfislene og dei ulike slangane hører til krypdyra. Amfibiane er blant dei virveldyra på kloden som er mest trua, og dei treng difor å bli tatt spesielt omsyn til. Ei årsak til at dei er sårbare, er at dei er avhengige av vatn for å få fram avkom. Dei legg eggene sine i små dammar og pyttar, og forlèt deretter vatnet for å leve på land resten av sommaren og vin-

teren, mens larvene (rumpetrolla) veks seg store i vatnet. Larvene er sårbare for vasskvaliteten, men dei kan også bli spist opp av fiskar som aure eller stingsild. Mange forvekslar salamander og firfisle. Ser du eit slikt dyr uti vatn, er det ikkje ei firfisle, for den lever bare på land. Firfisla har meir skjellaktig hud, og har heller ikkje gul- eller oransjefarga buk slik som salamanderen har.

Det finst to arter salamander i Noreg, liten og stor salamander. Den little salamander er utbreidd frå svenskegrensa i Østfold til Stavanger, og mellom Møre og Trøndelag, og finst ikkje i Sauda kommune. Den store salamanderen finst på Austlandet, mellom Haugesund og Bergen, og i Trondelagsområdet. Denne arten er funne på fleire lokalitetar i Sauda, mellom anna i ein dam ved Vårstølen på Hustveit (Ola Hustveit). Den store salamanderen er oppført på lista over trua artar i Noreg (Direktoratet for naturforvaltning 1999), og er også ein art som er trua i Europa. Noreg har gjennom Bernkonvensjonen forplikta seg til å frede arten og ta vare på arten sine leveområde.

Frosk er utbreidd over store delar av kommunen, og denne finst det mykje av på Hustveit også. Padda er det sjeldnare å sjå, men også denne er observert på Hustveit.

Firfisla er eit krypdyr som er knytt til skog og hei. Denne har ikkje store bestandar i kommunen. Eit anna krypdyr, hoggormen, er vanlegare å treffen på, og Ola fortel at den er det mykje av. Hoggormen trivst best under tregrensa, og likar seg gjerne i sørverdende lier med mykje sol. Stålormen kan ein treffen på, men den er ikkje vanleg.



Stor salamander er den eine av to artar salamanderar som finst i Noreg. Her er ein hann i flott paringsdrakt, med stor kam på ryggen. Dei ynglar i små dammar eller pyttar, men går på land på seinsommaren og lever der til neste sommar. Foto: Vidar Lunde

PELS, PIGGAR ELLER GEVIR

Det er ein rik pattedyrbestand i Sauda kommune. 21 artar er observert i følgje Dagestad. Hare er kanskje det pattedyret som har størst utbreiing i kommunen. Av rovdyr er det raudrev, røyskatt og mår som har størst utbreiing, men det er observert streifdyr av både bjørn, gaupe og jerv. Frå Dagestad sin rapport har eg laga eit oversyn over pattedyra som finst i kommunen. Lista er ikkje utfyllande, mellom anna manglar det data om flaggermus.

Piggsvin	Vanleg	Røyskatt	Vanleg/fåtallig
Vanleg		Snømus	Fåtallig
spissmus	Vanleg	Mink	Vanleg/fåtallig
Hare	Vanleg	Oter	Usikker
Ekorn	Fåtallig/vanleg	Mår	Vanleg
Lemen	Fåtallig/vanleg	Jerv	Streifdyr
Klatremus	Vanleg	Gaupe	Streifdyr
Markmus	Vanleg	Hjort	Vanleg
Skogmus	Vanleg	Rådyr	Vanleg
Rotte	Vanleg	Elg	Vanleg
Raudrev	Vanleg	Villrein	Vanleg
Bjørn	Streifdyr		

Elgen er relativt ny i Sauda sin fauna. Første observasjon blei gjort i 1941, men det var ikkje før på 1950- og 60-talet at elgen blei observert meir regelmessig i kommunen.

Hjorten kom også rundt midten av 1900-talet, og han finst med gode bestandar i kommunen. Storenut – Selli – Åsane er eitt av dei beste kjerneområda for hjort i kommunen. Hjorten trekker inn i området i april-mai før snøen har smelta. Han kalvar her og brukar området til sommarbeite før dei fleste trekkjer ut i løpet av september og oktober. Hjorten likar seg gjerne i brattare lier med gammal furuskog, særleg om det finst edellauvskog med mykje urter i nærleiken. Amdal – Storenut – Vårstølsvatnet er ein svært viktig trekkveg for hjort i Sauda. Større mengder hjort som kjem frå eller skal til dei indre deler av kommunen trekker langs denne ruta.

Dei første rådyra kom på 50-talet, og rådyret er det siste hjortedyret som vandra inn til kommunen. På grunn av mykje sno



Hjorten er det vanlegaste av hjortedyra i området. Her er ein kapital-hjort ute på myra. Foto: Vidar Lunde

om vinteren har ikkje rådyrbestanden vakse seg særleg stor. Rådyret trivst godt i område med blandingsskog og edellauvskog, og i kulturlandskap med veksling mellom innmark og blandingsskog.

Villrein finst fleire stader i kommunen, mellom anna i området mellom Hustveit og Vikedal. Ola Hustveit fortel at han var med i eit lag som på 1980-talet kjøpte reinsdyr på Røros og sette



Ekornet er eit vanleg pattedyr å sjå i skogane på Hustveit. Foto: Rune Roalkvam



Ein piggsvinunge er ute på tur, til glede for fotografen. Du bør ikkje gi piggsvinet mjølk, for då får dei vondt i magen. Foto: Rune Roalkvam

dei ut i området ved Hustveit. Dei måtte søkje departementet for å få lov til det. Reinsdyra etablerte seg, og no er dei så mange at ein kan jakte på dei. I rapporten om viltet i Sauda (Dagestad 1996) står det at ein mindre del av reinen i området Sauda vest/Etna har tilhald i området Vardanuten til Hustveitsåta om vinteren. Reinen kan i periodar gå heilt med i bjørkeskogen for å beite.

Haren finst over det meste av kommunen. Tettleiken er størst der det veksler mellom innmark, utmark og skog. Ekorn finst over det meste av kommunen der det er skog, men er ikkje svært vanleg. Ola fortel også om ekornet på Hustveit. Han hadde ei fuglekasse

på husveggen heime, og der var det eit ekorn som hadde dagleie. Det er helst hannane som har slike dagleier, seier han. Raudreven finst fåttallig over det meste av kommunen. I 1989 blei det sett revunge ved hi på Hustveit (Rune Roalkvam). Frå 1985-86, då reveskabben kom, skjedde ein dramatisk tilbakegang av bestanden.

Dagestad skriv at grevling ikkje er observert i kommunen, men at det i 1996 blei påkøyrt eit dyr ved Hellandsbygd. Måren er knytt til skogsområde, og likar særleg gammal skog med mange rotvelter, ulendt terren og steinurer. Måren kan treffast der det er hus, men også oppe i over 1000 m.o.h. Røyskatt er fåttallig men utbredt over det meste av kommunen og er observert på Hustveit (Rune Roalkvam). Snømusa er sjeldan å treffen på. Minken er knytt til kyst, vatn og vassdrag og finst spreidd langs dei fiskeførande vassdraga. Oter er ikkje sett i

kommunen dei siste 20 åra. Piggsvinet er ein art som er knytt til kulturlandskap, tettstader og byar. I Sauda er piggsvinet vanleg der det er hus, mindre vanleg i områda utanfor, men han finst på Hustveit. Ola fortel at bestanden av piggsvin minka mykje etter at fôrhaustaren blei tatt i bruk. Trafikken på vegen tek også livet av mange piggsvin. Mange set ut mjølk til piggsvinet dersom dei har dyr i hagen. Det bør ein ikkje gjere, då piggsvinet ikkje toler mjølk særleg godt. Men dei er glade i middagsrestar eller kattemat.

DEN MEDIAKÅTE


Ingen er vel så ofte omtalt i avisas som bjørnen når det gjeld dei pattedyra som finst på Hustveit. Bjørnen var vanleg i dette området før i tida, tilliks med mange andre område i Noreg. I området rundt Hustveit var det nokså sikkert bjørn til utpå 1980-talet, men det er ingen observasjonar mellom 1870 og observasjonen i 1979, så han har nok vore borte ei stund. I 1870 var det ein som såg ei binne med to ungar ved hiet som låg ovanfor det gamle skulehuset. Mange omtaler i lokalavisene vitnar også om at bjørnen levde i området i slutten av 1970-talet, og det finst også observasjonar. Ola fortel at han på 1970-talet mistenkte at det kunne vere bjørn i området fordi mange sauer forsvann på mystisk vis i fleire år. I 1979 blei den første observasjonen av bjørn gjort av dottera på garden. I juni dette året skriv avis Ryfylke³ om bjørneobservasjonen på Hustveit. Det var laurdag kveld 26. mai i 21-tida Jorun Hustveit som då var 10 ½ år, stod utanfor kjøkkendøra på garden. Om lag 250 meter frå ho stod eit stort dyr, det var svart, om lag 70 cm høgt og 130 cm langt, med tjukke føter og spiss snute. Jorun gjekk inn og henta bestemora, og dei stod og såg på det mens det stod heilt stille før det rusla bort. Ola tok børsa med seg og gjekk ut for å sjå etter det, men såg bare spora etter dyret i eit vått dike. Søndag føremiddag fekk Ola med seg formannen i viltnemnda i Sauda, Olav Hugdal, og dei to fann spor etter bjørnen, men på grunn av mykje regn, var spora mindre tydelege. Eit stykke nedanfor eit gammalt bjørnehi mellom Hustveit og Honganvik fann dei ekskrement, og desse blei sendt inn til Zoologisk Institutt ved Universitetet i Oslo til analyse. Analysen viste seinare at ekskrementet var frå hund. Jorun si observasjon av bjørnen blir likevel ståande som sikker. Dei hadde store tap av sauer i 10–15 år etter denne observasjonen, før det brått blei slutt.

Brørne Leiv Magne og Bjarne Østebø er også er av dei som har sett bjørn. Dei bur i Rørvikhagen ved Saudafjorden, ikkje så langt frå Hustveit, men har farta omkring i naturen mange stader i kommunen. Leiv Magne fortel i eit intervju i Suldalsposten i 1995 at dei har sauver gåande inne ved Skaulen, og at han der hadde sitt tredje møte med bjørn rundt 20. september det året. Bjørnen var ikkje meir enn 35 skritt unna, rundt 25–30 meter, det målte dei etterpå. Det var ein stor bjørn, han var større enn den han såg i 1979. Det året såg han bjørn inne ved Nordre Fjellvatnet. I 1983 hadde han også ei fin oppleving med bjørn ved Fossastøl. Den gongen var det ei binne med unge som gjekk og åt blåbær på ein stølvoll. Fleire gongar har dei to brørne sett spor etter bjørnen, til dømes området der ungbjørn har brekt av kvistar og greiner. Likeeins fann dei rundt 1992 i Slettedalen 15–20 maurtuer som var utsletta. Dei meiner bjørnen kom til området ved 1970-talet. Dei merka først at sauene oppførte seg så rart. Etter at dei fann eit lam som var flådd ved Tysseland, byrja dei å ane uråd.

Dei fortel også om andre rovdyr. Gaupa har dei sett rett utanfor kjøkkenglassen. Dei meiner gaupa var borte nokre år på grunn av reveskabben, men at ho no har kome tilbake. Jerv har dei også sett, oppe ved Dalsvatnet når dei skulle sjå etter sauene. Det var på slutten av 70-talet. Det finst også ei historie om bjørnen som i dette skriftet er tatt inn i artikkelen til Trygve Brandal.

På Østabø var det også bjørn i tidlegare tider. Ernst Berge Drange skriv om ei bjørnehistorie herfrå på 1860-talet (Drange 1997):

Ein gong lauva dei heime på bøen. Etter at dei andre hadde gått heim, var kona på Østabø åleine. Brått vart ho overfallen av ein bjørn. Ho kasta seg ned som død, og då bjørnen lukta henne i nasen, heldt ho pusten. Bjørnen byrja då å grava ei grav, men var ofte borte og såg om ho låg der. Men etter som han grov djupare, vart han lenger borte kvar gong. Til slutt sprang kona ned bakken og heim. Natta etter gjekk bjørnen berserk og reiv ned kornstaurane på åkeren rundt Østabø. Grava bjørnen grov har vore å sjå på det såkalla Njedlaplassen til nyleg. Tarald Mikkelsen Østabø (1800-talet) var òg i tak med bjørnen, fortel ei dramatisk soga.



Bjørnen var på besøk i tunet på Hustveit i 1979, men finst no sannsynlegvis ikkje i området lengre. Teikning: Rune Roalkvam

Johannes Fatland skriv om Bjørnen i indre Ryfylke i tidsskriftet til historielaget for Rogaland i 1916. Han skildrar levande korleis bjørnen tok kalvar, kyr, hestar og sauер i ulike bygder i Ryfylke. Bjørnehistoriane er mange, og det er nok fare for at nokre av dei ikkje er gjenfortalt heilt slik det eigentleg skjedde. Her er eitt døme frå Jelsa:

Engang var en bjørn omringet paa Jelsanæset. Da reiste 8 mand til Hylen (4 mil) og hentet Lars Kvitanæs. Da bjørnen

saa Lars, lagde den sig ned med framlabberne i kors. Den faldt for første skud.

Lillehammer nemner ei soge om Bjødnahålå (Lillehammer 1991). Denne hola på toppen av Springbakkjen skal ha vore graven av ein mannevond bjørn. Her var det ei gravid kone som støla på Tengdal som møtte bjørnen. Ho la seg ned og lot som ho var livlaus. Bjørnen snuste og velta på ho, og tok til å grave. Då lurte ho seg bort og berga på den måten livet. Ei

anna soge fortel om ein bjørn som slo i hel ei merr i Handelandsbeitet. Handelandsmannen kom over bjørnen medan han låg og åt på merra. Han sprang heim og henta børsa, og skaut bjørnen i ryggen så han ikkje kunne reisa seg. Då vart bjørnen så sint at han togg småstein.

DEI MED FINNER

Hustveitvassdraget renn frå fjell til fjord, over rike bergartar som fyllitt og glimmerskifer, andre stader over gneis og granitar. Elva har nokre parti med kraftige stryk. Storavatnet er den største innsjøen i nedbørfeltet, ein typisk botnsjø. Litt lengre nede ligg Øvrestølsvatnet og det mindre Vårstølsvatnet. Aure er einaste fiskestasjonen som finst i Hustveit-vassdraget. I Storavatnet er det sannsynlegvis ikkje muligheter for vellukka gyting. I Øvrestølsvatnet er gytemulighetene svært sparsame, og der er også vasskvaliteten så dårlig at egg og yngel kan få problem med å overleve. Vatnet har ein svært tynn aurebestand. Vårstølsvatnet har gode gytemuligheter både i innløp og utløp. Der er det aure av fin kvalitet.

Oddvar Rønning er ein som kan mykje om korleis garden blei drive i gamle dagar. Han fortel i eit notat om ferskvassfisket som blei drive på garden (Rønning 2005b):

Blant gjenstandane som fortsatt ligg att på garden finn vi både fiskegarn, fiskestenger og oter, samt fiskekrokar, slukar og snøre. Altå fiskeutstyr som tydelegvis har vore nyttå i fiskevatn oppe i heia. Både Vårstølsvatnet, Stølsvatnet, Øvrastølsvatnet og Storavatnet, samt det sideliggjande Nedra Svartavatnet mellom Stølsvatnet og Selli, var høgt verdsett som fiskevatn.

Rønning fortel også om eit litt anstrengt forhold mellom Jone Hustveit og sportsfiskarforeninga, og visar til eit brev som Jone skreiv til sportsfiskarforeninga i 1961 då foreninga fatta interesse for å utnytte fisket:

De har sikkert greide på at Hustveitheia i frå Storavasshausane til skiftet med Etne i Sunnhordland er felleseiga til dei 2 gardsbruka på Hustveit. – Men De berre spor Hrr. Ola Hustveit om lov til å setja opp båtnaust i Storavassbotnen og ha båt i Storavatnet for å driva «Sportsfiske» der.

-- Dersom De inbillar Dykk at då er alt i orden, så tek De skammeleg feil—

Gjer for øvrig merksam på at heile vassdraget i Hustveit er felleseiga millom dei 2 gardsbruka der. Til og med garnfiske er forbode i alle vatna. Visar til muntleg avtale med Sauda Sportsfiskerforening.

-- Derfor vert båtnaustet som De har satt opp og båten som De har der rekna av meg som simpel krenkjing av eigedomsretten, der alt er felles millom dei to bruka på Hustveit.

-- Dersom naustet og båten ikkje vert fjerna innan kort tid frå Hustveit heia vil der verta tekje rettslegt skritt til å setja slike karar som De er på rett plass.

Johne T. Hustveit, Saudasjøen

Lillehammer skriv i «Soga om Sauda» at ein ikkje finn noko i dei skriftlege kjeldene som handlar om fiske til matauk for Saudabuen. Men ein veit at det blei fiska etter laks i Storelva, Nordelva og Risvollelva (Lillehammer 1991). Han skriv også at det blir fortalt frå Sauda ei meir eller mindre sann historie om at tenestefolket somme stader skulle ha bedt om dagar utan laks til mat. Både laks og aure har blitt fiska i Sauda i fleire hundre år. På 1500-talet kom det endatil skuter frå Bremen i Nord-Tyskland og handla laks i Ryfylkefjordane. Både laks og aure blei likevel ikkje utnytta i den grad dei kunne vore.

Til mat blei det også kjøpt fisk som til dømes sild på stader lengre ute ved kysten. Fisket etter sild var ein av grunnane til den hektiske perioden med bygging av farty i Ryfylke frå midten av 1800-talet. Karane reiste årleg på sildefiske om vintrane, frå første halvdel av 1800-talet til om lag 1870, då silda forsvann.

Hos Rørvikfolket fiska dei med ulike reiskapar som garn, dorg og harp (Drange 1997). Der har dei alltid drive med fiske til husbruk. Det var i tidlegare tider både kval, nise, kobbe og sel i fjorden, men no er det lite av det.

NOKRE ORD TIL SLUTT

Dyrelivet er mangfaldig. Det lever store og små skapningar der ute, tilpassa svært ulike livsmiljø. Det meste av landskapet i Noreg er påverka av menneske, og ofte har intensivt landbruk eller utnytting av ressursar i eit område omforma landskapet slik at mange av våre medskapingar får problem. På Hustveit finn me derimot eit stort og variert område der menneska har hausta av ressursane med nennsam hand, slik at naturen kan



Ein gammal og to yngre. Dette var eit flott gammalt tre! Bur det nokre sjeldne biller inni her tru? Foto: Rune Roalkvam

leve i den rytmen det er laga for. Det har verdi i seg sjølv å ta vare på det biologiske mangfaldet, men det har også verdi for oss, fordi me får høve til å ferdast i lite påverka natur og observere dyra som lever der. Reis deg frå sofaen, ta deg ein tur til Hustveit og nyt det!

Eva Songe Paulsen (45) er biolog og tilsett ved Ryfylkemuseet som undervisningsleiar med ansvar for undervisning og utoverretta verksemd.

KJELDER

Intervju med Ola Hustveit 16. Juni 2005

Fleire artiklar om bjørn i avisene, m.a.:

Ryfylke 1. juni 1979: Er det bjørn på Hustveit
Suldalsposten 22. desember 1995: «Med auga for bamsefar». Intervju med Leiv Magne og Bjarne Østebø.

Bøker og artiklar

Carlsson, O. m. fl. 1988. Fugleatlas for Rogaland. Falco suppl. 2.

Dagestad, Knut Henrik 1996. Viltet i Sauda kommune. Kartlegging av viktige viltområder. Forslag til kommunale tiltak for å sikre viltressursene. Sauda kommune.

Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998. DN-rapport 3: 1-161

Drange, Ernst Berge 1997. Sand Gardar og Folk I. Vintraleå og Hylsstronnå. Suldal kommune.

Fatland, Johannes 1916. Bjørnen i indre Ryfylke. Tidsskrift utgitt av Historielaget for Rogaland. No. 2.

Hauge, Meidell og Solhøy 1975. Edelløvskog på Vestlandet. Evertebrater. Zoologisk museum Bergen.


- Larsen, Øyvind Nyvoll 2005. Fugleliv i Hustveitområdet, Sauda. Notat.
- Lillehammer, Arnvid 1991. Soga om Sauda III. Bygdesoga før 1880. Sauda kommune.
- Norlep. Database over Norges sommerfugler. Naturhistorisk museum UiO, Norsk entomologisk foreining og Skogforsk. Database på Internett. [<http://www.tøyen.no/norlep>]
- Ottesen, P. 1993. Norske insektfamilier og deres artsantall. NINA-utredning 055: 40
- Pallesen, Per Frøyland, og Kjell-Ove Hauge 1985. Samlet plan for vassdrag. Utbyggingsplaner og konsekvenser. 171 Tysselandselva 01 Tysseland. 172 Hustveitelva 01 Hustveit. Rogaland fylke, Sauda og Suldal kommuner.
- Rønning 2005a. Notat (manus) om garden, folka og livet på Hustveit.
- Rønning, Oddvar 2005b. Notat om fisket i heia.
- Stokland, Jogeir N. 1992. Artsmangfold av biller og skoglig produktivitet i Rogalands ulike skogstyper. Rapport.
- Strand A. 1943. Inndeling av Norge til bruk ved faunistiske oppgaver. Norsk Entomologisk Tidsskrift 6 : 207-224
- Voit, Reidar og Kai Berggren. 2002. Suldal. En undersøkelse av sommerfuglfaunaen i Sand, Eide og Roalkvam. Rapport.
- Voit, Reidar og Kai Berggren. 2003. Suldal. En undersøkelse av sommerfuglfaunaen i Sandvatn. Rapport.
- Voit, Reidar og Kai Berggren. 2003-2004. Suldal. En undersøkelse av sommerfuglfaunaen i Vanvik og Sand.

NOTAR

- ¹ Virvellause dyr, dvs insekt, edderkoppyr, tusenbein og krepsdyr.
- ² Norge er faunamessig delt inn i regionar etter eit system utvikla av Andreas Strand i 1943. Rogaland er delt i to, Rogaland Indre og Rogaland Ytre. Sauda høyrer til Rogaland Indre.
- ³ Ryfylke, 01.06 1979



Hovudhusa på Jonegarden medan Jone endå var aktiv. På biletet, som er tatt i 1972 ser me folgehuset og folgeløa til venstre, og stovehuset med løa bak, til høgre. Legg merke til dei flotte steinmurane husa står på.



- 1 Stovehuset
- 2 Løa
- 3 Folgehuset
- 4 Folgeløa
- 5 Vannhuset
- 6 Eldhuset
- 7 Svinehuset
- 8 Jordkjellaren
- 9 Smia
- 10 Hjulhuset

Teikning: Rune Roalkvam

Bygningane på Hustveit

Av Grete Holmboe

Bygningane på Hustveit har ein form og funksjon som er svært vanleg på ein middels god gard i Ryfylke frå 1800-talet. Den byggeskikken og byggeteknikken som er brukt bygger på den lokale handlingsborne kunnskapen om korleis ein best gjer seg nytte av dei tilgjengelege materialane på staden.

På Hustveit har dei hatt tilgong på god byggestein. Garden ligg i eit fyllittbelte, med skiferaktig skyvelag. Denne eldegråen, som dei seier lokalt, finn ein som lange, flate steinar som er gode å mura med. Murane er lagt med to tilnærma loddrette vangar (veggar), med tverrbindingar. Kvar Stein er mura opp med små skorer, og mellom vangane er det fylt i med jord. Resultatet er tette kistemurar, med rette veggar og hjørne som ser ut som dei er skorne med sag.

Bygningane som skulle husa folk eller dyr er tømra. Tømra gir ein viss isolasjonseffekt. På Hustveit finn me eksempel på den gamle kinningsnova i bua i stovehuset og i kvernhuset, medan den nyare sinknova er brukt i stova i stovehuset og i fjoset.

Uthusbygningane er bygd i stavkonstruksjon, eller grinda-konstruksjon. Etter som det er spesielt mange uthus på Hustveit, har me her eit høve til å studera denne flotte konstruksjonsmåten. I artikkelen om Tysselandsløa på Jone-garden gjer me meir greie for stavkonstruksjonen.

Bygningane på Hustveit gir oss såleis høve til å studera den lokale byggeskikken, med særleg vekt på ein høgt utvikla handverkskunnskap om steinmurar, og på utviklinga av stavkonstruksjonar i ulike fasar.

GARDSHUSA

Stovehuset

Stovehuset på Hustveit er eit typisk eksempel på det som vert kadla Ryfylkehushus. Det er eit tre-delt hus, som er satt saman av den gamle bua og ei ny stove. Mellom bua og stova er det gang og kjøkken. Bak stova finn me eit spisskammers, og bak bua er der vedbu. Det går trapp frå gangen og opp på lemmen. Over stove finn me stovelemmen, og over bua er bualemmen.

Stova og bua er lafta. Ser me nøyte etter, er bua lafta med den gamle kinningsnova som i Ryfylke var i bruk frå mellomalderen fram til første del av 1800-talet. Stova er i meir moderne sinklaft som vart brukt fram til lafteplanken tok over utover 1900-talet.

Stova og bua er bunde saman med panelt reisverk. Taket er lagt med to bjødnar (åsar), sperr og liggande tro. Restar av never over troet tyder på at heile taket har vore tekka med never og torv, medan eldre foto viser teglstein på taket mot sør. I dag er heile taket tekka med teglstein.

Huset har ein flott symmetrisk hovudfasade med såkadla rorokkoglas, det vil sei, 2-rams glas, med 8 ruter i kvar rame. Huset skal vera bygd på 1860-talet, medan bua kan vera ganske mykje eldre. Den gamle bua sto om lag der som grinda inn til nabogarden er i dag. Det var eit generasjonsskifte i 1801. Bua kan vera sett opp då. Døra inn til bualemmen har truleg vore dør til bua. Det er ei rammedør med dekormåla spegel. Forma og profileringa av døra kan tidfesta ho til 1700-talet.

Stova er innreia etter skikk og bruk i Ryfylke, med bordet att med glasa, og mjølkelylla til venstre for døra, mot gangen. Hylla vart brukt til å setta koller med mjølk til syrning. Vidare er omnene plassert i hjørnet mot kjøkken, med same pipeløp som grua på kjøkken. Senga for husfolket står i det fjerde hjørnet. På tverrveggen står ei trekkenk, som minstebarnet sov i. Det var dette rommet dei samlast i om kvelden for all slags gjere-mål.

Lemmen over stova var sovelem, eller salen, som dei kalla det. Varmen frå stova gjorde dette rommet til ein god stad å sova. Det er delt av eit rom her oppe. Ullakammerset kalla dei dette. Her oppbevarte dei ull og garn og alt utstyr som hadde med tilverkinga av ulla.

Bua vart brukt til oppbevaring av klede, og som gjestebu. Staskleda hang på veggen. På indre veggen hang mannen sine klede, medan kvenna sine klede hang på knaggerekka til høgre for døra. Chiffoneen som står her no, hadde Siri med seg frå heimen på Løland då ho gifta seg i 1890. Her står to flotte, fastmonerte krunesenger med dekormåling, ådra ram-



Stovehuset, med stova til venstre og bua til høgre. Døra fører inn til gangen, og bak gangen finn me kjøkken.



Kruneseng og kiste i bua.

mer og rosemåla speglar i sidene. Formen på sengene, profilane og dekormålinga kan tyde på at sengene er frå 1700-talet. I bua finn me og kister og reiseskrin med kjente namn frå Hustveitfamilien.

På bualetta er det uttreksenger. Det eine skråkammeret innafor var til oppbevaring av mjøl, korn og flatbrød. I det andre kammerset sto det to store trog som dei brukte til salting av kjøt.

Kjøkken har ei stor grue murt med leire og naturstein. Ved sida av grua er det seinare sett inn vedkomfyre. Det er kjøkkenbenk langs buaveggen kor separatoren står, og ved glaset er det vask og spring. Det kom separator på garden rundt 1890, og innlagt vatn på kjøkken i 1937, med vask med spring og avlaup. Likevel var det så at dei bar ut oppvaskvatnet og helte det i utslagskummen under kjøkenglaset. Her gjekk det ei holveita under huset, og under vegen og ut i sprettveita på marka.

Spisskammerset innafor kjøkken var til oppbevaringa av kjørlar og mat. Rommet bak bua var vedaskut. Døra var frå utsida, med hol nede for katten.

LØA

Løa som sto på Jonegarden vart sett opp rundt 1875 av Jone Larsson. Det var ei 6 reis løe, der tre stavpar sto på murane til hevdaskuten, og tre stavpar sto på ein lågare mur, rundt ei lafta fjos-kasse. I enden av løa sette Torger seinare på ei svål for å ha ein plass for sledar og seletøy til hesten. Det var ope begge sidene til svåla, slik at ein kunne gå igjennom.

Fjoset hadde steinholder i midtpartiet og ved dørene. Det var 20 båsar plassert langsetter veggane. Kalvane og ungdyra hadde mindre båsar. Når det var trøngt om plassen, vart det sett bås framfor bakdøra. Mellom båsane og det hellelagte partiet gjekk renna ned mot ei opning i muren ned til hevdaskuten. I fjoset på Hustveit vart det lagt inn vatn alt i 1851, og var av dei første i bygda som fekk innlagt vatn. Røyra var av tre, runde stokkar med bora hol.

I hevdaskuten gjekk sauene fritt i rommet, medan hesten sto på ein plattung. Det var strødd for sauene med ei blanding av sauastadl (turka møkk) og hakk (oppfakka brakje). I kroken ved eine låvebrua og fjosveggen, opp mot vannhuset, var det grisebinge.

Det er to låvebruer opp på låva over fjoset. Den eldste er den som vender mot vest. Dørene på låven var doble, der den eine døra var delt i to slik at ein kunne ha den øvste delen open for å turka høyet, utan at det kom dyr inn på låven.

Golvet innafor låvebrua vart nytta som trøskegolv. Bjelkelaget var noe tettare her, og golvborda kraftigare. Trøskjegolvet var sua og tetta med mose. Det var viktig at ikkje



Løa som står på dei gamle murane vart flytt fra Tysseland til Jonegarden i 2004.

det dyrebare kornet forsvann i sprekkane. Langs kvar side av trøskjegolvet var det sett opp ein halvvegg, eller karm, kadla brikje. Då ein gjekk over frå trøskjing med tust til trøskjemaskin, hadde ein ikkje lenger bruk for brikjer, så eine brikja vart fjerna.

Kornbanda vart oppbevart på låven, over fjoset, medan høyet vart oppbevart over hevdaskuten. Oppå slindrene la ein skukkar, eller hesjastaur, som ein la lauvkjera på.

Den gamle løa på Jonegarden er borte. Løa som står der i dag, er flytt fra Tysseland i 2004. Målet er å rekonstruera den gamle løa og fjoset, for å kunne gi eit truverdig bilet av korleis garden har fungert. Men, i staden for høy i løa, skal dette rommet brukast til formidling av kulturlandskapet og det samspillet som har vore mellom gardsdrifta og naturen på Hustveit.



Bilete av folgehuset slik det sto i 1906.



Murane som står att etter folgehuset vitnar om ein høgt utvikla bruk av steinen på garden. Truleg er det austmenn som har utført arbeidet.

FOLGEHUSET (LIVASTOVA)

Folgehuset vart satt opp i 1889 for Liva og Pål som då hadde overleverte garden til Torger, og blitt folgefolk. Huset hadde to stover på framsida, og kjøkken, spisskammer og gang på baksida, eit såkadla 4-delt hus. Frå gangen gjekk det trapp opp til lemen. Det var vedaskut i enden mot stovehuset.

Jone budde i huset som voksen. Her innreia han verkstad oppå lemmen. Dagen etter at mor hans, Siri, døydde i 1956, flytta han opp i stovehuset, men arbeidde framleis i verkstaden om vintrane.

Folgehuset er borte, men murene til folgehuset står framleis like flotte og minner oss om dyktig steinhandverk.



Berre murane står att av folgehusløa.

FOLGELØA

Folgeløa høyrt til folgefolla, og var ei stavløe, truleg med 4 reis, og var kledd med ståande kledning, med unnatak av raustet som var liggande. Løa hadde sperretak som var tekka med never og torv.

Løa er borte, men murane står framleis like fine.

Bak folgeløa har det vore eit svinehus. Dette er også borte.

ELDHUSET

Det gamle eldhuset var sett opp med to stavreis etter den gamle måten, der avstivinga i sidene var kvarkaband som gjekk frå stavane og opp i stavleggja. Det vart fornya i si tid av Jone som sette opp ei tilsvarande bygning, men med den meir moderne måten med krossband frå stav til stav. Huset var bordkledd, og taket var tekka med never og torv.

Det var grue i eldhuset. Røyken trakk ut gjennom opningar øvst i brøstet på huset.

Bygningen er borte, men på grunnlag av restar av bygningsdelar og intervju med Ola Hustveit, har museet sin handverkar rekonstruert det gamle eldhuset i ein modell i målestokk 1:5. Målet er å få rekonstruert eldhuset i full målestokk.

Det som står att i dag er hjørnestinar, restar etter grua og den store malmgryta.

VANNHUSET

Vannhuset bak løa er reist i stavkonstruksjon. Det har kroband og krossband. Bygget er kledd med over- og underliggende kledning av vannkanta bord. Taket var kledd med never og torv, men er no midlertidig tekka med bølgeblikk.

Huset er bygd for å romma do og reiskap. Det er bygd over

ein fjellknaus for å kunne sprenga seg ein djup kumme ned i fjellet, for å samla gjødsel, eller land. Frå kummen vart gjødselvatnet pumpa ut i treranner, rundt løa og ut i sprettveiter på slåttemarka. Landet var ein viktig resurs. I gamle skøyter, hender det at retten til landhusbrandet er tatt med.




Vannhuset.

JORDKJELLAREN

Jordkjellaren ligg inn mot bakken, og veggane er lagt opp i tørrmur. Gavlane er reist i tre, og kledd på både inne og ute. Det er lagt stavlegjer for sperretaket om lag midt på murane, slik at taket sluttar ytst på muren. Taket er no tekka med never, knotteplast og torv.

Jordkjellaren er det eldste huset som står att på garden. Det vart sett opp ein gong mellom 1810 – 1820. Ho vart sett i stand i 1993.



Jordkjellaren.



Smia.

SMIA

Smia er sett opp i stavkonstruksjon av Jone. Ho har 2 reis med kroband og skråband, sperretak og tro. I dag er taket tekka med never, knotteplast og torv. Ho er innreia med esse, ambolt, blåsebelg og anna utstyr, og er fullt brukande i dag.

Smia med blåsebelg og grue vart reparert i 1997.

HJULHUSET

Jone sette opp hjulhus med vasshjul i 1914 i stavkonstruksjon. Det var ei tid med tvangsdyrking av korn, og ein vann ikkje med å trøskja kornet med tust. Hjulet er 3 meter i diameter og er bygd inni huset. Vatnet kjem i renne, og treff hjulet øvst, slik at det går rundt. Frå hjulet gjekk det drivvaijer inn i løa til trøskjemaskin og drøfmaskin.

Hjulhuset og vasshjulet vart reparert i 1990.



Hjulhuset.

KVEDNAFOSSEN

Bygningane i, og rundt Kvednafossen er knyta opp til funksjonar som er drive av den vasskrafta fossen gir. Her har Jone Hustveit fått utfolda seg med all sin interesse og kunnskap om teknikk, og bygd ut eit sinnrikt system med vassrenner, vasskadlar og drivverk.

Kvednafossen har temmeleg stabil tilførsel av vatn. På dei verste regndagane kan det likevel bli for sterke kreftar til å setta vatn på hjula. Ein lyt såleis tilpassa saging og maling av korn etter naturen.

BUHUSET



Bygningen vart sett opp som buhus, eller sommarfjos. Noen år seinare innreia Jone verkstad inst i bygningen, medan ein held fram å mjølka i den ytste delen. Her er dreiebenk, bandsag og benk for smergelskive til sliping av mellom anna sirkelsagblad på saga. Inventaret står som det gjorde i Jone si tid.

Huset er bygd i stavkonstruksjon, med 4 reis, der stavane står rett på handsteinar. Bygningen har skråband og neglingar for avstiving av sidene. Bygningen er kledd med stående over- og underliggende kledning med vannkanta bord. Taket er eit bukketak med bjødnar og sperr og liggande tro. Det er tekka med torv.

På eine slindra er det rissa inn årstalet 1920, som kan vera byggeåret. Buhuset vart sett i stand i 1992, der därlege delar vart skifta ut med nye av same slaget som dei gamle.



Buhuset.



Over:

Kvednafossen med saga til venstre i biletet, og kverna og torka til høgre.

Til venstre:

Interior fra buhuset, med benk for smergelskive, bandsag og dreiebenk som Jone sjølv har lagd.

SAGA

I 1901 kjøpte Torger den gamle saga på nabogarden Ilstad , som sto ved sjøen i Ilstadbekken, og sette ho oppatt i Kvednafossen på Hustveit som vassdreven sirkelsag. Torger var ikkje flink til å skjera, men det var Jone. Han sto gjerne to til tre veker på våren og skar tømmer på saga.

Saghusbygningen er i stavkonstruksjon med 3 reis, eller stavpar. Bygningen er sett på tørrsteinsmurar. Det er kroband

som stivar av kvart reis, skråband og neglingar som stivar av sidene. Bygningen er kledd med ståande over- og underliggende kledning. Men veggen mot vassrenna og kadlen, er kledd med stående supanel. Taket er lagt med sperr, lekter og tekka med bordtak med over- og underliggende bord.

Saga er fullt innreia med sagbenk og sirkelsag som fungerar når vatnet blir sluppe nedover vassrenna og inn på vasskadlen.

Saga og rennene vart ferdig reparert i 1995.



Saga, med vassrenne og vasskadl.



Sagbenken til Jone er sett i stand, og sviv når ein set vatn på kadlen.



TØRKA

Tørka er sett opp i stavkonstruksjon med 2 reis på oppmurte handsteinar, eller hjørnestinar. Slindrane er laga av krumvokste tre. Bygningen har kroband, skråband og neglingar som avstivarar, og er kledd med ståande over- og underliggende kledning. Taket er sperretak med tro, knotteplast, torv og «pyn tener». Materialane i stavkonstruksjonen er gamle, medan taket og kledningen er ny.

På stavlegja er det skrevet med blyant: Torgeir Hustveit 1914. Det skal var Jone som sette opp bygningen då som ein følge av tvangsdyrking av korn under første verdskrig. Før dette, vart kornet turka i kjelen over grua i eldhuset.

Tørka og inventaret vart reparert i 1992. Ho er fullt innreia, og kan fungera når det står vatn på kadlen under bygningen.

Over:

Kvernhuset og tørka
i Kvednafossen. Slipe-
steinen er rett ovan-
for kvernhuset.

Til høyre:

Interior fra tørka.

KVERNHUSET

Kvernhuset er nemnt alt i 1661. Då sto det lengre nede, i Kvednadalen. Kvernhuset vart truleg flytta til Kvednafossen rundt 1840.

Kvernhuset er lafta med kinningslaft og sua stokkar. Stokkane er skore på begge sider. Det er felt inn noe nye stokkar, men elles er det originalt tømmer. Ein kan skimta inskripsjonen 1777. Heilt tydeleg ser ein inskripsjonane O.T.H 1934, 1838 T DEN 30 MARTS, teikning av ei jekt, teikning av to menneskefigurar, 1832, TISH 1887, TH 1919, 1927. Ein kan heilt sikkert finna fleire inskripsjonar om ein leitar.

Det er lagt nytt sperretak med tro, knotteplast, torv og pynenever i 1991. Kvernhuset er fullt innreia, og kan fungera når det står vatn på kadlen under bygningen.

I tilknyting til vassrennene for kvernhuset, er det ein mindre vasskndl som driv slipesteinen.

UTMARKA

Utnarka har vore ein vesentleg del av drifta som slåttemark og beite, vedhogst og tømmerhogst, med bygningar knyta opp mot verksemda. I 1890 var det 19 hus på Jonegarden. I 1936 var det 26 hus. Ein stor del av desse husa var truleg uteløer. Det finst i skrivande stund ikkje noen oversikt over kva som hører til Jonegarden.

STØLSHUSET

Det er to stolar ved Stølsvatnet, der det som ligg øvst i bakken hører til Jonegarden. Det er eit samanbygd stølshus, der mjølkebua er lafta. Rommet utanfor mjølkebua er i stavkonstruksjon. Det vart nytta som eldhus, i tillegg til at budeia hadde senga si der.

Konstruksjonen er noe spesiell i det at dei øvste stokkane på langsidene i bua, raftastokkane, er forlenga til stavleggjer i stavkonstruksjonen.

Stolen vart rekonstruert og sett opp att av Ola Hustveit i 1997. Det er Nord Rogaland- og Sunnhordaland friluftsråd som eig stolen i dag, og ho står open til fri bruk for turgåarar.



Interiør fra kvernhuset.

Grete Holmboe (56) er tilsett som antikvar med ansvar for bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet.

Kjelder:

Intervju med Dorthea og Ola Hustveit.
Arvid Lillehammer, Soga om Sauda, Gardar og ætter, bind 1.
Gamle foto.
Eigne oppmålingar og registreringa.



Hustveitstolen ved Stølsvatnet er sett opp att av Ola Hustveit, og er eit flott mål for turgåarar.



Reising av Tysselandsløa på Jonegarden.

TYSELANDSLØA PÅ JONEGARDEN

– Ein lærearena for utdøyande tradisjonsfag

Av Grete Holmboe


Flytting av løa på Tyssel land til Jonegarden på Hustveit har vore eit viktig prosjekt for å auka kunnskapen vår om stavløa i indre Ryfylke, og gjort oss betre i stand til å kunne vidareføre tradisjonen. Me skal her gjera greie for stavløa og kor viktig ho er for den allmenne byggeskikken i Ryfylke. Gjennom studie av den gamle løa på Hustveit, utviklinga av Tysselandsløa og gjenreising av løa på Jonegarden, skal me sjå nærrare på arbeidsprosessane og teknikkane som er brukt i den stavbygde løa.

STAVKONSTRUKSJONEN


Er det noe i vår lokale byggeskikk som er typisk for vår region, må det vera stavkonstruksjonen, eller grindakonstruksjonen, som han vert kalla lenger nord på Vestlandet. Det er ein typisk vestnorsk byggeskikk, som me i dag finn eksempel på frå grensa mot Agder i sør, til Romsdalen i nord. Ein veit om bygningar i dag som vart bygd på 1500-talet. Framleis er her handverkarar i vår region som sett opp byggverk i denne teknikken. Ser me på dei parvise stolpeholna som arkeologane grev fram, kan det sjå ut som det er forløparen til den stavkonstruksjonen me kjenner i dag. Då kan me snakka om ein samanhengande byggetradisjon i meir enn 3500 år, og like fram til i dag.

Prinsippet for stavkonstruksjonen er to stavar som er bunde saman med ein dragar som i Ryfylke kallast slindre. Dette dannar eit reis. Stavane vert sett på ein handstein, der ein passar på at vatnet vil renna vekk frå steinen. Ofte kan ein sjå ein liten innhogd trekant øvst på staven. Dette er merke etter stokken som vert brukt under reisinga. Reiset er stiva av med kroband som går frå stav til slindre. Dette er felt inn i staven med svalehale eller drahogg. Slindra er felt ned på stavens med tiløksa slindrehals, ned i stavøyre, slik at slindrehovudet kjem i utkanten av stavens.

Stavbygget kan vera sett saman av fleire slike reis. Reisa vert bunde saman med stavlegjer, dragarar, som leggast oppå slindrene, mot stavøyra. For at ikkje stavlegja skal vri seg, vert




Oppmålingsteikningen frå Tysselandsløa viser eit reis.




Svalehale og drahogg slik dei vert omtala og brukt av våre informantar.

det sett ned ein god todl i slindra, eller ein liten kluns som vert nagla fast til slindra. Stavlegja kan vera felt ned i slindra. Stavlegja kan vera kløyvd rundstokk. Då ligg margsida inn mot todlen. Eller ho kan vera ein tiløksa rundstokk. Langsidene vert stiva av med kvarkeband som går frå stavane og opp i slindra, eller med skråband eller krossband som går



Slindra vert felt ned i stavøyre. Detalj av oppmåling av Tysselandsløa.



Det var nytta krossband som avstiving på Tysselandsløa.

frå stav til stav. Nedst og øvst på stavane er det felt inn neglingar på halv ved. Desse er spikerslag for bordkledningen, på same tid som dei fungerar som avstiving.

Det vanlege på desse bygga hjå oss er at taket er eit sperretak. Sperra er øksa av nedst mot upsa, og felt ned i stavlegja. I mønet er dei felt saman med not og penn. Stokken vert barka for å unngå udyr.

Alle samanføyinger i ein stavkonstruksjon er festa med trenaglar. Dette gir ein elastisitet som føyer seg med vinden.

Til eit stavbygd hus treng ein ulik type virke. Ute i kyststrøka brukte ein gjerne eik til stavane. Inne i Ryfylke er det furu som er det naturlege materialet. Virke til stavane fann ein i roten den av stokken i godt adla furu. Her er det mest adel, og gjerne noe tovete struktur i fibrane som sug mindre vatn. Ein kunne tåla både litt solsprekkar og litt vriding i stokken. Stokken vart skoren på fire sider, såpass at ein fekk av hudn. Dei gamle stavane speta godt på utsida av stavøyra. Slindra og stavlegja henta ein frå midtstokken. Denne kunne gjerne ha litt frisk kvist, som verkar som armering. Slindra vart skoren eller øksa på to sider. Til sperr, neglingar og avstivingar plukka ein seinvokste tre for å få best mogleg styrke til smekrast mogleg tjuknad. Til kledninga var det viktig å få mest mogleg adla furu, som sto seg best i vind og vær, medan ein ikkje var så nøyde med troporda på taket. Her var det ofte mykje gjenbruk av gamle materialar, kledningsbord, båtbord og anna.

Lafteknikken kom i bruk på 1100-talet. Dette var ein teknikk som gav tette veggar, der tømmeret hadde ein isolerande funksjon, og vart brukt til bygningar for folk, dyr og oppbevaring av mat. På Vestlandet heldt ein likevel fram med stavkonstruksjonen i uthusbygningane, der det var viktig med tett tak, men god gjennomlufting. Sjølv om den nye bindingsverkkonstruksjonen vart brukt på dei store sjøhusa som kom frå 1700-talet og framover, heldt ein fram å bygge mellom anna løene og nausta i stavkonstruksjon. Det er ein konstruksjon som er utprøvd over lang tid, han er sterk og krev relativt lite tømmer. Tradisjonen fekk ein knekk rundt 1920–30-talet, då nye landbruksreiskap fekk problem med høgda under slindrene. Likevel vart det sett opp stavløe så seint som i 1960.

I dag ser me ei auka interesse for konstruksjonen att. Bonden finn han interessant som driftsbygning for laustgåande storfe, medan andre finn han tenleg til garasje og andre uthus.



Tunet på Jonegarden med folgeløa framme til venstre, og løa bak.

LØA PÅ JONEGARDEN

Løa på Jonegarden vart sett opp rundt 1875 av Jone Larsson Hustveit. Det var ei 6 reis løe med ei lafta fjoskasse. Rundt 1910 sette Torgeir Hustveit opp ei svål i enden av fjoset til hesteslede, hjulslede og hestetøy. Løa var falt saman, og restane var rydda bort då museet overtok ansvaret for bygningane. Men dei flotte løemurane var nesten like fine. Informasjonen om korleis løa såg ut, bygger på studier av gamle foto, oppmåling av murane og intervju med Ola Hustveit.

Den gamle løemuren var totalt 19,65 m lang, og 7, 8 m breid. Han var murt i to høgder, der den høgaste muren

romma hevdaskuten, og den lågaste delen, fjoset. Tre av stavpara sto på murane til hevdaskuten, medan tre stavpar sto på den 140 cm lågare muren. Desse stavane var då tilsvarande lengre enn dei oppå muren. Avstivinga mellom stavane i langsida var krossband som gjekk frå stav til stav.

Den gamle løa var kledd med ståande over- og underliggende flaskeskoren (vannkanta) kledning på langsidene. På sida mot stovehuset sluttar kledningen over lafteveggen. Langs fjosveggen på andre sida var det sett opp ein rad med steinheller. Kledningen var festa på neglingane. På endeveggane var det festa vertikale spikerslag på neglingane for liggande,

sua, flaskskoren kledning. Skuten i enden av løa hadde ståande kledning.

Taket hadde liggande tro (sutak), og var tekka med never og torv. Det var windskeiar i gavlane, og gavlasteinlar oppå gavlen, som heldt nevra på plass. Ola meiner at det var brukt torvhald-kroker i furu på løa. Dette hadde truleg å gjera med at den braken som var på Hustveit ikkje var til noe. Furukrokane vart henta i toppen på spiktre. Ein tok krokane så dei kunne brukast i underkant av greina, då der var lengst og sterkest fibrar. Jone skifta ut noen av krokane med jernkrokar.

Fjoset var lafta med halvkløyvd stokkar, med toppmål 8" og fallande lengder. Hudn var skore av på utsida. Stokkane var medratt og sua, og felte saman i nova med sinknov med tapp. Øvste omfaret var ikkje kløyvd, og var litt kraftigare enn stokkane elles i veggen. Bjelkane for låvegolvet var felt ned i den øvste stokken. På kvar langside var veggen stiva av med strekkfisk. Det vil seia at det var sett ein vertikal stokk på innsida og utsida som var bunde saman med 2 store jernboltar tvers igjennom veggen. Det var to slike strekkfiskar på kvar langside.

Det var dør inn til fjoset i begge langsiden, og eit lite glas. Glasa var to-rams med fast midtpost. Kvar rame hadde fire ruter med gjennomgåande sprosser. Døra var labankdør med okjer. I kortsida, mot hevdaskuten, var det to gluggar i enden av rennene i fjoset. Fjoset hadde steinheller i midtpartiet og ved dørene. Desse ligg her endå. Båsane sto langsetter ytterveggene. Djubden på båsane var 160–180 cm. Mellom båsrekka og det hellelagte golvet, gjekk renna. Renna var 50 cm brei. Det var to rekker med eikeplankar i botnen av renna. Mot båsen var det ein 5x5" boks, såkalla sesstre, kor sida i båsen var felt nedi. Kanten mot hellene var ein stokk eller ein stein. Tilsaman var det 20 båsar i fjoset. Kalvane og ungdyra hadde mindre båsar. Når det var tront om plassen, nytta dei også båsen framfor den eine døra.

Det er to låvebruer som er fint lagt opp i mur. Desse kom opp mellom tredje og fjerde reiset, oppå fjoslemmen. Den eldste bru er den på vestsida av løa. Bjelkane frå låvebrua var felt ned i øvste stokken i fjoskassen. Bjelkane over hevdaskuten og fjoset hadde fallande breidd, 10–12" i toppmål, flata litt av oppå. Låvegolvet var lagt kant i kant med 7/8" over og underliggende bord i varierande breidder, kor overliggarane delvis var hudn.

Golvet innafor låvebrua/døra var trøskjegolv. Bjelkane låg noe tettare her, og golvborda oppi 2 ½" plank, som var sua med

mose. Låvebrua og trøskjegolvet skulle tåla hard påkjenning, og trøskjegolvet måtte vera tett for ikkje å mista dyrebart korn. Det var sett opp ein karm langs begge sider av trøskjegolvet, brikjer, høgde om lag 90 cm.

Låvedørene var doble dører, der det eine dørbladet var delt i to att. Då kunne ein ha den øvste delen open for lufting av høyet utan at det kom dyr inn. Dørene var labankdører av pløyde bord, felt saman med okjer.

Kornet vart oppbevart på låven, på fjoslemmen, medan høyet vart oppbevart over hevdaskuten. Oppå slindrene la ein skukkar, eller hesjestaur, som ein la lauvkjera på.

LØA PÅ TYSELAND

På Tysseland, ikkje langt frå Hustveit, sto det ei løa som eigenaren, Anders Tysseland, ønska å fjerna. Dersom ho kunne brukast på Jonegarden, ville han gi ho til museet dersom museet sytte for å fjerna ho.

Me fann at, med litt tilpassing, var det mogleg å få reist løa på dei gamle løemurane. No er det ikkje god museumspolitikk å flytta hus. Men me såg at her kunne me få til eit interessant prosjektet som lærearena for noen av dei tradisjonelle bygningsfaga, og for haldninga til bygningsvern. Samtidig var det eit høve til å få gjenskapt løa som ein vesentleg del av gards-tunet på Jonegarden.

Løa var ei stavløe med 6 reis, 18,3 meter lang, og 7,8 meter brei, målt i ytterkant av stavane. Slik ho sto, var den gamle konstruksjonen godt kamuflert med ny bordkledning, og med stålplater på taket. Inni var ho kledd med eternit utpå isola-



Løa på Tysseland vinteren 2004. Bak kledning og stålplater skjuler det seg ei interessant stavløe.

sjonsmatter. Løa hadde fungert som grishus ein periode, før ho blei brukt til sauehus.

Løa sto på eit plan, og stavane var delvis sett på enkel handstein, og delvis på muren til den gamle hevdas-kuten som no var murt inn i betong.


Løa var tydeleg bygd i to periodar. På eine staven i løa var det rissa inn årstalet 1695. I det året var det eit eigarskifte på garden, så den eldste delen av løa kan ha vore bygd då. Fire av reisa høyre heilt tydeleg til den gamle løa. Ein 11 meter lang stavlegje er lagt over slindra, og bind dei fire reisa saman. Oppi denne stavlegja er det to trekantforma, djupe hakk midt mellom reisa. Dette tyder på at det har vore kvarkaband som har gått fra stavane og opp i stavlegja, som truleg er ein eldre form for avstiving av langsida. Avstanden mellom 2. og 3. reiset, det vil sei midtpartiet, er 1,8 m, medan den elles er 3 meter og 4,7 m. Truleg har den gamle låvedøra vore mellom 2.og 3.reiset i den gamle løa.

I 1836 var der eit skifte att på garden, og løa vart flytta ned på plassen ho sto no. Løa vart då forlenga med to reis. Ved denne flyttinga vart det tatt i bruk ein annan avstiving mellom reisa, både på den nye delen og den gamle, med krossband fra stav til stav. Dei nye stavlegjene vart lagt inntil dei gamle, oppå slindra.

Løa hadde runde sperr, berre så vidt øksa til, felt saman oppo med not og penn. Sperra var ikkje meir enn rundt 15 cm i rota, og pennen ikkje meir enn eit par centimeter. Dette verka noe underdimensjonert. Hakket mot stavlegja var rundt 6 cm, og utstikket 80 cm. Spissen på sperra var skore til med dryppnase. Det var liggande tro som var festa med naglar på sperra



På eine staven, fann me årstalet 1695 fint skore inn over ei øks, som truleg er byggeåret.



Detalj frå stavløa.



Spor i stavlegja etter kvarkaband.

på heile løa. Naglane var av adla furu. Troborda hadde spor etter kløyving, øks og oppgangssag. Under nedrivinga fann ein rester etter 2.gongs never (kvarkanever), som tyder på at løa har hatt torvtak. Døra i gamle løa sto mellom 2. og 3. reiset. Det var stort sett brukt svalehale i samanføyning av kroband og krossband til slindre og stavar. På den nyaste delen var det eit par tilfeller av drahogg.

Rundt 1910 vart det sett på ei svål langs eine langsida på løa, med stolpar på handsteinar. Stolpene var felt opp i ei stavlegje med penn og not. Sperra kvilte på stavlegja i låveveggen. Taket hadde liggande tro med rester etter flistak.

DEN HANDLINGSBORNE KUNNSKAPEN

Det må vera eit mål at bygningar som står på museum kan vera referanseobjekt for tradisjonshandverk. Det arbeidet som vert utført på våre bygningar skal difor gjerast så nært den tradisjonelle, lokale byggemåten som mogleg, med same type materialar og teknikkar som før.

Museet lever etter visjonen om at ein kvar byggeplass skal vera ein lærearena, og ein kvar byggeprosess skal gi oss meir kunnskap om dei lokale, tradisjonelle bygningsfaga. Handverkaren i dag er ein annan enn han var for 100–200 år sidan, då ein lærte seg faget gjennom det å arbeida saman over tid, der den unge lærte av den gamle. Handlingsboren kunnskap kallar me det i dag. På noen fagområde har me fortsatt handverkarar som er berarar av kunnskapen og er i ein levande tradisjon. For oss er det viktig å få tak på denne tradisjonen, dokumentera han og bringa han vidare. Då må me få tradisjonsberaren frampå, og få han i arbeid. For at flest mogleg skal få del i denne kunnskapen, lyser me ut kurs, der det er høve for interesserte å vera med og jobba saman med tradisjonsberaren. På denne måten sikrar me oss at det er noen som kan føra vidare dei gamle byggeteknikkane og kunnskapen om materiala slik at me kan driva best mogleg bygningsvern både på museet og elles i regionen.

I høve flyttinga av Tysselandsløa, vart det lyst ut kurs i stavkonstruksjon – nedriving, stavkonstruksjon – gjenreising, riving av never, og tekking med never og torv. Planen er og å gjennomføre eit kurs i lafting med sinknov med fjoskassen som objekt.

Det ligg føringar frå Staten om at dette arbeidet skal vera mellom satsingsområda for musea. Det har gjort at det er eit arbeid som løyser ut noen offentlege midlar. For prosjektet

med Tysselandsløa har ein henta tilskot frå Staten, gjennom ABM-utvikling, Rogaland Fylkeskommune, Kulturvern Rogaland og Folkekulturforbundet. I tillegg har det vore oppsparte midlar til eit visningshus, med bidrag frå Sauda kommune, som har vore brukt til finansieringa av prosjektet.

NEDTAKINGA

All ny kledning, isolasjon og stålplater vart rive av Suldal MC-lag som tok jobben for å sikra inntekt til laget. Oppmålingsarbeidet for flytting vart gjort av museet, det vil seia lærlingen vår, Randy Riecke og museumshandverkar Kjell Johnsen og underteikna. Merking av alle bygningsdelar vart gjort i samarbeid med Bjørn Sandvik som skulle vera vår tradisjonsberar og instruktør for nedplukking og gjenreising av løa. Det vart sett ut lengdeakse, tverraksar og 0-line som utgangspunkt for måltakinga.

Det vart lyst ut kurs med tema stavkonstruksjon. Til saman var det 10 deltakarar på kurset. Kurset starta med nedtakking av tro og gammal kledning. Saman med tradisjonsberaren vart kvar detalj studert og diskutert. På troet var det funnet spor etter kløyving, øks og oppgangssag. Troet var festa til sperra med naglar av adla furu. Me fann og restar etter never. Noe av dette var 2.gongs never. På taket på svåla var det restar etter flis, festa på troet med små stiftar.

Ved nedtakinga såg me at sperra var dårlegare enn me først trudde. Pennen var jamt over underdimensjonert. På mange av sperra sat framleis noe av borken på. Dette har gitt gode kår for miten, som har gjennombora treet og såleis



Stavløa på Tysseland.



Sperra vart tatt ned og studert.



Dei lengste stavlegjene var 11 meter lange.

svekka bærestyrken. Men verst var det oppe i kluva, der pennen somme stader var heilt broten. Sperra vart plukka ned, og skader vart registrert med tanke på supplering.

Neglinsar, krossband og kroband var festa med naglar av ask. Me undra oss på det, då ask er eit sprott materiale. Det vanlege hjå oss var å henta nagla frå utkanten av adelen i rettvokst furuvirke, der adelen er feit og god. Naglane vart slått ut med dor. Då løa i si tid vart gjort om til grisehus, vart krobanda skorne vekk, og noen av stavane også av for å gje rom for plata vegger. Ein del av krossbanda var skore av for glasopninga, og noen neglinsar var fjerna for å gje plass til den

støypte sola. Dette vart det prata om, og skadar og manglar vart registrert og notert.

Stavlegjene låg laust oppå slindra, berre med ein kluns, eller todl, festa med nagle til slindra, som hindra at stavlegja rikka seg. Dei var store og tunge å få heist ned. Ved hjelp av reip og stroppar, gjekk det likevel bra med mannekraft.

Også slindra låg laust oppi stavøyra. Dei vart løfta opp og ut. Me undra oss over at alle slindrehovuda var uvanleg små.

Me hadde ein studie av stavane og utforminga av stavøyra etter kvart som dei vart tatt ned. Det ser ut til at det er dei eldste stavøyra som spetar. Det er ulik djupnad på øyra.

Alle delane vart lagra med strø i mellom og dekka med stålplatane frå taket.

Det var kaldt, tørt vintervær medan nedtakinga gjekk føre seg. Det gjorde at arbeidet gjekk lett, og sjølve nedtakinga var gjort på ei snau veke.

Deltakarane på kurset var: Lars Fossåskaret, Nils Gravdal, Atle Løland, Jan Erik Kalstveit, Oddvar Melberg, Sigurd Melberg, Nordal Nessa, Randy Riecke, Bjarte Salomonsen, Jarle Tveit.



Til venstre:
Bjørn Sandvik og Jan
Erik Kalstveit studerar
slindrehovudet.



Under:
Vel blåst! Arbeids-
laget kvilar ut på
materialhaugen.



Transporten av loa vart utført på verdieg vis av Suldal MC-lag.

TRANSPORTEN

Loa vart transportert til Hustveit då tela var gått og våren hadde slept til. Suldal MC-lag tok på seg transporten. For å pirra pressen, stilte dei opp med motorsyklane sine og losa kortesjen av traktorar og tilhengarar i full mundur.


TIKPASSING

Loa frå Tysseland passa ganske bra på dei gamle murane på Jonegarden. I breidda gjekk det heilt fint. Medan lengda måtte


justerast noe. For å få stavane rett plassert, valde me å legga til eit reis mellom andre og tredje reiset på den høgaste muren, og ei ny stavlegje på 1,7 m, mellom det nye reiset og det tredje (fjerde på den nye loa). Dette resulterte i at heile loa vart 0,8 m lengre enn sjølvे løemurane, og kom såleis noe ut på muren til skuten. Loa som står på Jonegarden i dag har såleis 7 reis og er 20,3 m lang, 0,65 m lengre enn loa som sto her før. Teknisk var det ein enkel sak å løysa, men antikvarisk sett, skulle det korte mellomrommet mellom det gamle fjerde og femte reiset vore tilpassa låvebrua. Løysinga som vart vald er gjort for å gjera minst mogleg endringar i den gamle konstruksjonen.

På Tysseland sto loa på ein rett mur. På Jonegarden er løemurane i to nivå. Stavane frå Tysseland hadde rett høgde til å stå på den høgaste delen. Dei stavane som skulle stå på den lågaste muren, over fjoset, måtte forlengast med rundt 1,4 m, etter kor mykje stavane var skada i botn. Dette vart gjort med lasking, og vart festa med nagle. På denne måten fekk ein også rekonstruert stavane slik dei var før dei vart øksa av for tilpassing av eternitplatene. Ein måtte og til med ekstra neglingar om lag 30 cm frå enden av staven.

Dersom målet er å gjenreisa loa slik ho var då Jone var aktiv på garden, bør skuten settast opp att. Steinane som vart lagt opp for den gamle skuten må då flyttast 60–70 cm mot gjerdet. Det vil føra med seg at vegen må leggast noe ut. Den



Plan av Tysselandsloa på Jonegarden.



Skravuren viser det som måtte til av nytt for å tilpassa Tysselandsloa på dei gamle murane på Jonegarden.

gamle vegen inn til Kvednafossen låg nærmere gjerdet, så det skulle ikkje vera noe i vegen for det.


Det var nødvendig med ein del nye materialar til eit nytt reis og til forlenging av stavane som skulle stå på den låge muren og til lasking av avhogde stavar. Vidare var det meir sperr, kroband, krossband og neglingar som måtte fornyast enn det me ante før kledningen vart rive. Materialar vart levert av Ole Ragnar Helland, i Sandsbygda, som samarbeider med skogearigar i bygda om levering av rett virke til dei ulike bygningsdelane.

I løpet av sommaren 2004 vart det gjort eit stort arbeid av Bjørn Sandvik og Kjell Johnsen med førebuing av stavar og tilrettelegging av neste kurs i reising av stavløa på seinsområdet.

GJENREISING AV TYSSELANDSLØA PÅ JONEGARDEN

I høve reisinga av løa, vart det kalla inn til nytt kurs i stavkonstruksjon, der 9 deltakarar deltok, Bjørn Sandvik var tradisjonsberar og instruktør, og Kjell Johnsen arbeidsleiar. Ola Hustveit er og ein habil tradisjonsberar på stavkonstruksjonen, og følgde heile gjenreisningsprosessen med råd og kommentarar. Noen av deltakarane var godt vaksne handverkarar, noen var unge handverkarar og noen var med fordi dei var nysgjerrige på teknikken.

Me starta med å barka nye neglingar, skråband og kroband, og øksing av naglar. Naglane vart kappa av ein $1\frac{1}{2}$ " x $1\frac{1}{2}$ "




Bjørn Sandvik og Ola Hustveit var sentrale i arbeidet med gjenreisinga av løa på Jonegarden.



Forsøk med boring med navar.



Øksing av naglar.



Alle samanføyinger vart festa med naglar.

4-skoren lekte av rein adla furu. Dei skal vera så lange at dei går godt gjennom, 50 cm og 40 cm. Naglane vart øksa til så det sto att eit hovud, og så det var noe koning i andre enden.

Stavane over skuten vart lagt ut, og me starta med klargjering av langsidene. Dei nye neglingane vart øksa til på ronga. Rettsida, adelen, skulle venda ut, og vart skjult av kledningen. Den øvste neglingen vart felt inn 37,5 cm frå botn av stavøyret til overkant negling. Krossbanda vart lagt så rotenden vendte ned. Her var det greitt å bruka dei gamle, avkappa krossbanda som mal. Det vart bora hol for naglar, som vart øksa til noe i opninga for å gje rom for naglehouvet, slik at ein kunne kappa av resten for å gje plass for kledninga. Delane vart ikkje festa med naglar endå. Me brukar drill til boring av nagleholna. Ulempa med det er at ein ikkje får konte



Biletet viser når slindra vert felt ned i stavøyret.

naglehol. Det er difor viktig at naglane går godt igjennom, og så trutna godt. Me har litt grønsåpe på naglespissen for at han skal gå betre. Me gjør likevel eit forsøk på bruk av navar, og finn fort ut at det ville tatt tid å vera tru mot idealta.

Muren vart justert for tilpassing av stavane, og 0-lina fra oppmålinga vart sett av på stavane. Reisa over hevdaskuten vart gjort klar. Stav 1 og 12 vart bunde saman med slindre og krobanda og festa med naglar. Neglingane på dette reiset i gavlveggen vart sett på. Så var det klart for reising. Med 11 mann, ein stor jekk, taljer, krakker, reip og spett, kom reiset opp.



Reising av det fjerde reiset.

Første reiset vart støtta opp, medan ein klargjorde neste. Tredje reiset var det nye reiset, som måtte settast inn for å få tilpassa løa frå Tysseland til dei gamle murane. Dette vart reist på same måte som dei andre. Til slutt kunne ein legga på stavlegje på begge sider, setta på krossband og neglingar og festa desse med naglar.

Reis 5, 6 og 7 vart reist på løemuren på same måten.

Det var ausregn omrent heile tida medan kurset varte. Stokkane var store, tunge, glatte og blaute. Trass dei dårlege forholda, var iveren stor, og viljen til stades for å få opp det siste og sjuande reiset før ein avslutta kurset. Kursdeltakarane hadde då fått med seg vesentlege deler av det å setta opp ein stavkonstruksjon, om materialbruk og teknikkar. Vidare var det eit kurs i tilpassing av gammalt og nytt der ein tok i bruk den lokale handlingsborne kunnskapen i val av virke og teknikk. Dette er kunnskap og haldningar som er viktig å ha med seg i arbeidet med gamle bygningar.

Deltakarane på kurset var: Tommy Gangnes, Nils Gravdal, Nils Leirflått, Oddvar Melberg, Sigurd Melberg, Nordal Nessa, Randy Riecke, Bjarte Salomonsen, Odd Arne Strand, Bjarne Østebø.

Bjørn Sandvik vart engasjert til å vera med museet sine folk, Kjell Johnsen og Tommy Gangnes, til å fullføre reisinga av løa. Neglingar og krossband vart festa med naglar og dei siste to store stavlegjene vart lagt på plass med noe hjelp av kranbil.

Det måtte til ein del nye sperr. Desse vart laga like dei gamle, men med noe tjukkare penn. Takvinkelen på løa er rundt 34 grader. Dette er noe brattare enn det som er vanleg for eit torvtak, som gjerne ligg rundt 30 grader.



Stavkonstruksjonen på plass.



Randy Riecke med det museale svennestykket sitt, labankdør med okjer.

Mykje av dei gamle tromateriala vart lagt oppatt. Det vart lagt med innsida opp, slik at den skarpe vannkanten vender opp. Troet vert lagt med 1-2" mellomrom og festa med spiker til sperret. På gavlen vart det sett på vindskei, med eit skråstilt bord bakom.

Løa vart kledd med liggande, sua kledning i gavlen, og ståande over- og underliggende vannkanta kledning på langsiden. Førebels er kledningen trekt heilt ned til fjosmuren. Når fjoskassen er på plass, skal kledningen kappast ved fjoslemmen på veggen mot stovehuset.

Dørene i fjoset og løa vart laga som labankdører med okjer. Randy Riecke har vore lærling i tømmerfag på museet i to år. Som del av fagprøva, laga ho eit dørblad til låvedøra. Som mal brukte ho eit tilsvarande dørblad på Kolbeinstveit. Døra er handhøvla, med not og penn. Okjen er grada, og festa med naglar. Oppgåve vart godkjent av sensorane. Ho står no inne på låven på Jonegarden, og er blitt rost opp i skyene av våre tradisjonsberarar på Hustveit.

UT PÅ SKOGEN FOR Å HENTA NEVER

Løa på Jonegarden har eit tak på 210 m². Utifrå det våre informantar har sagt, det me finn i litteraturen, saman med eigne erfaringar, må ein rekna rundt 10 kg never pr. m². Det vil sei 2,1 tonn never. Sauda har fleire dyktige informantar/ tradisjonsberarar på nevertaking og torvtekking. Det har vore lagt torvtak på nybygg like opp til 1960-åra. I dagbøkene på Hustveit står det at dei var ute og reiv tak så seint som i 1970. Like fram til i dag har det alltid vore eit torvtak å vøla, eller ei



Olav Honganvik på neverriving i Nordstøldalen. Så lenge ein ikkje skader borka, vil treet ikkje ta skade av rivinga. Med tida vil det dannar seg ny never. Etter om lag 20 år kan ein ta never att. Det kallast andregong never.



Nevra Bjarne Østebo kjem med er av det slaget me helst vil ha, grå i fargen, tjukk og i store flak.

hytte som skulle ha torvtak. Dei siste åra har det vore lagt knottaplast under torva, og never berre til pynt.

Saman med noen av informantane, vart det gjort synfaringar på Hustveit for å finna høveleg bjørkeskog, ikkje for langt frå veg. På Hustveit er det område som er nemnt som «Taklia». Her har det nok vore tatt never tidlegare, men i dag er ikkje bjørka stor nok, og ho ligg tungvindt til for framkøyring. Andre stader på Hustveit er dei aktuelle område vanskeleg tilgjengelege.

Informantane sökte etter gamal, grov bjørk, med longe, rette, kvistfrie stammar, gjerne noen hundre meter over hav-



Sigurd Birkeland med neverbør. Legg merke til bjørkekisten han har lagt under reipet for at det ikkje skal skada nevera.



Nevra vart lagt i farg for å rettast ut. Seinare vart ho farga om for lagring.

flaten for å få dei seinvokste trea. Slik bjørkeskog fann me i Nordstøldalen i Saudasjøen og i Slettedalen ovanom Hellandsbygd.

Det gamle var at ein tok never, eller tak som ein seier lokalt, rundt Jonsok, før ein starta med slåtten. Ein gjekk og prøvetok rundt dei tider, og sette i gong når treet svadde, dvs. når sevja hadde gått opp i treet mellom borken og veden, og var kome ned att mellom borken og nevera. Då kan ein riva ein 14 dagars tid. Tidspunktet for dette varierte etter korleis veret hadde vore siste vinteren og våren. Erfaringane våre er at Jonsok er alt for

tidleg. Dei gongene me har rive never, anten det no er i Suldal eller Sauda, så har det klamma best i andre veka av juli.

Me starta neverrivinga i Nordstøldalen 12.juli 2004, hjå Lars Reidar Fosstveit, og reiv i 3 dagar. Resultatet var rundt 700 kg. I 2005 vart det gjort prøveriving 28.juni. Det var alt for tidleg. 4.juli gjorde me forsøk på å starta. Etter to dagar fann me det best å utsette rivinga ei veke. 12.juli var me i Nordstøldalen att og heldt fram med å riva på dei trea me hadde gått i frå veka før. 13. og 14.juli reiv me never i Slettedalen, hjå Ivar Johannes Handeland.

I eit felt med bjørkeskog, kan det vera stor forskjell på kor lett nevra slepp. Ein ser det ikkje utanpå.

Ein brukar kniv når ein skjer, gjerne ein med eit litt stort blad. Ein slaktekniv med tynt, sterkt blad, vart anbefalt. Dei gamle brukte gjerne ljåblad til å skjera med. Ein held bladet noe på skrå når ein skjær. Går det tregt, må ein hjelpe til med kniven og lirka. Svar det godt, er det berre å følgja nevra rundt med nevane. Eit neverflak er godt når det er rundt 30 x 30 cm. Store flak er bra. Desse legg ein til side for å ha til mønet. Det er om å gjera å ikkje ha hol i nevra, eller skålropar. Når ein startar på eit tre, syter ein difor for å skjæra oppå krydelen, og dersom det er kvist skjer ein så kvisten kjem i kanten av nevra.

Tjukknaden på nevra skil seg også frå tre til tre. Dei glatte, fine stammene har oftast tynn never, men den grove, som er noe tyngre å jobba med, kan ha never så tjukk som oksehud. Denne finn ein gjerne på dei store trea med grå, ru never.

Nevra vart samla saman ganske raskt, og bore i børar fram til vegen der ho vart lagt i farg på europallar. Ho vart då lagt med innsida ned i eit overlappingssystem for å rettast ut. Her var det viktig å halda jamne kantar, og stiga jamt, elles ville nevra krølla seg i kantane. Då må det kappast av før legging, og det blir svinn. Farga vart strama saman med reimer og frakta til Hustveit. Etter ei veke der, vart nevra farga om, dvs, snudd. Farga vart så lagt i press med steinar oppå. Slik burde det ha låge minst eit år. Til saman vart det rive om lag 2 tonn never.

Informantar og deltakarar på nevertaking: Gro Voldner Birkeland, Sigurd Birkeland, Nils N. Fisketjønn, Tommy Gangnes, Anita Helmikstøl, Jan Gunnar Helmikstøl, Grete Holmboe, Olav Honganvik, Ola Hustveit, Roy Høibo, Kjell Johnsen, Jan Erik Kalstveit, Ellen Kalvig, Nils Leirflått, Ola Loland, Johan Peder Moe, Lars Moe, Torgeir Molla, Anne Margrethe Myhre, Randy Riecke, Anne Sandnes, Birger Sandvik, Mari Smørgrav, Ragnvald Tveit, Erik Walter Vold, Bjarne Østebø, Leiv Magne Østebø.

TORV TIL TOKA

Det rette ville vore å skjera torv på Hustveit. Ola Hustveit hugsar dei henta torv inne på myrane, innanfor Kvednafossen. Der var torva passe tørr og feit. Den gongen brukte dei hest. Myrane er ikkje tilgjengeleg med noen form for køyretrøy, og var difor ikkje aktuell for oss.

På førehand var Kjell Johnsen og Bjarne Østebø rundt på Jonegarden for å finna høveleg torv. Resultatet frå det var at det var for grunt til å skjera, for lite og for blautt.

Leiv Magne Østebø var med oss ut og rekognoserte alternative stadar for skjering av torv, på Ås og på Selland etter råd frå jordbruksjefen i Sauda. På Ås viste det seg at den staden som kunne vore aktuell var dyrka mark som grunneigaren ikkje ville avsjå, og på myrane på Selland var det alt for blautt.

Leiv Magne hadde heile tida moane innerst i Slettedalen i tankane. Han var ute etter ei tørr, mineralhaldig torv, med finnegras. Dette finnegraset har lange, gode røter som bind torva. Dette fann han på Indstjordet i Slettedalen, hjå Kjell Magne Årtun. Her er det rikelege moar, der det har vore tatt ut torv til 2–3 andre bygninga i seinare tid utan at det merkast. Moen er lett tilgjengeleg for biltransport og tilgong med traktor.

Staden innerst i Slettedalen, om lag 500 moh, utmerka seg med den beste torva. Torva vart skoren med eit torv-skjer i eige av, og laga av, Edvin Halsnes frå Saudasjøen. Skjeret var festa til trepunktstfeste på traktoren med ein stålkonstruksjon



På Indstjordet i Slettedalen fann me rette torva og flotte forhold for torvtaking.



Torvtaking med traktor og torv-skjer letta arbeidet. Torva vart kappa med spade i passe stykker.



Bernd Elmies med rette typen torv, tørr, mineralhaldig torv med finnegras.



Torva vart lagt på pallar for transport til Hustveit.



Eit godt arbeidslag brukte snaut 10 timer på å henta torv til drøyt 200 m²

lag på pallen. Dermed vart det om lag 5 m² pr palle. Pallane vart innpakka med pakkeplast både for å halde saman torva, og for å dekke den til mot væte.

Eit effektivt arbeidslag brukte dagen godt, og starta arbeidet om lag kl. 09.30 inne på moen. Det skulle skjerast om lag 200 m² torv, og når arbeidet vart avslutta klokka 18.00 var 40 pallar med torv lødde med om lag 5 m² på pallen. Det vil seie at me fekk den torva me trøng til føremålet.

Torva i Slettedalen var av særskilt god kvalitet, fast og fin, og revna ikkje under arbeidet. I følgje Leiv Magne kunne dei ofte finne den beste torva der det vaks mykje finngras, eller bjødnaskjegg, som han kallar det. Denne laga eit godt rotssystem i torva, og sørja for å binda saman. Det var også noko grovare masse i torva, og ulik mold under. Det var ulik tyngde på torva alt etter kva torv/mold som var under. Dette kunne variere mykje på berre få meters avstand.

Arbeidslaget på torvmyra var: Bernd Elmies, Grete Holmboe, Kjell Johnsen, Jan Halvard Møgedal på traktor, Erik Walter Vold og Leiv Magne Østebø.

TEKKA TOKE MED TAK

I Ryfylkedialekten seier ein tak for never, toke for tak. Då blir det slik at ein «tekker toke med tak». Når det skulle leggast tak før i tida, vart det kalla inn til tokedugnad. Det var faste grensalag i bygda som samarbeidde om store oppgåver. Det skulle då vera så mange mann oppå taket at ein kunne nå i ein annan, og helst skulle det vera mannskap nok så ein kunne legga frå begge sider av taket for å få jamn vekt. Det var bruk for mange hender både på taket og på bakken. Bare dei beste og mest erfarne fekk vera på taket. Også taktekking er veravhengig. Viss sola skin, krøller nevra seg. Viss det bles, fer ho av. Og viss det regnar, trør ein ho sund.

Det vart kalla inn til tokedugnad på Joneløa siste veka i august. Me var heldige og fekk med oss fleire av informantane og deltararane frå nevertakinga, i tillegg til andre interesserte. Arbeidet gjekk over tre dagar, med 10–15 personar i arbeid kvar dag. Me kunne godt ha vore fleire. Veret var ikkje det beste, men me valde å setta i gong arbeidet.

Til hjelp i tekkinga var det sett opp stillas langs heile upsa på begge sider av løa, og på aust-gavlens. Pallane med torv vart frakta av Aarthun Transport frå Slettedalen til Hustveit. Me nyttar oss av kranbilen til å løfta pallane med torv og gavlsteinar opp på stillaset. Enkelte pallar vart løfta heilt opp på taket der torva vart lempa direkte av.

Mannskapet vart fordelt slik at det var 4–5 personar på bakken som sorterte og kappa never, 5–6 personar var på taket, og 2–3 personar langa never, torv og anna både på bakken og på toka. Me sørja for at det var tradisjonsberarar med på arbeidslaga for å sikra kvaliteten og kunnskapsoverføringa.

På førehand hadde me lagt tro på løa. Mest mogleg av det gamle troet vart nytt oppatt. Det vart komplettert med nye

flaskskorne furubord frå Ole Ragnar Helland. Troa vart lagt liggande med rundt ein tomme mellomrom, og festa til sperra med spiker. Windskeiene vart festa i den ytterste sperra, og stakk eit par tommar opp over troa. Det vart lagt ei lita list oppå troa inntil windskeia for å gjera knekken mindre for å hindra skade på nevra.

Torvhaldkrokane er av brake som er henta i skogen hjå Ole Ragnar Helland i Sandsbygda. Emna er henta frå gamle buskar der greinene bender nedover. Dette for å få dei heile fibrane i kroken opp mot torvhaldtreet. Torvhaldkrokane vart lagt oppå troet, over sperra med rotenden opp, og festa i sperra med skipspiker. Under krokane vart det lagt eit lag med never med utsida ned mot troa.

Torvhaldtreet er av adla furu, 4"x 4", skråskoren i endane for skyting. Torvhaldtreet er øksa til for å ligga godt ned på kokane. Vekta av torva held det heile på plass.

Nevra vart tatt ut or farga, og sortert etter storleik og kvalitet. Det er best å leggje nevra med jamnstore flak, om lag 30 x 30 cm. Når ein sorterer ser ein etter hol, «skåler» i nevra, og andre därlege parti, og kappar av dei därlege partia. Også krøllen i endane må kappast bort. Om den eine enden har ein liten krøll går godt, då denne høver seg godt å leggje ned mellom troa som feste. Ein kappar berre bort det därlege; er der ein flik på flaket med god never, forlenger denne berre overlappinga.



Ola Hustveit, Torgeir Molla og Olav Honganvik tok jobben med å sortera og kappa never.

Den største og finaste nevra, skjerdingsnever eller mørnenever, vart lagt til sides og brukt når ein kom opp til møne. Never som vart lagt til sides vart lagt i press for å unngå at den krølla seg.

Me starta å tekke frå upsa og oppover mot møne. Nevra under torvhaldkrokane vart lagt med utsida ned mot troa. Det første laget vart lagt med utsida opp, medan det andre laget med utsida ned for å hindre at nevra krølla seg ned over upsa og førté vatn inn på sperre-endane. For at dette skulle bli skikkeleg, var det viktig å legge desse to laga nøyaktig kant-i-kant i enden på upsa. Det same vart gjort på gavlane.

Nevra vart lagt side om side i breidda, ikkje overlappande.



Me starta nevertekkinga med å legga never under torvhaldkrokane og torvhaldtree. Never og torv vart lagt etter kvart som arbeidet steig oppover.

Neste rast vart lagt med overlapp. På upsa og i gavlane vart nevra lagt med om lag 2" utstikk.

Det er vanleg å skjere eit hakk i nevra som vert lagt over torvhaldkrokene. På Jonegarden vart dette gjort på ulikt sett. Nokon stader vart hakket skore slik at fliken i hakket kom opp på torvhaldtree, andre stader kom den opp på torvhaldkroken, mens enkelte stader på taket vart det ikkje gjort i det heile. Dei ulike tradisjonsberarane hadde ulike måtar å gjera dette på.

Moldverja vart berre til ei viss grad nyttå på toka på Jonegarden. Leiv Magne Østebø la kapp av never inntil torvhaldtree som moldverje på den sør-vestre delen av taket.



Leiv Magne Østebø passa på at gavlasteinen vart liggende støtt.

Arbeidslaget arbeidde seg gradvis oppover taket, og det vart etter kvart lagt torv på nevra slik at den heldt seg på plass. Torva vart lagt med busten ned. Gunnar Ås på nabogarden var klar på det. Då får ein den jamne sida godt ned mot nevra, medan den ujamne tjuknaden kunne jamnast ut etterpå. Erfaringa frå dette er at torva skulle vore skava av før ho kom på taket, noe Leiv Magne Østebø hadde vore svært opptatt av.

Det vart lagt ei ramme eller grime av 2" x 4" furuplank oppå nevra for å halde torva betre på plass. Denne vart lagt om lag 2 meter over torvhaldreet med «stendarar» frå torvhaldreet og opp i ramma. Stendarane vart spikra fast i torvhaldreet. Taket på Joneløa er bratt og stort. Ei slik grime vart lagt for å halda på torva til ho får festa seg.

Rama vart lagt rett ned på nevra. Leiv Magne og Bjarne Østebø hevda at ein burde legga klossar under den horisontale delen av rama for å sleppa vatnet ned. Elles ville jordmassen legga seg i gipa og demma opp for vatnet som så ville fara under nevra. Frå dag 2 vart det lagt klossar under. På dag 3, etter at det hadde regna ein del, vart det oppdaga lekkasje om lag ved den horisontale delen av første rama. Lekkasjen er no tetta, og det er kilt klossar under også her.

Opp mot mønet vart nevra lagt opp frå begge sider. På mønet vart det lagt skjervingsnever med ei gradvis overlapping i lengderetninga slik at ein til slutt fekk stor never som gjekk like mykje over mønet på kvar side av taket.

På gavlane vart det lagt gavlastein som var henta i Slettedalen og også nokre frå området ved Kvednafossen på Hustveit. Gavlasteinen vart lagt oppå nevra, og følgde legginga av never og torv opp over taket. Den breie og tyngste steinen vart lagt nedst på taket. Gavlasteinen må vera ganske brei slik at den ligg stødig og ikkje forskyv seg. Smale, avlange steinar legg ein på tvers av gavlen. Om ikkje steinane passa heilt saman, vart det putta torvbitar eller steinfliser i mellom.

Me hadde sett av tre dagar til tokedugnaden. Då tredje dagen var slutt, var det ikkje att meir never, anna enn eit farg med god skjervingsnever. Til saman vart det lagt never og torv over 18 sperrepar, og på heile upså på begge sider av taket. Det vil sei at det står att om lag $\frac{1}{4}$ av taket som må tekkast ved neste høve.

Me hadde 22 europallar med never då me starta arbeidet, og 40 europallar torv, med om lag 5 lag torv på pallen. Kvar palle med never vog om lag 100 kilo, mens ein palle torv vog rundt 650 kilo. Me har torv nok til å legga resten av taket, men må ha meir never.



Taket er stort og bratt. Det vart difor lagt ramer for å halda torva på plass.



Sigurd Birkeland og Kjell Johnsen legg store skjervingsnever med god overlapping over mønet.

Meininga har vore å gå over heile taket for å jamna ut torva og så i med naturleg engfrø. Etter taktekkinga har det ikkje vore samanhengande tørkever så lenge at torva har tørka opp. Dette arbeidet må difor utsettast til neste år. Då får me håpe at vergudane er med oss så me får revet resten av nevra som trengst til å legga resten av taket på løa.

Arbeidslaget på tokedugnaden: Gro Voldner Birkeland, Sigurd Birkeland, Trygve Brandal, Bernd Elmies, Ole Fritdjof Grude, Jan Gunnar Helmikstøl, Terjer Hidle, Olav Honganvik, Grete Holmboe, Ola Hustveit, Roy Høibo, Johan Hägglund,

Kjell Johnsen, Olav Maldal, Tore Moe, Torgeir Molla, Randy Riecke, Bjørn Sandvik, Erik Walter Vold, Leiv Magne Østebø, Bjarne Østebø, Anna Østrem, Tone Årtun

LAFTA FJOSKASSE MED SINKNOV MED TAPP

Det står att noe arbeid før løa kan takast i bruk. For å få låvegolvet ferdig, må me ha ein fjoslem. For å få lagt fjoslem, må me ha ein fjoskasse.

På bakgrunn av oppmålingar og intervju med Ola Hustveit, er det meininga å rekonstruera fjoset. Som nemnt var fjoset på Jonegarden lafta med sinklaft. Det er ein lafteform som vart

kjent i Ryfylke rundt midten av 1800-talet, og vart nytta til den lafta planken tok over rundt 1900-talet. Som med så mykje anna, vart det gamle overlappa av det nye. Såleis er det ennå noen få informantar i Sauda og Suldal som kan fortelja korleis dei gjorde. Denne kunnskapen ønsker me å få tak i, og me vil bruka fjoskassen til dokumentasjonsobjekt. Laftetømmeret er under produksjon, og sjølve laftinga vil gå føre seg vinteren 2005/2006.

Me håper flest mogleg grip sjansen og vil vera med og syta for at ikkje denne teknikken dør ut.



Med Tysselandsløa på Jonegarden har det lukkast å få på plass att ein viktig bygning for opplevelinga av kulturlandskapet.

ERFARINGANE

Flyttinga av Tysselandsløa til Jonegarden var eit stort og dristig prosjekt som har kravd store ressursar frå museet. Det var eit objekt som gav oss høve til å auka kompetansen på viktige museale oppgåver som registrering, oppmåling og merking for flytting. Vidare var det eit dokumentasjonsobjekt i Sauda, der me ikkje hadde gjort slikt arbeid tidlegare. Det gav oss høve til å henta ut ny kunnskap hjå nye, lokale tradisjonsberarar om stavkonstruksjonen og tekking av tak med never og torv. Ved å lya ut kurs i faga fekk me vidareført kunnskapen til handverkarar og eigaraar av gamle hus spesielt for denne regionen, og formidla noen haldningar om bygningsvern. Sjølv sit me att med mykje ny kunnskap og mykje nytig erfaring. Me har fått fram tradisjonsberarar som me har hatt stor nytte av så langt, og som har mykje meir å fara med ved seinare høve.

Denne måten å jobba på er i tråd med Staten sine føringar for løyingar til musea. Dette gav oss midlar som har kome vel med i arbeidet. Så er det heilt klart at metoden også har gitt oss fleire hender til å få realisert gjenreisinga av løa på Jonegarden. Det er me veldig glade for.

Me ser likevel at som kursobjekt har nok løa vore i største laget. Det har vore vanskeleg å halda arbeidslaget samla rundt informantane, og prosjektet blir stort og tungt både fysisk og økonomisk. Metoden for kunnskapsoppbygging vil me halda fram med. Men neste gong skal det bli på eit mindre bygg. Kan hende er det då rekonstruksjon av eldhuset som står for tur?

TYSSELANDSLØA PÅ JONEGARDEN OG KVA HO SKAL BRUKAST TIL

Løa frå Tysseland har no fått eit nytt liv på Jonegarden, og er med på å gi eit bilde av ein typisk Ryfylkegard og på det livet som er levd på Jonegarden. Museet sitt mål er å rekonstruera løa så godt som mogleg, og innreia ho med det inventaret som høyrer naturleg til. Samtidig har ein eit behov for å fortelja om

det flotte kulturlandskapet garden ligg i, og korleis folka på garden har nytta ressursane i samsvar med naturen. Løreromma er store, så tanken er å laga utstillingar om dette, og ei utstilling om byggesikken, med vekt på bruken av tre. Det vil heretter vera mogleg å skipa til arrangement på Jonegarden utan å måtte tenka på veret.

Låvedøra vil stå open. Såleis har ein endeleg fått ein stad kor turgårar på Hustveit kan søka ly, samtidig som museet får formidla bodskapen om Hustveit.

Grete Holmboe (56) er tilsett som antikvar og leiar av bygningsavdelinga ved Ryfylkemuseet. Ho har hatt ansvaret for flyttinga av Tysselandsløa.

KJELDER

Litteratur:

Ernst Berge Drange, Sand, gardar og folk I, Suldal kommune 1997.

Helge Schjelderup og Ola Storslette, Grindbygde hus i Vest-Norge, NIKU temahefte 030: 1–128, 1999.

SkogeierNytt, 4.2002. Stefan Ørbom. Bjørkenever – gjenoppdaget som ressurs.

Informantar:

Sigurd Birkeland, Sauda, Olav Honganvik, Sauda, Ola Hustveit, Sauda, Olav Maldal, Sauda, Ola Marvik, Tysseland, Sand, Torgeir Molla, Sauda, Bjørn Sandvik, Erfjord i Suldal, Ragnvald Tveit, Hamrabø/Sauda, Bjarne Østebø og Leiv Magne Østebø, Rørvikhagjen, Sand, Gunnar Aas, Sand

Anna materiale:

Eigne oppmålingsteikningar, foto, notat og registreringar i høve flyttinga.

Dei handskrivne songbøkene

Av Ruth Anne Moen

I Hustveit-arkivet ligg 7 handskrivne songbøker. I tillegg er der ein del lause handskrivne ark med viser og dikt. Olaf har eigmelding i bøkene, dei andre tilhøyrte Arna Maria. Kva for viser og dikt har dei skrive ned?

Olaf si bok, som ikkje er fullteikna, er datert 1923–1937. Arna Maria sine bøker er frå perioden 1923–1949, med eit langt opphold i perioden 1930–1943. Visene på dei lause arka er skrivne ned av Ludvik, Olaf, Jone (ein song) og Arna Maria. Eit par tekstar har dei og fått av andre. Desse nedteikningane er frå perioden 1919–1946.

Det var ikkje uvanleg at folk hadde handskrivne songbøker før. Det var tida før ein kunne gå i nærmeste bokhandel og kjøpe songbøker av ymse slag. Mange av dei som er fødde på slutten av 1800-talet og tidleg på 1900-talet hadde slike. Så kva viser finn vi i desse bøkene?

Det er gjerne viser som var populære i tida, viser som gjekk på munnleg vandring og som ungdomen utveksla når dei møttest. Det kunne og vere eldre søsken eller ei tenestejente på garden som var kjelder. Vi finn mykje viser av det slaget ein gjerne kallar skillingsviser – opphavleg namnet på viser som blei selde som skillingstrykk. Ulukkeleg kjærleik har vore eit populært tema. I tillegg finn vi nokre lokalt dikta viser, gjerne humoristiske, og kanskje nokre stev. Karane kunne og lære viser ute på arbeid, det er ofte sluskeviser eller sjømannsviser og sjølv sagt kjærleiksviser. Ein og annan åndeleg song finn og vegen til visebøkene. Slike bøker liknar altså ein del på kvarandre.

Eg har teke eit dykk i lydarkivet til Folkemusikkarkivet for å sjå kva viser eldre saudabuar har sungne inn. Eg finn ein god del kjærleiksviser. Eg finn og nokre humoristiske viser, emigrantviser og rallarviser, dessutan religiøse songar og salmar. Dei som syng stev viser seg å ha vakse opp i Suldal. Det tydar ikkje at stevforma har vore ukjend i Sauda, berre at innsamlarane ikkje treftre på folk som song stev.

Kven kan Hustveit-ungdomane ha bytta viser med? Ein del av songane og dikta kan dei ha funne i bøker. Kan dei og ha skrive nokre tekstar sjølv?

La oss sjå nærmare på tekstane. Blant dei lause arka finn vi denne visa som har vore kjend blant fleire i Sauda. Her er første verset:

*Min far han heiter Eivind, men sjølv eg heiter Svein,
min mor ho heiter Steinvor, eg er ein tenestedreng.
Det gjeng 'kje lenger an
aa ganga so aaleine, eg lyt sjaa til bli mann.*

I Folkemusikkarkivet har vi opptak med både Olav Fagerheim og Ludvig Saua som syng denne visa på kvar sin melodi. Kva for ein dei har kjent på Hustveit er ikkje så godt å seie.

Av andre meir kjende viser vi finn blant lausarka er visa «Lengsel o lengsel» der jenta syng om kjærasten som er ute på havet. I lydarkivet finn vi visa m.a. i opptak med Jacob Mollatveit. På eit av arka er nedteikna visa «Alperosen», med følgjande underskrift: «Minde fra en glad kompiss. 28/9 1926»

Så kjem ei meir lokal vise kalla «Emigrant-friarvisa». Visa startar slik: «I Saudebygdi paa ein liten gard ...». Under visa står følgjande: «Torsdag den 16 januar i 1919. Johne Hustveit. Sauda». Det ser ut til at dette er einaste visa Jone har skrive ned. På eit anna ark finn vi og ei lokal vise, dikta i nystevform. Denne visa er skrive ned på riksmalet. Under visa står «Hustveit. Den 15-2-26.»:

*Det som jeg her nu vil fortælle
det hendte inde blant Saudas fjelde,
en veiarbeider forelsket blev
i en kjøbmandsdatter som bodde der.*

*Det er en snild og en yndig pige,
det maa vi alle for sandhet sige,
og derfor fikk han og hende kjær
og ofte kom i besøk ind der.*

Kven har dikta desse visene? Visa «I Saudebygdi paa ein liten gard» finn vi att i songboka til Olaf. Visa har 9 vers og under står «sundag den 9. desember 1923». Dette er første visa han har skrive inn. Olaf er då 18 år gammal. Vi finn og denne visa i Arna Maria si songbok. Ho har skrive inn visa 13.februar 1928. Og under visa står følgjande: «Dikta av Marta Hustveit». Her kjem heile visa:

*I Saudabygdi på ein liten gard,
der bur eit bråtale bausa par.
Ein son åleine, det hev dei heime,
og han er knuppen til mor og far
∴ Han drog i vester 6 –7 år tid
og samla dollarar i buddevis. ∴:*

*Då han var burte, var tungsam lagnad,
dei fekk han heimatt, det vart vel fagnad.
Og ordet so ikring bygdi går:
No er han heim komen knuppen vår.*

*Foreldri vona, ja ogso venta
at no han fann seg ei gasta gjenta.
Og knuppen sjølv drog på friarveg,
og tenkte: Mange vil hava meg.*

*Men skulde nokon ha høyrt so gale,
dei snåle gjentone var kje fale,
kva hjelper pengar i budder då,
når dei på dollarne ei vil sjå.*

*Nei, guitar det er no slutt med den tid,
då pengane åtte heile makti.
Og den som no vil i veg å fri,
han må kje lita på budda si.*

*Ja, fyrr i tidi so mangt seg hende,
på hundrade år alt so mangt seg vendre.
Er guten kjækkt nok og dertil tru,
so fær han gjenta som segjer sju.*

Dette er vel truleg ei sann historie. Har han vore på friing til Marta, tru? Frå biletet kan vi sjå at ho var ei vakker jente.

Det er ei anna vise vi finn både i boka til Olaf og i ei av bøkene til Arna Maria. Denne visa er og underteknna «Dikta av Marta Hustveit». Visa er av ein heilt annan karakter, ei lovprising av den vakre naturen i fjellet om våren. Her er eit par vers frå visa:

*Naar soli skin so fagert i denne morgon stund
Og sunnanvinden susar so longt i grønalund.*

*Songfuglarne dei stemmer no i ein frydesong
Dei syng um vaar i Noreg denn heile dag so long.*



Marta

Marta døydde av tuberkulose i 1920. Ho er den første av søskena som dør. I 1924 er og Johannes og Inge borte. Det kan vere tilfeldig at Olaf skriv inn følgjande stev rett etter songen til Marta. Det er skrive inn same dagen. Vi finn og stevent i ei av bøkene til Arna Maria:

*Og tida kann einsemi slik meg tyngja
Eg gløymer baade aa læ og syngja.
Og fjellet gjer meg so mild og mjuk
At hugen stundom vert saar og sjuk.*

Olaf har datert og underteikna alle visene sine, som regel berre med namn, men under nokre av dei står det høgtideleg «vyrdsemd Olaf Hustveit». Det gjeld t.d. visa han har kalla «Vaar song», det er 7 vers, dikta i nystev form, skrive inn 21.1.24. Her er eit utdrag:

*No er her vaaren, no er her gaman,
no gjele gaukjien i grøne dala;
no er her vaaren, no er her sol
no er her gama aa ver i nor.*

*No blømer raunen, no laver hegjen,
no surrar humla, no bite' kleggjen;
aa guten set upp i grøna lid
aa stiller strengjenn paa fela si.*

*Og gjenta sprang ned yver bakkan vene;
for ho saag kræturi tok til skjena.
Aa bytta skramla og gjenta kvo;
daa saag ho kjyrne i vatni sto.*

*Fyrst vaaren kjeme daa aukar lenkten,
de er som sprengde paa døri stengde;
Aa ha eg berre kunne sungje ut,
so hadde eg sluppe baade sorg og sut.*

Er dette vandrestev som fleire av ungdomane kunne? Kan han ha funne dei i ei bok? Vi finn dei same steva i ein av songbøkene til Arna Maria. Ho kan sjølvsagt ha skrive dei av frå broren si songbok, han var 4 år eldre. «Den 7.11.25» står det under. Ho er då 16 år gammal og Olaf 20.

I boka til Olaf finn vi og ei vise om ei mislukka friing:

*No hev eg fria aust og vest
men avslag fekk eg no fulla,
av alle dei som eg lika best
Aa hei so dundrande dulla!*

*Ja unge og gamle og sot og sær
er same arta og ulla
Eg same svar av alle fekk
Aa hei so dundrande dulla.*

*Men no skal pakket faa fred for meg,
aa ja det skal dei nok fulla.
For aldri gjeng eg meir paa friarveg
So hei og dundrande dulla.*



Olaf

Sjølvopplevd? Etter visa har han skrive inn eit lite stev, underteikna «Vyrdsem Olaf Hustveit»:

*Naa lur eg høyrer fraa fjell og finne
Daa vermes bringa, daa letnar sinnet.
Naar liljing ljomar fraa sætervang,
Eg var tilfreds att, til fjells eg sprang!*

Det at vi finn såpass mange viser og einskildvers i nystevform kan tyde på at dei kjende i alle fall minst ein stektone på Hustveit. Steva har og ofte tittelen «Song!». Det var nok mange som framleis song stev på den tida, og vi må rekne med at Arna Maria og Olaf kan ha lært av dei som var litt eldre. Nedanføre ein stektone etter Åsmund Tveitane frå Suldal. Bror til Åsmund, Samuel, busette seg i Sauda. Han var fødd i 1889.



Stektokstane skil seg ein del frå dei vi gjerne finn i andre handskrivne songbøker frå same tida. Medan dei fleste av desse er humoristiske, er tekstane vi finn hos Arna Maria og Olaf meir lyriske naturskildringar eller filosofiske og til dels alsvorstunge kommentarar til livet. Interessant er det at Olaf og han skrive inn eit lite vers i gammelstevform, ei eldre stevform, også her med «Song» som tittel:

*Naar soli sig bakum aasen
og naturi tek til blunda
Kom du mi gjenta, og fylgjast med
upp i dei grøne lundar.*

27.2.24 har han skrive inn ei vise om presten Lars Oftedal. Visa startar slik:

*Da Oftedal han hørte vad biskopen han skrev,
han klæd i sekk og aske sin kappe sørderrev*

Ved sida av «moroviser» som han gjerne kalla dei, finn vi alvorsame viser og dikt som t.d. dette:

*Von er varmen mot felen kald ei sæla fraa sol i sky
Von er gjeva seg Gud i vald og venta paa dagen ny*

På eit av lausarka har Olaf skrive ned ei vise som lovpriser fjellet. Ho startar slik:

*Som ein helgadag med vin(d) og solmett luft
reiser fjellet seg or kvardagsläge tuft,
og det lyfter seg frå dagens ståk og sveim
med ein ljoske frå ein ny og høgre heim.*

På eit anna ark har han skrive ned ei vise om korleis alt var betre før. Visa er skrive ned 4.1.25:

*Alt dette nye som no kjeme paa
det svekkjer vaart folk og vaart land,
for stort skal dei liva og fint skal dei gaa
um ikkje dei eiga det grand.
Bonden er storkar no i mot fyrr,
lepjar paa tevatn, kaka og smyr,
bukkar og skrapar paa storfolkavis
fornæme og kalde som is.*

I lausarksamlinga finn vi og eit par rallarviser, m.a. visa om Ofotbanen og den kjende kjærleiksvisa «Jeg går i tusind tanker», her i ein meir dialektpregta versjon. Olaf har skrive ned visa 27.3.24. Siste vers manglar to liner:

*Eg gjeng i tusund tankar, eg elskar den eg ei kann faa
mens ho i gleda vankar eg einsam syrja maa,
denn sorg som eg mitt hjarta ber for deg min venn saa
kjær,
eg trur det er falske meneskje som aarsaki det er.*

Dinn far han kann vel seija at eg er ut av for laage stand,
for ikkje har eg pengar ei helder noka ant,
men ein kann vera likso go ein fatig som ein rik
for gjifta seg for pengarne er stort bedrageri.

Nei eg vil bu i øydemark og der (vil eg) mitt telt upp slaa
for kvart eit ord eg ropar eg svar fraa skogen faa.



Ludvik

Ludvik har skrive ned ei friarvise som startar slik. Han skriv elles at «det feilar første vers av denne visa.»:

*Men um eg endaa fann ei som var so passe stor
so veit eg etter gamalt eg faatt 'kje fram eit ord
Naar beda ho eg skulde, ja um aa verta mi
ho maatte difor sjølve vera den som skulde fri
Og attaat trur eg maatte ho plent vera ei av dei
som verka soleis paa meg at eg ikkje svara nei.*

På ein annan lapp har han skrive ned diktet «Mannalivet» av Helge Nesheim.

Den 29.1.25 har Olaf skrive ned følgjande vers som vi finn i mappa med lausark:

*Naar lagnaden fer harast fram og trøyter reint deg ut,
so legg deg til aa saava trygt med hjarta fritt for sut.
For med du let att auga ditt, som naa er saart og vaat,
kann Gud snu all din hugverk um til fegenskap og laatt.*

Same diktet finn vi att i ei av bokene til Arna Maria. Olaf har også skrive ned følgjande vers i nystevform:

*Når veneflokken sitt andlet gøymer
og kalle gufsar i mot deg strøymer,
når sut i hugen vil smjuga inn,
då hugs d'er ein som er vennen din.*

Og vidare:

*Ein uvyrden mund
sår ugraset tjukt i den grornærme grunn.
Den syndige banning, det urene snakk,
som giftige kvefsar i kring seg dei stakk.
Dei sette sin brodd i det reinaste blod,
So giftmaski stod.*

Skrive ned i 1929., truleg 21.1. Kva kan ha hendt som har fått han til å skrive ned desse linene?

ARNA MARIA

Det er altså Arna Maria – etterkvert brukar ho berre Maria, som har etterlate seg flest tekstar

Mange av nedskriftene er daterte – vi kan altså sjå kva for dikt og songar ho har skrive ned i ulike periodar i livet. Her er mykje poesi og mindre av dei vanlege vandrevisene. I nokre av bøkene ligg avisutklypp av songar eller andre tekster. I ei av bøkene ligg og ein artikkel om «nedbrutte nerver». Vi finn dikt av namnkjende menn og kvinner som Aasmund O. Vinje, Henrik Ibsen, Jørgen Moe, Tore Ørjaseter, Haldis Moren Vesaas, Ivar Aasen og andre meir eller mindre kjende diktatar. Vi finn og mange tekstar utan forfattarnamn under.

Utanpå den første boka står: «Songbok for Arna Maria Hustveit» og boka er datert 16.12.23 Ho er altså berre 14 år gammal. Handskriften er sirleg. På same tida startar ho opp med ei «religiøs songbok», men her kallar ho seg berre Maria.

Det første ho skriv inn er diktet Jotunheim av A.O. Vinje. Ho held fram med fleire dikt og songar av kjende forfattarar. Så kjem eit lite dikt med overskrifta «Minne»:

*Det svandt, det svandt det blide barndomsdage.
Min roligheit min fryd med dem svandt hen.
Jeg kun erindringen har nu tilbake
Gud lad mig aldrig tabe den.*

Ikkje lenge etter dukker dei fyrste steva opp, kalla «Kjærleikssong». Desse er underteikna med følgjande initialar: M.H.S.:

*Um eg fekk hava den guten gilde,
daa glad i armod eg leva vilde.
Eg kjenner guten so traust og god,
han eig mi sjæl og mitt hjartebloed.*

*Nei gull og pengar er ikkje lukka,
for um du har dei du enn maa sukka.
Nei pengar gjer ikkje rik og varm,
men tidt so gjer dei di gleda arm.*

Siste songen er skrive inn 28 januar 1924. På permens bakerst i boka står i tillegg følgande, truleg skrive inn mykje seinare, no er handskriften tydeleg endra:

*Syng når det myrknar og voni vil minka.
So skal du atter sjå stjernone blinka.*

Under står følgjande: Diktet av Marta Hustveit.

Resten av sida er brukt til å gjenta diktet som står ovanføre: «De svandt, de svandt de blide barndomsdage». Over diktet står: «Hustveit i september 1936». Under diktet står Arna Maria Hustveit 17 oktober 1936. Etter 12 år har ho altså teke boka fram att og skrive inn akkurat dette diktet på nytt. Det er nærliggande å spørje: Kva hende i september 1936? Kan det ha noko å gjøre med at ho var mykje plaga av sjukdom? Ho hadde første sjukdoms-perioden alt i 20 års alderen, men fekk behandling og kom seg att. Kan det ha kome attende no? Eller er det noko anna?

Den neste songboka er datert 15.10.1925. På permens har ho skrive inn diktet til Marta, «Syng når det myrknar ...» Den fyrste songen i boka er i stevform og priser songen:

*Kom lat oss syngja og vera kaate,
lat harpestrengen inn i oss laate.
Det er ei kjelda i song og kvad
som gjerer saaraste hugen glad.*

Her er heile 8 vers. Under står: Maria Hustveit. Det treng ikkje tyde at det er ho som har dikta dei. Ho er framleis berre 16 år.

No handlar fleire dikt om fjellet og stølen. Ho var truleg mykje på stølen på denne tida?

*I solgull høgfjellet kviler, so drøymande storfeldt og fritt.
Det ope i mot deg smiler som fragraste draum og dikt.*

Vi finn og kjende songar som «Hu hei! kor er det vel friskt og lett uppa fjellet». Ho har dessutan skrive inn nokre «minne», slike dei gjerne skrev i minnebøkene til kvarandre før. Så held det fram med naturskildringar, stølsliv, ungdomstid, kjærleik, sakn og korleis naturen kan lege såra ein får:

*I skogen ut eg vankar naar bringa mi er saar,
for alle tunge tankar dei kverv der stilla raar.*

Denne songen finn vi og i boka til Olaf, skrive inn 8.3.24, underteikna G.U.

Dette er elles den mest innhaldsrike av bøkene til Arna Maria og er ei diktbok meir enn ei songbok. Vi finn lite eller ingenting av det vi vanlegvis finn i slike handskrivne bøker. Ho må ha hatt tilgong på ein del litteratur, for dette er ikkje slik ungdomen vanlegvis utveksla. Innimellan skriv ho dato under dikta. Det ser ut som om svært mykje er skrive inn i 1926. I løpet av denne tida endrar ho gradvis handskrift og i 1927 skriv ho meir slik ho gjer i dei seinare bøkene. Ho er no blitt 18 år. Fyrst i 1928 kjem den første «visa», nemleg visa «I Saudabygdi på ein liten gard ...», visa som er dikta av systera, Marta. Også her står det «Dikta av Marta Hustveit» under. Visa har ho skrive inn 13. februar 1928. Så følgjer «Lisabet Trutas Amerikareis», ei vise som nok var kjend av fleire på den tida. Men så kjem ho tilbake til dei meir alvorsame dikta att. Under ei av songane står «Heime den siste dagen i oktober 1928. Det er mildt og fint ver i dag. 11 varmegrader».

Her finn vi og eit vers frå ei stølsvise mange kjenner:

*Her sit eg so einsam og sturer
bak snjokledd glimande fjell.
Å visste du berre mi lengting
so kom du kvar einaste kveld.*

Dette verset kan ho godt ha lært av andre ungdomar, det var mange i Ryfylke som kunne denne visa på den tida. Frå 21. januar 1929 finn vi to viser om Roald Amundsen, den eine «dikta av ishavsfararen Hans Røynolds». Eit anna dikt startar slik:

*No kjem dei atter desse gamle minne
og kviskrar til meg um den tid som for,
og lullar meg i draum med tonar linne,
men kvar akkord vert moll i dette kor.
Den tid som fyrr var ljos som sumardagen,
men no eg einsam er, og dagen grå.
Eg stirer fåfengt etter blom i hagen,
men berre, berre visna lauv å sjå!*

Siste dateringa vi finn i boka er 31. oktober 1930. Så kjem enno nokre songar og dikt, mellom anna eit song om Kivlemøyane, før desse siste linene på permen:

*Syng med hugen ung mun brenna.
Syng med blodet livsfriskt renna;
Songen lyfter yver mein.*

Det kan sjå ut som det no kjem ein lang periode utan at ho skriv ned noko særleg. Vi veit at det var rundt 1930 ho blei sjuk fyrste gongen. Ser vi bort frå diktet ho skrev inn i 1936, er det ein pause på 13 år. Neste boka, «Songbok åt Maria Hustveit» har første diktet datert 29.10.43. I mellomtida er også Torgrim død.

Ho held no fram med songar og dikt som før. På permen står eit minnevers:

*Den som det gode kan tene i kjærleiken stille og varm
eig styrkande niste på ferda – ein dyrverdig skatt i sin
barm.*

Underteikna M.Hustveit. Dessutan finn vi eit «Godt sagt» som lyder slik:

Ulykka gjer folk større enn lykka kan gjera dem. (Duun)

I denne boka skriv ho gjerne kven forfattaren er, av og til datoen ho har skrive inn diktet eller songen. Under nokre tekstar står det berre «M.Hustveit», som t.d. dette verset:

*Når livet mot deg strøymer i glede rik og stor.
Gløym aldri Gud å takka i ljose reine ord,
for Gud han gav deg gløymsla og minneblomar blå.
Lat alle dine lengsler og sviv mot hogdi gå.*

Under eit «minne» står det Arna-Maria Hustveit. Kvifor bruker ho heile namnet akkurat her?

Minnet er slik:

*Den tyngste sorg og møda er det som ingen ser.
Den verste mein te grøda er det som inkje ter.*



Arna Maria

Eit stykke ute i boka finn vi songen «Daleheimen». Den går på tonen «Har du engang vært forlovet», står det. Underteikna «Pasient på Dale sjukehus». Skrive inn «påskeaftan den 8-4-44». Visa finst og på eit avisutklypp i ei av bøkene. Der står følgande til innleiing: «Noen av pasientene ved Dale sjukehus hadde en liten tilstelling for noen dager siden. Til denne hadde en av pasientene skrevet en sang som vi gjengir her:» Visa blei gjerne skrive i den tida ho var innlagt? Kan ho ha vore diktaren? Truleg ikkje, sidan visa er skriven på bokmål. Her er eit vers av songen:

*Daleheimen, stolt du kneiser over dalen lun og trygg
Fjellene omkring seg reiser, skjermer med sin brede rygg.
Mange ser deg som et fengsel, nødig vandrer de her inn,
Andre hilser deg med lengsel, som et håp for trette sinn.*

Under songen har ho skrive inn eit oversett sitat frå Shakespeare:

*Svevn –
Det er: Balsam for et plaget sinn,
bot for nød,
beste rett i livets festmåltid.*

Vi finn og religiøse dikt, m.a. denne sterke teksten frå Hovden:

*Eg gjeng som under toreflod og alt mitt liv må lasta.
Min Gud, min Gud, for Kristi blod du må meg ei forkasta!*

Her er elles fleire vakre dikt om hausten og diktet «Vennehand» av Haldis Moren Vesaas, der siste verset lyder slik:

*Vi lærde i mørkret å signe kvart lys som enno brenn,
og eit av lysa som skin for meg er det at du lever, venn!*

Eg merker meg og neste diktet, «Eit møte», skrive av Einar Hovdhaugen. Diktet er skrive inn 2.5.44. Her er siste verset:

*Eg vil drøyma no i kveld
at du lever likevel,
at vi møtest der ved grinda der på Bo.
Og mitt særde såre sinn
steller du og reivar inn,
og aldri gav du steinar meg, for brød.*

Nedst på sida står eit minne – også her har ho underteikna med fullt namn, Arna-Maria Hustveit:

*Elsk det reine, elsk det ljose, lat ditt blikk mot høgda stå.
Kjærleik er den vene rose som i hjarta bløma må.*

Mellan alt dette finn vi ein og annan populærerevise som t.d. «Når björkorna susa».

På permen finn vi eit «Ord for dagen», underteikna Arna Våge:

Vil du vera lukkeleg, så lev i framtida.

Tilslutt nok eit minne, underteikna «Hustveit i juli 1944. M. Hustveit.»:

*Slit deg igjenom livet utan klage,
vil gråten fram so tving du han tilbake.
Kva mengdi segjer tak du lett.
Men strid for alt som du trur er rett.*

Neste «Songbok for Maria Hustveit» er datert «den 9-4-45». Ho held altså fram med å skrive. Her startar ho optimistisk, om enn med ein sår undertone. Diktet er skrite av Nils Slettemark:

*Gå inn i gråe kvardagen med sundag i ditt sinn.
Lat aldri svarte vonløysa få tak i hugen din!*

.....

I denne boka finn vi mellom dikta salmen «Eg gjeng med englar kvar eg gjeng». Frå «Unglyden», eit ungdomsblad gitt ut på Voss, har ho henta desse versa om «Livet»:

*Ikkje eg tryglar meg fri for sakn og sorgsame tunge timer.
Den som har stunda ei natt mot dag, han best høyrer
klokkone kimar.*

*Var livet ein leik på rosor, var allting då betre tru?
Um ei det var noko å strida for, kva var då vel eg og du?*

Datoen er 10 april 1945.

Så kjem nokre dikt om ungdomstida og songen til Marta, «Når soli skin så fagert». Vi finn og dikt om stølslivet, om einsemde lengting, men og om fred og stille.

Frå «Stølshelg» av H.Straumsheim har ho henta desse versa i nystevform. Ordet «redd» er streke under:

*Ja rare tankar hev folk i dalen,
som trur at fjellet gjer vill og galen,
den store stilla i fjell og urd
ho gjer meg ofte både redd og stor.*

*Og tidt kan einsemde slik meg tyngja,
eg gløymer både å læ og syngja,
- og fjellet gjer meg so mild og mjuk
at hugen stundom vert sår og sjuk!*

Dette siste verset er det same vi finn i boka til Olaf, skrite inn i 1924 rett etter Marta si vise «Når soli skin så fagert». På permen finn vi eit dikt om venskap, her og med sakn.

Siste songboka er datert 22.1.49. Første diktet som møter oss er dette, underteikna E.S.:

*Sæle dei hender som ikkje kviler før dagen er all!
Sæle dei augo som glør og smiler når verdi er kald.*

«Å røyna livet», eit dikt av Marie Lovise Widnes startar slik:

*Å røyna livet på ranga og retta og endå til lyst å sjå
Å kava seg fram, å snåva og detta, men alltid mot målet
gå.
Å slå seg til blods mellom steinar og røter; men smila når
tårer renn
Å reisa seg opp att, å koma på føter og grøda kvart sår
om senn.*

Det held fram med dikt av kjende og mindre kjende forfattarar. Innimellan kjem nokre små vers, som t.d. dette:

*Når hjertet sitter mest beklemt
da bliver frydens harpe stemt !*



Arna Maria og Olaf

Mange av dikta i bøkene er romantiske med malande naturskildringar og sterke kjensler, som oftast på nynorsk. No kjem eit som skil seg ut både i språk og form. Diktet har ein optimistisk og lett tone og er underteikna H.M.:

*Enhver må forvalte de ting han har fått,
har man et pund må man passe det godt,
har man talent må man øve seg litt,
har man et syn må man hevde det fritt.*

*Har man en sjanse må man si «ja»,
er man litt ung må man være litt glad,
er man i tvil må man være på vakt,
føler man savn må man søke kontakt.
.....*

Det siste ho skriv inn i boka er dette:

*Det er betre å kveikja eit ljós um det er aldri så lite,
enn å setja seg ned å forbanna mørket. -*

Resten av boka er blanke ark.

Arna Maria Hustveit blei funne drukna i Stølsvatnet ein dag i 1956. Kva som hende veit vi ikkje. Ho sleit med psykiske problem heilt sidan tidleg i 20-åra. Under krigen ein gong hoppa ho ut frå vindaugelet på lemen og brakk begge beina. Etter det kom ho til behandling på Dale psykiatriske sjukhus. Haldis Rørvik (niese) fortel at Arna Maria hadde ein god og utadvendt periode etter ho kom heim att, men at ho og hadde sine «turar».

Ho vaks opp med ei psykisk sjuk mor i ei tid då slik sjukdom var ein skam. Kva gjør det med eit barn? I tillegg dør mange av søskena svært unge. Her har vore mykje sorg å bere på. At korkje Arna Maria eller andre av dei gjenlevande søskena gifte seg, kan ein jo og gjøre seg tankar om. Vi må rekne med at her har vore mykje lengting og mange einsame stunder.

Samstundes har ho altså vore sterkt opptatt av poesi. Det er vel ikkje urimeleg å tenke seg at ho har vald ut dikt med innhald ho kjende seg att i, dikt som uttrykte noko av det ho følte og kanskje ikkje sjølv klarte å sette ord på? Vi finn påfallande mange dikt om nettopp lengting, einsemd og sorg. Same tema finn vi i visdomsord og sitat ho har skrive inn. Ein snakka ikkje om psykiske lidinger på den tida. Har dikta vore som ein slags «terapi»? Har ho og brukta songen på same måten? Fleire av dikta tyder på at ho har vore glad i å synge. Dei mange dikta med sterke naturskildringar seier kanskje noko om korleis ho har søkt tilflukt i einsemda i fjellet når livet har blitt for vanskeleg. Og dei syner korleis gleda ved livet kan finnast att i denne einsemda. For her er og glede og håp.

Poesien, songen og kjærleiken til fjellet og alt som lever der – tre sterke faktorar som har halde ho oppe?

Ruth Anne Moen (55) er utdanna musikkpedagog og er tilsett ved Ryfylkemuseet som konservator ved folkemusikkarkivet.


Dei to Blankenborg-sagene

Av Arnvid Lillehammer


Gjennom fleire hundre år var Hustveit ein av dei beste skogagardane i Sauda. Det stod mykje fin fureskog i åsane her ute på vestsida av Saudafjorden. I periodar førte dette til stor aktivitet langs stranda der Hustveitvelva fossande kasta seg ut i fjorden. Frå første stund etter at Hustveit var busett att etter øydegardstida, kanskje til og med før, vart garden årvisst vitja av framande skuter. Ikke berre norske og danske, men også tyske, hollandske og skotske fartøy angra opp ved Hustveitfossen for å ta inn trelast. Hustveit var ein av dei gardane i Sauda der kombinasjon av skog og foss kom til å spela ei viktig rolle gjennom tre hundre år. Dei som budde på Hustveit vart knytt til eit stort økonomisk nettverk som nådde over det meste av Nord-Europa.

Bakgrunnen for dette var dei store endringane som gjekk føre seg i den europeiske handelen ved overgangen mellom 1400- og 1500-talet. Europeisk økonomi fekk eit nytt tyngdepunkt i nordvest med eit kraftig oppsving for byane i Frankrike og ikkje minst innan det hollandske området forutan på Dei britiske øyane. Dette oppsvinget førde til auka trond for trelast. Det vart trond for trelast til husbygging, til skipsbygging og hamnebygging, til bygging av diker, til produksjon av emballasje og til oppvarming. Og etter øydegardstida i seinmellomalderen stod det tett og kraftig skog like ned i strandkanten mange stader i Ryfylke, mellom anna i liene langs Saudafjorden. Trelast frå denne skogen kunne framande skipperar handla direkte med bøndene fram til det andre tiåret av 1700-talet.

Men like viktig var det at nett på 1500-talet vart oppgangssaga teken i bruk i Ryfylke. Når og korleis veit me ikkje med visse, men det var i det minste bygd ei oppgangssaga i Sauda seinast midt i hundreåret. Og fram mot 1600 var det komne oppgangssager i dei fleste høveleg vassdraga over det meste av Ryfylke, også på begge sider av Saudafjorden. Det stod sag i Molla elva og i Maldalselva, to – og ei kort tid tre – sager i Sønnåfossen, det var sag på Austarheim og på Fiveland, det




Frå slutten av 1500-talet vokst det fram ei stor trelastnærings i Ryfylke. Skottar og andre utlendingar (mange hollenderar) tok til å handle bord og bjelkar frå vassagene innetter fjordane. Kart som illustrerer kor tett oppgangssagene låg i det indre fjord-bassenget.



Skipperane kom frå fleire av landa kring Nordsjøen. Kart som illustrerer seglingsrutene og den relative fordelinga mellom dei.

kom sag i Sauaelva og i Svandalsfossen og Honganvikfossen – og endeleg i Hustveitvelva. Og lenger ute vart det bygd sager både i Åselva og i Tysselandselva.

Det kravde ikkje mykje kapital å setja opp ei slik sag. Det kunne mest kvar mann gjera som hadde eit høveleg fossestryk. Materialane fann ein i eigen skog. Sagbladet var det einaste ein måtte kjøpa. Etter å ha skore eit par dusin tømmerstokkar, var eit slikt sagblad truleg betalt ned. Her var det såleis forteneste å henta. Og difor var det seinast i 1606 sette opp to sager nede ved fjorden i Hustveitfossen, ei på kvar side av elva.



I Skottland var det ein sterk konsentrasjon av skipperar frå hamner kring Firth of Forth og Firth of Tay og dei nærliggande landskapa, med Crail, Anstruther, Pittenween, St. Monance, Elie, Largo, Leven, Dysart og Krikcaldy mellom dei viktigaste. Kartet illustrerer dette.

DET UNDERLEGE NAMNET

Elles i Ryfylke-fjordane fekk som oftast sagene namn etter elva dei sto ved eller garden dei låg på, slik som Sønnå-sagene, Maldal-saga, Molla-saga og Honganvik-saga. Saga i Svandals-fossen stod på Hovland grunn og fekk difor namnet Hovland-saga. Eit unntak er Kyrkjebø-saga som stod i Sauaelva like ved den gamle kyrkja på Kyrkjehaugen, men den bar også eit forståeleg namn.

Dei to sagene i Hustveitelva bar derimot eit namn som ikkje utan vidare kan knytast til garden eller elva. Dei vart frå første stund kalla indre og ytre eller første og andre Blankenborg sager. Slik er dei skrivne så tidleg som i 1606 då me første gong finn dei nemnde i kjeldene.

Men kvifor fekk desse sagene dette underlege namnet?

Det veit eg ikkje. Me kunne kanskje tenkja oss at namnet er ei forvansking av eit stadnamn Plankeberg, altså ein stad der det vart lodd opp plankar. Men dette er lite sannsynleg. Like lite sannsynleg er det vel at namnet viser til ein liten fjellskalle som glinsa i sola under regnvåret, ei blenkjande «borg». Sjølv om eg ennå ikkje har sett nokon som har gitt ei rimeleg forklaring på namnet, vil eg likevel drista meg til å føreslå ei forklaring. Namnet kan ha vore gitt av byfolk eller nokon av dei mange tilreisande som lende her og tok inn trelast. Det kan ha vore danskar eller skottar, men kanskje helst tyskarar eller hollendarar.

Namnet er altså kjent så tidleg som i 1606. Kor lenge sagene då hadde vore i bruk, veit me ikkje, men det er ingen ting i vegen for at dei kan ha vore bygde alt før garden Hustveit vart rydda på nytt etter øydegardstida. Sidan garden var ein del av jordegodset til Utstein kloster på den tida, kan futane som administrerte klostergodset sjølv ha bygd den eine eller begge sagene, eller gitt andre løyve til å setja opp sag ved elva her. Dette kan ha vore stavangerborgarar med kontaktar til dansk, tysk eller hollandsk område. Blankenborg finst som familienamn i Danmark på denne tida, og nær Lochem sør aust for Deventer i nåverande Nederland finst det ei borg som ber det same namnet. Dette kan få ein til å undrast over om den Lambert, med sitt heller uvanleg namn til å vera frå Ryfylke, og som tok over på Hustveit i 1605-06, kan ha hatt sin bakgrunn sørpå.

Men dette er førebels berre gissingar.

DEI FØRSTE KJENDE EIGARANE

Sidan Hustveit var klostergods, var det grenser for kor mykje leiglendingane som budde her kunne ta ut av skog på garden. Dei første generasjonane på Hustveit åtte heller ikkje særleg jord med skog andre stader. Difor var det stavangerborgarar

og kongelege tenestemenn som investerte i sagene ved Hustveit-fossen den første tida. Dei to sagene var altså såkalla borgar-sager eller proprietær-sager då.

Dei sparsame kjeldene me har, fortel at det var byborgaren Hallvard Olson som saman med Anniken, enka etter Jon Østensen i Stavanger som hadde den indre saga i 1610. Seinare er Anniken aleine skiven som brukar fram til 1627. Jon Østensen hadde drive det stort i trelast tidlegare, og som enke dreiv Anniken det stort vidare i fleire år etter at mannen var død.

Den ytre saga vart også driven av stavangerfolk. I åra 1610-1614 var det borgarane Jakob Sørensen og Peder Omundsen som stod for drifta. Seinast i 1619 hadde futen Anders Hansen, som var ein driftig forretningsmann ved sida av å vera kongeleg tenestemann, teke Peder Omundsns stad. Peder er i alle høve ikkje nemnt seinare. Det er derimot Kirstine, enka etter Jakob Sørensen, som må ha vore i kompaniskap med Anders Hansen. Anders slapp i fleire år å betala skatt av saga på grunn av skripearbeidet og skatteinnkrevinga som fylgte med arbeidet som fut. Han betalte berre 10alar i grunnaleige og 3 tylvter bord årleg til dei som styrde godset til Utstein kloster.

Det var vanleg ved dei fleste sagene på denne tida at det var fleire eigarar slik som her. Sidan ingen av sagene i Saudafjorden var såkalla årgangssager, men helst berre var i drift under snøsmeltinga om våren og i den nedbørsrike hausten, og det var grenser for kor mange bord kvar sag kunne skjera til eksport, fekk dei einskilde eigarane skjera i høve til kor stor part dei åtte i sagene – innanfor for eit fastsett tal skurdbord.

Den første Lambert Hustveit sjølv ser ikkje ut til å ha hatt mykje med sagene å gjera. I tollistene er han ført som eksportør av skorne bord berre ved tre høve før 1625. I 1621 selde han 15 tylvter, i 1622 10 tylvter og i 1623 igjen 15 tylvter bord til framannde skipperar. Derimot er han hyppigare nemnt i samband med sal av bjelkar og bandstakar. Noko selde han til skotske og hollandske skipperar, men det var helst tyske skipperar som kjøpte trelast av han. Men heller ikkje bjelkar og bandstakar selde han i store mengder. Det var først etterkomarane hans som sjølveigarar som kunne utnytta skogen til fulle.

DEN FØRSTE BLØMINGSTIDA – OG ØYDE-LEGGJING

Dei to-tre første tiåra av 1600-talet var ei hektisk tid ved sagene i Ryfylke. Slik var det også ved Blankenborg-sagene. Skal me tru skattelistene, vart det skore opp mot 1000 bord årleg ved den ytre saga fram mot slutten av 1620-åra. På den indre saga var skurden 1600 bord i 1606, og 1000 bord i 1610, men berre 500 bord eller mindre fram mot slutten av 1620-åra. Så var det tydeleg slutt. Skurden på dei to Blankenborg-sagene stoppa opp.

Det ser ut til at aktiviteten ved sagene over heile Ryfylke minka av i siste helvta av 1620-åra og med ein kraftig reduksjon fra 1640-åra. Dette gjekk også ut over Blankenborg-sagene. Bakgrunnen for dette er ikkje heilt klarlagt, men truleg hadde det samband med ei for hardhendt uthogging i dei føregåande tiåra, slik at den lett tilgjengelege store skogen minka kraftig av. Dette førte mellom anna til at hollendarar så godt som forsvann frå Ryfylke-fjordane, og skottane vart i nærmere eit hundreår mest einerådande mellom dei framande skipperane som handla trelast her. Dimensjonane på både bord og bjelkar vart dessutan mindre – og bjelkane rett og slett kalla skottebjelkar, og kanskje ikkje så interessante for hollendarar og andre.

Dette førte til at eigarane av den indre saga i 1627 kom til rest med grunnaleige som dei ikkje makta å betala. Og drygt eit år etter låg denne saga ganske øyde. Det gjorde også den ytre saga frå 1629 til 1634. 9. mars 1630 vart det teke opp tingsvitne på at ho då stod ubrukt. Det var ikkje skore noko på henne fordi karmane var nedbrotne og det var mangel på tømmer.

SAGENE VERT BYGDE OPP ATT – MEN FRAMLEIS PROBLEM

Etter å ha lege øyde i nærmere førti år, vart dei to Blankenborg-sagene bygde opp att ikring 1670. Dei er med i skattelistene frå 1672. Då heitte det at dei nyleg var tekne opp att til bruk av «Stavanger borgerskab». Sjølv om brukarane på Hustveit hadde kjøpt garden til sjøveiye, viste altså framleis byborgarar interesse for og fekk sleppa til med sagskurd her, sjølv om det nå var bondene som åtte grunnen. Slik kunne bondene tena pengar både på å skjera og selja bord og på grunnaleige.

Problema for sagbruka i Saudafjorden var likevel ikkje over med det. Over tid fanst det til saman ikking eit tylvt sager i

Sausokn. Ikring 1670 var det berre fire av desse att som skar såkalla kjøpmannsbord, det var bord som kunne seljast ut or bygda. To av desse fire var altså Blankenborg-sagene, som til tider var med dei mest produktive sagene i fjorden. Det fanst elles rett nok også tre-fire mindre sager i bygda, men dei skar berre til heimebruk.

Sjølv om sagene var bygde opp att, var likevel ikkje problema over. Hausten 1682 vart til dømes eigarane av Blankenborgsagene, saman med andre sageigarar, stemnde for skuld. Då kunne sagmeisteren Ola Torbjørnson fortelja at den saga han arbeidde på, ikkje hadde vore i bruk på over seks år. Ho «stod øde nogle aar», til sandsbuane Svein Skeie og Rasmus Haua fekk bruka henne for mellom anna å leiga henne bort «til huem det begierer at schierre paa». Frå då av var tydelegvis bønder inne på eigar- eller driftssida for fullt. Den andre Blankenborg-saga var det likevel framleis stavangerborgarar som dreiv.

I 1694 vart det meldt at den eine Blankenborg-saga var rotna med, og at det ikkje var skore eit einaste bord der det siste året. Den Blankenborg-saga som ennå var i drift, var likevel å rekna for den største i Sauda då. Ho hadde høve til å skjera 1000 kjøpmannsbord i året.

Klagene heldt fram inn på 1700-talet. Våren 1714 stod brukarane av den eine Blankenborg-saga, Torger Illstad, Osmund Røyrvik, Tore Hedlot, Askjell Vetrhus og Aslak Vela, fram på tinget og fortalte at saga deira «af ofuerflödig wandløb og fieldschred, blef gandsche och aldeles vdbrut och aflobet, saa den nu er gandsche øde, och iche mer her efter, formedelst mangel paa tømmer blifuer opbygt».

Her peika dei på dei to viktigaste problema sagbrukseigarane langs Saudafjorden, også dei som åtte Blankenborg-sagene, stod ovafor: flaum i elvane som kunne riva saga og anlegga i tilknyting til den med seg, og mangel på tømmer. Og igjen ser me at det nå ikkje berre var byborgarar som hadde interesse i Blankenborgsagene. Nå var bondene i grannelaget inne for fullt. At Lambert Tollevinson ikkje er nemnt medeigar her, kan tyda på at han var medeigar i den andre saga.

Fureskogen i åsane rundt Hustveit vart så pass uthoggen på denne tida at Blankenborg-sagene måtte henta tømmer frå

Suldal. Då det i 1738 skulle skipast ut 300 tylvter trelast henta i Ryfylke frå Stavanger, ytte Sauda skipreide berre 22 tylvter eller vel 7%. Berre 2 tylvter av dette kom frå Hustveitskogen. Og då amtmann Bendix Christian de Fine skrev ei skildring av Stavanger amt i 1745, fortalte han at skogane Ryfylke var helst små. Han fann likevel grunn til å nemna nokre fureskogar i Sauda - på Ytre og Indre Birkeland, på Austarheim og på Hustveit. Det var såleis framleis grunnlag for sager nede ved fjorden i Hustveitfossen.

NY BLØMINGSTID

Ikkje før midt på 1700-talet tok sagskurden seg opp att med ny styrke. Dette hadde samanheng med ny allmenn vokster i norsk og europeisk økonomi. Men vilkåra for sagbruksnæringa var då endra i høve til på 1600-talet. Frå eit drygt tiår ut på 1700-talet kunne ikkje bondene lenger handla direkte over skipsrekka med dei framande skipperane. Borgarane i Stavanger og styresmaktene elles kontrollerte sjølve handelsverksemda i større grad enn tidlegare. Bondene kunne framleis ha hand om sager og skjera dei bord dei hadde løyve til å skjera. Men salet ut or bygda skulle byborgarane ta seg av.

Frå midten av 1700-talet var etterspurnaden etter trelast så stor at det ikkje var tømmer nok heime på Hustveit til å koma denne i møte. Ei kjelde frå 1760-åra illustrerer dette til fulle. Dei to Blankenborg-sagene fekk då, ikkje uventa, ein del av tømmeret frå eigarane av garden sine skogar på Hustveit og på Tjelmeland. Men elles kom det tømmer til Blankenborg-sagene svært så langvegs frå. Det meste kom nemleg frå garadar i Suldal: frå Førland, Underbakka, Ritland, Herabakka, Steine, Sørestad, Stråpa og Bergjord i Nedre Suldal, og frå Tjordal, Tveit, Mokleiv, Våge, Gautun, Roaldkvam, Rossemøy, Haugen og Jordebrekke inne ved vatnet. Fløting på Suldalsvatnet og Lågen gjorde dette mogleg.

Framleis var det stavangerborgarar inne på eigarsida av sagene då. Men elles var nå eigarane av Hustveit, Torjus Lambertson og Johannes Omundson Tjelmeland med for fullt som interesserantar. Bondene kunne likevel ikkje gjera kva dei ville med skogen sin. Styresmaktene såg på skogen ikkje berre som ein viktig lokal ressurs, men også som ein viktig nasjonal ressurs. Dette kjem tydeleg fram i eit brev til amtmannen i Stavanger frå fogden Leche Dahl på Sandsgaard på

Nedstrand datert 18.desember 1775. Der hevda han at det var stor trøng for sagene, både for eigarane sjølv og for folk elles i bygda, mellom anna til reparasjon hus. Men han var litt bekymra for skogen, sjølv om han vona at bondene var fornufteige og ikkje tok meir ut av skogen «end samme nogenlunde kan taale» og «icke til uplikt forhugges».

Det var nemleg ikkje så få bord sagene ved Hustveitfossen hadde høve til å skjera. Det ser me av det løyvet Reinert Johannesson Tjelmeland og medeigarane hans fekk for første (det er den ytre) Blankenborg sag i 1783, stadfest av kong Kristian 7. i 1790 og tinglese i 1792. Årleg kunne dei skjera 3000 bord på saga. Tømmeret hogg dei då i skogane til Tjelmeland i Sand, Hustveit i Sauda og Tjøstheim i Suldal. Av dei 3000 borda skulle 2250 bord av 10-12 fots lengd gå til eksport. Dette var såkalla firskorne bord. Resten, 750 bord, skulle nyttast i bygda og var gjerne skorne «vandkantede og maa deraf aldeles ingen fra bygden utføres».

Den indre saga vart gjestgjevar Rasmus Laland og enkja Elen Toresdotter på Sandslandet deleigarar av på denne tida. Dei fekk i 1792 løyve til å skjera heile 4500 kjøpmannsbord og 1500 bord til bruk i bygda kvart år i ti år.

HUSTVEITBONDENE DELER SAG-GRUNNANE MELLOM SEG

Til på slutten av 1700-talet hadde grunnane der desse to sagene stod, vore felleseige for eigarane av Hustveit. På Jone-garden, hadde det site sjølveigarar sidan midten av 1600-talet. På det andre bruket sat det leiglendingar i fleire generasjoner. Eigarane av den halvedelen budde nemleg i Sand. Men i 1798 kjøpte Ola Olson frå Løland denne parten av Hustveit, og kort tid etter tok han over garden sjølv. Då kom han og den andre brukaren, Lars Torjusson, til ei semje om å skilja dei to sagtomtene ut frå felleseiga og gjera dei til sær-eige.

Dei kom til ei munnleg semje 7. januar 1799, og under eit opphold i Stavanger 17. mai same året vart semja underskriven. I semja låg det også at dersom ei av sagene av ulike grunnar kom til å bli lagt ned, skulle dei likevel dela inntektene av den som vart ståande att. Med seg til å skriva under på avtalen hadde Ola Hustveit Helmert Hylen og Ola Hovland, medan

Lars Hustveit hadde med seg Lars Indre Molla og Nils Espeland.

Lars fekk grunnen under og det som elles hørde til den såkalla første – det er den ytre - Blankenborg-saga, som han då sjølv åtte saman med Reinert Tjelmeland og kjøpmann Helmich Gabrielsen i Stavanger. Dei åtte ein tredel kvar i den saga. I 1804 kjøpte Helmich Gabrielsen ein ny seksdel og vart såleis eigar av halve saga aleine.

Ola fekk grunnen under og det som elles hørde til den såkalla andre – det er den indre - Blankenborg-saga som han åtte saman med gjestgjevaren på Sandslandet, Rasmus Laland og versonen hans Jens Alvson. I 1801 kjøpte Gabriel Schanche Kielland i Stavanger halvedelen av denne saga frå arvingane etter Rasmus Laland. Då Kielland fekk skøyte på halve saga «med tilhørende hus til bopæl for saugmesteren, samt vandfald, damstokke og videre tilliggende indretninger og rettigheder» våren 1805, gav han heile 300 rd for dette. Saga aleine vart altså sett i same verdi som ein svært god gard.

Me ser av denne avtalen at sagene, som dei hadde vore i to hundre år, framleis var i delvis partseige. I 1799 var det altså tre eigarar til kvar sag, slik at kvar eigar åtte ein tredel. Då Lars skøyte sin tredel over på sonen Torjus i 1804, vart prisen sett til 20 rd, men då Torjus måtte løysa inn nokre kreditorar ved skiftet etter første kona Siri i 1804, var prisen stege til 50 rd. Samtidig måtte han føra eit tillegg inn i folgebrevet til foreldra, nemleg at dei skulle ha halve inntekta av den same tredelen som ein del av folga si. Prisen på heile saga skulle i 1804 etter dette kunna sezast til 150 rd. Det var nære på like mykje som verdien på sjølve Jone-garden vart sett til same året, noko som understrekar at sagbruksdrifta må ha blitt rekna som svært økonomisk viktig.

Interessa til stavangerborgarane vitnar om det same. Dette viser aktiviteten til Helmich Gabrielsen. Den eine Blankenborg-saga var ikkje den einaste han hadde interesser i. Han var stor i sagskurden i Saudafjorden på denne tida, og ikkje berre der. Det viser ein søknad han sende hausten 1808 om løyve til skurd på heile seks sager: Forutan den eine Blankenborg-saga var det den eine Sønnå-saga og Svandal-saga i Sauda, Ilstad-saga og Tengesdal-saga i Sand og Opsal-saga i Vikedal.

SYNFARING I 1816

I 1816 var det synfaring på sagene i Ryfylke. Då vart det notert følgjande om dei to sagene i Hustveitelva:

Eigarane av Første Blankenborg bordsag var kjøpmann Helmich Gabrielsen i Stavanger og Ingemund Askjellson Tjelmeland i Sand. Saga «befandtes at være i meget god og brugbar stand, og bestaaende af eet Saugblad». Tømmeret fekk saga frå skogane på Hustveit og Tjelmeland forutan frå Suldal. Tømmeret frå Suldal vart flytt ned Lågen og inn fjorden til Hustveitelva. På saga kunne det årlig av 60 tylvter tømmer skjerast bord som var 8-10 fot lange og 1 ? tomme tjukke.

Eigaren av den Andre Blankenborg bordsag, som låg «ved Udløbet af Blankenborg Elven i Sønde Fiorden, paa dennes vestlige Side og ved Elvens nordlige Bred, een Miil fra Sand», var firmaet Kielland & Søn i Stavanger. Denne saga «befandtes at være i meget god Tilstand, og opført fra nyt af for et Parr Aars Tid siden». Også denne saga kunne skjera 60 tylvter tømmer som den første.

Lagretten som vurderte sagene, forklarte «at denne saavel-som den lige overfor same og paa den sydlige Elvebred ligende ytre Blankenborg Saug faar det fornødne Vand til Skuur om Vaaren indtil Sneen er optøet i de omliggende Fielde, omrent til St:Hansdags tid, og om Høsten i nogle Ugers Tid efter Veirligets forskiælle Beskaffenhed».

Men seinare på 1800-talet slakna bordskurden på nytt av. Eitt tilhøve som kan forklara dette, er tilhøva under Napoleonskrigane i byrjinga av 1800-talet med dei problema for eksport av skoren trelast som fylgte med denne konflikten ute i Europa. Samtidig var styresmaktene som før også redde for at skogen skulle bli for hardt hausta.

BERRE EI BLANKENBOR SAG ATT

Så tidleg som på sommartinget 26. juni 1803 møtte ein del bønder frå Sauda fram for fogden Bredrup og klaga over kor tronge tidene var for dei som dreiv tømmerhandel. Det var då ikkje mindre enn 11 privilegerte sager i Sauda skipreide, og mange av desse var pakta bort til kjøpmenn i Stavanger som kjøpte tømmer for ein billeg penge og skar bord «til udførsel, uden at agte på hva til sagens skurd er henlagt etter foregå-

ende bevillinger». Fogd og bønder meinte borgarne skar til «skovens ruin» og «søger gevinst til ubotelig skade for efter-slegten».

Det var tydeleg at byborgarane prøvde å henta ut stor forte-neste raskt utan omsyn til skogen. Men dette hadde også ei anna side. I dei vanskelege åra under Napoleonskrigane, med blokade og därlege kornår, var handel med tømmer noko som kunne gi ekstraskillingar for bøndene, slik at dei kunne dra til byen og kjøpa korn. Våren 1813 skreiv til dømes fogden Bredrup til amtmannen og gav uttrykk for dette, og at dei «i skovegnene ingen andre intekstsksilder har for det meste uden saugerne».

Styremaktene var difor tilbakehaldne med å gi nye skjerings-løyve, men det kunne bli gjort på visse vilkår. 11. september 1813 fekk til dømes Gabriel Schanche Kielland fornya løyvet i ti år for den indre Blankenborg-saga mot å levera 2 tylter hustømmer og 4 tylter bord til reising av eit bygdemagasin – det var eit hus med tanke på lagring av korn for å ha i reserve under magre år - i Sauda. I tillegg måtte han betala til det offentlege 14 ½ rbd sòlvverdi eller 27 rd 18 s i riksbankpengar for å få forlenga løyvet.

Denne indre saga varte likevel ikkje lenge etter dette. Som sagt fall marknaden for kjøpmannsbord delvis saman etter napoleonskrigane. Tidene var vanskeleg for handelshusa i Stavanger. Den indre saga vart ståande ubrukt og rotna truleg ned alt i første helvta av 1800-talet.

Den andre saga fekk derimot ei lengre levetid. Det var jo fram-leis skog i Sauda. Men aktiviteten vart aldri den same som i dei hektiske åra først på 1600-talet og i sluttan av 1700-talet og litt over hundreårrskiftet inn på 1800-talet. Den ytre saga heldt likevel fram som ei «borgarsag».

Situasjonen i skogene i Ryfylke vart klart skildra i lensmann Steffen Tengesdal si femårsmelding for åra 1836-1840: «Skovene ere for det meste udhugne. Her er mange som ikke eier skou, men maa kjøbe til sit husbehov, da skoverne ikke er komne sig igjen etter den svære orkan 1806 25. desember, som nesten nedlagde Skouen her. Av Saugebrug er i Søvde 7 Sauger hvoraf en bygdesaug hvorpaa skjæres forskjælligt, fra

5000 de beste intil 2000 de ringeste, og treffer det nu omstunder at de ikke kand faa Timer (d.e. tømmer) at Skjære. Af disse Sauge eies kun toe af bønder og tillige ½ del i den tredje. Bordene bliver for det meste opkjøbt af Bønder til sit eget Brug».

Og slik heldt det fram. I 1864 nemde ikkje amtmannen Sauda særskilt som skogsbygd, berre Jelsa og Suldal, sjølv om prisane på skogvyrke var etter måten høge. Det vart då også klaga over at skogen dei fleste stader vart hogge langt ster-kare «end den i lengden kan staa ud med». Og i 1870 heitte det at skogen i femåret 1866-1870 var «nu saa udhuggen at her for tiden sælges ganske ubetydelig». Dei skogproduktua som vart omsette, var helst bjørkeved og berre «lidt Hustømmer, hvilket sidste i regelen opkiøbes inden Herredet til opførelse og Vedligeholdelse af de fornødne Huse».

Og i femåret etter visste lensmannen knapt om at det var blitt hogge stort tømmer i Sauda. Det hadde gått tilbake med skogen. Lite trelast vart eksportert ut or bygda. Likevel var den ytre Blankenborgsaga i bruk framleis. Men seinast i 1870- eller 1880-åra fall stavangerborgarane ut som interesserantar. Då tok ein sandsbu over saga, og samstundes vart det slutt på Blankeborgsaga som oppgangssag. Det lange sagbladet vart skifta ut med sirkelsag. Seinare var ho i drift til noko inn på 1900-talet. Men så vart også den siste Blankenborg-saga stå-ande ubrukt og råtna ned, slik den indre saga hadde gjort eit hundreår før. I dag er også murane nedraste.

Det var definitivt slutt med sagbruksverksemda nede ved fjorden i Hustveitelva.

SAGMEISTRAR OG SAGPLASSET

Med den nye næringsvegen, sagskurd og trelasthandel, kom det også ein ny yrkesprofesjon i fjordane her, nemleg sagmeistrar.

Dei første sagmeistrane me kjenner til ved Blankenborg-sagene, heitte Gunnar og Ola - den siste heitte truleg *Ola Torbjørnson*. Dei er nemnde her i 1670-åra, Ola også i 1680-åra. Kven som stod for skurden ved Blankenborg-sagene tidlegare på 1600-talet, veit me ikkje. Det er nemnt fleire sagmeistrar i skattelistene tidleg på 1600-talet, men utan at dei er knytte til namngjevne sager. Me veit heller ikkje kor Ola og

Gunnar budde. Dei kan ha budd enten ved sagene. Eller dei kan ha budd andre stader og rodd til og frå når det var skurd på saga. Kanskje kan det tenkast at dei husmennene som budde på plassen Skyljavikjå ned ved fjorden til skiftes med Istad, kan ha vore sagmeistrar ved Blankenborgsagene.

I 1760-åra var det ein mann som heitte *Håkon Levardson* som var sagmeister på den eine Blankenborg-saga. Fleire av forfedrane hans hadde også vore sagmeistrar ved andre sager i skipreidet. Men Håkon budde ikkje ved saga. Han heldt hus som husmann i Istadvikjå under Istad. Me må vel difor tru han rodde til og frå saga når han hadde ærend der.

Seinare synest husmannsplassen Sagplasset på innsida av elva å ha vore heimen til sagmeisteren ei tid. Men der kjenner me ikkje folk før heilt mot slutten av 1700-talet. Då var plassen felles for dei to brukarane på garden.

Det var Lambert Torjusson, født ikring 1746 og bror til Lars Torjusson på Jone-garden på Hustveit, som rydda denne plassen og som hausten 1794 fekk festesetel av bror sin og Lars Hadleson Bjerga som då åtte det andre bruket. Det er ikkje direkte sagt at Lambert var sagmeister, men det er ikkje usannsynleg. I alle høve var sonen *Lambert Lambertson* det. Han tok over etter far sin på plassen. I festesetelen hans står det at han heldt til i ei stove ved den eine Blankenborg-saga «hvorved han er Saugmester». Etter han veit me at Ola Olson frå Saua var sagmeister her i 1864, men alt året etter var ein tredje Lambert på plass med huslyden sin i husa på Sagplasset. I folketeljinga frå 1875 er han mellom anna kalla «møllebruger», så han var knapt sagmeister, men hadde nok sett opp kvern i elva. Den siste sagmeisteren budde nemleg på Soland.

HUSMENN PÅ SAGPLASSET

1. **Lambert Torjusson**, f.ca. 1746, d. 1812, son til Torjus Lambertson og Anna Larsdotter på Hustveit, g. 1780 m. **Gunnhild Hansdotter**, f. ca. 1753, d. 1832, dotter til Hans Hansson og Torbjørg Johannesdotter frå Bjørndalen i Vikedal, men eigentleg frå Årtun.

Born:a. *Torjus Lambertson*, f.ca. 1781, d. 1799.
b. *Torbjørg Lambertsdotter*, f.ca. 1783, d. 1791.

- c. *Lambert Lambertson*, f. 1792, d. 1862, g. 1815 m. Marta Olsdotter, f.ca. 1794, d. 1886, frå Vikedal. Dei tok over på Sagplasset.
- d. *Torbjørg Lambertsdotter*, f.ca. 1795
- e. *Hans Lambertson*, f. 1798, d. 1858, g. 1819 m. Ingeborg Sveinsdotter, f. 1802, frå Sandslandet. Dei vart buande på plassen Hustveit-Holmen, like aust for Sagplassen.

Alt i 1795 kom Lambert i klammeri med dei to eigarane av Hustveit fordi dei gjerne ville ha han bort. Men han fekk ny avtale og vart buande her med huslyden til han døydde. I år 1807-09 kom han i klammeri med Ola Olson Hustveit og vart skulda for både å la for mange dyr beita i utmarka og ikkje å ha slege ei slåtte for Ola som han skulle. Desse åra hadde han vore plaga av ryggsmarter. Han har altså hatt sitt å stri med i høve til grunneigarane, men det kom likevel til ei semje før saka kom så langt som til tinget.

2. **Lambert Lambertson**, f. 1792, d. 1862, g. 1815 m. **Marta Olsdotter**, f.ca. 1794, d. 1886, stedotter til Daniel Pålson på Storskjer og truleg dotter til Ola Sjurson og Anna Hansdotter, husmannsfolk under Ulvavoll i Vikedal.

- Born:
- a. *Lambert Lambertson*, f. 1816, g. 1839 m. *Ingeborg Eriksdotter*, f. 1816, dotter til Erik Njellson og Marta Olsdotter på Molla-Berget. Dei budde dels på Storskjer-Holmen og dels på Storehaug under Ytre Molla. Eine son deira kom tilbake som sagmeister her.
 - b. *Anna Lambertsdotter*, f. 1818, d. 1830.
 - c. *Ola Lambertson*, f. 1821, d. 1821.
 - d. *Gunnhild Lambertsdotter*, f. 1822, g 1852 m. enkemann *Johannes Larsen Rødal* i Stavanger
 - e. *Torbjørg Lambertsdotter*, f. 1825, til Skudenes like før 1850
 - f. *Oline Lambertsdotter*, f. 1828, g. 1865 m. enkemann *Gabriel Johannesen Hidle* i Strand på Meling i Hetland.
 - g. *Anna Malene Lambertsdotter*, f. 1830, g. 1859 m. *Svein Hanson* på Sagneset under Hamra i Erfjord.
 - h. *Johannes Lambertson*, f. 1834, g. 1866 m. *Malena Danielsdotter*, f. 1846, dotter til Daniel Larsson og

Anna Hallvardsdotter på Hustveit-Holmen. Dei vart buande på Storskjer, den parten som heiter Soland.

- i. *Torjus Lambertson*, f. 1837, d. 1838.
- j. *Marta Lambertsdotter*, f. 1840, d. 1841.

I ei kjelde frå 1817 er det fortalt at Lambert Lambertson Sagjå var «holdende til i en stue ved 2den Blankenborg Saug I Søwde Skibrede, hvorved han er Saugmester». Av ein eller annan grunn sa han frå seg plassen i 1844, men dei budde vel helst her hjå ein av sønene til dei døydde.

3. Ola Abrahamson frå Haugen og kona **Ingeborg Sjursdotter** frå Eikesås budde her på Sagplassen nokre år. Ola fekk bygsla Sagplassen av dei to hustveitbondene Torjus Larson og Ola Larson i 1844. Medan han bude her vart han gift, og her kom dei tre borna deira til verda. Seinare kjøpte dei den eine parten av Honganvik og vart buande der.

Ola Abrahamson var ungkar då han feste Sagplassen, eller Blankenborg som plassen er kalla i festesetelen, av dei to hustveitbondene. Han fekk etter måten gode vilkår. Han skulle nemleg få ha 3 kyr og 1 gjeldnaut både i heimemarka og i fjellbeitet, forutan 30 sauher. Denne buskapen fekk han ha på beite i «Jupevig-Marken og Aaserne op til de nordøstre lier, og i fjellbeitet så lenge gardsfolket sjølv var der med sine dyr. Han fekk også løyve til å setja seg opp eit stolshus, om han det ville. Før fekk han ta i slåttene øvra Eikjelauvet, øvre Løkjene, i Drifteskårå og i Smalaskårane. Han fekk og henta heim ved, men ikkje never. Om han ville, kunne han også setja opp kvern i elva ved plassen. Leiga for plassen var årleg 2 spd forutan arbeid i vårvinna, slåtten og kornskurden.

4. Ola Olson frå Saua, g. m. **Ingrid Larsdotter** frå Eide i Sand, er nemnt som sagmeister på Blankeborg i 1864, men vart buande på Saua som gardbrukar seinare. I 1865 hadde nemleg ein ny Lambert teke over på Sagplassen.

5. Lambert Lambertson, f. 1841, son til Lambert Lambertson og Ingeborg Eriksdotter på Storskjer-Holmen (sjå over her 2a), g. 1865 m. **Mari Samuelsdotter**, f. 1832, dotter til Samuel Pålson og Brita Kolbeinsdotter på Hølland.

- a. *Berta Serina Lambertsdotter*, f. 1866
- b. *Ingeborg Serina Lambertsdotter*, f. 1870

Lambert er kalla «møllebruger» i 1865 her på Sagplassen. Denne huslyden var den siste husmannshuslyden her. Han fekk husmannssetel av dei to eigarane hausten 1865 med løyve til å halda 3 kyr og 2 sauher. Om han ikkje ville ha sauher, kunne han i staden ha 5 kyr på plassen. Elles var vilkåra mykje like dei Ola Abrahamson hadde hatt. Men leiga var auka. Lambert skulle betala 5 spd i grunnaleige og elles arbeida 2 dagar hjå kvar av dei to hustveitbondene i vårvinna, 2 dagar i slåtten og 1 dag i hoggbalen, forutan skjera 1 mål åker hjå kvar av dei i kornskurden. Dessutan hadde Jone Hustveit rett til å transportera tømmer eller ved ned over plassen når han hadde trong for det.

Mellom 1875 og 1891 reiste denne huslyden frå plassen. Dei var dei siste husmannsfolka på Sagplassen eller Blankenborg.

Arnvid Lillehammer (62) er lokalhistorikar og førsteamanensis ved Universitetet i Stavanger. Han har m.a. skrive *Soga om Sauda*.

Informasjonen til denne artikkelen er henta frå *Soga om Sauda band I* og diverse kjelder i Statsarkivet i Stavanger. Eg vil få takka Ola Hustveit for informasjonen om sagene sine siste leveår.

Museumsgard med landskap til

Av Roy Høibo

Tanken var stor og han var god: Jonegarden skulle utviklast slik at folk flest kunne ta del i dei store natur- og kulturverdiane som var der¹. Alle var samde om at garden hadde eit stort potensiale, og han gikk rett inn i utfordringa til musea om å legge større vekt på samanhengen mellom natur og kultur. Men det har vore tungt å skaffe pengar til å gjennomføre ideen. Den 12. august 2005 kunne vi feire at det var 15 år sidan den offisielle opninga av garden som museum. Samtidig kunne vi feire at løa på garden var gjenreist. Det gir utveg til større aktivitet og eit betre tilbod til publikum.

Det var i 1986 Ryfylkemuseet fekk oppfordring frå privatpersongar i Sauda om å vise interesse for det gamle tunet på Hustveit, da garden såg ut til å komma på sal etter at Jone Hustveit døydde same året. Det mest urovekkande var likevel kva som ville skje med innbuet. Garden ville bli tilbydd staten, men utan det originale innbuet ville husa miste mye av verdien som eit autentisk kulturmiljø. Det som fanst i huset hadde stått urørt i mest 100 år. Men museet kom for seint på banen, og i dødsbuauksjonen 11. oktober 1986 blei alt som fanst av reiskap, inventar og anna lausøyre seld stykkevis og delt. Slik kunne eit gryande verneprosjekt ha døydd alt før det hadde kome i gang. Men det var ei som ville det annleis. Halldis Rørvik heitte ho.

Halldis var søskaben barnet til Jone, og hadde eit sterkt engasjement i forhold til å ta vare på bygdehistoria. Ho baud på, og fekk tilslag på ein stor del av buet. Ja, så stor del av buet at hovudbygningen i dag står fullt møblert med det originale inventaret. Ho la ut av eigne pengar utan å vita korleis ho skulle få dekka den etter kvart nokså store summen, men det kom omsider til ei lukkeleg løysing da Sauda kommune seinare fann å kunne dekke utlegga til Halldis. Oppkjøpet som Halldis gjorde på dødsbuauksjonen var eit sterkt innlegg i debatten om vern av garden, men det var likevel langt fram til mål.

VERNEPROSJEKT I MOTBAKKE


Det er bratt og høgt på Hustveit, og arbeidet med å verne bygningane der skulle vise seg å bli ei tung og vanskeleg oppgåve.

Ryfylkemuseet hadde alt i 1986 skrive eit notat til Fylkesmannen om dei kulturhistoriske kvalitetane ved garden, og hadde konkludert med at verdien av gardsanlegget som formidlar av drifts- og buformer gjennom om lag 200 år var høg. Særleg om ein lukkast med å ta vare på innbuet.

På sidelinja sto Sauda sogelag og heia fram vernetanken. I eit brev til Fylkesmannen i desember 1987 skrev dei at dei «ser dette som ein eineståande utveg til å få etablert eit museumstun med heilt uvanlege kvalitetar i Sauda». Sogelaget la vekt på to kvalitetar ved Hustveit som dei nemnte uvanlege: For det første utvegen til bevaring og pleie også av kulturlandskapet kring husa, og dermed utvegen til å demonstrere sambandet mellom naturgrunnlaget og det livet som hadde vore levd på garden. For det andre utvegen til å rekonstruere det autentiske interiøret. Sogelaget la også vekt på det pedagogisk godt tilrettelagte kvernhusmiljøet som hørte til garden, og den sjølvstendige og klare verdien garden hadde som edellauvskogreservat.

For staten, representert ved miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Rogaland, var det naturverninteressene som var det viktigaste. Området var godt kjent og høgt prioritert, fordi ein kunne bygge på registreringar heilt tilbake til tidleg på 1970-talet. Staten var derfor interessert i å kjøpe garden for naturvernformål og gjorde det i april 1987. Men staten ønskte hjelptil å ta vare på husa, og spurte om Ryfylkemuseet kunne ta på seg oppgåva.


I vurderinga av tilbodet la museet vekt på det autentiske både ved husa og innbuet. «Det er svært sjeldan ein får høve til å overta til museumsformål eit objekt som er så intakt i forhold til



Forslag til servicebygg. Fasade mot sør og nord. Teikning: Grete Holmboe, Kon-Sul AS 1993.

det opphavelege», skreiv vi i saksutgreiinga til styret. Vi la også vekt på kulturlandskapet som minne om ei driftsform som hørt fortida til. Samtidig var vi klar over at det ville bli kostbart å setta husa i stand, og at interessa for museet mest skuldast at vi hadde tilgang til andre kjelder for finansiering av bygningsvern enn det Fylkesmannen hadde.

Museet måtte også legge vekt på at det var tildelt ei oppgåve som omfatta heile Ryfylke. «Det er klart at det ikkje er eit nyt-



Forslag til servicebygg. Plan 1. etasje. Teikning: Grete Holmboe, Kon-Sul AS 1993.

gardstun som har høgst prioritet når det gjeld å utvide verksenda», sannkjente vi. Ryfylkemuseet åtte alt 3 tun i Ryfylke, og ei rekke enkeltbygningar frå det gamle bondesamfunnet, til saman kring 50 hus. Utsiktene til å skaffe tilstrekkelege ressurser til å vedlikehalde alt dette var ikkje gode. Lokalt i Sauda hadde museet dessutan alt tatt på seg eit engasjement i forhold til industrihistoria og bevaring av ein industriarbeiderbystad i Åbø-byen.

Det var såleis ei tilråding full av tvil og etterhald som blei lagt fram for styret i museet hausten 1987, og det blei foreslått som eit muleg vilkår for overtaking at Sauda kommune fann prosjektet så interessant at kommunen ville ta sin del av investeringane og driftsutgiftene for anlegget. Etter synfaring til Hustveit 23. september 1987 fann styret å måtte dele skepsisen, og gjorde slikt vedtak:

Styret for Ryfylkemuseet har, etter synfaring på Hustveit og brei diskusjon av tilbodet om å overta husa, funne tunet svært interessant og av stor verdi å ta vare på. Ein vil derfor sterkt beklage at ein ikkje ser økonomisk utveg til å ta på seg ansvaret for det.



Interior frå bua før auksjonen.

Styret heldt likevel døra på gløtt. Dersom det var muleg å komma fram til forpliktande avtalar og tilsagn som sikra tilførsel av tilstrekkelege økonomiske midlar til musealt vern av husa, ville museet kunne vurdere spørsmålet om å ta på seg ansvaret på nyt.

Det siste blei oppfatta som eit signal om at arbeidet med ein verneplan for Hustveit kunne halde fram, og Fylkesmannen sendte i 1988 søknad til Landbruks utbyggingsfond om støtte reparasjon og istandsetting både av hus og innmark. Nå var dessutan Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd invitert med for å drøfte deltaking i tilrettelegging for publikum. Men noen pengar var framleis ikkje kome på bordet.

25. november 1998 fekk Ryfylkemuseet nytt brev frå Fylkesmannen med konkret tilbod om å overta bygningane vederlagsfritt. Fylkesmannen sa seg dessutan villig til å skyte inn kr. 120.000 for å dekke takreparasjonar og andre reparasjonar detasta med for å redde husa. Dermed var det duka for ein ny runde i museumsstyret.

I den nye saksutgreiinga til museumsstyret blei det lagt vekt på det breie engasjementet for vern av Hustveit som etterkvar hadde kome fram. Attåt sogelaget hadde kulturadministrasjonen i Sauda kommune, skulen og lokalavisa vist sterkt enga-



Interior frå hovudbygningen før auksjonen.

sjement. Engasjementet til friluftsrådet blei også trekt fram som ei positiv utvikling. Men mellomtitlane i saksutgreiinga vitna om både tvil og tru:

Jonegarden kan bli eit eineståande opplevingsområde

Enda eit gardsbruk er feil prioritering av knappe ressursar

Museet må bestemme seg nå

Kva la museet vekt på? Jo, det lokale engasjementet, kombinasjonen av naturvern, kulturvern og friluftsliv og utvegen til eit naturhistorisk engasjement (som var i ferd med å seile opp som eit nytt satsingsområde for musea). Det var dei positive argumenta, og dei kom i denne runden til å telje tungt. Museet var på gli, men framleis i sterkt tvil. Vedtaket i møte 8. desember 1988 blei slik:

Ryfylkemuseet er i dag i den stoda at ein ikkje har driftsmidlar som er tilstrekkelege til å vedlikehalde dei bygningane museet allereie har ansvaret for. Ein føresetnad for å kunne ta på seg ansvar for bygningane på Hustveit må derfor vera at ein får tilfört tilstrekkelege midlar til vedlikehald av desse bygningane.



Styret for Ryfylkemuseet på synfaring oktober 1987. Frå venstre: Åse Jensen, Borghild Moe, Olaf Oftedal, Anne Marie Brekke, Børge Skei og Ola Meltveit.

Museumsstyraen blei beden om å tinge vidare med Fylkesmannen og Sauda kommune for å sikre finansieringa. Fylkeskulturstyret blei dessutan bede om å uttale seg. Men før fylkes-kulturstyret hadde fått tid til å uttale seg sette Fylkesmannen 120.000 kroner inn på kontoen til museet. Ryfylkemuseet var i ferd med å bli sittande fast i prosjektet.

I januar starta arbeidet med å forme ut ein samarbeidsavtale mellom Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland, Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd og Ryfylkemuseet. Fordelinga av oppgåver og ansvar skulle i hovudsak vera slik:

Fylkesmannen skulle ha ansvaret for forvalting og skjøtsel av kulturlandskapet, og for informasjonstiltak på staden.

Friluftsrådet skulle ha ansvar for tilrettelegging av tilkomst, slik som veg, parkeringsplass, stiar m.m, søppel-handtering og toalett.

Ryfylkemuseet skulle ha ansvaret for bevaring av bygningane og formidling av kulturhistorisk informasjon.

Sauda kommune skulle gi tilskott til restaurering, vedlikehald og drift av husa på garden.



Tidleg skulebesøk. Fløgstad skule på Hustveit i september 1989.

Det kan vera viktig å merke seg at Fylkesmannen forplikta seg til å samarbeide med museet og friluftsrådet om å skaffe midlar til frilufts- og kulturvernoppgåvane. Fylkesmannen skulle gi årlege bidrag til drifta av anlegget.

For tredje gong måtte styret ta stilling til eit eventuelt engasjement på Hustveit. Holdninga var at museet nå langt på veg hadde oppnådd dei tilsvagna ein meinte var nødvendige for å ta på seg ansvaret for bygningane, og styret fann å kunne slutte seg til samarbeidsavtalen. Det blei halde fram som ei nyskaping at ein hadde lukkast med å få til ein samarbeidsavtale som ivaretok så mange interesser og brukargrupper.

Sauda kommune vedtok å løyve kr. 50.000 pr. år, og har halde den lovnaden seinare. Det blei dessutan stilt midlar til rådvelde både frå friluftsrådet og LUF, utanom dei pengane Fylkesmannen alt hadde løyvt. Det låg 320.000 i startpotten og framtida såg lys ut.

Fylkeskulturstyret gav også grønt lys for eit visst engasjement frå museet si side, men meinte det måtte avgrense seg til eit fagleg ansvar, og at engasjementet på Hustveit ikkje måtte «gå ut over allereie prioriterte investeringstiltak ved Ryfylke»



Slik såg saga ut hausten 1989.



Kvernhusa blei kledd inn i plast for å berge seg over vinteren.

museet og at Ryfylkemuseet sjølv må ta eventuelt økonomisk ansvar for utvida drift».

Styret fann dette vanskeleg å etterkoma. For det første meinte museumsstyret at Fylkeskulturstyret ikkje burde legge seg opp i enkeltsaker ved museet, men trekke opp retningslinjer. Det ville dessutan vera vanskeleg å be om å få redusere sine plik-

ter i samarbeidet etter at dei andre samarbeidspartane hadde godkjent avtalen. Styret avviste innblandinga frå Fylkeskulturstyret, og sto fast ved avtalen slik han låg føre. Ein var kome til mai 1989, og det var klart for å starte det praktiske arbeidet med ei stor og utfordrande oppgåve.

Det kan vera grunn til å spørja kor klokt dette var. Motførstillingane var openbare. Museet hadde 2 ½ faste stillingar, eit budsjett på 1 million og 50 hus å ta vare på frå før. Men museet hadde møtt eit sterkt lokalt engasjement, ein utveg til å utvikle museumsideen mot kulturlandskap og naturbruk, og nye samarbeidspartnerar som la mye godvilje til for å realisere ideen om Hustveit som eit natur-, kultur- og friluftsområde av stor interesse.² Museet valde å legge vekt på dei utvegane som låg føre, ikkje på problema, og kjemien var god mellom samarbeidspartnerane.

STORE PLANAR OG SMÅ MIDLAR

Friluftsrådet engasjerte Lars Hustveit til å opparbeide parkeringsplass, veg opp til tunet, oprusting av vegen inn til fossen og grusing av vegane. Museet engasjerte Helge Husevåg til å setta i stand hovudbygningen og Ola Hustveit til å reparere hjulhuset, jordkjellaren, kvernhuset og tørkehuset. Men det var altfor lite pengar, og det blei søkt om meir pengar. Det var blitt november 1989. Etter at søknaden hadde vandra fram og tilbake mellom ulike instansar i over eit halvt år, kom det tilbakemelding frå Norsk kulturråd i mai 1990 om at det ikkje var deira bord. Men det var blitt gjort ein del for dei pengane som var blitt stilt til rådvelde. Og i august 1990 blei det invitert til opning.

Det var lagt stort opp. Arnvid Lillehammer, førstekonservator ved Arkeologisk museum i Stavanger og bygdebokforfattar i Sauda, kåserte om historia til Hustveit. Fylkesmann Kristin Lonningdal utførte den offisielle opninga og planta eit tre saman med ordførar Olav Dybing. Bondekvinnelaget serverte kaffe og mat, og til slutt var det omvising ved frilufts- og naturvernksulent Audun Steinnes hos Fylkesmannen.


«Dette betyr likevel ikkje at det er noe ferdig anlegg vi har å vise fram», måtte vi seia i velkomsttalen. Vi sa at det vi ønskte var å markere at vi hadde kome i gang, at vi ønskte å gi folk høve til å sjå kva som gikk føre seg og takke dei som hadde



Oddvar Rønning var i mange år ein trufast omvisar, registrator og granskar av livet på Jonegarden.



Hovudbygningen i blomstereng juni 2001.



Møte mellom samarbeidspartnerane i oktober 2001: Frå venstre: Oddvin Øvernes frå Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd, Leiv Arild Berg frå Sauda kommune (skjenkar kaffe), Per Kristian Austbø frå Fylkesmannen i Rogaland, Grete Holmboe frå Ryfylkemuseet og Ola Hustveit, kunnskapsrik nabo.

hjelpt oss med startkapitalen. «Dei som har hatt høve til å lesa den bruks- og informasjonsplanen som vi har stelt til, vil vita at her ligg føre ambisiøse planar som langt frå er realiserte enda. Men vi synest sjølv at det vi driv med her er så spennande at andre og må få del i det». Sa vi. Og vi trudde på det. «Får vi det til slik vi vil, trur vi at Hustveit vil bli ein svært attraktiv utferdsstad både for indre Ryfylke, Nord-Rogaland og kanskje Sunnhordland».

Bygningane skulle settast i stand, restaurerast og rekonstruerast, berggrunn, landskapsformer, planteliv, vegetasjon og dyreliv skulle gjerast om til kunnskaps- og opplevelingstilbod, det var friluftsliv ved sjøen, ved garden og på fjellet. Vi hadde endatil planar om å halde oss med gamle husdyrrasar, utvikle skuleteneste og setta opp skilt, produsere utstillingar, merke naturstiar og lage attraktive naturrasteplassar. Framdriftsplanen foresette at det meste skulle vera gjort til utgangen av 1992. Slik gikk det ikkje. Men mye er likevel blitt gjort.

I 1991 fekk vi eit tilskott på 10.000 kr. frå fylkeskommunen til istrandsetting av saga. Sauda kommune sökte om omstillingmidlar frå Kommunaldepartementet, men det blei inga uttelling for Hustveit. Fylkesmannen følgde opp med mindre løyingar, også til istrandsetting av husa inne med Kvednafossen. Det

blei sett i gang slått av dei gamle slåtteteigane og gransking av vegetasjonsendringar som følgje av ny slått. Ved museet brukte vi vår eigen handverkar, Kjell Johnsen, til å ta i ferde med buhuset og saga inne med Kvednafossen. Ola Hustveit fekk med seg Torleif Næss til å hjelpe seg med dei arbeida han hadde tatt på seg.

Oddvar Rønning blei engasjert som museumsvert og omvisar. Han utvikla etter kvart gode kunnskapar om garden og folka som hadde budd der, og kunne orientere publikum på fleire språk. Han fokuserte på vasskrafta, på dei tekniske løysingane, på levesettet på garden, på jord- og berggrunn og på historia om trelasthandelen på 1600-talet. Men publikumstilstrøyminga tok aldri heilt av. Besøket heldt seg lenge kring 400-500 registrerte personar i året, med ein topp på over 700 i 1999, men så tok det til å minke av.

Det er fleire grunnar til denne utviklinga i besøkstalet. Ein grunn er t.d. at eit reiseselskap som fleire år var flittig gjest på Hustveit, fann andre reiseruter. Men det må også lesast som eit signal om at tilbodet ikkje har vore attraktivt nok, og at utviklinga av anlegget mot dei høge måla gikk for sakte. Vi må likevel understreke at dette er det registrerte besøket i opnings-tida til museet. Det er ikkje ei registrering av det samla besøket på Hustveit.

Arbeidet med istandsetting av husa ved Kvednafossen gikk rett nok framover ved hjelp av dei små løvingane som kom, og ved bruk av eigne handverkarar og sysselsettingstiltak. Gjenstandane i husa blei registrerte, det blei arbeidd med ei brosjyre om staden, og ein drøfta planar om rekonstruksjon av smia og eldhuset og av stølshuset på Hustveitstolen. Men det gikk smått.

Så kom det opp planar om reising av ein kopi av ei oppgangssag ved Kvednafossen. Initiativet kom frå Sauda kommune som var villig til å skyte inn 100 av dei 300.000 dette prosjektet var tenkt å koste. Ved museet tykte vi dette var problematisk. Vår holdning var at vi burde prioritere restaurering og rekonstruksjon av dei bygningane som hadde hørt til på garden, og at vi hadde sett det som naturleg å ta dei bygningane som låg i tunet og ved fossen først. Vi avviste likevel ikkje tanken om ein rekonstruksjon av ei oppgangssag, men meinte at

dette kunne vera ein god ide, og viste til Blankenborg-sagene som hadde lege ved sjøen nedom Hustveit. Forslaget om å setta opp ei oppgangssag nedom Kvednafossen tykte vi likevel ikkje var noen god ide. Her hadde det aldri stått noen oppgangssag. Ein rekonstruksjon her ville vera eit tiltak som ville bryte med den ideen resten av arbeidet på Hustveit bygde på. Vi forslo derfor at ein i staden burde vurdere utvegen til å få rekonstruert ei av Blankeborg-sagene på sine opphavlege tufter. Det blei inga oppgangssag. Derimot blei det stølshus.

Det var friluftsrådet som grep fatt i ideen om å rekonstruere stølshuset. Dei skaffa friluftsmidlar, engasjerte Ola Hustveit og Torleif Næss til å bygge det og 21. september 1997 kunne fylkesmann Tora Aasland opne det. Det var eit vellukka tiltak, og det er blitt eit populært hus. Huset står ope og er utstyrt slik at ein kan overnatte der.

Same året blei rekonstruksjonen av smia avslutta, og det blei tatt fatt i den store utfordringa som var å reise eit servicebygg i tilknyting til anlegget.

HADDE PLAN MANGLA PENGAR

Da arbeidet med Hustveit starta, sto folgehushuset til nedfalls. Det var i så dårleg stand at sjølv ikkje eit museum kunne ha realistisk håp om å redde det. Så huset blei rive, men alt da gjorde ein seg tankar om å gjenreise ein rekonstruksjon av huset som eit servicebygg for anlegget. I 2001 blei denne tanken løfta fram att i møte mellom samarbeidspartnerane. Det var ikkje mye pengar å gjera seg til av. På kontoen til Hustveit sto 89.844 kr. Med tillegg av årets løyving frå Sauda kommune var det ein samla startkapital på 139.844. Det var ikkje allverda. Men så blei det signalisert utvegar til støtte av spelemidlar og STILK-midlar, og det blei vedtatt å setta i gang ei planlegging. Arkitektfirmaet Kon-Sul på Sand fekk jobben og leverte ei skisse som både tok vare på forma til det opphavlege folgehushuset, og ga rom for dei funksjonane som var nødvendige.

Hovudetasjen skulle brukast til eit visingsrom med plass til ei utstilling om Hustveit, eventuelt bildespel eller liknande. Her blei og planlagt eit enkelt te-kjøkken, kontorpllass for museumsvert og eit handicap-toalett i tilknyting til gang og garderobe. Ytterlegare toalett og dusj blei planlagt i kjellaren. På loftet blei det plass til eit lite møterom, og briskar langs veg-



Kakefest i høve fullført sperretak. Frå venstre: Kjell Johnsen, Grete Holmboe, Ernst Berge Drange, Eva Songe Paulsen, Randy Riecke, Ruth Anne Moen og Ola Hustveit.

gane for eventuell overnatting. Det kunne bli eit veltilpassa, funksjonelt og godt utnytta hus. Kostnadane blei rekna til 1,25 mill. kr. Finansieringa blei planlagt ut frå ei tredeling mellom Sauda kommune, spelemidlar og frilufsmidlar gjennom fylkesmannen/friluftsrådet.

Men det gikk ikkje. Dei einaste pengane som kom på bordet var 100.000 som friluftsrådet lukkast med å få tilslagn om frå Rogaland fylkeskommune. Det mangla framleis 1,15 mill. kr. og planen blei gitt opp, det tok til å melde seg behov for vedlikehald av bygningar som alt var sett i stand og besøket minka.

I 2003 meldte Fylkesmannen at han ikkje lenger hadde midlar til skjøtsel av kulturlandskapet og såleis ikkje kunne gi støtte til slåtten på Hustveit. Det var nedtur av dimensjonar. Hadde det ikkje vore for innsatsen til Leif Magne og Bjarne Østebø hadde innmarka grodd til. Dei har altså slått ein god del av den tungdrivne slätte-enga utan noen form for godtgjersle.

Det var nåttå og gråten og ein kunne lure på om 15 års strev med å utvikle ein tanke som hadde mange føresetnadar for å kunne bli eit vellukka tiltak til fremje av naturopplevelingar, kulturforståing og friluftsliv hadde vore til fånyttes. Da ringte Anders Tysseland.

TYSSELANDS-LØA – REVITALISERING OG REDNINGSPLANKE

Anders Tysseland åtte ei løe på Tysseland. Han ville gi ho bort om vi tok ho ned. Vi tok ikkje bølgja i første omgang, men lova å ta eit mål. Løa hadde same mål som løegrunnen på Hustveit! Vi sa ja takk, og starta eit omfattande flytte- og restaureringsprosjekt.

Det ville vera ein viktig del av rekonstruksjonen av tunet å få gjenreist løa. Og da vi ikkje lukkast med reising av eit servicebygg, kunne ei løe gi rom til noen av dei funksjonane vi hadde planlagt der. Vi ville få store areal under tak, og ville få gode utvegar til å ta i mot grupper, skuleklassar og til å laga eit utstilling om garden, kulturlandskapet og folka som hadde levd der. Men det blei ein stor jobb. Planlegginga starta i 2003. Lukkast vi slik vi har tenkt vil løa kunne opnast i 2007.

Ein stor del av jobben er gjort av våre eigne tilsette. Det har vore ei kjempeutfordring. Aldri har vi tatt i ferde med eit så stort byggeprosjekt, men gjennom eit langvarig bygningsvernprosjekt hadde vi opparbeidd god kompetanse på stavbygg. Prosjektet ga dessutan grunnlag for ytterlegare kompetanseheving. Dette er blitt utnytta gjennom arrangement av fleire kurs i tilknyting til flyttinga og gjenreisinga. Ein god støttespilar har dessutan vore Suldal MC-lag, som for ein billeg penge har deltatt med dugnadshjelp i prosjektet.

Arbeidet med flytting og gjenreising av Tysselands-løa har gitt ny vitalitet til Hustveit. Innafor rammene til Ryfylkemuseet vil Hustveit bli den staden der vi fokuserer på det biologiske mangfaldet og ansvaret for ei berekraftig forvalting av naturen. Løa gir oss utveg til å realisere eit slikt mål. Løa er dessutan eit godt utgangspunkt for formidling av kunnskap om byggeskikk, medan hovudbygningen med innbu og etterlate materiale gir eit godt grunnlag for formidling av levermåten på garden. Bygningane og arrangementa ved Kvednafossen er ein spektakulær arena for oppleveling av førindustriell vasskraftutnytting.

Med dette utgangspunktet har samarbeidspartnarane sett i gang eit arbeid for å revidere bruks- og informasjonsplanen for Hustveit. Målet er at vi sommaren 2007 kan invitere publikum til å ta del i dei opplevingane og den kunnskapstileigninga som vi drøymde om da Staten kjøpte garden 20 år tidlegare.



Tysselands-loa under oppføring.

Roy Høibo (57) er etnolog og tilsett som direktør ved Ryfylkemuseet. Han har vore tilsett ved museet sidan 1981.

NOTAR

¹ Frå føreordet til Audun Steinnes, Fylkesmannen i Rogaland, i bruks- og informasjonsplanen for Hustveit, 1989.

² Det blei i 1989 utarbeidd ein «Bruks- og informasjonsplan» som greier ut måla for arbeidet med Hustveit, kva tiltak som blei planlagt og kva framdrift ein tenkte seg.

Årsmelding 2004

Vedtatt av styret i møte 15. februar 2005

Den store museumsreforma som Kultur- og kyrkjedepartementet har sett i verk pregar for tida mye av tenkinga omkring utviklinga av musea. Ryfylkemuseet har hatt glede av å få to nye stillingar og omframme prosjektmidlar som følgje av denne reforma, men vi er samtidig frustrerte over at løvingane til gjennomføring av reforma blir reduserte før vi har oppnådd det minimum av ressursar som vi meiner at vi bør ha for å kunne gjera den jobben som blir forventa av oss. Museumsåret har likevel ført til ei rekke positive resultat. Noen av desse vil bli omtala nedanfor. Årsmeldinga bygger elles på ein detaljert resultatrapport til styret.

Aktivitetane i kommunane har auka monaleg. Det går for tida føre seg vesentlege utviklingsarbeid ved avdelingane våre på Hustveit, Kolbeinstveit og Viga, vi har vore med på eit viktig pionerarbeid ved etablering av BibMus i Rennesøy, vi samarbeider med ei ivrig frivillig gruppe om oppbygging av Hummarmuseet på Kvitsøy, vi har drive innsamling av folkesusikkmaterialer i Lund og Strand og kvittert med ein konsert der, og vi har samla materiale til ein dokumentasjon om innvandring i Ryfylke i fleire av kommunane. I tillegg kan vi bokføre ei relativt omfattande utstillings-, foredrags- og arrangementsverksemder i mange av kommunane.

Auknen i aktivitet avspeglar seg i auka besøktalet for 2004 er på 10.744. Sjølv om ein tar omsyn til manglar ved registreringa av besøkande, er det ein kraftig auke frå året før. I forhold til innbyggartalet i opplandet vårt (Ryfylkeregionane) utgjer dette 35%. Det er berre Oljemuseet i Rogaland som har eit tilsvarende besøkstal i forhold til sitt nærmaste oppland (byane og kommunane på Nord-Jæren). Sett med bakgrunn i ressursane våre og ein svært tungdriven region, tør vi seia at oppslutninga om verksemda vår er god.

Vi kan også melde at arbeidet med å få katalogisert og ordna samlingane går godt. Det blei hausten 2003 utarbeidd ein tiltaksplan for katalogisering av samlingane. Denne har det lukkast å følgje opp, m.a. ved innleige av noe ekstrahjelpe, og vi har tatt eit langt steg framover dette året. Det er framleis eit stort etterslep av oppgåver, men vi er på god veg med arbeidet.

Det er likeeins gledeleg å kunne melde at mindre påakta oppgåver som arbeidet med lønningar, rekneskap, kontroll og revisjon er à jour og i orden. Det har dei siste åra aldri vore noen alvorlege spørsmål eller merknadar til denne delen av verksemda verken frå revisjonen eller i samband med arbeidsgevarkontroll.

På to område har verksemda ved museet vekt nasjonal merksamd og påskjøning. Det arbeidet som har gått føre seg sidan 1995 for å bygge opp betre kompetanse om bygningsvern, og arbeidet med å etablere eit nasjonalt nettverk for museum som arbeider med bygningsvern og utviklings av handverkskompetanse, ført til at Statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABM-utvikling) i januar peika ut Ryfylkemuseet til hovudansvarleg museum for Byggnettverket. Arbeidet med dokumentasjon av innvandringshistorie, og bidraga til integrering i bygdene er blitt følt opp med prosjektmidlar både frå ABM-utvikling og Kultur- og kyrkjedepartementet.



BibMus i Rennesøy er ei nyskaping innafor museumsformidlinga. Her er bøker, gjenstandar, foto, arkivmateriale og elektronisk informasjon tilgjengeleg på same staden.

I tillegg til dette kan vi gle oss over at det er løyvd midlar til utarbeiding av eit lærerwerk om folkemusikk frå Den kulturelle skulesekken. Folkemusikkarkivet ved Ryfylkemuseet har dessutan ei sentral rolle i arbeidet med utvikling av metodar i arbeidet med katalogisering og lagring av folkemusikk-materiale.

Den lokalhistoriske forskinga som går føre seg ved museet manifesterte seg i år ved utgiving av 2 band om gardar og folk i Erfjord. Av mindre omfang, men likevel viktig, var arbeidet med historia om Hiimsmoen og kollektivet der. Vi har dessutan starta ein ny serie årbøker med tema frå avdelingane våre, og lukkast i år med å gi ut ei fyldig bok med nytt stoff om Kolbeinstveit.

Den relativt store produksjonen bygger på god arbeidsinnsats mellom dei tilsette. Det er likevel klart at museet har større oppgåver både i forhold til bevaring, vedlikehald og formidling enn det er råd å ta i ferde med nå. Museet treng fleire stillinger, større driftsmidlar og ein ny museumsbygning om det skal lukkast med oppgåva som eit fullverdig regionmuseum for Ryfylke.

MUSEET SOM INSTITUSJON OG ORGANISASJON

Ryfylkemuseet er organisert som ei sjøveigande, privat stifting der medlemmene i museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette nemner opp medlemmar til styret.

MEDLEMMANE

Ved utgangen av året var det 514 som hadde betalt årspengar. Det var 4 fleire enn året før. Dei registrerte medlemmane fordeles seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:

Forsand	4
Strand	22
Hjelmeland	54
Suldal	172
Sauda	61
Finnøy	49
Rennesøy	35
Kvitsøy	5
Andre	112
Sum	514

Det blei halde årsmote for medlemmene i Nesa-sjøhuset på Sand, 31. mars 2004. Det møtte 18 medlemmar og 17 andre, til saman 35. Pål Jacob Jacobsen frå Stavanger-regionens Europakontor heldt foredrag om regionaliseringa av Europa under tittelen «Ryfylke sett frå Brüssel».

STYRET

Etter årsmøtet har styret hatt denne samansettinga:

For medlemmene:

Terje Hidle, Finnøy	Til årsmøtet 2005
Vara: Audun Rake, Strand	Til årsmøtet 2005
Lars Olav Fatland, Suldal	Til årsmøtet 2006
Vara: Kristoffer Nødland, Sauda	Til årsmøtet 2006



Terje Hidle frå Nord-Hidle blei vald til ny leiar i styret. Her poserer ho om bord i «Brodrene af Sand».

For kommunane:

Tormod Skeie, Suldal	Til 31.12.2007
Vara: Sverre Underbakke, Suldal	Til 31.12.2007
Ingrid Pettersen, Kvitsøy	Til 31.12.2005
Vara: Monica B. Stenseth, Kvitsøy	Til 31.12.2005
Torill W. Sandanger, Hjelmeland	Til 31.12.2005
Vara: Eivind Loden, Hjelmeland	Til 31.12.2005

For fylkeskommunen:

Lars Pedersen	Til fylkestingsvalet 2007
Vara: Marit Jelsa	Til fylkestingsvalet 2007

For dei tilsette:

Sanja Ignjatic	Til 31.12.2005
Vara: Eva Songe Paulsen	Til 31.12.2005

Styret har hatt 5 styremøte og 1 telefonstyremøte. Styremøta har vore haldne på Sand, Kolbeinstveit og i Sauda. Det er behandla 26 saker. Møteaktiviteten og saksmengda har vore større enn dei siste åra. Dette avspeglar både spesielle forhold og ein generell auke i verksemda.



Håland samlar alltid mye folk når vi har arrangement der. Eit godt samarbeid med distriktsmusikarane i Suldal har gjort at vi har kunnat tilby noen fine konserter. Her er det Anne Grete Baksjø som spelar.

TILSETTE

Museet har hatt desse tilsette i meldingsåret:

Faste stillingar:

Roy Høibo, direktør
Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar
Sanja Ignjatic, konsulent
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsleiar
Ruth Anne Moen, konservator, folkemusikkarkivet
Gaute Berge Nilsen, avdelingsleiar, tilsett til 15.08, men permittert heile året
Eva Songe Paulsen, formidlar

Mellombels stillingar og vikariat:

Trygve Brandal, vikar/prosjektmedarbeidar (80%)
Ernst Berge Drange, konservator, bygdebokarbeid
Ann Kristin Ramstrøm, vitskapleg assistent/prosjektmedarbeidar
Randy Riecke, lærling

Timeløna:

Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (ca 20%)

Ekstrahjelp og korttidsengasjement:

Bernd Elmies, registrator (20%)
Ragnar Djuvik, spelemann
Ingvild Flaskerud, kåsør
Peter Forras, museumsvert, Nesa-sjøhuset
Kari Vaage Gjuvslund, songar
Øyonn Myhren Groven, songar
Brit Guggedal, danseinstruktør
Susanne Helgeland, instruktør
Terjer Hidle, styreleiar
Katinga ten Hove, omvisar gatevandringar, Sand
Ingrid Holmboe Høibo, museumsvert, Kolbeinstveit
Siri Holmboe Høibo, vikar museumsvert, Nesa-sjøhuset
Roald Kaldestad, korsongar
Kate Nancy Kalvik, museumsvert, Jelsa
Aud Kaurstad, museumsvert, Håland
Bård Kleppe, museumsvert, Kolbeinstveit
Liv Merete Kroken, instruktør
Margrethe Moen, heklar
Sveinung S. Moen, registrator folkemusikkarkivet
Sigrid Moldestad, instruktør

Jan Møgedal, rekneskapskunnig
Rune Nesse, korsongar
Dag Jostein Nordaker, instruktør
Jan Olav Ommundsen, museumsvert Viga
Jan Asbjørn Opsal, instruktør
Anders Erik Røine, instruktør
Oddvar Rønning, museumsvert, Hustveit
Anne Elisebeth Skogen, forteljar, Barnas dag og Håland
Tove Solheim, spelemann
Rony Sætre, korsongar
Solbjørg Tveiten, instruktør
Torkjell Tveiten, spelemann
Vidar Vedå, korsongar
Åshild Vetrhus, songar
Erik Walter Vold, registrator bygningsvern
Egil Vaage, instruktør
Laurentsa Wigestrød, museumsvert, Jelsa
Margrete Williamson, reinhaldar
Gisle Østrem, korsongar
Knut Risvold Aalvik, myllar

Praksisplassar:

Åse T. Jensen, fagkonsulent Viga, tilsett i Hjelmeland kommune til 31.07, frå 04.10 i praksisplass ved museet
Tommy Gangnes, praksisplass i bygningsavdelinga, frå 13.12

Til saman har museet hatt arbeidsgjevaransvar for 11,2 årsverk. Praksisplassane er ikkje rekna med i dette talet. Sjukefråveret har vore på 3,2%.

FRIVILLIG ARBEID

Drift og vedlikehald av jekta «Brødrene af Sand» er ei oppgåve som museet ikkje kunne ha tatt på seg utan sterkt innsats frå frivillige deltakrar. Venneforeninga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde jekta i god stand og for å kunne seile ho. I år har det vore 8 turar for oppdragsgjevarar, mellom desse eit stort oppdrag under Tall Ships Race i Stavanger.

Foreningen har signalisert at det er ein viss slitasje på den kjernen av deltakrarar som stiller mest opp. På denne bakgrunnen er det innleia samtalar om ei langsiktig utvikling av arbeidet med fartøyet, som vi håper skal føre til ei revitalisering av interessa for det.

Ambisjonen om å gå tilbake til dei opphavlege materialane i



Museet har starta eit stort prosjekt for å skaffe nok never til reparasjon og restaurering av gamle tak. Her er det Olav Berge og Mikkel Bratland som viser kunsten i skogen ovom Kolbeinstveit.

arbeidet med taktekking har ført til eit stort behov for å få rive never. I år har det vore gjennomført fleire rundar med neveriving, og vi har møtt velvilje både når vi har spurt om skog til å rive i og frå folk som har vist interesse for å vera med på arbeidet.

Den internasjonale kafeen som blei starta på slutten av året er for ein del basert på frivillige bidrag til serveringa. Det ser ut til å vera stor velvilje både mellom innvandrarane og andre for å få til ei rikhaldig og spennande kafébord.



Frå arrangementet i Kvednahola under Ryfylkedagane. Knut Aalvik demonstrerer maling av korn for Helga Møgedal.

På Kvitsøy er det etablert ei stor og velorganisert gruppe som deltar aktivt i ulike delar av arbeidet med å bygge opp Hummarmuseet der.

På Håland har Erfjord grennautval nemnt opp eit gardsstyre som deltar i arbeidet med tilsyn og stell av hagen.

I Kvednahola deltok Sand bondekvinnelag med brödbaking og kaffesal da vi hadde aktivitetsdag der.

Bondekvinnelaga i Hjelmeland og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga og på Kolbeinstveit.

I Hjelmeland er det skipa ei ny, frivillig gruppe som har tatt i ferde med samlingane til Hjelmeland bygdemuseum. Det er opna ein dialog om innlemming av bygdemuseet i Ryfylkemuseet.

Museet dreg også nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag stiller med ein representant i faggruppa forhagen. Denne, grunneigaren i Viga og andre stilt på dugnad i hagen då nye fruktre blei planta.

I Sauda er det tatt initiativ for å revitalisere museumslaget.

KVALITETSSIKRING

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar sikte på å gjennomføre.

Det er dette året gjennomført kurs i førstehjelp og i stressmestring.

For å sikre god intern kommunikasjon blir det regelmessig halde personalmøte. Det er halde 8 slike møte i 2004. I tillegg blir det kvart år arrangert eit personalseminar. Årets seminar blei halde på Kvitsøy 11.–12.11.

For å skape trygge og allment kjente rammer for arbeidet, er det utarbeidd ei personalhandbok.

Det blir elles frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Desse planane skal både tene til kvalitetssikring av verksemda, og til å rette merksemda mot nye oppgåver og nye målgrupper, jfr. omtalen av Museumsreforma nedanfor. Ryfylkemuseet har etterkvart fått eit godt system for arbeidet med handlingsprogram. Vi har følgjande planar for verksemda:

- Plan for formidling ved Ryfylkemuseet
- Tiltaksplan for katalogisering av samlingane
- Tiltaksplan for bygningsvern og handlingsboren kunnskap (inklusive vedlikehaldsplan for bygningane til museet)
- Sikringsplan for Ryfylkemuseet
- Ansvars- og oppgåvæfordeling ved Ryfylkemuseet

Det som manglar av viktige planar er ein plan for innsamling og forsking. Denne er under arbeid.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, seminar og konferansar innafor aktuelle fagområde og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjoner for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar. Vi har lukkast med å delta på ei rekke slike arrangement i 2004. Detaljert oversyn over dette er tatt inn i resultatrappoen til styret.

MUSEUMSREFORMA

Museumsreforma er eit statleg program for konsolidering og oppgradering av musea. Frå Kulturdepartementet og Statens senter for arkiv, bibliotek og museum (ABM-utvikling) blir det

lagt vekt på at Museumsreforma er ei kvalitetsreform. Programmet var meint å gå frå 2002-2006, og det skulle leggast 40 mill. «friske» kroner inn i museumsbudsjetta kvart av desse åra. Vilkåret for å få del i denne opptrappinga var konsolidering innafor høvelege museumsregionar, og deltaking i nasjonale nettverk.

I Ryfylkemuseet søkte vi alt i 2001 om midlar frå museumsreforma til å vidareføre bygningsvernprosjektet vårt som eit permanent bygningsvernsenter ved museet. Og vi fekk i statsbudsjettet for 2002 500.000 kroner til dette formålet.

Hausten 2001 sette vi i gang eit intensivt arbeid for å få til tilfredsstillande avtalar om konsolidering av museumsverksemda i Ryfylke, og lukkast med å få til avtalar med dei kommunane som vi ikkje frå før hadde eit nært nok samarbeid med. Museumssamlingane er anten i museet si eige (gjeld Sauda, Suldal, Rennesøy og delvis Hjelmeland) eller er deponerte til Ryfylkemuseet (gjeld Forsand, Finnøy og Kvitsøy). Det privateide Strand bygdemuseum har valt å stå utanom konsolideringsprosessen. I Hjelmeland blei prosessen forseinka på grunn av skifte av kultursjef og det kommunale bygdemuseet er førebels ikkje med i den regionale museumseininga.

Med ein dokumentasjon om konsolideringsprosessen i Ryfylke i botn, blei det våren 2002 på ny søkt om midlar frå museumsreforma, og vi fekk i statsbudsjettet for 2003 innvilga ytterlegare ein stilling. Med dette har Ryfylkemuseet frå hausten 2003 hatt 7 faste stillingar.

Kulturdepartementet refererer i St.meld. nr 48 (2002-2003) – Kulturpolitikk fram mot 2014, til at minimumsbemannninga for eit konsolidert museum bør vera 8-11 stillingar. Vi har såleis meint at vi hadde grunn til å vente ytterlegare heving av det statlege tilskottet, men måtte skuffa registrere at museumsreforma ikkje er blitt følgt opp i tilstrekkeleg grad i forslaga til statsbudsjett verken for 2004 eller 2005. Ambisjonsnivået og dei langsiktige planane må innrette seg etter dette. Vi har likevel lukkast med å ta i ferde med relativt tunge oppgåver i eit fleirtal av kommunane i regionen.

På det nasjonale planet har vi vore aktive i arbeidet med å etablere eit Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket), og ABM-utvikling har peika ut Ryfylkemuseet som hovudansvarleg museum for dette nettverket. Det betyr at vi er tillagt eit ansvar for framdrift og organisering av aktivitetar knytt til dette arbeidsområdet på nasjonalt nivå.



Stasjon 3, den gamle kraftstasjonen i Søndenøhavn i Sauda er blitt aktuell som verneobjekt. Det blir arbeidd for å sondere utvegen til organisering og finansiering av eit verneprosjekt.

Vi har elles deltatt i droftingar om etablering av nettverk for museum som arbeider med fleirkulturelle utfordringar og vi er tilmeldt nettverket for kulturlandskap. Folkemusikkarkivet deltar i nettverkssamarbeid med dei andre folkemusikkarkiva i Norge som også har eit samarbeid med folkemusikkarkiv i Sverige.

NYBYGG

Ryfylkemuseet manglar tilfredsstillande lokale til verksemda. Da Nesa-sjøhuset var ferdig restaurert i 1991 var det alt klart at dette ikkje kunne vera det endelege svaret på dei behova museet hadde for lokale til sine funksjonar. Vi mangla m.a. noe så vesentleg som ein verkstad., og har måttå greie oss med ei provisorisk løysing av verkstadbehovet så langt. Etterkvart som vi nå har fått fleire medarbeidar må vi også söke provisoriske løysingar på andre behov, samtidig som arealbehovet generelt aukar.

I 1998 fekk vi utarbeidd planar for eit nytt museumsbygg som er tenkt plassert som eit frittståande bygg attmed Nesa-sjøhuset på Sand. Bygget skal m.a. gi rom for verkstad, inn-

taksrom for gjenstandar, nærmagasin/lager, nye kontor, arkiv og auditorium. Det har ei grunnflate på 375 m², er planlagt bygt i to høgder, og var i 1998 kostnadsrekna til 13,5 mill. kr.

Suldal kommune sa seg raskt villig til å stille tomt til rådvelde og til å betale ein tredel av byggesummen. I år kan vi gle oss over at Rogaland fylkeskommune har sett av midlar til tiltaket i tidsrommet 2006-2007, og i statsbudsjettet for 2005 er Ryfylkemuseet endeleg kome med på lista over prosjekt som er aktuelle «etter 2006». Vi har altså tatt noen viktige steg fram mot muleg realisering av byggeprosjektet.

MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine hovudrolla musea har, etter oppgåveformuleringane i dei offentlege dokumenta om museumsverksemda, er å vera *samfunnsminne*. Dette gjer vi gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring. Vi skal nedanfor gjea greie for arbeidet med desse oppgåvene i 2004.

BYGNINGAR

Ryfylkemuseet eig 59 bygningar, og er med det største bygningsmuseet i Rogaland og mellom dei store bygningsmusea i landet. Våre bygningar ligg dessutan, i motsetning til dei fleste andre museum, spreidde ut over eit stort geografisk område, og stiller såleis ekstra store krav til ressursar for å få til eit tilfredsstillande tilsyn og vedlikehald.

Etterkvart som kompetansen i arbeidet med bygningsvern har auka, er vi også i ferd med å få eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne er dessverre dårligare enn vi tidlegare har rekna med, og det er avdekka eit stort etterslep på vedlikehald av bygningane. Museet har tidlegare berre hatt ein stilling til rådvelde for vedlikehalds- og vaktmeisterfunksjonar. Frå 2002 fekk vi ein ny stilling for antikvar og frå 2003 oppretta vi ein mellombels stilling for lærling. Saman med deltaking i kompetansebyggande aktivitetar betyr dette at både kompetansen og kapasiteten har auka. For å komma opp på eit nivå der bevaringa har meir karakter av førebygging enn reparasjon, og der vi i større grad kan trekke arbeidet med bygningsmassen inn i formidlinga, har vi meint av vi treng ein ny stilling for handverkar, og vi har søkt om midlar til det. Vi ser også at arbeidet med vedlikehald av «Brødrene af Sand» etterkvart vil krevja større deltaking frå våre tilsette.

Dei største arbeida med bygningssamlinga har i år gått føre seg på Hustveit og Kolbeinstveit. På Kolbeinstveit har det vore



Opning av landsmøtet til Den norske Turistforeninga utafor Nesa-sjøhuset på Sand. Storm Weather Choir syng.

arbeidd både med restaurering og oppgradering av publikumsfasilitetane. På Hustveit har vi tatt i ferde med eit stort arbeid med å flytte og gjenreise ei løe på murane etter den opphavlege løa. Det er i tillegg utført ymse vedlikehaldsarbeid i samband med ein plan for slike arbeid som blir revidert kvart år.

FARTØY

Museet eig Ryfylke-jekta «Brødrene af Sand» og ei mindre samling småbåtar.

Venneforeninga for «Brødrene af Sand» har tatt ansvar for vedlikehald og drift av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med værpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Venneforeninga har også tilsyn med fartøyet og har utarbeidd eit system for internkontroll for ulike ansvarsområde om bord.

GJENSTANDAR

Museet eig gjenstandssamlingar som vi antar at omfattar bortimot 10.000 gjenstandar. Det meste av samlingane er på ein eller annan måte listeførte, men katalogiseringa av samlingane er mangefull. Eit systematisk arbeid for å ta i ferde med etterslepet har ført til at det i år er katalogisert 1.760 gjenstandar i ein database kalla WinRegimus. Det er gjenstandar på

Røynevarden (345), på Kolbeinstveit (230) og gjenstandar frå Barkeland-samlinga (664) og frå samlingane til tidlegare Erfjord bygdemuseum (521) som er blitt katalogiserte så langt. Samtidig med katalogiseringa er det lagt inn digitale kopiar av foto av gjenstandane. Til saman er nā ca. 6.500 gjenstandar edb-registrerte.

I tillegg til eigne samlingar finst det ca. 5.100 gjenstandar i samlingane til bygdemusea. Graden av orden og registrering av desse varierer mye. Ingen av samlingane i bygdemusea er katalogiserte.

Tilvekseten til gjenstandssamlingane har 38 gjenstandar frå 10 forskjellige gjevarar. Gjevarane er: Øystein Haga, Jelsa, Ola og Dorte Hustveit, Sauda, Rolf Jansen, Sand, Haldis Maribu, Stavanger, Helga Møgedal, Sand, Kari Nærheim, Suldalsosen, Suldal Husflidslag, Olav Veka, Brumunddal, Marit Vidvei, Stavanger og Tor Vidvei, Flekkefjord. Det er dessutan gjort to innkjøp.

Hovuddelen av den magasinerte gjenstandssamlinga blei plassert i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy våren 2002. Her er det behov for eit arbeid for å pakke ut og ordne gjenstandsmaterialet.



Høgskule i bygningsvern. Deltakarane studerer løa på Kolbeinstveit under kyndig leiing av Anders Haslestad frå Riksantikvaren/Høgskulen i Sør-Trøndelag.

NATURHISTORISKE SAMLINGAR

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygt opp eit klonarkiv med i overkant av 100 tre av eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland.

Det har lenge vore eit problem at den gamle hagen i Vigatunet er fullt tilplanta, og ikkje gir rom for innsamling av fleire sortar. Ein har dessutan sannkjent at det var ueheldig å satse på eit klonarkiv for gamle fruktslag forma som ein moderne frukthage. Etter lang tid på leit etter utveg til vidare utvikling av hagen har vi nå kome i gang med utviding og omorganisering av frukthagen i Viga.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelegging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsformål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følge opp samarbeidsavtalen, og vi er nå i ferd med å rekonstruere hovudløa på garden. Denne vil gi oss rom både for utstillings- og undervisningsformål. Men det mangelfulle engasjementet til Fylkesmannen og friluftsrådet gir grunn til uro.

FOTO

Vi reknar med at museet har ei fotosamling på vel 60.000 nummer.

Av desse er 8.500 reprofoto, det vil seia avfotograferingar av eldre bilde. Opplysningar om hovuddelen av reprosamlinga er katalogisert og lagt inn i database, men berre noen få saman med digital kopi av bildet. Etterslepet på katalogisering gjeld om lag 1.500 foto. Katalogisering av dei øvrige samlingane er mangelfull, eller heilt fråverande, og det er heller ikkje aktuelt å tenkje seg at ein skal kunne utarbeide gode katalogar for alle samlingane.

I 2003 har vi registrert ein tilvekst på 546 dias og 608 digitale foto, dei fleste eigne opptak. I tillegg kjem 450 digitaliserte kulturhistoriske foto frå Erfjord, som vart brukte på trykk i Erfjord-bökene, og dessutan 124 kulturhistoriske foto frå Erfjord, som ikkje blei brukte i bökene. I alt 2301 gjenstandsfoto er også digitaliserte på grunn av katalogisering i

WinRegimus med tilhøyrande digitalt foto. Samla tilvekst blir såleis 4.029.

VIDEO OG FILM

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 108 nummer. Av desse er 54 videooppptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet, 49 til museet elles og 4 filmar. Videosamlinga er registrert i ein videoprotokoll.

Det er registrert ein tilvekst på 4 videogram i 2003. Dei dokumenterer ulike sider ved aktiviteten ved museet i året som gikk.

LYDBAND

Lydbandsamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1037 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Noe over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektronisk søk. Det er registrert ein tilvekst på 45 lydband i meldingsåret. 32 av desse er intervju i samband med prosjektet «Islam i bedehusland». 5 er for det meste intervju i samband med utarbeiding av artiklar til FOLK i Ryfylke 2004, 8 er opptak til folkemusikkarkivet.



Pause i arbeidet på Kolbeinstveit. Det blei lagt ned store ressurser i ei oppgradering av publikumstilbodet på Kolbeinstveit. Arbeidet heldt fram også vinteren 2004/2005 fram til opning av nye utstillingar til sommarsesongen 2005.

PRIVATARKIV

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 84 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 35 hyllemeter.

Tilveksten er på 4 arkivstykke. Det gjeld handelsprotokoll for landhandlar Olav Maaland, Sand for tida 1896-1911, avlevert av Alv Maaland, Stavanger, styreprotokoll for Bygdeutviklingsgurppa i Suldal 1993-1999, avlevert av Gunnfor Bakka og Solveig Fisketjøn, rekneskapsbok for Sand kr. Ungdomsklubb, avlevert av Jan Helge Hoff, og materiale fra 17. mai-komiteen på Sand for åra 1993-1999, avlevert av Grete Holmboe.

LITTERATUR

Det er registrert ein tilvekst på 72 bøker. Samla omfatar biblioteket ca. 2.270 bøker.

FORSKING


Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. I år var arbeidet med bygdebøkene for Erfjord ferdig (Ernst Berge Drange: *Erfjord – Gardar og folk I-II*) og blei lanserte i oktober. Bøkene blei gitt ut i 2 band på til saman 1.309 sider og blei svært godt tatt i mot mellom folk i Erfjord. Det er inngått ny avtale om tilsvarende oppdrag for Jelsa. Dette arbeidet vil gå fram til og med 2010.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjons-handverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

Gjennom oppdragsavtale med Hiimsmoenkollektivet har vi hatt redaksjonsansvaret for ei historiebok om Hiimsmoen (Trygve Brandal red.: *De(t) umulige*). Dette arbeidet var også ferdig i haust, og resultatet blei ei bok på 192 sider

Gjennom tilskott frå ABM-utvikling og Kulturdepartementet har vi vore i stand til å videreføre engasjementet vårt i forhold til utviklinga av eit fleirkulturelt bygdesamfunn, og vi har i år arbeidd med eit prosjekt kalla «Islam i bedehusland». Meininga var å granske skikkar, tradisjonar og handlingar knytta til kvardag og høgtid som har røtter i ulike religionar. Arbeidet blir avslutta våren 2005 med utgiving av ein rapport og produksjon av ei vandreutstilling.

I tilknyting til arbeidet med FOLK i Ryfylke for 2004 er det arbeidd fram nytt stoff om Kolbeinstveit.



Ernst Berge Drange kunne signere to splitter nye bygdebøker for Erfjord. Han held fram med soga om gardar og folk i gamle Jelsa.

Det er utført dokumentasjons- og analysearbeid i samband med forskingsprosjektet «Springar og halling i Rogaland».

MUSEET SOM MØTEPLASS

Den andre hovedrolla til musea er å vera *møtestad og dialoginstitusjon*. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og kunnskapsbaserte opplevelinger. Ryfylke-museet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

VIDAREUTVIKLING AV PUBLIKUMSTILBODET

Arbeidet med å vidareutvikle tilboden til publikum på Kolbeinstveit heldt fram i 2004. Utanom arbeidet med å ta fatt i forsømte restaureringsoppgåver, har det dreidd seg om styrking av vertskapsrolla og oppgradering av opplevelstilboden og kunnskapsformidlinga. Største utgiftene er knyta til fornying av vasstilførsel, kjøkken og toalettbrygg, slik at desse skal tilfredsstille rimelege krav. Desse arbeida var ferdige til sommarsesongen 2004. Til sommarseasonen 2005 skal det også vera klar ei ny utstilling om garden og folka. Vi vil deretter setta i gang tilsvarende arbeid i Viga.

Det har lenge vore arbeidd for å realisere planar for eit servicebygg på Hustveit, men det har vore vanskeleg å finne noen utveg til å finansiere dette. Nå ser vi utveg til å ivareta noen av dei behova som servicebygget skulle dekke gjennom gjenreising av løa på garden.

Ved sinkgruvene i Allmannajuvet i Sauda har Statens Vegvesen starta ei relativt omfattane og kostbar planlegging av eit visningsbygg knytt til prosjektet Nasjonal Turistveg. Museet har bidratt med faglege innspel til prosessen, men er ikkje invitert med på noen form for styring av prosjektet. Vi ser at dette kan bli eit interessant prosjekt og eit viktig løft for sinkgruvene, men har peika på at realisering av prosjektet reiser noen vesentlege utfordringar knytt til drifta, og at museet må vurdere si rolle i prosjektet om det ikkje blir lagt større vekt på å ta museet med i styringa av det.



Dette er «Fiskernes Hus» i Ydstebøhavn, Kvitsøy, der vi samarbeider med ei frivillig gruppe og kommunen om etablering av eit hummarmuseum det er meinings å opne sommaren 2006.

I Rennesøy har vi lagt ned eit relativt stort arbeid i utviklinga og realiseringa av ideen om ei samlokalisering av bibliotek, arkiv og museum, BibMus kalla. Avdelinga blei opna i oktober, og har oppnådd godt besøk. Det er nå meldt interesse for å utvikle tilsvarande tilbod i Forsand og Hjelmeland.

I Kvitsøy har vi vore med og gjenopna ei mellombels utstilling i Hummarmuseet for sommarsesongen 2004. I samarbeid med ei frivillig gruppe blir det arbeidd med innsamling og planlegging av eit permanent museum i «Fiskernes hus».

Ved sidan av den fysiske tilrettelegginga for publikum ser vi at det er nødvendig å tilby eit aktivt program for å kunne konkurrere om merksemda frå publikum. I år har vi bokført 19 slike arrangement, i tillegg har vi deltatt med kåseri og andre innslag på 24 tilstellingar arrangert av andre.

UTSTILLINGAR

Museet har hatt desse tema-utstillingane i meldingsåret:

- 01.01-31.12 *Strandstaden Sand*, Nesa-sjøhuset
- 03.01-02.04 *Turist i Ryfylke*, eigenprodusert vandreutstilling som i år er vist i Sauda og Rennesøy.
- 15.01-26.03 *Far vel ved livets slutt*, innleigd utstilling frå IKM/UKM, Nesa-sjøhuset
- 19.06-08.08 *Kunst og handverk*, sommarutstilling, Kolbeinstveit
- 27.06.-22.08 *Hummaren*, Hummarmuseet, Ydstebøhavn
- 29.10-31.12 *BibMus*, utstilling frå samlingane til Rennesøy bygdemuseum, Kulturhuset, Viklevåg



Sauda teaterlag har utvikla ei dramatisering av livet i og kring sinkgruvene i Allmannajuvet.

Følgjande miljøutstillingar har hatt faste opningstider i sommarsesongen:

- Jonegarden på Hustveit – 8 t/v
- Sinkgruvene i Allmannajuvet – 1 dagleg omvising
- Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda – 1 dagleg omvising
- Skulemuseet på Jelsa – 8 t/v
- Håland – ope 3 søndagar
- Kolbeinstveit – 30 t/v
- Viga – 16 t/v

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

BESØK

Statistikken for publikumsbesøk for 2004 i samanlikning med tala for 2003 ser slik ut:

Anlegg	2004	2003
Hustveit	183	266
Industriarbeidarmuseet	72	26
Sinkgruvene	302	221
Nesa-sjøhuset	3 592	3 670
Kvednahola	196	0
Kolbeinstveit	1 837	1 894
Røynevarden	114	148
Håland	459	596
Jelsa	597	543
Viga	551	283
BibMus	985	0
Hummarmuseet	200	
SUM AVDELINGAR	9 088	7 647
Brødrene	694	1 000
«Turist i Ryfylke»	228	
Foredrag m.v.	614	
Kurs	120	
SUM EKSTERNE ARR.	1 656	1 000
Samla besøk	10 744	8 647

Det samla besøket ved våre faste anlegg, utstillingar og arrangement var i fjor på 10.744 personar. Det er ein kraftig og reell auke i besøket frå i fjor. Mellom det mest gledelege ein kan lesa ut av statistikken er at nyskapinga BibMus på Rennesøy har vore ein suksess.

Vi gler oss også over at besøket på Nesa-sjøhuset er om lag det same som i fjor sjølv om talet på arrangement har minka mye etter at det blei opna nytt kulturhus på Sand. Etter ein sommarsesong med god auke i besøket både på Sand og Kolbeinstveit, er vi likevel skuffa over at det samla besøket ikkje blei høgare. Dette skuldast at gruppebesøka falt heilt bort hausten 2004, og vi har stilt spørsmål ved verdien av samarbeidet med Aktiv i Suldal, som nettopp skulle selja inn gruppebesøk. Prosjektet Aktiv i Suldal blir nå omorganisert.

Registreringa av eksterne arrangement har tidlegare vore mangelfull. Statistikken avspeglar likevel ein reell auke i den eksterne aktiviteten. Det går fram av den detaljerte årsrapporten til styret kva arrangement som er med i statistikken.

Registreringa av besøket i Hummarmuseet på Kvitsøy er og mangelfull. Det oppførte talet er eit svært forsiktig anslag over besøket.

Fleire av avdelingane har eit potensiale for større besøk. Dette håper vi det skal vera muleg å realisere gjennom dei arbeida som nå går føre seg for å gjera anlegga betre og meir attraktive. Resultata av dette kan vi første vente om 2–3 år.

Det kan likevel vera grunn til å peike på at i forhold ein region med liten og spreidd busetnad, er ikkje dette så dårleg besøk.

Det bur snautt 30.000 menneske i Ryfylke-kommunane. Besøket på våre anlegg og arrangement utgjer 35% av denne folkesetnaden. I byane og kommunane på Jæren bur det over 200.000 menneske. Det er berre Oljemuseet som oppnår eit besøk som er relativt like stort som vårt i forhold til dette. Oljemuseet er eit nasjonalt museum.

PUBLIKASJONAR

Museet har gitt ut desse publikasjonane i meldingsåret: *FOLK i Ryfylke 2004*, temanummer om Kolbeinstveit Ryfylkemuseet, brosjyre om museet, på norsk, engelsk og tysk

Vi viser eller til det som står under Forsking på side 12.

ANDRE TILTAK

Musea er serviceinstitusjonar. Det betyr at vi får ei rekke spørsmål om ulike forhold. Alt frå spørsmål om preparering og bevaring av hus og gjenstandar, til meir krevjande spørsmål om slekts- eller lokalhistoriske tema eller spørsmål knytt til dei spesielle satsingsområda våra innafor folkemusikk og bygningsvern. Folkemusikkarkivet driv ein relativt arbeidskrevjande arkivservice med kopiering av arbeidskasettar til utøvarar. Dette er aktivitetar som ikkje nedfeller seg med særleg tyngde i dei allmenne oversyna over arrangement og publikumsbesøk, men som likevel er viktige for at museet skal blir oppfatta som og fylle rolla si som samfunnsinstitusjon. Likeeins er det ein del spurnad etter kopiar av foto frå fotoarkivet.

AVSLUTNING

Styret vil takke Kulturdepartementet, Norsk Museumsutvikling, Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune for bidraga til drifta.

Sand, 15. februar 2005

Terje Hidle
Styrelseiar

Roy Høibo
Direktør

Rekneskap 2004

Vedtatt av styret i møte 15. februar 2004

RESULTATREKNESKAPEN

	2003	2004
Driftsinntekter	5 638 468	6 774 548
Varekjøp	-286 729	-191 817
Lønn og sosiale utgifter	-3 479 612	-4 484 320
Andre kostnadar	-1 785 375	-2 141 916
Driftsresultat	86 752	-43 505
Finansinntekter	98 325	39 744
Finanskostnadar	-6 721	-9 705
Resultat av finansinntekter/-kostnadar	91 604	30 039
Årsoverskott/-underskott	178 356	-13 466
Overføring frie fond		
Avsett til styrking av eigenkapital	-178 354	
Bruk av eigenkapital		13 465
Avrunding	-2	1
Sum disponert/dekka inn	-178 356	13 466

BALANSEREKNESKAPEN

	2003	2004
EIGE		
Anleggsmidlar	164 527	359 869
Varelager	36 576	55 431
Kundefordringer	40 736	222 533
Feilkunder	450	450
Forskot løn	1 110	743
Kasse	1 300	1 300
Bank, brukskonto	2 781 126	3 327 805
Bank, skattetrekkt	0	
Sum eige	3 025 826	3 968 130
GJELD OG EIGENKAPITAL		
Eigenkapital	-972 396	-958 931
Avsetninger	-1 343 674	-1 992 833
Leverandørgjeld	-371 847	-600 922
Skattetrekkt	0	
Skuldig arbeidsgjevaravgift	0	270
Anna skuld	0	4 299
Skuldig meirverdiavgift	-125	-114
Skuldig løn og feriepengar	-304 873	-378 326
Skuldig arb.gj.avg. av feriepengar	-32 911	-41 572
Sum gjeld og eigenkapital	-3 025 826	-3 968 130

Årsberetning

Arten av verksemda og kor ho blir drive

Ryfylkemuseet er eit museum som har til formål å ta vare på, arbeide med og gjera kjent materiale om liv og verksemd i Ryfylke-regionen frå tida etter reformasjonen og fram til i dag. Museet legg stor vekt på samfunns- og samtidsengasjement. Hovudsetet er på Sand i Suldal kommune.

Framhald av drifta

Institusjonen har føresetnadar for å drive vidare, og årsrekneskapen for 2004 bygger på dette.

Arbeidsmiljø

Det sosiale og fysiske arbeidsmiljøet ved Ryfylkemuseet blir vurdert som godt.

Ytre miljø

Drifta av Ryfylkemuseet ureinar ikkje det ytre miljøet.

Likestilling

Museet legg vekt på balanse mellom kjønna. Av dei 7 faste stillingane ved museet er 4 kvinner og 3 menn. Det blir praktisert lik lønn for likeverdig arbeid.

Sand, 15. februar 2005

Lars O. Fatland

Terjer Hidle
Styreleiar

Tormod Skeie

Ingrid Pettersen

Torill W. Sandanger

Lars Pedersen

Sanja Ignjatic

Roy Höibo
Direktør

FOLK i Ryfylke

tema **HUSTVEIT** 2005



Da Staten i 1987 kjøpte Jonegarden, gnr. 1 på Hustveit, var det fleire formål som blei tilgodesett. Det unike kulturlandskapet talde mye. Garden strekker seg frå fjord til høgfjell og omfattar det som Audun Steinnes i denne boka kallar "eit snitt gjennom Ryfylke-naturen". Som naturområde er Hustveit også eit attraktivt og mye brukte friluftsområde. Bygningane på garden sto slik dei hadde stått heile hundreåret.

Ut frå dei mange interessene som knyter seg til Hustveit har arbeidet med å bevare garden og legge forholda til rette for publikum gått føre seg i eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Rogaland, som representant for Staten, Sauda kommune, Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd og Ryfylkemuseet.

I denne boka prøver vi å samle ein del av den kunnskapen vi har om Hustveit. Om folka, husa, naturen og korleis levemåten har vore. Slik Jonegarden på Hustveit står fram nå er det eit minne som særleg er knytt til dei to siste generasjonane, Torger og Siri og dei 9 borna deira. Den lengstlevande av desse, Jone, døyde i 1986.



RYFYLKEMUSEET